

Møteinnkalling

Utval:	Administrasjonsutvalet
Møtestad:	Møterom 1322, Fylkeshuset
Dato:	08.11.2017
Tid:	10:00

Program

Kl 10:00 Saksbehandling

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Administrasjonsutvalet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Pål Kårbø
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 20/17	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 21/17	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 22/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 9/17	Årsbudsjett 2018 / økonomiplan 2018-2021	2017/4411	
RS 10/17	Elevinspektørordninga ved dei vidaregåande skulane	2017/15888	
RS 11/17	Sjukefråvær HFK 2. kvartal 2017	2014/12154	
RS 12/17	Medarbeidarundersøking 2018 - informasjon om gjennomføring	2017/16565	
RS 13/17	Arbeidet med tilpassing til ny lovgjeving kring personvern	2017/16167	
PS 23/17	Ymse		

PS 20/17 Godkjenning av møteinnkalling

PS 21/17 Godkjenning av møtebok forrige møte

PS 22/17 Referatsaker (meldingar)



Arkivnr: 2017/4411-5

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse	112/17	07.11.2017
Utval for miljø og samferdsel	109/17	08.11.2017
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		15.11.2017
Fylkesutvalet		22.11.2017
Fylkestinget		12.12.2017
Hovudarbeidsmiljøutvalet	18/17	03.11.2017
Administrasjonsutvalet	9/17	08.11.2017

Årsbudsjett 2018 / økonomiplan 2018-2021

Forslag til innstilling

1. a) Investeringsbudsjettet for 2018 vert vedteke med slike rammer:

	1 000 kr
Bruk av lånemidlar	930 500
Tilskot og refusjonar m.m.	1 496 700
Salsinntekter	85 000
Bruk av avsetjingar	5 000
Midlar frå driftsbudsjettet	70 000
SUM INNTEKTER	2 587 200

Disponert slik:

Bybaneutbygging	620 000
Fylkesveggar	1 146 600
Andre samferdselsføremål	176 600
Kultur	3 000
Tannhelse	25 000
Opplæring	582 000
Fellesfunksjonar	29 000
SUM INVESTERINGSUTGIFTER	2 582 200

Eigenkapitalinnskot KLP	5 000
SAMLA FINANSIERINGSBEHOV	2 587 200

b) Driftsbudsjettet for 2018 vert vedteke med følgjande rammer:

Frie inntekter (skatt, rammetilskot)		6 477 415
Finansutgifter	netto	796 500
Avsetjingar		25 000
Til finansiering av utg. i investeringsbud.		70 000
TIL FORDELING DRIFT		5 585 915
Fordelt slik:		
Politiske organ, kontrollorg. og fylkesrådm.	netto	59 055
Økonomi- og organisasjonsavd.	netto	184 384
Eigedom	netto	276 600
Regional utvikling	netto	97 100
Samferdsel	netto	1 953 600
Kultur og idrett	netto	211 300
Tannhelse	netto	210 300
Opplæring	netto	2 597 656
Fellesfunksjonar	netto	-24 514
FORDELT PÅ SEKTORANE	netto	5 565 481
Tilleggsøyvingskonto		1 734
Lønsavsetjing		18 700
TIL SEINARE FORDELING		20 434

2. Låneopptak

Fylkestinget godkjenner låneopptak på 930,5 mill. kr.

3. Stønad til dei politiske gruppene i fylkestinget og frikjøp

Gruppestønad til fylkestingsgruppene	kr	81 720
Stønad pr. representant i gruppa	kr	45 890
Frikjøp pr. representant	kr	44 920

4. Kollektivtakstane

Takstane for buss, bane og båt vert auka med i gjennomsnitt 2,5 %, slik det går fram av budsjettheftet s. 80-81.

Ferjetakstane vert auka med 5 %.

5. Etne vidaregåande skule/Skakkesenteret

Under føresetnad av at Etne kommune og Hordaland fylkeskommune vert einige om ein avtale, godkjenner fylkestinget at gjenkjøpsavtalen knytt til HFK sin eigardel av Skakkesenteret vert sagt opp.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å forhandle slik avtale med Etne kommune i samsvar med det som går fram av budsjettokumentet. Framforhandla avtale skal godkjennast av fylkestinget.

6. C-tannlegeordninga – avvikling

Fylkestinget viser til vedtak i fylkesutvalsak 268/2001 om oppretting av ordning for C-tannlegar og godkjenner at denne ordninga vert avvikla.

Økonomiplanen for 2018-2021

Fylkestinget godkjenner det utsende forslaget til økonomiplan.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg
1 Budsjetthefte

Fylkesrådmannen, 26.10.2017

Fylkesrådmannen la fram budsjettet for 2018 den 20. oktober.

Budsjettet byggjer på inntektsføresetnadene ein finn i framlegget til statsbudsjett for 2018. Det er lagt opp til tronge driftsrammer, og dei fleste sektorane har fått reduksjonar i høve til budsjettet for 2017.

Særleg om punkt 7 C-tannlegeordninga – avvikling

I budsjettdokumentet er ikkje C-tannlegeordninga nemnt spesielt. C-tannlegeordninga gjeld privatpraktiserande tannlegar som har avtale med fylkeskommunen. I budsjettet for tannhelse er det lagt inn 1 mill. kr i reduksjon i kjøp av tenester, ref. side 86 i dokumentet. Avvikling av C-tannlegeordninga er rekna inn her.

Fylkesrådmannen viser elles til det framlagde budsjettdokumentet.



Budsjett 2018

Økonomiplan 2018–2021

Forsidefoto: MF Selbjørnsfjord, som til dagleg trafikkerer sambandet Halhjem–Våge blei i februar 2017 bygd om til hybrid.

Fotograf: Morten Wanvik

FØREORD

Fylkesrådmannen sitt budsjettforslag for 2018 og økonomiplan for 2018–2021 er inndelt i samsvar med organisasjonsstrukturen i fylkeskommunen.

Talbudsjettet for 2018 og oversyn over økonomiplanen er samla til slutt i budsjettheftet. Tidlegare år har talbudsjettet vore i eige hefte.

Budsjettet er inndelt slik:

- Innleiing
- Driftsbudsjett 2018
- Økonomiplan 2018–2021
- Investeringsbudsjett
- Talbudsjett

Driftsbudsjettet for 2018 har ikkje ein kortversjon på tilsvarande måte som i budsjettheftet for 2017, men nummernivå på tabellane er vidareført. Nummereringa av tabellane skal gjere det enklare å finne samanhangen mellom overordna nivå og detaljtal, slik at t.d. summen av tal i ein tabell på nivå 3 skal finnast att i ein nivå 2-tabell.

Budsjett og økonomiplan skal handsamast slik i dei ulike politiske utvala:

- Utval for opplæring og helse 7. november
- Utval for miljø og samferdsel 8. november
- Utval kultur, idrett og regional utvikling 15. november
- Fylkesutvalet 22.–23. november
- Fylkestinget 12.–13. desember

Budsjettforslaget skal i tillegg handsamast i administrasjonsutvalet, hovudarbeidsmiljøutvalet m.fl.

Til handsaminga i dei politiske utvala vil det liggje føre sak med forslag til vedtak.

INNHALD

INNLEIING

Innleiing. Årsbudsjett 2018 – økonomiplan 2018–2021.....	6
Hovudpunkt i budsjettforslaget.....	10
Klare mål og tydeleg retning.....	13
Klimabudsjett. Stimulerer til grønt skifte.....	17

DRIFTSBUDSJETT 2018

Politiske organ og kontrollorgan.....	23
Økonomi og organisasjon. Nye system og standardisering effektiviserer drifta.....	27
Eigedom. Profesjonell og effektiv byggdrift.....	35
Opplæring. Berekraftig skulestruktur med god kvalitet.....	41
Samferdsel. Enklare å reise kollektivt og klimavenleg.....	65
Tannhelse. God tannhelse er viktig for folkehelsa.....	83
Regional. Kunnskapsbasert og framtidretta samfunnsutvikling.....	93
Kultur og idrett. God styring – streng prioritering.....	121
Fellesfunksjonar.....	149
Frie inntekter og kraftinntekter.....	153

ØKONOMIPLAN 2018–2021

Naudsynt å bremse utviklinga i gjeldsnivået – sterk vekst i driftskostnadene.....	157
---	-----

INVESTERINGSBUDSJETT

Investeringar.....	169
--------------------	-----

TALBUDSJETT

Talbudsjett.....	191
------------------	-----

ÅRSBUDSJETT 2018 – ØKONOMIPLAN 2018-2021

INNLEIING

Utfordringar i økonomiplanperioden

Budsjettforslaget for 2018 er stramt og har i stor grad følgt opplegget som var skissert i sak om budsjettammer, som fylkesutvalet handsama i juni. Med tanke på dei økonomiske utfordringane ein står overfor i økonomiplanperioden, er tiltaka i forslaget for 2018 heilt nødvendige.

Dei nye ferjekontraktane medfører sterk kostnadsvekst i økonomiplanperioden. Låg vekst i dei samla inntektene, kombinert med auka kapitalkostnader, gjer det krevjande å innpasse det nye driftsnivået innanfor tilgjengelege rammer. Berre ein mindre del av kostnadsveksten på samferdselsektorten er tilført gjennom auke i driftsramma. Størsteparten av auken i driftskostnadene må skje gjennom omdisponeringar innanfor samferdselssektoren. Fylkesrådmannen vil gjennomgå sektoren i løpet av 2018 med sikte på å foreslå tiltak i budsjettet for 2019 slik at ein har tid til å setja i verk tiltaka som må til i 2020.

Høge investeringar gjennom mange år har ført til at Hordaland fylkeskommune er på topp mellom fylkeskommunane målt i gjeldsgrad – lånegjeld i høve til driftsinntekter. Vidare vekst i dette målalet er ikkje berekraftig med den veksten i driftsinntektene fylkeskommunane kan rekne med i komande økonomiplanperiode. Fylkestinget har sett tak på gjeldsgraden på 115% og forslaget til investeringsbudsjett er innanfor dette, sjølv med dei høge miljøinvesteringane som følgje av nye ferjekontraktar i 2018 og 2020.

Fylkesrådmannen vil særleg framheve tre viktige punkt i den komande økonomiplanperioden:

- Gjennomføring av skulebruksplanen
- Nye ferjekontraktar
- Regionreforma

Gjennomføring av skulebruksplanen

Fylkestinget har ved fleire høve følgd opp tilrådingane i skulebruksplanen i eigne vedtak med skulesamanslåingar og auka fokus på utnytting av kapasiteten i skulane ved å ha klasseoppfylling på minimum 85%.

Fylkesrådmannen meiner vidare oppfølging av tiltaka i skulebruksplanen er avgjerande for å få eit framtidstilbod i Hordaland. M.a. samanlikningar av kostratal tyder på at Hordaland fylkeskommune har høgare kostnader på nokre område innanfor vidaregåande opplæring enn t.d. Rogaland, Sør-Trøndelag og Akershus. Desse fylkeskommunane kan best samanliknast med Hordaland. I komande periode vil fylkesrådmannen foreslå tiltak som

kan gje reduserte kostnader. Stikkord i denne samanhangen er å utnytte dei teknologiske endringane som pågår og ta konsekvensen av at arbeidsprosessar både kan og må forenklast og effektiviserast.

Nye ferjekontraktar

I 2018 vert den fyrste nye ferjekontrakten sett i verk. Sambanda til Austevoll får ny operatør og kontraktsforma vert samstundes endra frå netto- til bruttokontrakt som medfører at fylkeskommunen har inntektsansvaret – på same måte som innanfor buss- og banedrifta.

Dei nye ferjekontraktane har vesentlege økonomiske konsekvensar både på drifts- og investeringsbudsjettet. For 2018 aukar ferjebudsjettet med nær 50 mill. kr samanlikna med 2017. Resten av ferjesambanda får nye kontraktar frå 2020 og kostnaden vil då auka med ytterlegare 241 mill. kr.

Den sterke auken i driftsbudsjettet har fylkesrådmannen løyst i forslaget til 2018-budsjett, mens ein må kome nærare attende til korleis utfordringa i 2020 skal løysast. Fylkesrådmannen ser det som nødvendig at ein stor del av kostnadsauken vert dekkja innanfor samferdselsbudsjettet. Det kan ikkje forsvarast at dei andre sektorane skal ha sterk reduksjon i budsjetttrammene som følgje av dei nye ferjekontraktane. Dei samla økonomiske rammene er likevel avgjerande for kva ein maktar å få til. Den sterke veksten må sjølvstøtt få verknad for samferdselsektorten, der tiltak både på kostnads- og inntektssida må vurderast som nemnt innleiingsvis.

Regionreforma

Stortinget har vedteke å slå saman fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland med verknad frå 2020. Dei to komande åra vert difor viktige for å førebu samanslåinga, slik at den nye fylkeskommunen vert ei mest mogeleg operativ eining frå starten av til beste for innbyggjarane.

Fellesnemnda som skal veljast på det felles fylkestinget i Gulen i slutten av oktober, vil leie arbeidet fram mot samanslåinga.

I den føreliggjande økonomiplanen har fylkesrådmannen ikkje teke omsyn til den komande reforma. Etter kvart som samanslåingstidspunktet kjem nærare, må felles budsjett og økonomiplan innarbeidast. Det vil sjølvstøtt medføre at investeringsprogrammet må omarbeidast og driftsbudsjettet fordelast på nytt ut frå dei inntektsrammene som den nye fylkeskommunen har til rådvelde.

Viktige punkt i budsjettforslaget

Fylkesrådmannen sitt budsjettforslag for 2018 er stramt og tilpassa den økonomiske situasjonen fylkeskommunen er i. Driftsbudsjettet er redusert med knapt 35 mill. kr frå 2017 og reduksjonen er fordelt på dei fleste sektorane. Dette er nødvendig for å makte dei aukande kapitalutgiftene, slik at veksten i gjeldsutviklinga er under kontroll.

Driftsbudsjettet for Hordaland fylkeskommune for 2018 er på nær 8,5 mrd. kr, der driftsutgiftene er vel 7,6 mrd. kr, kapitalutgiftene 0,8 mrd. kr og avsetjingar på knapt 0,1 mrd. kr.

Frie inntekter i 2018

Regjeringa varsla i kommuneproposisjonen ein vekst i dei frie inntektene til fylkeskommunane samla på 300 mill. kr. I statsbudsjettet vart veksten redusert til 200 mill. kr.

Statsbudsjettet sitt overslag over frie inntekter for Hordaland fylkeskommune er 6 477,4 mill. kr. Dette er ein auke på 1,7 % frå 2017. Statsbudsjettet legg til grunn løns- og prisvekst på 2,6 %. Når ein samanliknar 2017 og 2018 i same prisnivå, går frie inntekter dermed ned med 0,9 %. Tilskot til fagskulane er frå 2018 trekt ut av rammetilskotet og overført til øymerka tilskot. Når ein tek omsyn til dette og andre endringar (m.a. kompensasjon for auka mva for kollektivtransport) er det omlag null vekst i dei samla inntektsrammene.

Dei frie inntektene – skatt og rammetilskot – står for omlag ¾ av fylkeskommunen sine inntekter. Storleiken på veksten i desse inntektene, er difor avgjerande for den økonomiske utviklinga.

Netto driftsresultat – økonomimål

Rekneskapa for 2016 vart gjort opp med netto driftsresultat på 2,9%.

Netto driftsresultat er det mest sentrale nøkkeltalet i kommunerekneskap og viser kva ein har igjen etter at alle drifts- og kapitalutgifter er dekkja. For å ha ein sunn og berekraftig økonomi er det tilrådd å ha netto driftsresultat på 4% av driftsinntektene.

Netto driftsresultat i budsjettgrunnlaget for 2018 er rekna til 0,8%. Fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett og økonomiplan er dermed svakt og vesentleg svakare enn nivået som er tilrådd av sentrale fagmiljø.

Etter fylkesrådmannen sitt syn er summen på 70 mill. kr som er sett av til driftsfinansiering av

investeringar ein minimumsbuffer mot endringar som kan oppstå i budsjettåret. Totaløkonomien til Hordaland fylkeskommune gjer at driftsfinansieringa av investeringane bør ha eit visst nivå, men knappe budsjetttrammer set grenser for kva ein maktar å få til.

Rekneskapsutviklinga i 2017

Til fylkestinget i oktober la fylkesrådmannen fram tertialrapport etter 2. tertial 2017. Tertialrapporten viser at det ser ut til å gå mot negativt budsjettavvik innanfor opplæringssektoren på 28 mill. kr og innanfor tannhelsetenesta på 10 mill. kr. For samferdselssektoren er det meldt om eit positivt avvik på 13 mill. kr og aukande kraftprisar gjer at det ser ut til å gå mot 15 mill. kr meir i inntekter frå sal av konsesjonskraft enn budsjettet. Samla er prognosen i tertialrapporten etter 2. tertial at ein kjem 7 mill. kr betre ut enn det som er budsjettet.

Det er framleis uvisse knytt til skatteinngangen. Skattetalta så langt i år viser at skatteinngangen kan verte positiv samanlikna med budsjettet. I statsbudsjettet kom det nye overslag over utviklinga i skatteinntektene for kommunesektoren i inneverande år. For fylkeskommunane er det no lagt til grunn ein auka skattevekst på 635 mill. kr i 2017. Om dette slår til, vil skatteinngangen betre seg mot slutten av året og den samla prognosen for 2017 for fylkeskommunen vert tilsvarande betra.

Høgt investeringsnivå

Bruttobudsjettet for investeringane er 2 587 mill. kr i 2018. Dei store investeringsprosjekta m.a. innanfor Bergensprogrammet og ulike bompengepakkar, gjer at fylkeskommunen sitt brutto investeringsbudsjett vert svært høgt. Ein stor del av samferdselsinvesteringane vert finansierte med bompengar og frå 2018 statstilskot til bybaneutbygginga. Bompengane kjem som inntekt i fylkeskommunen sitt investeringsbudsjett og reduserer med det fylkeskommunen sitt finansieringsbehov.

Skulebruksplanen som fylkestinget har vedteke, har framdriftsplan for investeringane i opplæringssektoren. Fylkesrådmannen sitt forslag til investeringsbudsjett følgjer opplegget i skulebruksplanen.

Utvikling i nøkkeltal i økonomiplanperioden

Oppstillinga nedanfor viser ulike nøkkeltal i 2018 – første året i perioden og tilsvarande tal i 2021.

2018	Nøkkeltal økonomiplanperioden	2021
Oppsummering nøkkeltal		
<p>Nøkkeltala skal gje oversikt over utviklinga i økonomien til Hordaland fylkeskommune i planperioden frå 2018 til 2021. Nøkkeltala viser at HFK vil ha ein utfordrande situasjon på slutten av økonomiplanperioden. Det vert lagt opp til årlege budsjett som bremsar auken i gjeldsgraden, reduserer driftskostnadane og det vert framleis lagt opp til positive årlege driftsresultat. Den sterke veksten innan samferdselssektoren – særleg frå 2020 – er ikkje løyst og det må til omprioriteringar innan sektoren.</p>		
Gjeldsgrad		
113,6 %	Stabilisering av gjeldsnivået til HFK vil ha prioritet i økonomiplanperioden. Forslaget legg opp til stram styring av investeringane. Lukkast ein med dette, vil etter kvart gjeldsgraden; gjeld delt på inntekter, stabilisere seg.	113,3 %
Totalgjeld		
10 830 mill. kr	Med skissert økonomiplan vil den totale gjelda i perioden auke med 940 mill. kr. I kor stor grad dette påverkar den økonomiske situasjonen kjem an på fleire tilhøve; m.a. inntektsvekst og rentenivå.	11 770 mill. kr
Netto driftskostnader		
5 586 mill. kr	Effektiv drift og kontroll på utvikling i driftskostnadene i planperioden vil kunne bidra til betra økonomisk stilling. Målet er reduserte driftskostnader, og framleis gode tenester og omstillingsevne. Frå 2018 til 2021 er det lagt opp til ein reduksjon av netto driftskostnader på om lag 50 mill. kr. Fylkesrådmannen minner likevel om dei store uløyste utfordringane innan samferdselssektoren.	5 530 mill. kr
Renteutgifter		
234 mill. kr	Det er lagt til grunn at rentenivået gradvis vil auke i økonomiplanperioden, frå 1,5 % til 2,25 %. Dette er likevel lågt i eit historisk perspektiv. HFK har fast rente på om lag halve låneporteføljen. Renteutgiftene aukar med 41 mill. kr i perioden grunna noko høgare rentenivå og aukande lånegjeld.	275 mill. kr
Avdrag		
575 mill. kr	I samsvar med opplegget i gjeldande økonomiplan er dei årlege avdraga auka. Dette medverkar til oppbremsinga av veksten i lånegjelda som ein legg opp til i økonomiplanperioden.	750 mill. kr

2018	Nøkkeltal økonomiplanperioden	2021
Årlege investeringar		
2 587 mill. kr	Investeringsnivået til HFK i perioden er høgt. Ein god del av investeringane er finansierte med statstilskot og bompengar, men miljøinvesteringar i ferjedrifta, nye skulebygg og prosjekt innan vegsektoren gjer at investeringsnivået held seg høgt.	3 130 mill. kr
Lånefinansiering		
931 mill. kr	Sjølv om ein god del av investeringane er finansiert av utanfrå, er lånefinansieringa av investeringane monaleg. Dette påverkar gjeldsgraden. I 2018 vert 931 mill. kr lånefinansiert. Dei neste to åra er lånefinansiering i overkant av 1 mrd. kr, for deretter å gå ned til 986 mill. kr i 2021.	986 mill. kr
Frie inntekter		
6 477 mill. kr	Dei frie inntektene for fylkeskommunen omfattar fylkesskatt og rammetilskot. Ein har lagt til grunn 0,5 % årleg realvekst for fylkeskommunane. Dette gjev ein vekst for Hordaland på 81 mill. kr frå 2018 til 2021.	6 558 mill. kr
Netto driftsresultat		
0,79 %	Eit positivt netto driftsresultat er ein viktig føresetnad for ein betra økonomisituasjon og eventuell eigenfinansiering av investeringar. Netto driftsresultat ligg på knapt 0,8 % i perioden. Tilrådd mål for fylkeskommunane er 4 %.	0,78 %

HOVUDPUNKT I BUDSJETTFORSLAGET

Samferdsel

- Ny ferjekontrakt for austevollsambandet
- Ny forenkla takstsonestruktur frå august
- Justert takst og rabattauke buss og bane
- Tilpassa tilbod mindre båtruter
- Takstauke ferje

Opplæring

- Auka lærlingtilskot
- Styrkt vaksenopplæring
- Ny budsjettmodell for dei vidaregåande skulane

Kultur

- Styrkt kulturhussatsing
- Auka tilskot til Museum Vest/Bergens sjøfartsmuseum og Sunnhordland museum
- Styrkt tilskotsordning for betre samspel med kommunar og eigarar i kulturminnevernet

Regional

- Styrkt karriererettleiing; Karriere Hordaland
- Styrkt forskingssamarbeid og forskingsbasert innovasjon; nytt mobiliseringsprogram MOBIFORSK
- Reduksjon i statsmidlar til næringstiltak

Tannhelse

- Styrkt folkehelsearbeid
- Mål om økonomisk balanse

Eigedom / Økonomi og organisasjon

- Fem skular vert ferdige i 2018
- Standardisering og gevinstrealisering
- Digitalisering og automatisering av arbeidsprosessar
- Auka tilskot til interne lærlingar

Endring frå 2017 til 2018

Mill kr		Budsjett 2017	Budsjett 2018	Endring
Eigedom	Netto driftsutgifter	273,1	276,6	3,6
	2018-kroner	278,6	276,6	-2,0
Kultur	Netto driftsutgifter	209,4	211,3	2,0
	2018-kroner	214,8	211,3	-3,5
Opplæring	Netto driftsutgifter	2 568,2	2 597,7	29,5
	2018-kroner	2 639,7	2 597,7	-42,0
Regional	Netto driftsutgifter	96,0	97,1	1,1
	2018-kroner	98,1	97,1	-1,0
Samferdsel	Netto driftsutgifter	1 884,1	1 953,6	69,5
	2018-kroner	1 927,4	1 953,6	26,2
Tannhelse	Netto driftsutgifter	203,2	210,3	7,1
	2018-kroner	210,3	210,3	-
Økonomi og organisasjon	Netto driftsutgifter	185,9	184,4	-1,5
	2018-kroner	190,6	184,4	-6,2
Politisk verksemd, kontrollorgan og fylkesrådmann	Netto driftsutgifter	55,7	59,1	3,3
	2018-kroner	57,1	59,1	2,0
Fellesfunksjonar	Netto driftsutgifter	4,0	-4,1	-8,1
	2018-kroner	4,1	-4,1	-8,2
Totalt	Netto driftsutgifter	5 479,5	5 585,9	99,3
	2018-kroner	5 620,7	5 585,9	-34,8



Klare mål og tydeleg retning

Regional planstrategi 2016–2020 vart vedteken av fylkestinget i desember 2016. Planstrategien er ein utviklingsplan for heile Hordaland og gjeld dermed stat, fylkeskommune og kommunane si felles verksemd i fylket. Saman med den administrative verksemdstrategien til fylkeskommunen gjev planstrategien mål og retning for arbeidet med å utvikle hordalandssamfunnet.

PLANSTRATEGI – VERKSEMDSSTRATEGI – AVDELINGSMÅL

Mål og strategiar i den regionale planstrategien er grunnlaget for prioriteringane i fylkeskommunen. Dette er fanga opp i fylkeskommunen sin verksemdsstrategi der målsetjingane for dei ulike avdelingane sitt arbeid er forankra. I budsjettdokumentet er samanhengen vist ved denne innleiande omtalen og omtale av målsetjingane i avdelingsbudsjetta. Fylkesrådmannen meiner tydeleg målsetjing og prioritering av aktiviteten er avgjerande både for å løyse

sjølve samfunnsoppdraget og dei økonomiske utfordringane Hordaland fylkeskommune står overfor. Det er difor utarbeidd målsetjingar for 2018 – fyrste året i økonomiplanperioden – og tilsvarande målsetjing for 2021 for å visa kva retning ein må gå for å nå avdelingsmåla. Det vert lagt opp til tertialvis status for utviklinga i målsetjingane med endeleg gjennomgang i årsmeldinga.

REGIONAL PLANSTRATEGI – MÅL OG STRATEGIAR

For langsiktig utvikling i Hordaland fylke – med tidhorisont utover 2020 – har den regionale planstrategien følgjande målsetjing:

Hordaland skal vera berekraftig, attraktivt og nyskapande.

I fireårsperioden 2016–2020 gjeld følgjande hovudmål og strategiar for heile fylket:

Hordaland skal ha:

Høg sysselsetjing

- Auke nyetablering og framtidsetta verdiskaping i næringslivet
- Betre samhandlinga innan utdanningssektoren og mellom utdanningssektoren og regionalt næringsliv
- Auke forskning som verktøy for marknadsretta innovasjonar i arbeids- og næringsliv

Eit inkluderande samfunn

- Betre trivsel og kvalitet i grunnskule og vidaregåande skule for å auke gjennomføringa

- Styrke inkludering gjennom frivillige organisasjonar i nærmiljø
- Utvikle meir attraktive og funksjonelle regionale senter

Ei klima- og miljøvenleg utvikling

- Redusera klimagassutslepp og anna luftforureining frå transportsektoren og energiforsyning i bygningar
- Styrke samordning av areal- og transportplanlegging i bergensområdet
- Tydelegare planstyrt og meir langsiktig og balansert forvaltning av areal, natur- og kulturminneressursar

Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion

- Utvikle ein framtidsetta folkevald region
- Styrke gjennomslagskraft i Europa
- Styrke regionale transportsamband og digital infrastruktur

FYLKESKOMMUNEN SIN VERKSEMDSSTRATEGI

Verksemdsstrategien for Hordaland fylkeskommune vart vedteken av fylkestinget i oktober 2016. I budsjettforslaget for 2018 har fylkesrådmannen lagt vekt på å følgja opp den regionale planstrategien og verksemdsstrategien for å sikre tydeleg prioritering og koordinering av aktivitetar og tenester. Til saman gjev dei to strategiane kraft og retning til det viktige arbeidet med å utvikle Hordaland.

Fylkeskommunen si oppfølging av regional planstrategi er nedfelt i og operasjonalisert gjennom verksemdsstrategien. Målsetjingane i verksemdsstrategien er – i tillegg til overordna mål – inndelt i avdelingsviser målsetjingar. Desse avdelingsmåla skal ha spesiell oppfølging gjennom året ved tertialvis rapportering og er omtalt under avdelingsbudsjetta.



REGIONALE PLANAR OG TEMAPLANAR

Utover desse overordna planane er det utarbeidd regionale planar for område og tema. Døme på dette er skulebruk-splanen, plan for attraktive senter, regional transportplan


m.fl. Desse planane er viktige tiltak for å oppfylle måla i planstrategien. Status for desse planane er nærare omtalt i avdelingsbudsjetta.

SAMANHENG MELLOM MÅL OG STRATEGIAR

Tabellen nedanfor viser samanhengen mellom målsetjingane og strategiane i den regionale planstrategien og avdelingsmål i fylkeskommunen.

	Overordna mål i regional planstrategi	Strategiar i regional planstrategi	Støtta av følgjande avdelingsvise mål
1	Høg sysselsetting	Auke nyetablering og framtidretta verdiskaping i næringslivet	Regionalavdelinga skal medverke til eit robust og framtidretta næringsliv (Regional mål 2) Opplæring skal setje regional kompetanseutvikling på dagsorden og ruste innbyggjarane i Hordaland til å møte framtidige kompetansebehov (Opplæring mål 1)
		Betre samhandlinga innan utdanningssektoren og mellom utdanningssektoren og regionalt arbeidsliv	Opplæring skal utvikle og sikre utdanningstilbod som er kjenneteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering og som svarar på behova i arbeids- og næringsliv (Opplæring mål 2)
			Saman med samarbeidspartnarar skal Bybanen utbygging vere ein effektiv planleggjar og utbyggjar for å skape ein framtidretta infrastruktur (BU mål 1)
		Auke forskning som verktøy for marknadsretta innovasjonar i arbeids- og næringsliv	
			Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal leggje til rette for å rekruttere, utvikle og halde på den kompetansen som Hordaland fylkeskommune til ei kvar tid treng for å kunne utføre samfunnsoppdraget sitt (Økonomi og organisasjon mål 3)
			Kultur- og idrettsavdelinga skal gjennom fagleg og økonomisk medverknad støtte opp under eit sterkt, profesjonelt og friviljug kulturliv i Hordaland (KIA mål 2)

2	Eit inkluderande samfunn	Betre trivsel og kvalitet i grunnskule og vidaregåande skule for å auke gjennomføringa	Opplæring skal medverke til at elevane og lærlingane utviklar kunnskap, dugleik og haldningar som gjer at dei kan meistre liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet (Opplæring mål 3)
		Styrke inkludering gjennom frivillige organisasjonar i nærmiljø	Tannhelsetenesta skal ha fokus på førebyggjande arbeid og på den måten bidra til betre folkehelse (Tannhelse mål 4)
		Utvikle meir attraktive og funksjonelle regionale senter	Kultur- og idrettsavdelinga skal vere ein samfunnsutviklar og arbeide for å sikre eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv med tilgang og deltaking for alle (KIA mål 3)
			Tannhelsetenesta skal sikre likeverdig tilbod til alle innbyggjarar i Hordaland (Tannhelse mål 1)
			Eigedomsavdelinga skal utøve profesjonell forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling som sikrar at heile eigedomsmassen fyller lovpålagte krav, politiske vedtak og brukarbehov (Eigedom mål 1)
3	Ei klima- og miljøvenleg utvikling	Redusera klimagassutslepp og anna luftforureining frå transportsektoren og energiforsyning i bygningar	Bybanen utbygging skal utvikle og byggje ein framtids- retta infrastruktur som skapar tilgjenge, openheit og framkome for alle (BU mål 3)
		Styrke samordning av areal- og transportplanlegging i bergensområdet	Samferdsel skal forvalte og utvikle fylkesvegnettet med vekt på standardheving og klimatilpassa drift og vedlikehald (Samferdsel mål 3)
		Tydelegare planstyrt og meir langsiktig og balansert forvaltning av areal, natur- og kulturminneressursar	Eigedomsavdelinga skal utøve ei offensiv og målretta utvikling av eigedomsmassen som på sikt gjev ein miljøvennlig og kostnadseffektiv bygningsmasse, tilpassa dei tenestene Hordaland fylkeskommune skal yte (Eigedom mål 3)
			Bybanen utbygging skal bidra aktivt som premissleverandør og kompetansebank i utbygjarrolla, og innanfor kollektiv- og infrastrukturutvikling (BU mål 2)
4	Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion	Utvikle ein framtidsretta folkevald region	Samferdsel skal arbeide for at veksten i persontrafikk i bergensområdet skal skje ved hjelp av gang, sykkel og kollektivtrafikk (Samferdsel mål 4)
		Styrke gjennomslagskraft i Europa	Regionalavdelinga skal medverke til ei heilskapleg og berekraftig utvikling og ressursforvaltning gjennom handlingsretta planar (Regional mål 1)
		Styrke regionale transportsamband og digital infrastruktur	Samferdsel skal medverke til å sikre mobilitetsbehovet ved å vidareutvikle og forvalte eit føreseieleg, sikkert, miljøvenleg og framtidsretta transportsystem (Samferdsel mål 2)
			HFK skal vere pådrivar for regional utvikling i Hordaland og sikre nyskaping, berekraft og gode levevilkår (Overordna konsernmål 1)
			HFK skal setje viktige samfunnstema på dagsorden, og fremje regionale interesser og lokaldemokrati. (Overordna konsernmål 4)
	Regionalavdelinga skal, internt i HFK og ut mot kommunane i Hordaland, bidra til god kunnskaps- og kompetanseutvikling som over tid skal tene heile hordalandsamfunnet (Regional mål 3)		
		Samferdsel skal fremje regionale interesser i dialog med kommunane og andre viktige aktørar innan samferdselsområdet (Samferdsel mål 1)	



KLIMABUDSJETT

Stimulerer til grønt skifte

Fylkestinget har vedteke at det strategiske klimaarbeidet i fylkeskommunen skal styrkjast ved å integrere eit eige klimabudsjett i det ordinære drifts- og investeringsbudsjettet. Klimabudsjettet synleggjer og legg grunnlag for interne prioriteringar, styring og oppfølging av aktuelle tiltak. Målet er å stimulere til eit ytterlegare taktskifte i klima- og miljøarbeidet i Hordaland.

KLIMABUDSJETT SOM PROSESS

I budsjettet for 2017 vedtok fylkestinget å innføre klimabudsjett for fylkeskommunen og vedtok følgende:


«Fylkestinget vil styrke det strategiske klimaarbeidet ved å integrere klimabudsjett i fylkeskommunens budsjettprosess. Klimabudsjettet skal inneholde oversikt over tiltaka som må til for å nå vedtekne klimamål, plassere ansvaret for gjennomføring tydeleg i fylkeskommunen, og skal følgjast opp som ein del av den ordinære budsjett- og verksemdstyringa.»¹

Klimabudsjettet omfattar CO₂-utslepp i dag, venta utsleppsutvikling og potensielle utsleppskutt med tilhøyrande tiltakskostnader for mogelege tiltak. Budsjettet er grunnlag for interne prioriteringar i forkant og styringsverktøy for oppfølging av vedtak i etterkant. Dette krev at budsjettprosessen koplartiltaksvurdering med økonomiske prioriteringar. Denne prosessen bør i dei komande åra leggjast til grunn for utarbeiding av klimaprosnosen.


	Klima-mål	Prioriterte tiltak	Kostnad	Budsjett	Ansvarleg for gjennomføring	Frist for gjennomføring	Status
1.	Klimagassutslepp Utslepp av klimagassar i Hordaland skal reduserast med 22 % innan 2020 i høve til 1991 og 40 % innan 2030 i høve til 1991. Det vil seie ein årleg reduksjon på 3,9 % fram til 2020, og deretter ein årleg reduksjon på 2,6 % fram til 2030.	Tilskot til kommunale klimatil- søkbar pott	1500	Klima- planen	Regional	Utllysing innan februar	
		Oppstart revisjon av Klimaplanen og Kraftplan – engasjement	300	Klima- planen	Regional	Handlings- program Høyring 31.12.18	
		Miljøsertifisering av kommunar i Hordaland – oppstarthjelp	150	Klima- planen	Regional	Heile året	
		Miljøstyring av HFK – tiltak i in- ternert miljøstyringsprogram 2018	700	Klima- planen	Regional	Desember	
		Kompetanseheving og klimatil- tak i kommunane	100	Klima- planen	Regional	Heile året	
		Klimaråd Hordaland	80	Klima- planen	Regional	Heile året	
		Grøne innkjøp	100	Klima- planen	Regional	Heile året	
2.	Energi Energibruken i Hordaland skal effektiviserast med 20 % innan 2020 og 30 % innan 2030 i høve til 2007. Det vil seie ein årleg reduksjon på 2,2 % fram til 2020, og deretter ein årleg re- duksjon på 1,3 % fram til 2030. Energibehovet til alle føremål skal i størst mogleg grad dek- kjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.	Vere offensiv med omsyn på å fremje miljøvennlege energiløy- singar og energioptimalisering i eksisterande bygningar. Måle energibruken og BREEAM klassifisera nybygg	Kostnad til 1,5 stillingar i drift. 2-3% auka kostna- der i investe- ringsprosjekt. Reduserte energikost- nader vil dekke opp tiltakskost- naden	Innar- beidd i drifts- og inves- terings- bud- sjetta	Eigedom	Løpande	Pågår
3.	Tilpassing til klimaendringar Tilpassing til klimaendringar skal baserast på føre-var-prin- sippet, stadig meir presise grunnlagsdata og kunnskap om lokale tilhøve.	Kompetanseheving om klimatil- passing i kommunane inkludert forskingsprosjekt HORDAPLAN	400	Klima- planen	Regional	Heile året	
		Tilskot til masteroppgåver relevante for Klimaplanen (både klimatilpassing og CO ₂ -kutt).	150	Klima- planen	Regional	November	
		Regional plan for vassregion Hordaland - oppfølging	Ordinær drift	Regio- nalavd	Regional	Heile året	

¹ Klimaplanens handlingsprogram 2017, 13. desember 2016 (sak 112/2016, vedtakspunkt 13).

	Klima-mål	Prioriterte tiltak	Kostnad	Budsjett	Ansvarleg for gjennomføring	Frist for gjennomføring	Status				
4.	Mål for energiprod. og – distribusjon Hordaland skal produsere og distribuere energi for å auke andelen og mangfaldet av fornybar energi.	Møteserie om berekraftige bygg saman med HVL, BAS, Bergen kommune og Husbanken	50	Klimaplanen	Regional						
		Utviklingsprosjekt for smarte fylkeskommunale energiløysningar	60	Klimaplanen	Regional og Eigdom						
5.	Mål for bygningar Energibruken i bygningsmassen i Hordaland skal reduserast med 20 % innan 2020 i høve til energibruken i 2007, og 25 % i 2030. Utslepp av klimagassar frå byggsektoren i Hordaland skal reduserast ved konvertering til alternative fornybare energikjelder og klima- og miljøvenleg materialbruk.	Møteserie om berekraftige bygg saman med HVL, BAS, Bergen kommune og Husbanken	50	Klimaplanen	Regional						
		Utviklingsprosjekt for smarte fylkeskommunale energiløysningar	60	Klimaplanen	Regional og Eigdom						
6.	Mål for arealbruk Hordaland skal ha eit berekraftig utbyggingsmønster som reduserer transportbehovet, stimulerer til kortare og meir miljøvenlege reiser, og unngår nedbygging av verdifulle areal.	Oppfølging av byvekstavtale for Bergen gjennom handlingsprogrammet for miljøløftet	255 mill kr i HFK-midlar årleg til oppfølgin av byvekstavtalen. I tillegg kjem bompengar og statlege belønningsmidlar inn i avtalen Skyss sitt budsjett	Samferdsel	Samferdsel		Første generasjons byvekstavtalen blei inngått mellom stat, fylke og kommune tidlegare i år. Handlingsprogrammet skal til handsaming i desembertinget. Bybanen er saman med satsing på kollektiv, gange og sykkel sentrale tiltak i avtalen. Avtalen skal reforhandlast i 2018.				
		Handlingsprogram for oppfølging av kollektivstrategi for Hordaland									
		Handlingsprogram for Regional areal og transportplan for Bergensområdet									
		Handlingsprogram for Regional transportplan									
7.	Mål for transport Klimagassutslepp frå vegtrafikk i Hordaland skal reduserast med 20 % innan 2020 og 30% innan 2030 i høve til 1991. Samla klimagassutslepp frå mobile kjelder skal i 2030 vere 30 % lågare enn i 1991, dette gjeld også for Hordaland fylkeskommune.	Miljøstrategi Skyss	5 000	Klimaplan	Regional	Desember					
		Infrastruktur for lågutslepps-køretøy									
		Hydrogenbilar i flåte						300	Klimaplan Klimaplan	Regional	Desember
		Tilrettelegging for fossilfri tungtransport							Regional		
		Sjå elles mål nr 6									
8.	Mål for næring Næringslivet i Hordaland skal ha lågast moglege utslepp av klimagassar og lågast mogleg energibruk per produsert eining. Forsking og innovasjon skal bidra til berekraftige løysingar på klimautfordringane.	HNH-midlar øymerka klimamål	1 500	HNH	Regional	Desember					
		Klimapartner	400	Klimaplan	Regional	Heile året					



Figur 1: Prognose for årlege klimagassutslepp frå energibruk i HFK si eiga verksemd. Merk ulik skala på dei to figurane.



Figur 2: Prognose for klimagassutslepp (tonn CO₂) fossil oppvarming, transport og transporttenester. Merk ulik skala på dei to figurane.

FYRSTE PROGNOSE FOR CO₂-UTSLEPPET TIL HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Prognosen for CO₂-utslepp for Hordaland fylkeskommune tek utgangspunkt i kjende tal frå miljørekneskapan. Den omfattar utsleppa frå fossile brensel og drivstoff i eiga verksemd og frå transporttenestene buss, båt og ferje. Elektrisitetsforbruket er ikkje inkludert. Fylkeskommunen arbeider også med CO₂-kutt på andre område, men manglar i 2017 datagrunnlag til å inkludere dette i prognosen.

Fylkeskommunal drift

For klimagassutsleppa frå eiga verksemd er det venta ein reduksjon på 29% mellom 2016 og 2021, jf. figur 1. Det omfattar fullstendig overgang til biobrensel til oppvarming og meir elektrifisering og biodrivstoff for køyretøy og maskinar. Dessutan føreset det at talet på flyreiser ikkje aukar.

Fylkekommunalt kjøpte tenester

For transporttenestene ventar fylkeskommunen reduksjon på om lag 51% mellom 2016 og 2021, jf. figur 2. Tiltaka som vert gjennomført har langt større omfang på sikt. Til dømes har fylkeskommunen inngått ferjekontraktar som på sikt vil redusere CO₂-utsleppa med 90 %. Tiltak for buss vert fyrst starta opp i perioden og får berre delvis utslag i prognosen.

Bygg og anlegg

Over halvparten av det totale klimafotavtrykket til Hordaland fylkeskommune er knytt til innkjøp av tenester

og varer. Utbygginga av bybanen, vedlikehald og bygging av fylkesveggar og bygg og infrastruktur for vidaregåande opplæring er investeringane med størst klimafotavtrykk. Utsleppa vert ikkje direkte rapportert, men berekna, og er difor ikkje inkludert i miljørekneskapan som framgår av tabellane ovanfor. For å utvikle prognosetal treng ein betre kjennskap til utsleppsutviklinga, moglege tiltak og tilhøyrande kostnader.

Gjennom handlingsprogrammet for Klimaplan for Hordaland set fylkeskommunen fokus på å nytte offentleg innkjøpsmakt til å påverke leverandørar og tilbydarar på ein effektiv måte. Tiltaka kan gje grunnlag for betre prognosar i framtida.

CO₂-utslepp knytt til desse investeringane kan ha positiv tilbakebetaling i form av utsleppsreduksjonar. Utbygginga av bybanen er eit døme på det. På sikt kan ein vurdere korleis investeringsavhengige utslepp vert integrert i klimabudsjettet.

Utover å ta ansvar for eigne CO₂-utslepp arbeider fylkeskommunen systematisk med å utvikle Hordaland i berekraftig retning. Tiltaka i klimaplanen er til dels retta mot CO₂-kutt i eiga verksemd, men og mot å utvikle fornybar-næringar og å ta i bruk nullutsleppsløysingar i regionen.

CO₂-UTSLEPPA I DAG

Som ein del av miljøstyringa i fylkeskommunen vert det årleg utarbeidd miljørekneskap. Rekneskapen omfattar CO₂-utslepp frå den fylkeskommunale drifta og dei store transporttenestene fylkeskommunen kjøper, basert på rapporterte forbrukstal. Det samla CO₂-utsleppet i miljørekneskapen er om lag 130 000 tonn CO₂. Transporttenester står for opp mot 99% av dette, jf. figur 3.

Rapporterte utslepp frå drifta

Utsleppa frå drifta inkluderer køyring med tenestebil, km-godtgjering for bruk av eigen bil, flyreiser, fjernvarme og fossilt brensel i bygg. Desse kjeldene står for om lag 1 700 tonn CO₂ årleg, eller om lag 1,3% av totalen.

Forbruk av elektrisitet utgjer omlag 48 millionar kWh. CO₂-utsleppet varierer sterkt avhengig av CO₂-faktorar, og er ikkje inkludert i føreliggjande prognose.

Rapporterte utslepp frå kjøpte transporttenester


Rapporterte utslepp frå transporttenestene omfattar buss, båt og ferje. Desse tenestene omfattar altså nær 99 % av utsleppa. Kjøp av drosjetenester til individuelt tilrettelagt skuleskyss er per i dag ikkje inkludert i miljørekneskapen.

Berekna klimafotavtrykk frå bygg og anlegg

Det samla klimafotavtrykket til Hordaland fylkeskommune vart berekna til om lag 360 000 tonn CO₂ i 2016. Det dekker direkte utslepp frå fylkeskommunal drift (kjøretøy, maskinar og oppvarming), innkjøpt energi (varme og strøm) og indirekte utslepp frå innkjøpte varer og tenester (transport, bygg og infrastruktur, forbruksmateriell og utstyr). Berekinga er basert på generelle utsleppsverdiar knytt til fylkeskommunale utgifter rapportert i KOSTRA og vil variere frå år til år i tråd med eingongsinvesteringar i utbyggingar. I motsetnad til miljørekneskapen omfattar klimafotavtrykket klimagassutslepp over heile livssyklusen til vara/tenesta. T.d. utgjer bussdrifta 48 000 tonn CO₂ i miljørekneskapen – direkte knytt til dieselforbruket – medan klimatoravtrykket til bussdrifta er rekna til 75 000 tonn CO₂ inklusive produksjon og avhending av materiell og drivstoff.

I tabell 1 på neste side finn ein igjen utsleppa frå buss (raud), båt (gul) og ferje (grå) som er rapportert i miljørekneskapen.

Andre store CO₂-utslepp, som ikkje er inkludert i miljørekneskapen, omfattar utbygginga av bybanen, vedlikehald og bygging av fylkesveggar og bygg og infrastruktur for vidaregåande opplæring. Dei er markert med turkis farge.




Figur 3:
Rapporterte klimagassutslepp for Hordaland fylkeskommune 2016 – transporttenester dominerer

	Forbruksmateri- ell og utstyr	Transport egne køyretøy	Energi	Bygg og infra- struktur	Kjøp private tenester	Kjøp andre tenester	SUM
Admini- strasjon	1 802	459	567	2 204	58	533	5 622
Opplæring	14 478	3 957	7 595	19 667	13 276	3 751	62 725
Tannhelse	1 358	335	294	1 165	441	124	3 717
Andre	499	696	543	165	0	319	2 222
Fylkesvegar	27	6	33	57 929	0	0	57 995
Bilruter	1 278	3 166	275	1 898	75 110	1 388	83 115
Fylkesveg- ferjer	0	0	0	0	77 095	64	77 158
Båtruter	2	0	1	29	31 507	0	31 539
Sporvegar	5 906	142	404	16 998	7 380	2 149	32 979
SUM	25 349	8 761	9 712	100 054	204 867	8 328	357 072

Tabell 1.
Klimafotavtrykket til Hordaland fylkeskom-
mune 2016 (tonn CO₂)
– berekna med generelle faktorar basert på
utgifter rapportert i KOSTRA

Figur 4 viser dei største utsleppsposta-
ne frå det berekna klimafotavtrykket
samanlikna med CO₂-utsleppet som vert
rapportert gjennom miljørekneskapen.
Figuren gjev oversyn over utslepp frå
den fylkeskommunale drifta, frå tjenes-
ter fylketskommunen kjøper og oversyn
over berekna klimafotavtrykk frå bygg og
anlegg.



Figur 4 viser dei største utsleppsposta-
ne frå det berekna klimafotavtrykket samanlikna med CO₂-ut-
sleppet som vert rapportert gjennom miljørekne-
skapen.



Politiske organ og kontrollorgan

POLITISKE ORGAN

Brutto driftsutgifter	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Endring %
Fylkesting	9 400	9 825	4,5 %
Fylkesutval	3 650	3 750	2,7 %
Ymse møte, utval og råd	1 100	1 200	9,1 %
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	1 200	1 200	0,0 %
Utval for opplæring og helse	1 400	1 400	0,0 %
Utval for miljø og samferdsel	1 400	1 400	0,0 %
Fylkeseldrerådet	410	420	2,4 %
Rådet for m. m. nedsett funksj.evne	410	420	2,4 %
Ungdommens fylkesting	300	310	3,3 %
Frikjøp av representantar	2 400	2 471	3,0 %
Stønad til politiske parti	5 730	6 578	14,8 %
Tilskot til opposisjonsgrupper	680	700	2,9 %
Val	1 500		-100,0 %
Sum brutto driftsutgifter	29 580	29 674	0,3 %
Sum driftsinntekter			
Sum netto driftsutgifter	29 580	29 674	0,3 %
Netto driftsutgifter i 2018-kr	30 237	29 674	-1,9 %

Det er stort sett berre gjort mindre justeringar i summane, ut frå observert forbruk dei siste åra.

Ut over dette er det eit par endringar som er verd å kommentere. I 2017 var det budsjettert med 1,5 mill. kr til gjennomføring av stortingsval. Denne utgifta vil ein ikkje ha i 2018.

Under stønad til politiske parti er det ført opp kr 700 000 til politisk rådgjevar. I førre periode låg det i staden inne ei stilling i administrasjonen. Ved ein inkurie vart dette ikkje lagt om i 2017-budsjettet. Under fylkesting er det lagt inn kr 200 000 til representasjon og gåver for politisk leing.

Frikjøp av fylkestingsrepresentantar

I 2017 vart frikjøpsbeløpet fastsett til kr 43 610 pr. representant. Ved reglementsrevisjonen i fylkestingsak 42/07 vart det bestemt at beløpet pr. fylkestingsrepresentant skal regulerast i samsvar med tariffjusteringar.

Det er det lagt til grunn ein lønsvekst frå 2017 til 2018 på 3,0 %. Oppjustert med denne prosentsatsen vert frikjøpsbeløpet kr 44 920. Summen for 55 representantar er runda opp til kr 2 471 000.

Stønad til fylkestingsgruppene

Dei politiske partia sine grupper i fylkestinget får ein årleg sum som dei kan disponere til arbeidet sitt.

Frå 2007 har ein regulert stønadssatsane med same prosentsats som statsbudsjettet nyttar for løns- og prisvekst i kommunesektoren (kommunal deflator).

I 2017 vart det nytta følgjande satsar:

Stønad til fylkestingsgruppene	kr	79 650
Stønad pr. representant	kr	44 730

Oppjustert med 2,6 %, får ein følgjande satsar i 2018:

Grunnstønad	kr	81 720
Stønad pr. representant	kr	45 890

Stemmestøtte

I 2017 vart det budsjettert med kr 2 460 000 til stemmestøtte. Om ein justerer opp summen med 2,6 % i 2018, får ein kr 2 527 000.

Fylkesutvalet gjorde i sak 57/92 vedtak om at summen skulle delast på dei politiske partia som var representerte i fylkestinget.

Tilskot til opposisjonsgruppene

I fylkestingsak 75/11 vart det innført eit tilskot til opposisjonsgruppene innanfor ei ramme på kr 600.000.

Kr 30.000 skulle gå til støtte til kvar gruppe i opposisjonen, og resten skulle fordelast i høve til talet representantar.

Fylkesrådmannen legg til grunn at beløpa vert justert i samsvar med forventa lønsvekst. I 2018 fører ein opp eit samla tilskot på kr 700 000. Grunntilskotet til kvar opposisjonsgruppe vert kr 35 000.

Tilsvarende sum, kr 700 000 vert ført opp til politisk rådgjevar. Summen er i 2018 teke med under stønad til politiske parti.

KONTROLL OG REVISJON

Brutto driftsutgifter	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Endring %
Sekretariat for kontrollutvalet	4 372	4 600	5,2 %
Kontrollutvalet	1 120	1 096	-2,1 %
Ekstern revisor	2 687	2 990	11,3 %
Sum brutto driftsutgifter	8 179	8 686	6,2 %
Sum driftsinntekter	-1 900	-2 300	21,1 %
Sum netto driftsutgifter	6 279	6 386	1,7 %
Netto driftsutgifter i 2018-kr	6 437	6 386	-0,8 %

Sekretariat for kontrollutvalet har 5 stillingar. 4,8 årsverk er for tida i bruk.

Sekretariatet har pr. i dag avtale med 17 kommunar samt Bergen Kirkelige Fellesråd om å vere sekretariat for deira kontrollutval.

Kontrollutvalet har behov for noko midlar i reserve dersom det dukkar opp saker som gjer det nødvendig å kjøpe meir ekstern bistand. I budsjettforslaget for 2018 er det ført opp 0,45 mill. kr til kjøp av tenester.

Det er inngått ny avtale med Deloitte AS som gjeld fram til 30.06.2021. Deloitte skal frå og med 2017 også revidere rekneskapen for vegsektoren, eit arbeid som tidlegare har vorte utført av Riksrevisjonen.

Budsjettforslaget er i samsvar med det som vart tilrådd av kontrollutvalet i sak 80/2017.



ØKONOMI OG ORGANISASJON

Nye system og standardisering effektiviserer drifta

Økonomi- og organisasjonsavdelinga vidarefører satsinga på å profesjonalisere og effektivisere den administrative drifta i fylkeskommunen gjennom å ta i bruk nye og framtidretta fellessystem. I dei kommande åra vil ein særleg fokusere på å hente ut gevinstar knytt til forenkla og forbetra arbeidsprosessar som følgje av nytt økonomisystem. Også større grad av standardisering innafor IT-området kombinert med auka digitalisering vil over tid ha økonomisk effekt.

UTFORDRINGAR I ØKONOMIPLANPERIODEN

Økonomi- og organisasjonsavdelinga har ansvar for totaløkonomien i fylkeskommunen. Dei økonomiske utsiktene som det er gjort greie for innleiingsvis, set rammene for avdelinga sitt arbeid.

Låg vekst i samla inntektsrammer kombinert med monaleg auke i ferjekostnadene og auka kapitalkostnader gjer arbeidet utfordrande. Særleg frå 2020 når mange ferjesamband får nye operatøravtalar, vert den økonomiske situasjonen stram. For å makte det økonomiske løftet som må til mot slutten av økonomiplanperioden, arbeider avdelinga med tilpassing av økonomien. Dette krev stram og god økonomistyring i heile organisasjonen for å tilpasse aktivitetsnivået til gjeldande budsjettamme.

Økonomi- og organisasjonsavdelinga vil få ei sentral rolle i arbeidet med regionreforma i åra framover. Det vil bli sett i

gang ei rekke delprosjekt for å samkøyre dei to organisasjonane som skal gå saman; Hordaland og Sogn og Fjordane. Dette vil vere ressurs- og tidkrevjande og må prioriterast framfor andre drifts- og utviklingsrelaterte aktivitetar. For å sikre tilfredstillande kapasitet både i prosjekta og i den dagleg drifta må ein supplere med kjøp av noko konsulenttenester.

Gjennom implementering av ny IT-strategi vil økonomi- og organisasjonsavdelinga styrke fokuset på arbeidet knytt til digitalisering og e-forvaltning. Ny teknologi og automatisering av arbeidsprosessar vil påverke innhaldet i og utforminga av fylkeskommunen sine tenester til brukarane. Dette stiller nye krav til endringskapasitet, kompetanseutvikling og organisasjonskultur. Desse utfordringane vert også spegla i ny HR-strategi.

OVERSYNSTABELL

Økonomi- og organisasjonsavdelinga har ansvar for dei sentrale stabstenestene i fylkeskommunen. Tabellen viser dei ulike arbeidsfeltene til avdelinga. Til saman er det

110 årsverk i avdelinga, det same som i 2017. I tillegg er det to lærlingar tilknytt IT-seksjonen og 9,5 årsverk til frikjøpte hovudtillitsvalde.

Budsjett		2017	2018	%
Stab	Brutto driftsutgifter	13 340	9 350	-29,9 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	13 340	9 350	-29,9 %
HR	Brutto driftsutgifter	58 835	60 553	2,9 %
	Driftsinntekter	-4 500	-5 500	22,2 %
	Netto driftsutgifter	54 335	55 053	1,3 %
IT	Brutto driftsutgifter	80 093	81 982	2,4 %
	Driftsinntekter	-6 000	-6 500	8,3 %
	Netto driftsutgifter	74 093	75 482	1,9 %
Kommunikasjon/fylkessekretariatet	Brutto driftsutgifter	16 980	16 212	-4,5 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	16 980	16 212	-4,5 %

Budsjett		2017	2018	%
Budsjett	Brutto driftsutgifter	4 600	4 782	4,0 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	4 600	4 782	4,0 %
Fylkeskassen	Brutto driftsutgifter	11 115	11 648	4,8 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	11 115	11 648	4,8 %
Innkjøp	Brutto driftsutgifter	12 220	12 707	4,0 %
	Driftsinntekter	-800	-850	6,3 %
	Netto driftsutgifter	11 420	11 857	3,8 %
Totalt	Brutto driftsutgifter	197 183	197 234	0,0 %
	Driftsinntekter	-11 300	-12 850	13,7 %
	Netto driftsutgifter	185 883	184 384	-0,8 %
	Netto driftsutg. i 2018-kr	190 584	184 384	-3,3 %

I tabellen over er budsjetta for 2017 og 2018 justert for IKT-konsulentar med + 23,0 mill. kr.

ENDRINGAR

Tal i tusen

Endringar frå 2017 til 2018	
Endring budsjettramme	-6 200
Tiltak og endringar for å nå balanse:	
Prosjektmidlar regionreformen	-4 000
Gevinstrealisering nytt økonomisystem	-2 000
Retrettstillinger	-2 000
Anna	-500
Lærlingar – fleire interne lærlingar	2 000
Internt folkehelsearbeid	300
Sum	-6 200

Årsverk:

- Ansvar for IKT-konsulentane er foreslått overført frå opplæringsavdelinga til økonomi- og organsiasjonavdelinga. Overføringa gjeld 42 årsverk.
- 1 årsverk er overført frå kultur- og idrettsavdelinga/fylkesarkivet til IT-seksjonen for å styrke fagmiljøet knytt til mellom anna sak/arkivsystemet.
- Del frikjøpte tillitsvalde er auka med 0,3 årsverk til 9,5. Auken har samanheng med meirarbeid knytt til pågåande omstillingsprosessar og vert dekt gjennom dei sentrale midlane for omstilling.

MÅL OG STRATEGIAR

Den vedtekne verksemdstrategien til HFK legg føringar for avdelinga sitt arbeid. Målsetjingane går fram nedanfor.

Mål	Tiltak 2018	Resultatmål 2018	Resultatmål 2021
M1: Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal vere ein aktiv samarbeidspartnar for fagavdelingane i Hordaland fylkeskommune ved å fremje internt samarbeid, søke heilskapelege løysingar og levere kunnskapsbaserte tenester basert på profesjonell og effektiv drift.	Arbeid med regionreforma Klargjere rolle/ansvar hos stabane Etablere samarbeidsavtaler med alle fagavdelingane	Alle seksjonar skal skåre over 4 i brukarundersøking	Alle seksjonar skal skåre minst 4,4 i brukarundersøking
M2: Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal sikre at Hordaland fylkeskommune har ein sunn og berekraftig økonomi basert på tenlege styringsverktøy og god økonomiforståing i heile organisasjonen	Vidareutvikle budsjettprosess, bl.a. spesifisere hovudpostar, betre periodisering mv Implementere BI-modul i økonomisystemet Utarbeide økonomikurs for leiarar	Minst 80% av alle leiarar skal ha gjennomført økonomikurs	Minst 95% av alle leiarar skal ha gjennomført økonomikurs
M3: Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal leggje til rette for å rekruttere, utvikle og ta vare på den kompetansen som Hordaland fylkeskommune til ei kvar tid treng for å kunne utføre sitt samfunnsoppdrag.	Implementere ny HR-strategi med tilhøyrande aktivitetar Styrke grunnopplæringa i HMS for leiarar	Auke del tilsette med svært høg jobbtrivsel til minst 33% Auke del nærvær blant tilsette til minst 95%	Auke del tilsette med svært høg jobbtrivsel til minst 38% Auke del nærvær blant tilsette til minst 96%
M4: Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal være ein pådrivar for å utvikle og modernisere Hordaland fylkeskommune gjennom effektive og framtidretta fellessystem og arbeidsprosessar med særleg merksemd på kontinuerleg forbedring og gevinstrealisering.	Implementere ny IT-strategi med tilhøyrande aktivitetar Effektivisere innkjøpsprosessar/fakturahandsaming	Realisere minst 2,5 mill. kr i gevinst nytt økonomisystem (akkumulert)	Realisere minst 5 mill. kr i gevinst nytt økonomisystem (akkumulert)
M5: Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal leggje til rette for og sikre bruk av effektive avtalar med profesjonelle leverandørar av varer og tenester på alle verksemdsrområda i Hordaland fylkeskommune.	Implementere ny innkjøpspolitikk med tilhøyrande aktivitetar Auke bruken av rammeavtalene i organisasjonen	Auke bruken av eHandel til minst 50% for varekjøp Auke del kjøp innanfor rammeavtale til minst 90%	Auke bruken av eHandel til minst 75% for varekjøp Auke del kjøp innanfor rammeavtale til minst 95%

Mål	Tiltak 2018	Resultatmål 2018	Resultatmål 2021
M 6: Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal medverke til å styrke omdømet til Hordaland fylkeskommune og arbeide for god intern og ekstern informasjonsflyt gjennom målretta og verdibasert kommunikasjon.	Vidareutvikle internt kommunikasjonsarbeid Styrke tilrettelegging for lokale og brukarorienterte forteljingar i relevante kanalar Vidareutvikle innhald/funksjonalitet på www.hordaland.no	Snittskår for tilfredse brukarar av www.hordaland.no minst 3,8	Snittskår for tilfredse brukarar av www.hordaland.no minst 4,0



PRIORITERINGAR I 2018

Økonomi- og organisasjonsavdelinga vil som nemnt få ei sentral rolle i arbeidet med regionreforma i åra framover. Det skal setjast i gang ulike delprosjekt for å samkøyre dei to organisasjonane til Hordaland og Sogn og Fjordane. Som ledd i dette er det også naturleg å arbeide vidare med å klargjere kva rolle og ansvar dei sentrale stabsfunksjonane i organisasjonen skal ha og korleis samhandlinga med fagavdelingane kan utviklast. Arbeidet med regionreforma vil ha høg prioritet. For å sikre tilfredstillande kapasitet både i prosjekta og i den dagleg drifta må dei supplere med konsulenttenester av noko omfang. Fylkesrådmannen foreslår at dette vert finansiert gjennom dei sentrale reformmidlane som staten tildeler fylkeskommunane.

God økonomistyring krev tenlege styringsverktøy og god økonomiforståing hos leiarane i organisasjonen. Det nye økonomisystemet, som vart teke i bruk i 2017, har gjort det enklare å få fram relevante rapportar på einingsnivå. Dette har vore med på å betre økonomistyringa gjennom året. Etter kvart som systemet kjem i god drift i heile fylkeskommunen, vil den økonomiske kontrollen ved skular og tanntlinikkar auke. For å støtte ytterlegare opp om dette, vil økonomisystemet i 2018 verte utvida med ein BI-modul (Business intelligence), der sentrale styringsdata vert samla og strukturert slik at kvar leiar raskt og enkelt får oversyn over viktige nøkkeltal og økonomisk status for si eining.

Det nye økonomisystemet vil over tid gje gevinstar i form av meir effektive arbeidsoperasjonar, som kan løysast på ein enklare måte. I 2018 er det rekna med 2 mill. kr (akkumulert 2,5 mill. kr frå 2017) i gevinstrealisering som følgje av dette i avdelinga – auka til 5 mill. kr (akkumulert) i 2021 for fylkeskommunen samla. For å hente ut desse

gevinstane vil økonomi- og organisasjonsavdelinga særleg fokusere på å forenkle og forbetre prosessane knytt til innkjøp og fakturahandsaming. Gjennom innføring av ny innkjøpspolitikk med tilhøyrande aktivitetar vil dessutan arbeidet knytt til auka bruk av rammeavtalar, styrka oppfølging av leverandørar og systematisk reforhandling av innkjøpsavtalar verte intensivert.

Økonomi- og organisasjonsavdelinga har revidert gjeldande IT-strategi. Den nye strategien vil bli implementert i 2018 og peikar på fem satsingsområde som er viktige for at fylkeskommunen skal kunne levere gode og effektive tenester:

- IT-styring og organisering
- Digitale tenester med brukaren i sentrum
- IKT arkitektur og infrastruktur
- Prosjekt- og porteføljestyling
- Personvern, informasjonstryggleik og kvalitet

For å få ei meir heilskapeleg styring og kompetanseutvikling foreslår fylkesrådmannen at økonomi- og organisasjonsavdelinga ved IT-seksjonen overtek det administrative ansvaret for IKT-konsulentane ved skulane frå opplæringsavdelinga. Fylkesrådmannen legg til grunn at dette vil gje synergjar og effektivisere drifta ved standardisering av IT-utstyr og bruk av ressursar på tvers i verksemda. Budsjettet til økonomi- og organisasjonsavdelinga er såleis styrka med 23 mill. kr knytt til løn og sosiale utgifter for IKT-konsulentar, medan budsjettet til opplæringsavdelinga er tilsvarande redusert.

Økonomi- og organisasjonsavdelinga har også utarbeidd ein ny HR-strategi, som vil bli implementert i 2018. Strategien peikar på fem satsingsområde som står fram som sentrale i den vidare utviklinga av organisasjonen:

- Organisasjonskultur
- Kompetanse
- Rekruttering
- Endringskapasitet
- Arbeidsmiljø

Målretta og systematisk arbeid med HMS (helse, miljø og sikkerheit) vil framleis ha høg prioritet. Det er som tidlegare år sett av 1,3 mill. kr i fellesmidlar til personalopplæring, 1,5 mill. kr til leiarskapsutvikling og 1,1 mill. kr til generell organisasjonutvikling.

HFK legg stor vekt på å gjennomføre naudsynte omstillingar i organisasjonen på ein god og mest mogleg føreseieleg måte. Det er sett av til saman 9 mill. kr til aktuelle omstillingstiltak og intern mobilitet, m.a. knytt til implementering av skulebruksplanen.



STYRINGSDOKUMENT – REGIONALE PLANAR OG TEMAPLANAR

Temaplanar	Vedtaksår	Utval	Revisjon
Likeverdsplan	2017	FT	2021

Temaplanen for likeverd i Hordaland fylkeskommune skal i 2018 følgjast opp gjennom medlemskapen i det europeiske charteret for likestilling og gjennom vidareføring av arbeidet med inkludering av kjønns- og seksualitetsmangfaldet på arbeidsplassen, mellom anna gjennom sertifisering som

LHBT-verksemd (lesbiske, homofile, bifile og transpersonar). Aktuelle planar som støttar opp om arbeidet med likeverd i organisasjonen skal reviderast. Kostnadar knytt til LHBT-sertifiseringa vert dekt gjennom sentrale midlar for personalopplæring, leiarskaps- og organisasjonsutvikling.



FOLKEHELSE

Med rundt 4.400 tilsette er Hordaland fylkeskommune ein av dei største arbeidsgjevarane i fylket. I relasjon til folkehelseperspektivet er det å vere i arbeid med på å utjamne skilnader i levekår og støttar opp om eit inkluderande samfunn. Som arbeidsgjevar har HFK ei overordna målsetjing om at arbeidet skal gje grunnlag for ein helsefremjande og

meningsfylt arbeidssituasjon, som gir full tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader og som støtter opp om eit inkluderande arbeidsliv for alle tilsette (jfr overordna HMS-plan). Vidare har fylkeskommunen ein eigen plan for likeverd og er tilslutta avtalen om inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen).

Måltal for jobbtrivsel og nærvær er relevante indikatorar for folkehelsa blant tilsette:

- HFK har mål om eit nærvær på minst 95%. I 2016 var nærværet i organisasjonen samla på 94%, men det er variasjonar mellom dei ulike fagavdelingane. Det vert arbeidd med ulike tiltak for å auke nærværet i dei ulike einingane. Sentralt er det sett av 1 mill. kr til internt folkehelsearbeid i organisasjonen, ein auke på 0,3 mill. kr frå 2017.
- Jobbtrivselen hos dei tilsette vert jamleg målt gjennom eigne medarbeidarundersøkingar. I målinga i 2016 svarte 85% at dei hadde god jobbtrivsel. Målet er å auke delen som har svært høg jobbtrivsel med to prosentpoeng til 33% i 2018. Kostnadar knytt til medarbeidarundersøkinga vert dekt gjennom sentrale midlar for organisasjonsutvikling.

Lærlingar

Økonomi- og organisasjonsavdelinga vil i 2018 ha to faste IKT-lærlingar, i tillegg til å inngå som praksisplass for andre lærlingar i organisasjonen innanfor kontor- og administrasjonsfaget. Gjennom målretta arbeid har HFK lukkast med å auke talet på lærlingar i eigen organisasjon frå rundt 20 i 2015 til nærmare 50 lærlingar i 2018. Som følgje av dette er det budsjettert med 5 mill. kr.

Klima- og miljø

Økonomi- og organisasjonsavdelinga har gjennom fleire år arbeidd systematisk for å redusere kostnadane knytt til papirbruk og porto i heile organisasjonen. Som følgje av auka bruk av digitale kommunikasjonsverktøy og elektroniske skjemaløysingar har behovet for eige trykkeri falt bort og leasingavtaler på slikt utstyr er sagt opp. Varslar om inkas- so vil framover verte sendt elektronisk via SvarUt.



EIGEDOM

Profesjonell og effektiv byggdrift

I arbeidet med å utvikle fylkeskommunen sine bygg og eigedomar vert det lagt stor vekt på å optimalisere drifta. Kostnadseffektiv arealbruk og miljøvenlege energiløysingar står sentralt i dette arbeidet. Fleire større utvidings- og rehabiliteringsprosjekt vert ferdigstilte i 2018, samstundes som arbeidet med å byggje ny vidaregåande skule og kulturhus i Åsane i Bergen startar opp.

UTFORDRINGAR I ØKONOMIPLANPERIODEN

Avdelinga får frå 2018 fleire driftsoppgåver, samstundes som det framleis er høgt investeringsnivå i fylkeskommunen. Å sikre at avdelinga har rett kompetanse er difor framleis viktig. Avdelinga har gjennom dei siste to åra arbeidd målretta med etablering og innarbeiding av rutinar og system for risikohandsaming og styring av investeringsprosjekt. Storleiken på fleire av desse prosjekta gjer at dei økonomiske konsekvensane, sjølv med relativt små avvik, vert store. Fokus på aktiv bruk og utvikling av styringssystemet er difor også viktig dei kommande åra.

Innan bygningsdrift vert det viktig å optimalisere ressursbruken, både kvalitets- og kostnadmessig. Dette gjeld for område som energi, reinhald og teknisk drift av bygga eigedomsavdelinga har ansvaret for. Avdelinga tek sikte på å etablere måltal både for å fastleggje teknisk tilstand og

driftskostnader på dei einiskilde bygga. Ein vil også sjå på løysingar med automatisering eller meir maskinell gjennomføring av tidkrevjande oppgåver.

Eigedomsavdelinga vil frå 2018 overta ansvaret for alle leigeavtalar knytt til skulebygg. Dette gjeld både utleige og innleige. Ved å samle ansvaret for leigeavtalane i ei avdeling er målet både å redusere kostnadane og profesjonalisere forvaltninga.

Fylkeshuset har store bygningsmessige manglar og behov for modernisering. Det er og vedteke å sjå på om det er mogleg å effektivisere arealbruken. Prosessen med å vurdere framtidige løysingar for administrasjonsbygget er i gang og vil vere eit sentralt prosjekt i tida framover.

OVERSYNSTABELL

Heile tusen

1	Område	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Endring %
	Sentral eigedomsforvalting			
	Brutto driftsutgift	24 817	26 090	5,1 %
	Driftsinntekter	-5 000	-5 250	5,0 %
	Netto driftsutgift	19 817	20 840	5,2 %
	Administrasjonsbygg			
	Brutto driftsutgift	10 452	10 335	-1,1 %
	Driftsinntekter	-45	-45	0,0 %
	Netto driftsutgift	10 407	10 290	-1,1 %
	Byggdrift vidaregåande skular			
	Brutto driftsutgift	175 615	178 937	1,9 %
	Driftsinntekter	-3 220	-3 270	1,6 %
	Netto driftsutgift	172 395	175 667	1,9 %
	Byggdrift kulturbygg			
	Brutto driftsutgift	1 050	1 050	0,0 %
	Driftsinntekter	0	0	0,0 %
	Netto driftsutgift	1 050	1 050	0,0 %
	Byggdrift tannhelse			
	Brutto driftsutgift	0	327	
	Driftsinntekter	0	0	0,0 %
	Netto driftsutgift	0	327	
	Byggdrift samferdsel/kollektiv			
	Brutto driftsutgift	16 942	18 324	8,2 %
	Driftsinntekter	-729	-754	3,4 %
	Netto driftsutgift	16 213	17 570	8,4 %

1	Område	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Endring %	
	Leige/utleige av bygg	Brutto driftsutgift	74 440	83 532	12,2 %
		Driftsinntekter	-26 122	-37 476	43,5 %
		Netto driftsutgift	48 318	46 056	-4,7 %
	Anna verksemd	Brutto driftsutgift	4 800	4 800	0,0 %
		Driftsinntekter	0	0	0,0 %
		Netto driftsutgift	4 800	4 800	0,0 %
	Sum brutto driftsutgift		308 166	323 395	5,0 %
	Sum driftsinntekter		-35 116	-46 795	33,3 %
	Sum netto		273 000	276 600	1,3 %
	Netto driftsutgift i 2018 tal		278 600	276 600	-0,7 %

Ansvarsjusteringar

I tabellen over er budsjetta for 2017 justert for følgjande organisatoriske endringar sidan det vart vedteke i desember 2016.

1	Endring	Budsjett
	Overført ansvar husleige frå opplæringsavdelinga	50 000
	Overført budsjettansvar byggdrift kulturbygg	1 000

ENDRINGAR

Tal i tusen

1	Endringar frå 2017 til 2018	
	Endring budsjettramme	-2 000
	Tiltak og endringer for å nå balanse:	
	Sentral eigedomsforvaltning	520
	Administrasjonsbygg	- 381
	Byggdrift videregående skular	- 1 107
	Byggdrift kulturbygg	- 27
	Byggdrift tannhelse	327
	Byggdrift samferdsel/kollektiv	945
	Leige/utleige av bygg	-2 155
	Anna verksemd	-122
	Sum	-2 000

MÅL OG STRATEGIAR

Mål	Tiltak	Resultatmål 2018	Resultatmål 2021
Eigedomsavdelinga skal utøve profesjonell forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling som sikrar at heile eigedomsmassen fyller lovpålagte krav, politiske vedtak og brukarbehov	Årlege brukarundersøkingar	Etablere basistal for brukar-tilfredsheit	10% forbetring i brukar-tilfredsheit
Eigedomsavdelinga skal sikre forsvarleg og strukturert forvaltning av eigedommar som fylkeskommunen nyttar	Etablere verktøy som sikrar ein samla oversikt over bygningsmassen	Etablering av system og verktøy	100% av bygningsmassen registrert
Eigedomsavdelinga skal utøve forsvarleg og verdibasert drift og vedlikehald av eigedomsmassen	Måle driftskostnader pr. m ² Kartleggje tilstandsgrad på bygningsmassen	Etablere grunnlag for nøkkeltal/måltal Gjennomføre resterande kartlegging av bygningsmassen og etablere eit samla mål for bygningstilstanden	Samla reduksjon på 5% målt mot nullpunkt i 2018 Samla forbetring av tilstanden på 10% målt mot nullpunkt i 2018
Eigedomsavdelinga skal utøve ei offensiv og målretta utvikling av eigedomsmassen som på sikt gjev ein miljøvennleg og kostnadseffektiv bygningsmasse, tilpassa dei tenestene Hordaland fylkeskommune skal yte	Vere offensiv med omsyn på å fremje miljøvennlege energiløysingar: BREEAM klassifisera nybygg Sikre at dei fylkeskommunale bygga blir meir optimale med omsyn på areal gjennom: Måle areal pr. kontorarbeidsplass Måle areal pr. elev	Redusere totalt forbruk med 2,2 % målt mot 2017 Etablere system for nøkkeltal/måltal	Redusert totalt forbruk med 8,8 % i planperioden Samla reduksjon på 3% areal målt mot nullpunkt i 2018



PRIORITERINGAR I 2018

Avdelinga har tre hovudpilarar for verksemda – forvaltning, drift og utbygging.

Innan forvaltning og drift har avdelinga både i 2017 og i 2018 overteke større oppgåver frå opplæringsavdelinga. Dei største oppgåvene er ansvar for husleige for alle skulebygg og reinhaldstenesta, som ein overtok frå hausten 2016. Eit sentralt tema i planperioden vert å etablere god styring og rutinar for desse felta. Dette vil gje betre drift og økonomisk innsparing. Det vert også arbeidd med kartlegging av tilstanden på skulebygga for å sikre nødvendig vedlikehald og rett prioritering mellom vedlikehaldsbehova.

Vidare har avdelinga dei siste åra også fått utvida oppgåver og ansvar for samferdsel/kollektiv. Også for kollektivanellegga pågår det arbeid med kartlegging av tilstanden på bygningar og utstyr. Førrelse vurderingar tyder på eit aukande behov for vedlikehald av kollektivanellegg.

Når det gjeld utbygging/investering, er det stor aktivitet i heile perioden. Det er fem skular som skal ferdigstillast i 2018 – Odda vgs, Tertnes vgs, Voss Gymnas, Arna vgs og Bergen Katedralskole. Nye Åsane vgs vil ha byggjeark i 2018 og for skulane Askøy vgs og Stord vgs, avd Vabakken, vil ein starte programmering. Desse skulane er planlagde ferdigstilte i 2022 i samsvar med den vedtekne skulebruksplanen.



FOLKEHELSEPERSPEKTIVET

Regional plan for folkehelse har «fleire gode leveår» for alle som undertittel. Barn og unge og eit universelt samfunn der alle kan delta på like vilkår, er sentrale satsingsområde.

Eigedomsavdelinga har gjennom mange år hatt målretta fokus på at alle nye bygg skal vere universelt utforma. For eksisterande bygningsmasse har skulebygg vore prioritert. Arbeidet med dette held fram i planperioden.

Fylkeskommunen har dei siste åra bygd fleire idrettshallar som del av nye skulebygg. Eigedomsavdelinga, i samarbeid med opplæringsavdelinga og kultur- og idrettsavdelinga, ser no på gjeldande rutinar for bruk av desse hallane, spesielt på ettermiddag og kveld. Målet er at ein tidleg i 2018 kan ha på plass nye retningslinjer der også omsynet til folkehelse, særleg blant barn og unge, vert lagt vekt på. Ein vil og sjå på om det er råd å få avsett noko tid til grupper som tradisjonelt har vore mindre fysisk aktive, i von om å få til ei større samla deltaking.



STYRINGSDOKUMENT – REGIONALE PLANAR OG TEMAPLANAR

Dei mest sentrale planane i avdelinga sitt arbeid er

Plan	Mål	Strategier
Skulebruksplan	Gode læringsmiljø	Oppgradering av eksisterande bygg med tekniske anlegg Nybygg og anhending av eldre bygg og bygg som ikkje er helseverngodkjent Etablering av nye skular og tannklinikar i tilknytning til lokale knutepunkt
Klimaplan	Ei klima- og miljøvenleg utvikling	Redusere og helst fase ut bruken av fossilt brennstoff Styrkje ressursbruken knytt til drift av tekniske anlegg og installasjonar med mål om redusert energibruk Ha eit nybyggprosjekt med sterkt fokus på miljøperspektiv ved etablering og bygging ("Bream" modell og måling) Inngå avtale om samarbeid med private om prosjekt for reduserte energikostnader (EPC kontrakt eller liknande)
Tannklinikk strukturplan		Etablering av nye klinikkar i tilknytning til lokale knutepunkt
Folkehelse	Eit inkluderande samfunn	Krav om universell utforming av nye bygg Vurdere bruk av ledig tid i fylkeskommunale bygg
Temaplan for likeverd	Eit inkluderande samfunn	Krav om universell utforming av nye bygg
Regional planstrategi	Utvikle meir attraktive og funksjonelle regionale sentre Eit inkluderande samfunn	Krav om universell utforming av nye bygg Vurdere bruk av ledig tid i fylkeskommunale bygg

NÆRARE OM AKTIVITETSOMRÅDA

Sentral eigedomsforvaltning

Dette budsjettområdet omfattar eigedomsavdelinga sentralt som ikkje er direkte knytt opp mot tenestoområde. Det er budsjettert med 26 årsverk i 2018. Dette er 1 stilling meir enn i 2017 og skuldast auka ansvar knytt til forvaltning av avtalar/innkjøp og styrking av arbeidet opp mot prosessstyring/utviklingsarbeid. Einskilde sentrale lisensar mm. vert og ført her. Desse har auka dei siste åra og budsjettet er difor justert for å dekke denne kostnadsveksten.

Administrasjonslokale

Området omfattar drift av fylkeshuset og områda rundt, utanom leigekostnad. Budsjettet for økonomiplanperioden er ei vidareføring av tidlegare ramme.

Fylkeshuset er i dårleg forfatning og har vedlikeholdsetter-slep. Fylkestinget har gjort vedtak om arealeffektivisering og det pågår ein prosess for utvikling og rehabilitering av bygget. Ein vil i prosessen kome attende til ulike løysingsalternativ, forslag til framdriftsplan og økonomiske konsekvensar av ulike val. Fram til dette er klart, vert posten vidareført på same nivå som i 2017.

Byggdrift vidaregåande skular

Posten utgjer den største delen av avdelinga sitt driftsbudsjett og omfattar driftsleiarsteneste og reinholdsteneste ved vidaregåande skular, og ekstraordinært vedlikehold og midlar til kartleggjing. Det er lagt til grunn ein reell nedgang i ramma på litt over 1 mill. kr frå 2017 til 2018.

Innsamla data syner at det er mogleg å få ned dei samla kostnadane til reinhold. Med ei felles organisering av reinholdstenesta er det mellom anna lettare å få til interne omplasseringar når stillingar vert ledige/skulelokale vert flytta frå. Det er og lettare å samle erfaring og overføre kunnskap mellom reinholdarar på ulike skular.

I tillegg til løn for eigne tilsette består budsjettposten i stor grad av kjøp av tenester frå andre. Her ser ein at kostnadane over tid har auka meir enn budsjettert. Avdelinga har som mål at ein skal omdisponere midlar innanfor budsjettposten slik at byggvedlikeholdet kan styrkjast i økonomiplanperioden.

Byggdrift kulturbygg

Posten omhandlar drift av lokala til bevaringstenesta i Salhus og Kabuso i Øystese. Kostnadsramma er vidareført på same nominelle nivå som i 2017.

Byggdrift tannhelse

Reinholdet av nye Askøy tannklinikk skjer i fylkeskommunal regi. I samband med endringa av

reinholdet for vidaregåande skular vart og ansvaret for reinhold for denne tannklinikken overført til eigedomsavdelinga. Vidare vert einskilde kostnader knytt til bygningsmessig vedlikehold og drift av tannklinikkar som fylkeskommunen eig ført her.

Byggdrift samferdsel/kollektiv

Posten omfattar bussterminalar, som fylkeskommunen nyttar sjølv eller har stilt til rådvelde for andre. I hovudsak gjeld dette Bystasjonen i Bergen, bybaneanlegget på Kokstad og parkeringsanlegga ved Birkelandskrysset og Åsane, Loddefjord, Knarvik og Straume bussterminal. I tillegg kjem drift av sjåførfasilitetar.

Budsjettposten er noko høgare i 2018 enn i 2017. 2017 var første år med heilårsdrift for parkeringsanlegget i Birkelandskrysset og bybanedepoet på Kokstad og kostnadane viser seg å vere noko høgare enn budsjettert. Det er behov for å styrkje vakthald og driftsopplegg elles for å gje tilfredsstillande tilhøve for dei reisande.

Leige/utleige av bygg

Eigedomsavdelinga har i løpet av 2017 overteke det økonomiske ansvaret knytt til innleige av undervisningslokale. Ansvaret for kroppsøvningslokale vert overteke frå 2018. Vidare omfattar posten det meste av utleige av bygg /grunnareal.

For 2018 er det budsjettert med reell auke knytt til kroppsøvningslokale, mens størstedelen av kostnader knytt til gamle skular på Voss er falt bort, eller vil falle bort i løpet av 2018. Vidare får ein heilårseffektar av utleige av bussanlegg på Bømlo og Stord.

Fylkeskommunen har etablert ein praksis med å selje bygg nokre år før ein skal flytte ut. Ein må då betale leige dei siste åra, men får betre konkurranse/høgare pris ved sal. For 2018 er dette aktuelt for lokala ved tidlegare Lønborg vgs. og Arna vgs. sitt bygg på Garneshøgda.

Anna verksemd

Posten omfattar forsikring av fylkeskommunale eigedomar, innbu, leigelokale, med budsjett på 3,8 mill. kr, og fylkeskommunen si interne forsikringsordning knytt til bygg/eigedomsrelaterte skader. Intern forsikringsordning dekkjer eigenandelar over kr 10 000 ved forsikringssskadar, og tilskot til førebyggjande tiltak.

Skadetala for fylkeskommunen har vore gode dei siste åra. Det gjer og at ein fekk gunstige vilkår ved siste fornying av avtalane. Sjølv med fleire nye bygg er det difor budsjettert med vidareføring av budsjettet for 2017 med same kronebeløp.



OPPLÆRING

Berekraftig skulestruktur med god kvalitet

Hovudmålet for opplæring i Hordaland fylkeskommune er auka læringsutbytte og fullføring. Resultatoppfølging skjer i tett dialog med skulane, og fag- og yrkesopplæringa vil ha særleg merksemd i 2018. God kvalitet i undervisninga, samarbeid og utvikling i felleskap vil bidra til betre måloppnåing. Nybygg, rehabilitering og ombygging bidreg til meir tilpassa og framtidretta skulebygg med gode rammer for kvalitet og gode arbeids- og læringsmiljø.

UTFORDRINGAR I ØKONOMIPLANPERIODEN

Opplæringssektoren skal gje utdanningstilbod som er kjenneteikna av heilskap, kvalitet, tilstrekkeleg kapasitet og tenleg organisering. Dette skal sikrast innanfor ein skule- og tilbodsstruktur som er økonomisk berekraftig. Målsetjinga er auka læringsutbytte og fullføring.

I 2016 vart skulebruksplanen for 2017–2030 vedteken. Planen slår fast at det er for mange elevplassar i Hordaland i høve til venta elevtal i planperioden. Arbeidet med å implementere vedtaka i planen er godt i gang. Talet på vidaregåande skular er redusert frå 39 i 2016 til 33 i 2017. I økonomiplanperioden opnar nye Åsane vgs (2020). Rehabilitering og utviding ved Bergen Katedralskole vert ferdigstilt (2018). Utvidinga ved Tertnes vgs vert ferdigstilt (2018). Arna vgs vert rehabilitert (2018). Laksevåg vgs sitt studieførebuande tilbod vert flytta til Bergen Katedral-skole (2018), og yrkesfagtilboda ved Laksevåg og Bergen maritime vgs vert slått saman (2020). Rehabiliteringa av Odda vgs vert ferdigstilt (2018). Voss gymnas har flytta inn i nybygget, og rehabiliteringa av gamlebygget vert ferdigstilt (2018).

Samstundes med alle desse strukturelle grepa skal sektoren halde fram med å gje tilbod som har høg kvalitet. Dei komande åra vil ein gå tettare inn på den enkelte skule og følgje opp resultatane. Tiltak som er sett i gang for å auke fullføring og kvalitet, vert følgt opp og korrigert der det er trong for det.

Arbeidslivet har behov for kvalifiserte fagarbeidarar. I Hordaland er målsettinga at 50 % av ungdomen skal

velje yrkesfagleg utdanning (Vg1). Samstundes slit fag- og yrkesopplæringa i heile landet med låg gjennomføring. Hordaland fylkeskommune har sett i verk fleire tiltak og prosjekt for å betre på dette. Mellom anna er det innført ei forsøksordning med yrkesfaglege koordinatorar, og denne ordninga vert videreført i 2018. Det er og sett i gang prosjekt for å utvikle nye modellar for fag- og yrkesopplæringa. Det er konflikt mellom behova i arbeidslivet og kva elevane ynskjer av fagtilbod.

Hordaland er eit av dei største fagskulefylka. Tilbodet skal sikre regional tilgang på kompetanse og arbeidskraft. Endringar i finansieringsordninga frå staten gjev fylkeskommunen eit meir sjølvstendig ansvar for å utvikle nye tilbod og prioritere strategisk innanfor økonomiske rammer.

I heile landet er det ei stor utfordring å ta i bruk det potensialet som ligg i å kvalifisere vaksne til å delta i framtidig arbeidsliv. Oppgåva omfattar både å sikre allmenn grunnopplæring og å tilby relevant kompetanse i eit arbeidsliv som heile tida endrar seg. Utvida rett til opplæring for vaksne vil bety høgare ressursbruk i åra framover.

Produksjonsskolen er eit tilbakeførnde tiltak for ungdom som har falle ut av både yrkesfagleg og studieførebuande utdanningsprogram på vidaregåande skule. Tiltaket rettar seg mot målgruppa ungdom mellom 15 og 21 år som står utan opplæring og arbeid, eller som treng å kome ut av sin daglege kontekst. I Hordaland er det etablert ein produksjonsskule i Bergen med kapasitet til å ta imot 45 ungdommar.

OVERSYNSTABELL

Heile tusen

1		Bud 2017	Bud 2018	% Endring
Vidaregåande skule	Driftsutgifter	2 081 526	2 087 235	0,3 %
	Driftsinntekter	-93 733	-97 531	4,1 %
	Netto driftsutgifter	1 987 793	1 989 704	0,1 %
Fagskule	Driftsutgifter	108 412	110 435	1,9 %
	Driftsinntekter	-93 969	-96 369	2,6 %
	Netto driftsutgifter	14 443	14 066	-2,6 %
OT/PPT	Driftsutgifter	41 425	43 627	5,3 %
	Driftsinntekter	-600	-1 675	179,2 %
	Netto driftsutgifter	40 825	41 952	2,8 %
Vaksenopplæring	Driftsutgifter	53 489	63 495	18,7 %
	Driftsinntekter	-40	-39	-2,5 %
	Netto driftsutgifter	53 449	63 456	18,7 %

1		Bud 2017	Bud 2018	% Endring
Produksjonsskule	Driftsutgifter	8 502	8 811	3,6 %
	Driftsinntekter	-800	-800	0,0 %
	Netto driftsutgifter	7 702	8 011	4,0 %
Fagopplæring	Driftsutgifter	389 273	406 471	4,4 %
	Driftsinntekter	-25 326	-25 548	0,9 %
	Netto driftsutgifter	363 947	380 923	4,7 %
Manger folkehøgskule	Driftsutgifter	2 625	1 903	-27,5 %
	Driftsinntekter	0	0	0,0 %
	Netto driftsutgifter	2 625	1 903	-27,5 %
Anna	Driftsutgifter	131 224	133 672	1,9 %
	Driftsinntekter	-33 777	-36 004	6,6 %
	Netto driftsutgifter	97 447	97 668	0,2 %
	Sum driftsutgifter	2 816 476	2 855 650	1,4 %
	Sum driftsinntekter	- 248 245	- 257 966	3,9 %
	Netto driftsutgifter	2 568 231	2 597 684	1,1 %
	Netto driftsutgifter i 2018 kroner	2 639 684	2 597 684	-1,6 %

I tabellen over er budsjetta for 2017 og 2018 justert for følgende organisatoriske endringer:

Husleige	-50,0 mill.kr
IKT-konsulentar	-23,0 mill. kr
Senter for yrkesrettleiing (SYR)	- 6,7 mill. kr

ENDRINGAR

Tal i tusen

1	Endringar frå 2017 til 2018	
Endring budsjettramme		-42 000
Tiltak og endringar for å nå balanse:		
Vidaregåande skular		-53 400
Fagskule		-800
Vaksenopplæring		8 500
Fagopplæring		6 900
Manger folkehøgskule		-800
Anna – opplæringsavdelinga		- 2 400
Sum		-42 000

MÅL OG STRATEGIAR

Mål	Tiltak	Resultatmål 2018	Resultatmål 2021
Opplæringsavdelinga skal setje regional kompetanseutvikling på dagsorden og ruste innbyggjarane i Hordaland til å møte framtidige kompetansebehov	Tilby vaksne med rett til vgs framtidsretta vidaregåande opplæringstilbod – auke talet på plassar i vaksenopplæringa	Auke i talet på kursplassar i vaksenopplæringa: 0% vekst i høve 2017	Auke i talet på kursplassar i vaksenopplæringa: 3% vekst i høve 2017
Opplæringsavdelinga skal utvikle og sikre utdanningstilbod som er kjenneteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering og som svarar på behova i arbeids- og næringsliv	Sikre at utdanningstilboda samsvarer med behova i næringslivet Gjennomføre tiltak i SBP som sikrer teneleg organisering	Andel/Tal elevar i ulike utdanningsprogram, utvikling sjekke mot SBP mål og plasstall Andel/tal lærlingar som får læreplass eller andel/tal som står utan læreplass, kven som søker 50% vel yrkesfag, auke andel som går ut i lære Andel/tal overkapasitet elevplassar i fylket pr region pr skule	Andel/Tal elevar i ulike utdanningsprogram, utvikling Andel/tal lærlingar som får læreplass eller andel/tal som står utan læreplass hvem søker og får læreplass 50% velger yrkesfag øke andel som går ut i lære Andel/tal overkapasitet elevplassar i fylket pr region pr skole
Opplæringsavdelinga skal bidra til at elevane og lærlingane utviklar kunnskap, dugleik og haldningar som gjer at dei kan meistre liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet	Vi skal styrke skulane sin implementeringskompetanse ved å profesjonalisere arbeidet med å gjøere opplæringa relevant og yrkesretta. Vi skal arbeide systemtisk for å sikre eit trygt og helsefremmjande skulemiljø.	Andel elevar som fullfører vgs (består vgs) normert tid Yrkesfag: 38,5% Studieføreb.: 76,0% Andel elevar som fullfører vgs (består vgs) 5 år etter oppstart Yrkesfag: 59% Studieføreb.fag: 87% Andel elevar som sluttar i vgs: Yrkesfag 7% Studieføreb.fag 4% Auke andel lærlingar som fullfører (består fagprøve) Elevar utan vurderingsgrunnlag (IV) IV- i minst eit fag Yrkesfag: 4,5% Studieføreb.fag: 2,5% Herav IV i kun eit fag Yrkesfag: 1,5% Studieføreb.fag: 1% Halde fråværstala låge: (median verdjar) – Yrkesfag 3 dagar, 6 timar Studieføreb.fag: 3 dagar, 9 timar	Andel elevar som fullfører vgs (består vgs) normert tid Yrkesfag: 41,0% Studieføreb.fag: 80% Andel elevar som fullfører vgs (består vgs) 5 år etter oppstart Yrkesfag: 62% Studieføreb.fag: 90% Auke andel elevar som sluttar i vgs: Yrkesfag 5,5% Studieføreb.fag 3% Andel lærlingar som fullfører (består fagprøve) Elevar utan vurderingsgrunnlag (IV) IV- i minst eit fag Yrkesfag: 3,0% Studieføreb.fag: 1,5% Herav IV i kun eit fag Yrkesfag: 1,0% Studieføreb.fag 0,5% Halde fråværstala låge: (median verdjar) – Yrkesfag 3 dagar, 6 timar Studieføreb.fag: 3 dagar, 9 timar



PRIORITERINGAR I 2018

Vidaregåande skule mindreutgift 53,4 mill. kr

Strukturelle og organisatoriske grep vidaregåande skular mindreutgift 18,6 mill. kr

Skuletilbodet i Etne er frå 01.08.2017 samordna med tilbodet i Ølen i ein felles vidaregåande skule, Ølen vgs, med Rogaland fylkeskommune som skuleeigar. Samordninga medfører auka gjesteelevkostnader, men årleg netto innsparing er rekna til 6 mill. kr. Om lag 3 mill. kr av innsparinga vart henta ut i 2017, resteffekten på 3 mill. kr vert henta ut i 2018.

Det vidaregåande skuletilbodet ved Hjeltnes vgs er lagt ned frå 01.08.2017. Ut skuleåret 2017/18 er det noko aktivitet mellom anna innan vaksenopplæring ved skulen. Innsparinga i 2018 er rekna til om lag 3 mill. kr.

Dei strukturelle og organisatoriske grepa som er gjort i skulebruksplanen, har økonomisk effekt utover nedlegging av Etne og Hjeltnes vgs. Totalt er denne innsparinga rekna til 12,6 mill. kr.

Betre oppfyljing klassar 7,0 mill. kr

Ved å redusere talet klassar med mindre oppfyljing enn 85 % legg ein til grunn innsparing på 7 mill. kr.

Visma flyt mindreutgift 3 mill. kr

Innføringa av nytt felles nasjonalt skuleadministrativt system Visma flyt er forsinka. Budsjettposten vert justert ned med 3 mill. kr i 2018. Posten må truleg aukast tilsvarende i 2019.

Grunnutdanning yrkesfag mindreutgift 1 mill. kr

Prosjektet som har som mål å gje lærarar grunnutdanning, er inne i siste fase. Budsjettet for 2018 vert redusert med 1 mill. kr. Prosjektet vert avslutta våren 2019 og budsjettet for 2019 kan reduserast med ytterlegare 1 mill. kr.

Internatdrift Voss mindreutgift 1,8 mill. kr

Internatet ved gamle Rogne vgs har 75 plassar. Auka inntekter og noko lågare kostnader enn rekna med i 2017 gjev grunnlag for å redusere budsjettet med 1,8 mill. kr.

Gardsdrift mindreutgift 2,3 mill. kr

Gardsdrift ved Hjeltnes vgs er avvikla. Innsparinga er om lag 0,9 mill. kr. Vidare er løyvinga til gardsdrifta ved Voss vgs og Stend vgs redusert med 1,4 mill. kr.

Underskotsinndekking mindreutgift 19,7 mill. kr

I 2017 dekkja skulane inn om lag 21,8 mill. kr i underskot frå 2015. I 2018 er trongen for underskotsinndekking redusert til 2,1 mill. kr. Summen til underskotsinndekking er redusert fordi ein i samband med årsavslutninga for 2016 nytta skulane sitt samlefond på totalt 28 mill. kr til å dekke underskot i 2016.

Fagskule mindreutgift 0,8 mill. kr

Budsjettramta til fagskulane er redusert med 0,8 mill. kr.

Vaksenopplæring meirutgift 8,5 mill. kr

Det er venta eit meirforbruk innan vaksenopplæringa på om lag 8 mill. kr i høve opphaveleg budsjett i 2017.

Mange vaksne innvandrarar kjem til Noreg etter å ha fullført og bestått vidaregåande opplæring i utlandet. Problemet for mange med fullført utanlandsk vidaregåande opplæring er at opplæringa ikkje vert godkjent i Noreg. Frå 01.08.2017 er opplæringslova endra slik at dei som har fullført vidaregåande opplæring i eit anna land og som ikkje får denne godkjent i Noreg, har rett til vidaregåande opplæring her. Denne endringa medfører at det vert fleire som har rett til vaksenopplæring.

Fagopplæring meirutgift 6,9 mill. kr

Lærlingtilskott meirutgift 7,2 mill. kr

Gjennom satsinga yrkesfagløftet har det på nasjonalt plan vore sett fokus på at både bedrifter og offentleg sektor i framtida vil ha eit stort behov for dyktige medarbeidarar med fag- og yrkesutdanning. Difor er det nødvendig å heve statusen til yrkesfaga og få ned fråfallet. Dei siste åra har lærlingtilskottet auka meir enn prisveksten tilseier. Satsane for lærlingtilskott vert fastsett i statsbudsjettet kvart år. Auken i tilskott pr lærling gjer at det er trong for å auke budsjettet for lærlingtilskott med 7,2 mill. kr.

Fagprøver meirutgift 1,2 mill. kr

Rekneskapsprognosen pr. 2. tertial i 2017 viser at det er venta eit meirforbruk på om lag 1 mill. kr til fagprøver. Årsak til meirforbruket er at fylkesutvalet i januar 2017 vedtok nye honorarsatsar for prøvenemndene. Satsane for prøvenemndsarbeid har vore uendra i mange år. Samstundes har arbeidet i prøvenemndene blitt meir tidkrevjande enn før grunna dei omfattande dokumentasjonskrava som kom i samband med Kunnskapsløftet. Det er venta om lag same tal fagprøver i 2018 som i 2017. Fylkesrådmannen foreslår å auke budsjettramta med 1,2 mill. kr.

Fagopplæringskontoret mindretgift 1,5 mill. kr
 Justeringar av driftskostnader og overføring av lærlingar til organisasjons- og økonomiavdelinga gjev ei samla innsparring på om lag 1,5 mill. kr.

Manger folkehøgskule mindretgift 0,8 mill. kr
 Manger folkehøgskule er finansiert med statstilskott, eigenbetaling og fylkeskommunale løyvingar. I 2017 vart

den fylkeskommunale løyvinga sett ned med 0,6 mill. kr ved å auke elevbetaling tilsvarande. I 2018 er det rekna heilårsverknad av endringa i 2017 og det gjev grunnlag for å redusere den fylkeskommunale løyvinga med ytterlegare 0,8 mill. kr.

Andre postar mindretgift 2,4 mill. kr
 Reduksjonen gjeld opplæringsavdelinga sitt budsjett og skuldast m.a. reduserte kostnader til planarbeid.



FOLKEHELSEPERSPEKTIVET

Utdanningsnivået i befolkninga er ein avgjerande indikator for folkehelse, og sosial ulikskap i helse. Difor er skulen ein viktig arena for folkehelse, noko som vert understreka i opplæringslova §§ 1-1 og 9a. I tillegg set folkehelselova § 20 krav til fylkeskommunen om å fremje folkehelse.

I den nye generelle læreplanen «Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæring», er folkehelse og livsmeistring eit nytt tema som skal fremje både fysisk og psykisk helse. Livsmeistring som tema skal hjelpe dei unge

til å forstå kva som påverkar eige liv og opparbeide evne til å ta dei rette vala for å vere best mogleg rusta for livet.

Folkehelse skal inkluderast som eit tverrfagleg tema og skal vere universelt retta: Aktuelle område innanfor temaet er fysisk og psykisk helse, levevaner, seksualitet og kjønn, rusmidlar, mediebruk, forbruk og personleg økonomi.

Gjennom den nye, generelle læreplanen blir krava til fylkeskommunen forsterka.



REGIONALE PLANAR OG TEMAPLANAR

Planansvar – Opplæringavdelinga

Regionale planar	Vedtaksår	Utval	Revisjon
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	2017	FT	2019
Temaplanar			
Skulebruksplan 2017-2030, Skule- og tilbodsstruktur for framtida	2016	FT	2020
Styringsdokument for pedagogisk utviklingsarbeid i vidaregåande skule 2016-2018	2016	FUV	2018

Regional plan for kompetanse og arbeidskraft

Regional plan for kompetanse og arbeidskraft vart vedteke i fylkestinget i oktober 2017.

Planen skal vere eit verktøy for å setje retning og samordne arbeidet med kompetanseutvikling i fylket. Hordaland står overfor store endringar i samfunns- og arbeidsliv på lik line med andre regionar både i Noreg og elles i verda. Dei store endringsdrivarane som globalisering, eldrebølgja, det grøne skiftet og automatisering og robotisering vil setje nye krav til kompetanse.

Regional plan for kompetanse og arbeidskraft skal ruste Hordalandssamfunnet til å møte desse endringane. Nasjonale myndigheiter ønskjer å styrke regionalt folkevald nivå sitt kompetansepolitiske ansvar og samordningsrolle. Det betyr at Hordaland fylkeskommune må ta ei koordinerende rolle i dette arbeidet framover.

Det overordna målet med planen er betre balanse mellom tilbud og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i Hordaland gjennom eit forpliktande samarbeid mellom næringslivet, offentleg sektor og utdanningsaktørane.

Skulebruksplan 2017–2030 Skule og tilbodsstruktur for framtida

Skulebruksplanen for perioden 2017–2030 vart handsama i fylkestinget i oktober 2016. Einskilde saker knytt til handsaminga i oktober 2016 vart òg følgt opp med vedtak i fylkestinga i desember 2016 og i mars 2017. Gjennomføringa av vedtaka i skulebruksplanen vert koordinert gjennom prosjektet «Varige og gode verknader av skulebruksplanen». Prosjektet skal bidra til at HFK følgjer opp og koordinerer dei ulike tiltaka i skulebruksplanen fram mot 2030. Gjennomføring av tiltaka skjer i linja. Fylkesrådmannen rapporterer status i arbeidet med gjennomføring

av vedtaka i skulebruksplanen gjennom løypemelding til fylkesutvalet i juni kvart år. I desember kvart år handsamar fylkesutvalet sak om justering av tilbodsstrukturen for neste skuleår. Denne saka baserer seg også på vedtaka i skulebruksplanen.

Gjennom skulebruksplanen tek HFK sterkare grep om skule- og tilbodsstrukturen. Ved å samle fagmiljøa på færre einingar vert fagmiljøa robuste og kan lettare tilpasse seg til behova i næringslivet og i samfunnet generelt i åra framover.

Styringsdokument for pedagogisk utviklingsarbeid i vidaregåande skule 2016–2018

I styringsdokumentet gir skuleeigar føringar for kva mål og prioriterte tiltaksområde skulane skal leggje til grunn for det verksemdbaserte vurderingsarbeidet,

Styringsdokumentet inngår i «System for verksemdbasert vurdering "(VBV). Den pedagogiske verksemda skal vere forankra i overordna mål i den generelle del av læreplanen og prinsipp for opplæringa, kompetansemål for fag i Læreplanverket, samt opplæringslova og forskrift til opplæringslova.

Skuleeigar vil på grunnlag av ei heilskapleg vurdering styrke skulane sin handlefridom når det gjeld val av tiltaksområde i perioden 2016–18. Det overordna målet auka læringsutbyte og fullføring står fast. Skuleeigar vil dei komande åra gå tettare inn på den enkelte skule og følgje opp resultatata. Skulane har ansvar for å vurdere eigen organisasjon og eigne resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument. På grunnlag av vurderinga skal skulen utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak. Det er skulane som skal definere tiltaksområde for det pedagogiske utviklingsarbeidet i perioden 2016 – 2018 og grunnngi valet ut frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap.

OVERSYNSTABELL

1		Bud 2017	Bud 2018	Endring
Vidaregåande skule	Driftsutgifter	2 081 526	2 087 235	0,3 %
	Driftsinntekter	-93 733	-97 531	4,1 %
	Netto driftsutgifter	1 987 793	1 989 704	0,1 %
Fagskule	Driftsutgifter	108 412	110 435	1,9 %
	Driftsinntekter	-93 969	-96 369	2,6 %
	Netto driftsutgifter	14 443	14 066	-2,6 %
OT/PPT	Driftsutgifter	41 425	43 627	5,3 %
	Driftsinntekter	-600	-1 675	179,2 %
	Netto driftsutgifter	40 825	41 952	2,8 %
Vaksenopplæring	Driftsutgifter	53 489	63 495	18,7 %
	Driftsinntekter	-40	-39	-2,5 %
	Netto driftsutgifter	53 449	63 456	18,7 %
Produksjonsskule	Driftsutgifter	8 502	8 811	3,6 %
	Driftsinntekter	-800	-800	0,0 %
	Netto driftsutgifter	7 702	8 011	4,0 %
Fagopplæring	Driftsutgifter	389 273	406 471	4,4 %
	Driftsinntekter	-25 326	-25 548	0,9 %
	Netto driftsutgifter	363 947	380 923	4,7 %
Manger folkehøgskule	Driftsutgifter	2 625	1 903	-27,5 %
	Driftsinntekter	0	0	0,0 %
	Netto driftsutgifter	2 625	1 903	-27,5 %
Anna	Driftsutgifter	131 224	133 672	1,9 %
	Driftsinntekter	-33 777	-36 004	6,6 %
	Netto driftsutgifter	97 447	97 668	0,2 %
Totalt	Driftsutgifter	2 816 476	2 855 650	1,4 %
	Driftsinntekter	- 248 245	- 257 966	3,9 %
	Netto driftsutgifter	2 568 231	2 597 684	1,1 %
	Netto driftsutgifter i 2018 kroner	2 639 684	2 597 684	-1,6 %

Ei framskriving av budsjettramma for 2017 til 2018- såkalla nullvekstramme – er på 2 639 684,7 mill. kr.

Frå 2018 er ansvaret for husleige innan opplæringssektoren overført til eigedomsavdelinga. Budsjettramma til sektoren

er redusert med 50 mill. kr. Frå 2018 vert ansvaret for IKT-konsulentane overført til IT-seksjonen. Budsjettramma til sektoren er redusert med 23 mill. kr. Senter for yrkesrett-leiing (SYR) er knytt til dette flytta til regionalavdelinga frå 01.10.17. Denne overføringa gjev reduksjon i budsjettramma

til opplæringssektoren på 6,7 mill. kr. Budsjettala for 2017 og 2018 er korrigert for desse endringene.

I 2018 er budsjettamma til opplæring redusert med totalt 42 mill. kr, av desse er 35 mill. kr i tråd med i økonomiplanen for 2017-2020. Budsjettamma for 2018 vert etter nedtrekket 2 594 684 mill. kr.

Opplæringssektoren består av opplæringsavdelinga, dei vidaregåande skulane, fagskulane, Manger folkehøgskule og Hyssingen produksjonsskole.

Opplæringsavdelinga består av fire seksjonar. Desse er seksjon for fagopplæring, seksjon for skule, seksjon OT/PPT og seksjon fellestenester. I tillegg kjem leining for dei tre regionane: Region Sør/Voss/Hardanger, region Sentrum/Nord og region Vest/Sunnhordland.

VIDAREGÅANDE SKULAR

2		Bud 2017	Bud 2018
Utdanningsprogramma vgs inkl. tilrettelagt og driftsutgifter	Driftsutgifter	1 791 417	1 796 603
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	1 791 417	1 796 603
Kostnader vgs utenom utdanningsprogramma	Driftsutgifter	290 109	290 632
	Driftsinntekter	-93 733	-97 531
	Netto driftsutgifter	196 376	193 102
	Driftsutgifter	2 081 526	2 087 235
	Driftsinntekter	-93 733	-97 531
	Netto driftsutgifter	1 987 793	1 989 704
	Netto driftsutgifter i 2018 kroner	2 042 656	1 989 704

Totalt er det budsjettert med 1,990 mill. kr til drift av dei vidaregåande skulane. I 2018 er ansvaret for husleigekostnader overført frå dei vidaregåande skulane til eigedomssavdelinga. Budsjettamma til dei vidaregåande skulane er redusert med 50 mill. kr for dette. Ansvaret for IKT-tjenester til vidaregåande skular vert frå 01.01.18. overført til økonomi- og organisasjonsavdelinga ved IT-seksjonen. Budsjettamma til dei vidaregåande skulane er redusert med 23 mill. kr for dette. Budsjettala for 2017 og 2018 er korrigerte for desse endringane.

Skulebudsjetta

I sak 59/2017 vedtok fylkestinget prinsippa i ny budsjettmodell for finansiering av dei vidaregåande skulane. Hovudprinsippa i den nye modellen er at ressursane vert fordelt per klasse. Fordelinga i den nye budsjettmodellen skil mellom tre hovudkomponentar; basistilskot, klassetilskot og særskilde tilskot.

Basistilskotet skal dekkje utgifter knytt til skulebygga, og er budsjettert basert på rekneskap to år tilbake i tid.

Klassetilskotet er rekna ut i frå fag- og timefordelinga i det enkelte utdanningsprogram på dei ulike trinna samt arbeidstidsavtalen for dei tilsette. Klassar med låg oppfylling vil i utgangspunktet få tildelt same budsjett som klasser med høg oppfylling på det same utdanningsprogrammet. Det er likevel teke høgde for at det er nokre kostnader for kvar enkelt elev utover 85% oppfyllingsgrad som må dekkjast, og at det på denne måten vert rekningsvarande å fylle opp klassane til 100%. Landslinjer og utanlandsklassar vert tildelt særskilt.

I 2018 er det budsjettert etter gammal modell våren 2018 og ny modell hausten 2018. Overgang til ny modell gjer for nokre skular store utslag på grunn av endra fordeling. Det er laga ei overgangsordning der berre 50% av endringa vil gje effekt i 2018. Totalt er det 19,7 mill. kr som vert omfordelt frå skular som får auke i sitt budsjett etter ny modell, til skular som får nedtrekk i sitt budsjett etter ny modell.

Inneverande skuleår er det 803 klassar ved dei vidaregåande skulane. Om lag 20% av klassene har mindre enn 85%

oppfylingsgrad. Det er spesielt i distrikta at oppfylingsgraden i enkelte klassar er låg. I skule- og tilbodsstruktur-saka (klassesaka) i november 2017 vert grunnlaget for tilbodsstrukturen skuleåret 2018/19 lagt. Det er den vedtekte strukturen som vert gjort søkbar i søknadssystemet Vigo. Etter inntaket i mars vert tilbodsstrukturen justert etter søkjemønster. I tilbodsstruktursakene for kommande skuleår vil fylkesrådmannen leggje vekt på at tilboda skal ha 85% oppfylingsgrad eller meir.

Skulane vert tildelt eit rammebudsjett og rektor kan om-disponere midlar innanfor budsjettamma.

Den nye budsjettmodellen vil verte evaluert og gjennomgått i 2018 for å korrigere for urimelege utslag.

Utdanningsprogramma ved dei vidaregåande skulane (521-532)

Vidaregåande opplæring består av 14 ulike utdanningsprogram; 5 studieførebuande og 9 yrkesfaglege.


Tabellen under syner andel av lønsbudsjett til dei ulike utdanningsprogramma og andel av totalt elevtal. Nedst i tabellen er utgifter til skuleadministrasjon og skulebygg m.m. tekne med slik at summen syner det totale skulebudsjettet, og kan samanliknast med tabellen som syner budsjett pr skule i oppstillinga i kapitlet spesifikasjonar.

I budsjettildelinga er gammal budsjettmodell lagt til grunn for våren 2018. Den gjeld for 6 månader og utgjør 55%. Ny budsjettmodell er lagt til grunn for hausten 2018. Den gjeld for 5 månader og utgjør 45%. Budsjettsum til fordeling til ordinær drift for dei vidaregåande skulane er 1 797 mill. kr. inkludert leiarskule (meisterbrevutdanninga ved Bergen tekniske fagskole) og Hjeltnes våren 2018.

3	Totalt	Andel av budsjett	Elevtall	Andel av elevtall
Studiespesialisering	457 170	33 %	7 374	46 %
Bygg- og anleggsteknikk	62 765	5 %	748	5 %
Elektrofag	98 565	7 %	1 121	7 %
Design og handverk	19 768	1 %	213	1 %
Restaurant- og matfag	24 109	2 %	251	2 %
Helse- og oppvekstfag	151 721	11 %	1 820	11 %
Idrettsfag	52 287	4 %	732	5 %
Teknikk og industriell produksjon	111 289	8 %	1 252	8 %
Kunst, design og arkitektur	14 302	1 %	171	1 %
Musikk, dans og drama	40 744	3 %	365	2 %
Medium og kommunikasjon	25 737	2 %	366	2 %
Naturbruk	57 144	4 %	464	3 %
Service og samferdsel	38 062	3 %	443	3 %
Tilrettelagt opplæring	235 070	17 %	847	5 %
Totalt	1 388 000	100 %	16 167	100 %

Driftsutgifter, skolelokale Pedagogisk leining, merkantil støtte m.m	406 000
Leiarskule og Hjeltnes	2 500
Totalt	1 797 000

Diagrammet viser budsjettmessig fordeling mellom utdanningsprogrammerna.



Endringar vidaregåande skular i 2018-kroner

3 Endringar vidaregåande skular	
Strukturelle og organisatoriske grep	- 18 600
Betre oppfyljing i klassar	- 7 000
Redusert dekning underskot tidligare år	-19 700
Visma flyt	-3 000
Grunn utd. yrkesfaglærere	-1 000
Internatdrift	-1 800
Gardsdrift	-2 300
Sum tiltak	- 53 400

Strukturelle og organisatoriske grep vidaregåande skular mindreutgift 18,6 mill. kr

Hausten 2017 driv Hordaland fylkeskommune 33 vidaregåande skular.

Skuletilbodet i Etne er frå 01.08.2017 samordna med tilbodet i Ølen i ein felles vidaregåande skule, Ølen vgs, med Rogaland fylkeskommune som skuleeigar. Samordninga medfører auka gjesteelevkostnader men årleg netto innsparing er rekna til 6 mill. kr. Om lag 3 mill. kr av innsparinga vart henta ut i 2017, resteffekten på 3 mill. kr vart henta ut i 2018.

Det vidaregåande skuletilbodet ved Hjeltnes vgs er lagt ned frå 01.08.2017. Ut skuleåret 2017/18 er det noko aktivitet mellom anna innan vaksenopplæring ved skulen. Innsparinga i 2018 er rekna til om lag 3 mill. kr.

Dei strukturelle og organisatoriske grepa som er gjort i skulebruksplanen, har økonomisk effekt utover nedlegging av Etne og Hjeltnes vgs. Totalt er denne innsparinga rekna til 22,6 mill. kr i 2018. Statistikk for årsverk i vidaregåande skule og reduserte lønskostnader dei siste åra syner at endringane som er gjort i skulestrukturen har effekt. Talet på elevar er om lag 260 lågare hausten 2017 enn det var hausten 2016. Dette gjev rom for innsparingar våren 2018.

Betre oppfyljing i klassar mindreutgift 7,0 mill. kr.

Det er venta auke i elevtalet hausten 2018. Ved å redusere talet på klassar med mindre oppfyljing enn 85 % legg ein til grunn ei innsparing på 7,0 mill. kr.

Underskotsinndekking mindreutgift 19,7 mill. kr

I 2017 dekkja skulane inn om lag 21,8 mill. kr i underskot frå 2015. I 2018 er trongen for underskotsinndekking redusert til 2,1 mill. kr. Summen til underskotsinndekking er redusert fordi ein i samband med årsavslutninga for 2016 nytta skulane sitt samlefond på totalt 28 mill. kr til å dekke underskot i 2016.

Visma flyt mindreutgift 3 mill. kr

Innføringa av nytt felles nasjonalt skuleadministrativt system Visma flyt er forsinka. Budsjettposten vart justert ned med 3 mill. kr i 2018. Posten må truleg aukast tilsvarande i 2019.

Grunnutdanning yrkesfag mindreutgift 1 mill. kr

Prosjektet som har som mål å gje lærarar grunnutdanning, er inne i siste fase. Budsjettet for 2018 vart redusert med 1 mill. kr. Prosjektet vart avslutta våren 2019 og budsjettet for 2019 kan reduserast med ytterlegare 1 mill. kr.

Internatdrift Voss mindretgift 1,8 mill. kr

Internatet ved gamle Rogne vgs har 75 plassar. Auka inntekter og noko lågare kostnader enn rekna i 2017 gjev grunnlag for å redusere budsjettet med 1,8 mill. kr.

Gardsdrift mindretgift 2,3 mill. kr

Gardsdrift ved Hjeltnes vgs er avvikla. Innsparinga er om lag 0,9 mill. kr. Vidare er løyvinga til gardsdriften ved Voss vgs og Stend vgs redusert med 1,4 mill. kr.

Tiltak for betre gjennomføring

For å auke gjennomføringsgraden har fylkeskommunen sett inn store ressursar dei siste åra. Tiltaka er finansiert gjennom overføringar frå Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet, i tillegg til midlar over fylkesbudsjettet. Dei viktigaste innsatsområda og dei som har fått dei største tilskota dei siste åra, blir i 2018:

- Tydeleggjering av skulane sitt ansvar for å identifisere, kartlegge og følgje opp elevar som kan vere i faresona for å slutte.
- Samarbeid med kommunane om dei kommunevise gjennomføringstala.
- Systematisk bruk av innkjøpt programvare for å få gode data, noko som gjer det mogleg for skulane å følgje elevane tettare opp.

- Kurs for lærarar i grunnleggjande ferdigheiter.
- Skulering av lærarar frå yrkesfaglege programområde for å gjere fellesfaga meir yrkesretta.
- Ekstra tiltak for å styrke opplæringa i overgangen Vg2 -Vg3/lære.
- Tilbod om studieverkstad til elevar som treng ekstra tilpassa opplæring.
- Eige fylkeskommunalt opplæringskontor for å styrke samarbeidet skule-arbeidsliv for dei som treng ekstra støtte for å skaffe seg læreplass.
- Avklaringsamtalar med elevar som er på veg til å slutte, for å gje dei eit tilbod, og få dei tilbake til skulen.
- Styrking av tilbodet til OT-ungdommar gjennom full kapasitetsutnytting på Hyssingen produksjonsskule.
- Arbeidet med kvalitet og gjennomføring i fag- og yrkesopplæringa held fram.
- Prøveordninga med skulemåltid held fram.
- Prøveordninga med skulepsykologar vert vidareført i 2018.
- Gjennom prosjektet «Auka gjennomføring fleire ut i lære» er det etablert ei forsøksordning med yrkesfaglege koordinatore ved fem vidaregåande skular.

FAGSKULE

2		Bud 2017	Bud 2018
Fagskolen i Hordaland	Driftsutgifter	92 548	93 619
	Driftsinntekter	-80 469	-81 999
	Netto driftsutgifter	12 079	11 620
Fagskuleadm og fellesutg	Driftsutgifter	2 364	2 446
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	2 364	2 446
Kunstskolen i Bergen	Driftsutgifter	6 000	6 000
	Driftsinntekter	-6 000	-6 000
	Netto driftsutgifter	0	0

2

		Bud 2017	Bud 2018
Helsefag tilskott	Driftsutgifter	7 500	8 370
	Driftsinntekter	-7 500	-8 370
	Netto driftsutgifter	0	0
	Driftsutgifter	108 412	110 435
	Driftsinntekter	-93 969	-96 369
	Netto driftsutgifter	14 443	14 066
	Netto driftsutgifter i 2018 kroner	14 854	14 066

Totalt er det budsjettert med netto 14 mill. kr til fagskuleverksemda. Budsjettramma til fagskulane er redusert med 0,8 mill. kr.

I statsbudsjettet 2018 vart det foreslått å leggje om finansieringa av fagskuletilboda frå 01.01.18. Tilskottet til fagskuleverksemd er trekt ut av rammetilskottet og vert gitt som øyremerka tilskot. Den totale statstilskottet til Hordaland for 2018 er på 96,369 mill. kr. Inkludert i dette tilskottet er 6 mill. kr til Kunstskolen i Bergen og 8,37 mill. kr til helsefagskuletilboda.

Regjeringa har i statsbudsjettet foreslått å vidareføre gjeldande budsjettramme til fagskulane og fylkesrådmannen har lagt dette til grunn for budsjettildelinga i 2018. Som følge av overgang til ny finansiering av fagskulen vil Hordaland fylkeskommune vere tilskottmottakar også av tilskottet til dei NOKUT-godkjende tilboda ved dei private fagskulane i fylket. Dette vil krevje at Hordaland fylkeskommune utarbeidar nye rutinar og praksis mellom anna for tilskottsfordelinga.

I tillegg til statstilskotet gjev fylkeskommunen midlar til drift av fagskulen. I 2018 er løyvinga til drift om lag 14 mill. kr. Det er om lag 0,8 mill. kr mindre enn i 2017.

Frå 2010 har fylkeskommunane hatt forvaltningsansvaret for dei offentlege fagskulane, i tillegg til ansvar for å gje tilskot til helsefagskuleutdanningar gjennom øyremerka midlar frå Helsedirektoratet.

Fagskuleutdanningane er korte yrkesretta utdanningar som byggjer på vidaregåande opplæring eller tilsvarende

realkompetanse, og som har eit omfang tilsvarende minimum eit halvt studieår og maksimum to studieår. Fagskuleutdanningane skal gje naudsynt kompetanseheving lokalt, regionalt og nasjonalt. Dette er nedfelt i fagskulelova, og det er difor viktig med god næringslivskontakt og høve for å kunne tilby fagskuleutdanningar både i sentrale område og i distrikta.

Hordaland fylkeskommune er eigar av dei fylkeskommunale fagskulane, medan Hordaland fagskulestyre er øvste styringsorgan. Fagskulestyret har fullmakt og mynde innanfor den årlege økonomiske ramma.

Opplæringsavdelinga har sekretariatsfunksjon for fagskulestyret. Nasjonalt organ for kvalitet i utdanning (NOKUT) er tilsynsorgan for fagskulane, og Database for høgere utdanning (DBH) ved Norsk samfunnsvitskapleg datateneste (NSD) mottar statistikk på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet.

Om lag 1 200 studentar får tilbod om fagskuleutdanning i Hordaland.

Tilboda er organisert under dei to fagskuleeiningane Fagskulen i Hordaland og Hordaland helsefagskole. Fylkesrådmannen har fremja sak om samanslåing av dei to fagskulane frå 01.01.18. Sjølv om tilboda er organisert under to skular, føregår undervisninga desentralisert der studentane er. I år er det fagskuletilbod innan tekniske fag, maritime fag, petroleumstekniske fag, arborist og helsefag.

Etter vedtak i skulebruksplanen skal fagskulen samlokalisert på Laksevåg i 2023.

OPPFØLGINGSTENESTA/ PEDAGOGISK PSYKOLOGISK TENESTE (OT/PPT)

2		Bud 2017	Bud 2018
OT/PPT	Driftsutgifter	36 425	38 627
	Driftsinntekter	-600	-1 675
	Netto driftsutgifter	35 825	36 952
Psykologar i skule	Driftsutgifter	5 000	5 000
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	5 000	5 000
	Driftsutgifter	41 425	43 627
	Driftsinntekter	-600	-1 675
	Netto driftsutgifter	40 825	41 952
	Netto driftsutgifter i 2018 kroner	41 952	41 952

Totalt er det budsjettert med om lag 42,0 mill. kr til OT/PPT. Budsjettet er vidareført på same nivå som i 2017. I 2018 er husleigekost overført til eigedomsavdelinga, budsjetttramma til OT/PPT er redusert med 2,9 mill. kr for dette. Budsjettala for 2017 og 2018 er korrigererte for desse endringane.

OT/PPT er ein seksjon i opplæringsavdelinga. OT/PPT sine tenester er retta mot ungdom utanfor vidaregåande opplæring, elevar i vidaregåande opplæring og dei vidaregåande skulane i fylket. Oppfølgingstenesta (OT) arbeider for ungdom i alderen 16-21 år som står utanfor vidaregåande opplæring. Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) samarbeider med skulane for å førebyggje fråfall og medverke til

at elevar får ei best mogleg gjennomføring av vidaregåande opplæring

På bakgrunn av vedtak fatta av fylkestinget under handsaminga av budsjett 2016 vart det hausten 2016 etablert eit team bestående av seks psykologar. Målet er å styrke arbeidet med elevane si psykiske helse. Tenesta skal vere eit lågterskeltilbod for elevane og hjelpe skulane i enkeltsaker og med elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø. Psykologane skal samarbeide tett med kommunane gjennom skulehelsetenesta. Ordninga med psykologar i skule er eit forsøksprosjekt som varer ut 2018.

VAKSENOPPLÆRING

2		Bud 2017	Bud 2018
Læremiddel vaksne	Driftsutgifter	1 455	1 455
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	1 455	1 455
Kurs og administrasjon	Driftsutgifter	48 685	60 265
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	48 685	60 265

Sentralt	Driftsutgifter	3 349	1 775
	Driftsinntekter	-40	-40
	Netto driftsutgifter	3 309	1 735
	Driftsutgifter	53 489	63 495
	Driftsinntekter	-40	-39
	Netto driftsutgifter	53 449	63 456
	Netto driftsutgifter i 2018 kroner	54 924	63 456

I 2017 er det venta eit meirforbruk innan vaksenopplæringa på om lag 7 mill. kr. Tabellen over viser at budsjettet for 2018 er auka med 8,5 mill. kr samanlikna med 2017 for å kompensere for meirforbruket.

Framlegg til tilbudsstruktur innan vaksenopplæringa vert lagt fram for politisk handsaming på same måte som skule- og tilbudsstrukturen (klassesaka) for dei vidaregåande skulane i november 2017 med justeringssak våren 2018.

Opplæringslova gjev vaksne rett til vidaregåande opplæring frå det året dei fyller 25 år dersom dei ikkje har fullført vidaregåande opplæring tidlegare, jf § 4A-3. Retten til vidaregåande opplæring for vaksne vart monaleg utvida frå 01.08.1017, då alle med ei vidaregåande utdanning frå utlandet som ikkje vert godkjent som norsk studie- eller yrkeskompetanse, fekk rett til ny norsk vidaregåande opplæring. Lova pålegg elles fylkeskommunen å gje eit

vidaregåande tilbod til andre vaksne som har gjennomført vidaregåande, men som av ulike grunnar søker ny utdanning, jf § 13-3.

Hordaland hadde i 2016 om lag 40 000 vaksne mellom 20 og 49 år utan fullført vidaregåande opplæring. Vaksenopplæringssentra handterte i 2016 om lag 29 000 førespurnader om informasjon og studierettleiing vedrørande vidaregåande opplæring frå vaksne og verksemder i Hordaland. Opplæringsaktiviteten talde dette året om lag 1410 nye kursplassar fordelt på studiespesialiserande fag og 28 ulike yrkesfag.

I tråd med politisk vedtak i 2016 er verksemda organisert i fem vaksenopplæringssenter. Tabellen under syner vaksenopplæringssenter, kommunane dei skal yte tenester til og innbyggjartal.

Skule	Kommunar	Innbyggjartal
Stord vidaregåande skule – avdeling senter for vaksenopplæring	Sunnhordland Etne, Sveio, Bømlo, Stord, Fitjar, Tysnes, Kvinnherad, Austevoll	64 000
Voss gymnas – avdeling senter for vaksenopplæring	Voss og Hardanger Jondal, Odda, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Granvin, Voss, Vaksdal og Kvam	41 000
Åsane videregående skole – avdeling senter for vaksenopplæring (Industri-, handverk-, helse- og oppvekstfag)	Stor-Bergen Bergen, Osterøy, Meland, Radøy, Lindås, Masfjorden, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen, Fusa, Samnanger og Os	338 000
Bergen Katedralskole – avdeling senter for vaksenopplæring (Studiespesialiserande fag)		
Sotra vidaregåande skule – avdeling senter for vaksenopplæring	Sund, Fjell, Øygarden og Askøy	62 000

PRODUKSJONSSKULE

2		Bud 2017	Bud 2018
Prod.skulen	Driftsutgifter	8 502	8 811
	Driftsinntekter	-800	-800
	Netto driftsutgifter	7 702	8 011
	Netto driftsutgifter i 2018 kroner	7 915	8 011

Budsjettet til produksjonsskulen er vidareført på same nivå som i 2017. I 2018 er husleigekostnad overført til eigedomsavdelinga. Budsjetttramma til produksjonsskulen er redusert med 2,6 mill. kr for dette. Budsjettala for 2017 og 2018 er korrigererte for desse endringane.

Produksjonsskulen skal vere eit tilbod til ungdom som har trong for eit alternativt opplæringstilbod for ein kortare periode. Målsettinga er primært å motivere og kvalifisere ungdommar til å gå tilbake og gjennomføre ordinær vidaregåande opplæring, sekundært å kome ut i jobb. Det er sett av 8,0 mill. kr til dette tiltaket i 2017. Produksjonsskulen er eit tilbod om utprøving av ulike programområde.

Elevane skal delta i eit arbeidsfellesskap med produksjon som mål. Dei skal få grunnleggjande samfunnskunnskap, kjennskap til og øving i vanlege rutinar i arbeidslivet, få styrka sosial kompetanse og få rådgjeving for val av utdanning og yrke.

Produksjonsskulen har ikkje integrert teoriundervisning, men elevane kan få opplæring i grunnleggjande ferdigheiter i eigen pedagogisk verkstad. Inntaket skjer løpande gjennom heile året, deltaking er avgrensa til eitt år.

Hyssingen produksjonsskole

Hordaland fylkeskommune har ein produksjonsskule, Hyssingen, som er lokalisert i Bergen. Hyssingen har tilbod retta mot utdanningsprogramma teknikk og industriell produksjon, bygg- og anleggsgfag og restaurant- og matfag. Tilbodet har ein kapasitet på 45 plasser pr. år.

Prosjekt Produksjonsskule i Hardanger

Fylkestinget vedtok i mars 2017 at det skulle arbeidast med grunnlaget for etablering av ein produksjonsskule på Hjeltnes. Ei slik etablering vil representere ei fast kontinuerleg drift av store deler av eigedomen ved tidlegare Hjeltnes vgs. Ein produksjonsskule på Hjeltnes vil skilje seg frå Hyssingen produksjonsskule ved at elevane skal bu på internat.

Etablering av produksjonsskule er avhengig av statleg støtte. Det er søkt om prosjektmidlar til drifta, men ein har ikkje motteke svar på søknaden. Fylkesrådmannen vil kome attende med eiga sak om dette.

FAGOPPLÆRING

2		Bud 2017	Bud 2018
Lærlingtilskott	Driftsutgifter	303 736	319 011
	Driftsinntekter	-24 061	-24 422
	Netto driftsutgifter	279 675	294 589
Vg3 i skule	Driftsutgifter	19 800	20 346
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	19 800	20 346
Fagprøver	Driftsutgifter	26 765	28 756
	Driftsinntekter	-765	-776
	Netto driftsutgifter	26 000	27 979

2

		Bud 2017	Bud 2018
Lærlingopplæring	Driftsutgifter	11 750	12 102
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	11 750	12 102
Fagopplæringskontoret m.m	Driftsutgifter	25 622	24 631
	Driftsinntekter	-500	-350
	Netto driftsutgifter	25 122	24 281
Samarb skole næringsl	Driftsutgifter	1 600	1 624
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	1 600	1 624
	Driftsutgifter	389 273	406 471
	Driftsinntekter	-25 326	-25 548
	Netto driftsutgifter	363 947	380 923
	Netto driftsutgifter i 2018 kroner	373 992	380 923

Budsjettramma til fagopplæring er auka med 6,9 mill. kr i 2018.

Endringar fagopplæring i 2018-kroner

Endringar fagopplæring	
Lærlingtilskott	7 200
Fagprøver	1 200
Fagopplæringskontoret	- 1 500
Sum tiltak	6 900

Lærlingtilskott meirutgift 7,2 mill. kr

Gjennom satsinga yrkesfagløftet har det på nasjonalt plan vore sett fokus på at både bedrifter og offentleg sektor i framtida vil ha eit stort behov for dyktige medarbeidarar med fag- og yrkesutdanning. Difor er det nødvendig å heve statusen til yrkesfaga og få ned fråfallet. Dei siste åra har lærlingtilskottet auka meir enn prisveksten tilseier. Satsane for lærlingtilskott vert fastsett i statsbudsjettet kvart år. Auken i tilskott pr lærling gjer at det er trong for å auke budsjettet for lærlingtilskott med 7,2 mill. kr.

Fagprøver meirutgift 1,2 mill. kr

Rekneskapsprognosen pr. 2. tertial i 2017 viser at det er venta eit meirforbruk på 1,2 mill. kr til fagprøver. Årsak til meirforbruket er at fylkesutvalet i januar 2017 vedtok nye honorarsatsar for prøvenemndene. Dei nye satsane gjeld til hausten 2019. Det er venta om lag same tal fagprøver

i 2018 som i 2017. Fylkesrådmannen foreslår å auke budsjettramma med 1,2 mill. kr.

Fagopplæringskontoret mindretgift 1,5 mill. kr

Justeringar av driftskostnader samt overføring av lærlingar til organisasjons- og økonomiavdelinga gjev ei samla innsparing på om lag 1,5 mill. kr.

Lærlingtilskott og vg3 i skule

Innan yrkesfaga har elevane fleire opplæringsløp å velje mellom. Hovudløpet er to år i skule og to år i bedrift. Det er også alternative opplæringsløp der ungdomane saman med bedriftene kan avtale anten tre år i skule og eit år i bedrift eller at alle fire åra skal vere i bedrift. Om lag 70% av lærlingane følgjer hovudløpet.

Tilskottet til lærebedriftene er avhengig av:

- utdanningsløp
- alderen til lærlingen
- om lærlingen tidlegare har fått oppfylt retten til vidaregåande opplæring
- om det er eit verneverdig fag lærlingen har fått lære plass

Tilskottssatsane vert regulert kvart år, og dei har tilbakeverkande kraft frå 1. januar. Pr 01.07.17 er tilskottet pr lærling

kr 149 030. Dei siste åra har lærlingtilskottet vorte auka i statsbudsjettet og revidert statsbudsjett.

Tal på lærlingar er ikkje lett å prognostisere eksakt. I 2017 ser det ut til at det vert om lag same tal lærlingar som i 2016. Talet på lærlingar avheng av søkjarar til læreplass og tilgang på læreplassar. Det er store regionale forskjellar i arbeidsmarknaden og potensiale for å skaffe læreplassar.

Fylkeskommunen må syte for at elevane med ungdomsrett som ikkje får læreplass, får ei alternativ sluttopplæring, ofte omtala som Vg3 i skule. Langt frå alle som ønskjer seg læreplass tar imot eit tilbod om slik alternativ opplæring. Trenden frå hausten 2016 syner at det grunn til å tru at fleire vil takke ja til eit tilbod om vg3 i skule i 2017. Fylkesrådmannen legg til grunn at dette vil gjelde også i 2018.

Spesielt innan elektrofaga er det overkapasitet i skuletilbodet. Dette har ført til at det er relativt stor trong for Vg3 i skule i dette faget. Her vil det vere trong for å tilpasse skuletilbodet frå hausten 2018. Fylkesrådmannen vil kome attende til dette i saka om skule og tilbodsstruktur 2018/19.

Alternativ sluttopplæring i skule har om lag same kostnad som ein lærekontrakt, men når opplæringa skjer i skule er verdiskapingsleddet fjerna og «læretida» vert komprimert til 12 månader. Vidare er det slik at nokon av dei som byrjar på Vg3 i skule, får tilbod om læreplass etter at dei har starta med eit vg3 løp. Det kan bety dobbel kostnad for fylkeskommunen.

Fagprøver

Dei siste åra har det vore avlagt om lag 3100 fag- og sveineprøver i Hordaland, noko som er eit resultat av at det aldri har vore så mange i lære. Det er venta om lag same tal fag- og sveineprøver i 2018. Endringane i honorarsatsane til prøvenemndene gjer at kostanaden er venta å verte om lag 1,2 mill. kr høgare enn budsjettert i 2017.

Lærlingopplæring

Lærlingar som går ut i lære før dei har fullført Vg2 i skule, må ofte ta teori ved ein vidaregåande skule parallelt med lærelopet. Bedriftene får trekk i tilskotet for det timetalet lærlingen er på skule.

Tiltak for å betre gjennomføring i fag og yrkesopplæringa:

Prosjekt «Auka gjennomføring fleire ut i lære»

Innafor fag- og yrkesopplæring er det ulike tiltak som er igangsatt og som vil fortsette arbeidet i 2018. Hordaland fylkeskommune treng ein tydeleg strategi for korleis ein organiserer arbeidet rundt den enskilde ungdom som byrjar på ei fag- og yrkesutdanning. I dag er dette ikkje tydeleg nok, noko som særleg syner seg i overgangen mellom skule og arbeidsliv. Biletet er ikkje eintydig, men framleis ber fag- og yrkesopplæringa meir preg av at det er to separate utdanningar enn ei heilskapleg fireårig opplæring.

Prosjektet har som mål å bygge strukturar kring overgangen til læreplass og arbeidsliv som gjer oss mindre avhengig av einskildpersonar. Gode strukturar krev tydelege ansvarsliner, gode verktøy og gode oppfølgings- og rapporteringsrutinar. Strukturane som vert utvikla og systematisert i prosjektet «Auka gjennomføring - fleire ut i lære», skal kunne implementerast i alle skulane som driv med fag- og yrkesopplæring. Det skal vere tydeleg korleis Hordaland fylkeskommune arbeider med ei heilskapleg fireårig utdanning for alle som vel yrkesfag. Samstundes er det også eit mål at utdanninga skal stå fram som meir heilskapleg overfor arbeids- og næringsliv. Prosjektet kom i gang i slutten av 2016. Våren 2017 var dei yrkesfaglege koordinatorene på plass på dei fem

prosjektskulane Voss vgs, Årstad vgs, Stord vgs, Slåtthaug vgs og Sotra vgs. Skuleåret strekkjer seg frå august til juni, og det vert arbeidd administrativt med formidling heile året. Hovudtyngda av arbeidet med formidling til læreplass er gjennomført innan utgangen av oktober, to år etter at eleven starta på Vg1. Ein del av oppdraget i prosjektet er at ein skal ivareta dei elevane som søker læreplass, som ikkje er formidla til lære pr. 15. august. Desse elevane skal handterast av avgjevarskulen. I fyste omgang byrjar skuleeigar med dei fem prosjektskulane. Dette er tidlegast mogleg hausten 2017, og ein vil difor truleg trenge også 2019 for å sikre eit føremålstenleg system. Endring og etablering av nye og varige strukturar tek tid.

Gjennomgang av fag og yrkesopplæringa i Hordaland

Handelshøyskolen BI er i sluttfasen av forprosjektet til eit forskingsprosjekt der det skal kartleggjast korleis fag- og yrkesopplæringa er organisert frå skuleeigar si side og ute på skulane. Gjennom forprosjektet og forskingsprosjektet vil ein vonleg få eit kunnskapsgrunnlag for tiltak som gjer at skuleeigar kan sikre at utdanninga vert eit samanhengande fireårleg løp – og ikkje stoppar opp etter to år.

Handelshøyskolen BI ser for seg at ein eventuell intervensjon etter forskingsoppdraget «Gjennomgang av fag- og

yrkesopplæringa i Hordaland» vil kunne få organisatoriske konsekvensar. Dette kan t.d. dreie seg om å leggje formidling ut på skulane fast, dvs. at fleire oppgåver som i dag ligg på seksjon fagopplæring, vert desentraliserte. Handelshøgskolen BI ser for seg ein modell der det innhaldsmessige i utdanningane vil kunne spissast tidlegare, og at ein slik modell med meir ansvar ute på skulane vil gje meir robuste skular. Fylkesrådmannen vil kome attende med eiga sak om dette når forprosjektet er ferdigstilt.

Andre tiltak mot fråfall

Det er fleire faktorar som påverkar at ungdomane får læreplass. Tal lærebedrifter er viktig. Det same er god rettleiing av søkjarane, og ikkje minst at skulane set elevane sine i posisjon gjennom yrkesfagleg fordjuping. I tillegg er det også i nokon tilfelle viktig med ekstra økonomisk bidrag til bedriftene for å ta imot ungdom som ikkje er heilt klår for forpliktingane som ligg i ein lærekontrakt.

Aksjon lærebedrift er eit samarbeid mellom NHO, LO og HFK. Dette prosjektet har gått over tre år og er eit resultat av samfunnskontraktarbeidet. Partane ønskjer å forlengje prosjektperioden med tre nye år. Prosjektet støtter godt dei

strategiane Hordaland fylkeskommune har med å halde 50 % av søkjarane på yrkesfag. Gjennom prosjektet har ein også utvikla Læreplasskonferansen, som er retta mot alle vg2 elevane i Hordaland. I 2016 deltek om lag 1300 elevar og mange bedrifter på denne samlinga.

I tre år er det gjeve kr 30 000 ekstra pr kontrakt for lærekandidater. Fylkesrådmannen vil endre innrettinga på dette tilskotet ved å auke ramma for individuelle tiltak. Ein overgang frå eit generelt tilskott til dei som teiknar kontrakt med lærekandidater, til ei individretta ordning vil gjere at ein betre kan sette inn midlar der det er trong for ekstra oppfølging.

HFK har sidan 2012 gitt avviksfaga (3 år i skule+18 månader læretid) basis 2-tilskott. Desse utløyser i utgangspunktet ikkje tilskott fordi ungdommane har brukt opp opplæringsretten sin. Erfaringa viser at tilskottet har hatt god effekt.

Samarbeid skule/næringsliv

Posten samarbeid skule/næringsliv er vidareført på same nivå som i 2017. Det er sett av vel 1,6 mill. kr.

MANGER FOLKEHØGSKULE

2		Bud 2017	Bud 2018
Manger folkehøgskule	Driftsutgifter	2 625	1 903
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	2 625	1 903
	Netto driftsutgifter	2 625	1 903
	Netto driftsutgifter i 2018 kroner	2 697	1 903

Hordaland fylkeskommune driv Manger folkehøgskule. Skulen har plass til om lag 60 elevar. Skulen har tilbod om brassband, vokal, musikkproduksjon og band. Skulen har også eit tilrettelagt tilbod - musikk bu og fritid som er finansiert av NAV. Tilbodet ved Manger folkehøgskule rettar seg mot ungdom som har fullført vidaregåande skule. Drift av folkehøgskular er ikkje ei lovpålagd oppgåve.

Manger folkehøgskule er finansiert med statstilskot, eigenbetaling og fylkeskommunalt tilskot. I 2017 vart det fylkeskommunale tilskotet redusert med 0,6 mill. kr. Heilårseffekten av dette inneber at tilskottet vert redusert ytterlegare 0,8 mill. kr i 2018.

ANNA

2		Bud 2017	Bud 2018
Opplæringsavdelinga	Driftsutgifter	55 718	56 702
	Driftsinntekter	-6 400	-8 750
	Netto driftsutgifter	49 318	47 952
Kompetanseplan	Driftsutgifter	17 695	18 652
	Driftsinntekter	-1 722	-1 566
	Netto driftsutgifter	15 973	17 085
Tilskott	Driftsutgifter	710	712
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	710	712
Ekstern spes.underv.	Driftsutgifter	43 076	43 723
	Driftsinntekter	-2 155	-2 188
	Netto driftsutgifter	40 921	41 535
Privatist eksamen	Driftsutgifter	14 025	13 884
	Driftsinntekter	-23 500	-23 500
	Netto driftsutgifter	-9 475	-9 616
	Driftsutgifter	131 224	133 672
	Driftsinntekter	-33 777	-36 004
	Netto driftsutgifter	97 447	97 668
	Netto driftsutgifter i 2018 kroner	100 137	97 668

Endringar Anna	
Opplæringsavdelinga	- 2 400
Sum tiltak	- 2 400

Opplæringsavdelinga

Opplæringsavdelinga har om lag 140 tilsette fordelt på 4 seksjonar, leing og stab. Seksjonane fagopplæring og OT/PPT har om lag 75 tilsette. Budsjetta for desse einingane finn ein under fagopplæring og OT/PPT. Seksjonane skule og fellestenester samt leing og stab har om lag 65 tilsette. Det er budsjettert med om lag 48 mill. kr til drift av desse einingane. Det er ein reduksjon på om lag 2,4 mill. kr i høve 2017. Det skuldast m.a. reduserte kostnader til planarbeid.

Nettskule

Nettskulen tilbyr nettbasert undervisning. Tilboda er tilgjengelege for elevar frå alle dei vidaregåande skulane. Tanken bak nettskulen er at snevre tilbod som Vg3 fordju-ping i språk o.l. kan gjevast som tilbod ved nettundervisning til alle skular. Det er budsjettert med 2 mill. kr i 2018.

Kompetanseplan

Plan for kompetanseutvikling skal medverke til

å nå målet om auka læringsutbytte og fullføring. Kompetanseutviklinga blir systematisert, og skal fornye og utvide den faglege og pedagogiske kompetansen hos skuleleiarar, lærarar, andre tilsette og sentrale aktørar i fag- og yrkesopplæringa. HFK skal forankre den nasjonale strategien for vidareutdanning i organisasjonen, og sikre samanhenget mellom statleg satsing og eigne satsingsområde.

I 2018 er det budsjettert med om lag 17 mill. kr i fylkeskommunale midlar til kompetanseheving.

Tilskott

Det er budsjettert med 0,1 mill. kr i tilskott til elevorganisasjonar i 2018. Det er i all hovudsak Elevorganisasjonen i Hordaland som får tilskott. Hordaland fylkeskommune har kvart år elevar plassert på Skoleskipet Gann i Rogaland. Skoleskipet Gann er ein godkjent, privat vidaregåande skule med utvida kristen formålsparagraf. Det er budsjettert med tilskott på 0,5 mill. kr i 2018.

Ekstern spesialundervisning

Fylkeskommunen kjøper undervisningstenester frå staten, kommunar, private institusjonar og i nokre tilfelle frå andre fylkeskommunar for nokre elevgrupper.

Tiltaka innanfor slike tenester kan grupperast i desse hovudkategoriane:

- Elevar i grunnskulen i Hordaland med barnevernsvedtak.
- Elevar som er plasserte i barnevernsinstitusjonar i andre fylke, men der opplæringsretten ligg i Hordaland fylkeskommune.
- Elevar i private skular som etter vedtak får spesialundervisning.

Det er sett av 41,5 mill. kr i budsjettet for 2018.

Privatisteksamen

I statsbudsjettet for 2015 vart eigenbetalinga for privatistar sett opp til kr 1000,- for første gangs eksamen og kr 2000,- for seinare forsøk. Auken i eksamensgebyr vart gjort for å redusere talet på kandidatar som tek opp att eksamen. Vidare var det eit mål å auke graden av frammøte på eksamen. Dessutan var det eit ønske at eksamensavgifta i større grad skulle dekkje fylkeskommunane sine utgifter til eksamensavviklinga. Budsjettet er vidareført på same nivå som i 2017.

SPESIFIKASJONAR

Totalt er det budsjettert med 1,794 mill kr (eksklusiv leiararskule og Hjeltnes) til ordinær drift ved dei vidaregåande skulane. I 2018 vil skulane få ordinære budsjettmidlar for våren etter gammal budsjettmodell og for hausten etter ny budsjettmodell som er bygd opp etter prinsippa i sak

59/2017. I fordelinga i tabellen er overgangsordninga lagt inn i ny modell. Totalt vil skulane sine budsjett vere som vist i tabellen. Tabellen syner budsjett pr. skule, elevtal, andel av totalbudsjett og andel av elevtal.

3	Budsjett 2018	Elevtal	Budsjett pr/elev	Andel av elevtal	Andel av budsjett
Os gymnas	21 063	257	82	1,6 %	1,2 %
Øystese gymnas	28 794	233	124	1,4 %	1,6 %
Tertnes vidaregåande skule	57 892	668	87	4,1 %	3,2 %
Langhaugen vidaregåande skole	55 401	628	88	3,9 %	3,1 %
Bergen Katedralskole	58 209	636	92	3,9 %	3,2 %
Bømlo vidaregåande skule	28 655	268	107	1,7 %	1,6 %
Osterøy vidaregåande skule	27 762	195	142	1,2 %	1,5 %
Sandsli vidaregåande skole	45 862	511	90	3,2 %	2,6 %
Odda vidaregåande skule	34 709	279	124	1,7 %	1,9 %
Kvinnherad vidaregåande skule	44 889	391	115	2,4 %	2,5 %
Rubbestadnes vidaregåande skule	17 140	138	124	0,9 %	1,0 %

3	Budsjett 2018	Elevtal	Budsjett pr/elev	Andel av elevtal	Andel av budsjett
Slåtthaug videregående skole	54 968	517	106	3,2 %	3,1 %
Knarvik videregående skule	110 609	969	114	6,0 %	6,2 %
Laksevåg videregående skole	75 400	630	120	3,9 %	4,2 %
Arna videregående skule	31 677	301	105	1,9 %	1,8 %
Åsane videregående skole	55 377	482	115	3,0 %	3,1 %
Årstad videregående skole	121 181	961	126	5,9 %	6,8 %
Austrheim videregående skule	28 631	233	123	1,4 %	1,6 %
Askøy videregående skole	53 878	505	107	3,1 %	3,0 %
Fusa videregående skule	39 475	301	131	1,9 %	2,2 %
Sotra videregående skule	94 566	839	113	5,2 %	5,3 %
Os videregående skule	49 561	386	128	2,4 %	2,8 %
Fyllingsdalen videregående skole	55 621	537	104	3,3 %	3,1 %
Austevoll videregående skule	21 056	136	155	0,8 %	1,2 %
Fitjar videregående skule	23 961	226	106	1,4 %	1,3 %
Bergen maritime videregående skole	31 095	273	114	1,7 %	1,7 %
Stend videregående skule	91 975	515	179	3,2 %	5,1 %
Olsvikåsen videregående skole	58 181	573	102	3,5 %	3,2 %
Nordahl Grieg videregående skole	80 756	831	97	5,1 %	4,5 %
Stord videregående skule	93 948	833	113	5,2 %	5,2 %
Amalie Skram vgs	82 632	996	83	6,2 %	4,6 %
Nye Voss videregående skule	59 847	373	160	2,3 %	3,3 %
Nye Voss gymnas	59 381	546	109	3,4 %	3,3 %
TOTALT	1 794 000	16 167			

Av dei 1,794 mill. som er budsjettert til ordiner drift er følgjande budsjettert til spesifikke tilbod, utanfor dei ordinære utdanningsprogramma:

3	2 018
Landslinje	7 000
Toppidrett (inkl Olympiatoppen)	10 500
TAF	20 700
IB	9 200
Tilbod til minoritetsspråklege	22 600
Anna drift	1 724 000

Landslinjer

Det er landslinjetilbod ved Os vgs innan yrkessjåfør og anleggsmaskinmekanikar og ved Odda vgs i smedfaget. Dei statlege satsane er ikkje tilstrekkelege til å dekkje løn og drift av tilboda og fylkeskommunen må yte midlar i tillegg.

Toppidrett

Hordaland fylkeskommune har i samarbeid med Olympiatoppen vest toppidrettstilbod ved Tertnes vgs, Amalie Skram vgs og Voss gymnas. Det er om lag 140 elevar frå heile Hordaland som får tilbod. Inntaket til desse tilboda skjer i samarbeid med Olympiatoppen.

Det er budsjettert med 10,5 mill. kr til dette tilbodet i 2018. I tillegg kjem ordinær drift av klassane.

TAF-tilbod

Teknisk allmennfag eller TAF er 4-årlege løp som gir både studiekompetanse og fagbrev. Det er TAF-tilbod ved Knarvik vgs, Fusa vgs og Austrheim vgs. Det er om lag 100 elevar på desse tilboda hausten 2017. Det er TAF tilbod innan utdaningsprogramma Byggfag, Elektro, Helse og Teknisk og industriell produksjon. Tilbodet vert finansiert med ordinært lærlingtilskot i tillegg til fireårleg skule med redusert timetal.

Det er budsjettert med 20,7 mill. kr til dette tilbodet i 2018.

IB tilbod

International Baccalaureate Diploma Programme er ei internasjonal vidaregåande utdanning over to år som tilsvargar Vg2 og Vg3 i ordinær vgs. Det er eit krevjande studieførebuaende kurs, som passar for målretta elevar som ønskjer seg ein internasjonal vidaregåande skule.

IB tilbodet i Hordaland er lokalisert ved Bergen Katedral-skole. IB-tilbodet vert finansiert med ein elevsats tilsvarende ein og ein halv elevsats for studiespesialiserande utdanningsprogram. Det er budsjettert med om lag 9,2 mill. kr til dette tilbodet.

Det er også tilbod om Pre-IB. Dette er eit tilbod til elevar som vurderer å søkje opptak til International Baccalaureate (IB) på Vg2. Studiespesialisering med førebuaende IB er ordinært Vg1 med norske læreplanar og fagval, men det meste av undervisninga er på engelsk.

Tilbod til minoritetsspråklege

Hausten 2017 er det innføringstilbod for minoritetsspråklege ved 11 skular i Hordaland. Det er om lag 270 elevar ved desse tilboda. Innføringsklasse er tilbod som førebur elevar med kort butid i landet til å gjennomføre vidaregåande skule. Det er utarbeidd eigne læreplanar for tilbodet.

Hausten 2016 starta Hordaland opp med kombinasjonsklasse-tilbod ved Fyllingsdalen vidaregåande skule. Dette er eit tilbod som vert gitt til ungdom i aldersgruppa frå 16-19 år. Tilboda vert gitt i samarbeid med Bergen kommune.

Det er budsjettert med 22,6 mill. kr til desse tilboda i 2018.

Oppdragsverksemd

I 2017 var overskotet totalt på oppdragsverksemd på skulane om lag 9 mill. kr. Skular som har oppdragsverksemd, har fått behalde overskotet. Tradisjonelt har overskotet frå oppdragsverksemd vore nytta til innkjøp av utstyr, mindre investeringar i skulebygg eller til styrking av det ordinære vidaregåande tilbodet. Fylkesrådmannen vil kome attende til oppdragsverksemda i eiga sak i 2018.



SAMFERDSEL

Enklare å reise kollektivt og klimavenleg

Hordaland fylkeskommune arbeider for å sikre eit konkurransedyktig, miljøvenleg og tenleg kollektivtilbod. I 2018 vert det tatt nye grep for å leggje til rette for ei slik ønska utvikling ved at dei første heilelektriske ferjene vert sett i drift. Miljø- og klimaperspektivet er også førande for nye anbod for buss i Bergen, der ambisjonen er fossilfri busstrafikk frå 2020.

UTFORDRINGAR I ØKONOMIPLANPERIODEN

Nye bussanbod og miljøtiltak i Bergen

I økonomiplanperioden skal det gjennomførast fleire store anbodskonkurransar for buss i bergensområdet. Temaplan for låg- og nullutslepp legg opp til elektrisk drift i Bergen sentrum og Bergen sør og bruk av biodrivstoff i dei to andre anbodsområda. Ambisjonen er fossilfri busstrafikk i Bergen frå 2020.

For kontraktsområda Bergen sentrum og Bergen sør er ambisjonsnivået avhengig av investeringar i ladeinfrastruktur og gradvis innføring av tiltak. Dei samla investeringskostnadane er rekna til 190–215 mill. kr. Med Enovastønad kan kostnaden reduserast til 114–129 mill. kr.

Meirkostnader til drift for alle dei fire anbodsområda er estimert til om lag 65 mill. kr årleg. Samla meirkostnad for fylkeskommunen vil utgjere 4-6 prosent i høve dagens kontraktsverdi.

Nye ferjeanbod

I løpet av økonomiplanperioden skal ein starte opp med alle dei nye ferjekontraktane. To samband har oppstart i 2018, eit i 2019 og resten i løpet av 2020. Alle sambanda vil bli drifta med heilelektrisk batteriløysing.

I 2020 er netto meirkostnad til drift rekna til om lag 250 mill. kr, i 2018-prisar. I gjennomsnitt vil meirkostnaden i perioden 2020–2029 vere på 220-250 mill. kr pr. år samanlikna med 2018.

Totale investeringskostnader knytt til kaianlegg og ladeinfrastruktur er på 664 mill. kr, indeksjustert til 2018-prisar. Estimert tilskott frå Enova samla for alle kontraktane er på 239 mill. kr. Det gir ei total nettoinvestering for fylkeskommunen på kr 426 mill. kr i perioden 2018–2020. Største del av investeringskostnaden vil kome i 2020.

Båtruter

Det er inngått ny kortvarig kontrakt for sambanda Knarvik–Frekhaug–Bergen og Kleppestø–Bergen, med utløp

31.12.2020 og 1+1 års opsjon. I tida fram mot nytt anbod skal det greiast ut og tilretteleggjast for miljøtiltak på desse sambanda. Trafikkplan for båt omhandlar anbefalte løysingar med elektrisk samband for Askøy-ruta og bruk av biodiesel på Nordhordlandssambandet. For Askøysambandet inneber det ei løysing med to båtar, og i begge sambanda er det teke høgde for auka kapasitet. Miljøtiltaka og kapasitetsauken vil medføre ein vesentleg årleg meirkostnad både til drift og investering.

Budsjettrammene er knappe i økonomiplanperioden og dette kan gjera det vanskeleg å makte dei auka kostnadene. Det er også lagt opp til auka kostnader for bussrutedriften slik at summen av tiltaka vert for høg og prioritering mellom buss og båt kan verte nødvendig.

Med grunnlag i Trafikkplan for båt vil tilbodet på enkelte samband bli justert. Innanfor kontraktsperioden kan det gjennomførast mindre endringar, medan meir omfattande tiltak må knytast til nye anbod. Dagens kontraktar har utløp i 2023 med 2+2 års opsjon, med unntak av Turistbåt Hardangar som går ut 31.12.2019.

Fylkesveg

Vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane er på omlag 7,3 mrd. kr. I desember 2016 vedtok fylkestinget Strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet fram mot 2029. Hovudfokus i denne strategien er å auke innsatsen på vedlikehaldssida med eit særskilt fokus på å auke standarden på dei viktigaste vegane i fylket. Samstundes skal ein søkje å oppretthalde drifta på eit forsvarleg nivå, slik at forfallet ikkje aukar ytterlegare. Dei viktigaste vegane kring Bergen og regionsentra skal prioriterast.

Ei stor utfordring er å følgje opp EU-direktivet som er vedteke for å trygge dei lange tunnelane i Hordaland. Fleire av landets lengste tunnelar ligg i Hordaland, og dei samla kostnadene for å oppgradere tunnelane til minimumskrava i direktivet er rekna til å bli i overkant av 1 mrd. kr.

OVERSYNSTABELL

Driftsbudsjettet på samferdselsområdet skal dekke kollektivdrifta i fylket med ruteproduksjon, skuleskyss og transportordninga for funksjonshemma, samt drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Kollektivtrafikken gir reisetilbod til heile fylket; med 9 snøggbåtsamband, 17 ferjesamband,

bussar med omlag 8000 daglege avgangar og Bybanen som går kvart 4.-5. minutt i rushtida. Samla var det omlag 56,5 mill. kollektivreiser i 2016. Fylkesvegnettet omfattar omlag 2 900 km fylkesveg og 200 km gang- og sykkelveg.

1	Teneste	Inntekter og utgifter	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Endring %
	Vedlikehald fylkesvegar	Brutto driftsutgifter	504 919	523 163	3,6 %
		Driftsinntekter	-89 554	-90 897	1,5 %
		Netto driftsutgifter	415 365	432 266	4,1 %
	Bilruter	Brutto driftsutgifter	1 635 300	1 676 502	2,5 %
		Driftsinntekter	-919 127	-953 794	3,8 %
		Netto driftsutgifter	716 173	722 709	0,0 %
	Fylkesvegferjer	Brutto driftsutgifter	311 400	411 024	32,0 %
		Driftsinntekter	-6 400	-52 036	713,0 %
		Netto driftsutgifter	305 000	358 988	17,7 %
	Båtruter	Brutto driftsutgifter	166 300	194 124	16,7 %
		Driftsinntekter	-47 087	-53 900	14,5 %
		Netto driftsutgifter	119 213	140 224	17,5 %
	Bybanen	Brutto driftsutgifter	223 400	243 534	9,0 %
		Driftsinntekter	-129 106	-177 467	37,5 %
		Netto driftsutgifter	94 294	66 067	-29,9 %
	Andre kostnader	Brutto driftsutgifter	243 659	246 057	1,0 %
		Driftsinntekter	-9 600	-12 710	32,4 %
		Netto driftsutgifter	234 059	233 347	-0,3 %
	Sum	Brutto driftsutgifter	3 084 978	3 294 404	6,8 %
		Driftsinntekter	-1 200 874	-1 340 804	11,6 %
		Netto driftsutgifter	1 884 104	1 953 600	3,7 %
		Netto driftsutgifter i 2018 kr	1 927 438	1 953 600	1,4 %

ENDRINGAR

Tal i tusen

1

Endringar frå 2017 til 2018

Endring budsjettramme	26 200
Endringer for å nå balanse:	
Vegvedlikehald	6 900
Bussruter/bybane	- 40 200
Ferjeruter	47 000
Båtruter	18 500
Andre kostnader	- 6 000
Sum	26 200

MÅL OG STRATEGIAR

2

Mål	Tiltak	Resultatmål 2018	Resultatmål 2021
1. Samferdsel skal fremje regionale interesser i dialog med kommunane og andre viktige aktørar innan samferdselsområdet	<p>Arbeide for å auke dei statlege løyvingane til rassikring og oppgradering av tunnellar på fylkesvegane som følgje av tunnelsikkerhetsforskrifta</p> <p>Arbeide for å auke statlege løyvingar til å dekkje etterslepet på fylkesvegnettet</p> <p>Arbeide for betre grunnfinansiering for drift av kollektivtrafikk</p>	<p>Førebuande NTP arbeid, KS.</p> <p>Førebuande NTP arbeid, KS</p> <p>Sikre driftsmiddel i miljøøftet</p>	<p>Fått auka løyvingar i forhold til 2018</p> <p>Fått innarbeidd eigen post i NTP for å ta att vedlikehald på vegnettet</p> <p>Sikre driftsmiddel til ferje som ikkje går ut over øvrig kollektivtrafikk</p>
2. Samferdsel skal medverke til å sikre mobilitetsbehovet ved å vidareutvikle og forvalte eit føreseieleg, sikkert, miljøvenleg og framtidretta transportsystem	<p>Prioritere utbygging av gang- og sykkelvegnettet rundt viktige målpunkt for barn og unge, samt eit samanhengande sykkelvegnett rundt regionale knutepunkt</p> <p>Vidareføre arbeidet med trafikksikker kommuner</p> <p>Ny kontrakt med miljøløysing for båtsambanda Kleppestø-Bergen og Knarvik-Frekhaug-Bergen</p> <p>Stille miljøkrav til teknologi og drivstoff i nye bussanbod</p>	<p>6 km ny g/s veg</p> <p>2 godkjente kommunar</p> <p>Førebuande arbeid med ny kontrakt</p> <p>Førebuande arbeid med ny kontrakt</p>	<p>6 km ny g/s veg</p> <p>2 godkjente kommunar</p> <p>Iverksetje ny kontrakt med miljøvenleg snøggbåt på sambanda</p>

2 Mål	Tiltak	Resultatmål 2018	Resultatmål 2021
3. Samferdsel skal forvalte og utvikle fylkesvegnettet med vekt på standardheving og klimatilpassa drift og vedlikehald	<p>Prioritere vedlikehald og utbetring framfor nybygging</p> <p>Etablere ein planreservere for prioriterte prosjekt</p>	<p>80 km dekkeleggjing</p> <p>Fylgja opp handlingsprogrammet i RTP</p>	<p>100 km dekkeleggjing</p> <p>Tilstreккеleg planreserve for rassikring og øvrig oppgradering er etablert</p>
4. Samferdsel skal arbeide for at veksten i persontrafikk i bergensområdet skal skje ved hjelp av gange, sykkel og kollektivtrafikk	<p>Utvikle og styrke kollektivtilbodet for fleire reisande</p> <p>Følgje opp strategi for innfartsparkering for bil og sykkel</p>	<p>3,5% vekst i talet på påstigande</p> <p>3485 bilplassar</p>	<p>4170 bilplassar</p>



PRIORITERINGAR I 2018

Kollektivområdet

Bilruiter: Budsjettposten for bussdrift er styrka. I hovudsak skuldast dette prisvekst og avtalefesta reguleringar. Det er prioritert midlar til tiltak i periodar, dersom det oppstår dårleg luftkvalitet i Bergen. I tillegg er det budsjettert midlar til prosjektstilling og fagleg bistand til førebuing og oppfølging av miljøtiltak i nye bussanbod i bergensområdet. Kostnadsveksten innan skuleskyss har no flata ut. Betre kontroll rundt prosessane og nedgang i volum for skuleskyss har gitt grunnlag for å nedjustere denne budsjettposten for 2018.

Fylkesvegferjer: Frå 01.01.2018 startar ny kontrakt for ferjesambanda Krokeide–Hufthamar og Husavik–Sandvikvåg. Ny kontrakt gir auka driftskostnader i budsjettposten for ferjedrift. Dei andre sambanda har oppstart i 2019 og 2020. Innføring av elektrisk drift på ferjesambanda i dei nye kontraktane medfører behov for maritim bistand for å

kvalitetssikre leveransar i oppstartsfasen. Budsjettposten er difor noko styrka for å ha nok ressursar til gjennomføringa.

Nye ferjekontraktar går frå netto- til bruttokontraktar, noko som gjev fylkeskommunen billettinntekter. Ny kontraktsform og innføring av takstregulativet for Autopass gjer at det knyter seg uvisse til storleiken på billettinntektene.

Båtruiter: Budsjettposten for båt er auka, i hovudsak grunna indeksreguleringar og auka kontraktskostnader. Fylkesrådmannen har i budsjettforslaget lagt til grunn ein reduksjon i tilbodet på Turistbåt Hardanger med to turar, og at avtalane om lokalbåtruiter i Osterfjorden og Geitanger–Knapskog ikkje vert vidareført.

Bybanen: I budsjettet for bybanen er det rekna med heilårsverknad for drift til Bergen Lufthamn og at alle vognene no er forlenga.

Billettinntekter: Ved framrekning av inntektene for 2018, har ein lagt til grunn ein passasjervekst på 3,5 prosent og ein generell prisauke på 2,5 prosent. I budsjettforslaget er det lagt opp til at minstepris for enkeltbillett ikkje vert justert opp, medan fylkesrådmannen foreslår å auke prisen på periodebilletter med om lag 3,5 prosent.

I budsjettet er det lagt opp til at den vedtekne forenklinga av takstsonestrukturen i fylket vert gjort gjeldande frå og med 1. august 2018. Før endringa vert sett i verk, vil fylkesrådmannen gjennomgå kva verknad tiltaket har for tida etter 2020 og den nye fylkeskommunen er etablert. Fylkesrådmannen kjem attende til dette i eiga sak.

I dag får reisande på enkeltbillett 17 prosent rabatt dersom dei betalar med reise pengar på Skysskort eller med mobilkonto. I budsjettforslaget tilrår ein å ta bort denne rabatten. Fylkesrådmannen foreslår vidare at aldersgrensa for ungdomsbillett vert endra til 19 år frå 1. februar 2018.

Fylkesveg

Som følgje av at løyvingane til vedlikehald har gått ned i førre periode, har fylkeskommunen løyvd meir midlar til standardheving og programområde over investeringsbudsjettet. Tiltaka er fornyings- og opprustingstiltak som oppgradering av murar, kantar og rekkverk.

Saman med at midlane som er sett av til vedlikehald har gått ned, er klimautfordringane vortne større med meir flaum, skred og ekstrem nedbør. Dette har alvorlege følgjer for fylkesvegnettet. Det vert no lagt opp til at større utbeiringstiltak som følgje av klimaendringane, skal dekkast over eit eige forsterkingsprogram på investeringsbudsjettet. Føremålet med forsterkinga er å fjerne etterslepet på drenering, stikkrenner, kummar, rekkverk og auke bæreevna på svake parti og fornye vegdekke. Elles inkluderer prosjektet også trafiksikringstiltak.

I Strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet fram mot 2029 (vedteke i fylkestinget i desember 2016) vert Statens vegvesen sine handbøker, med utgangspunkt i krava i Håndbok R610 Standard for drift og vedlikehold av riksveger, lagt til grunn. Der vert det lagt opp til å halde fast på dagens driftsnivå i kontraktane, men at det i forkant av kvar kontrakt vert ein gjennomgang av driftsnivået. Løyvinga til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet er foreslått styrka med 10,6 mill. kr i 2018 samanlikna med ei rein vidareføring av 2017-løyvinga.

Til rådvelde for Utval for miljø og samferdsel

I 2017 var det sett av ein post på 1,0 mill. kr. Denne budsjettposten har vore lite nytta, og er foreslått teken ut i budsjettet for 2018.



FOLKEHELSEPERSPEKTIVET

Kvart 4. år legg Stortinget fram sine forventningar til regional og kommunal planlegging. I dei seinare åra er folkehelse via stadig større merksemd, og dei nasjonale forventningane vert følgt opp i kommunane og fylkeskommunane sine planar og styringsdokument. HFK er i prosess med å ferdigstille eit nytt handlingsprogram for folkehelsesatsinga i Hordaland, og for samferdselsavdelinga vil viktige tema vere:

Redusere utslepp frå køyretøy ved å fremje miljøvenlege reiser

Transportsektoren er den største kjelda for CO₂-utslepp i Noreg i dag (31 %). I tillegg gir svevestøv og utslepp av nitrogendioksid lokal luftforureining som medfører

helseproblem for innbyggjarar i større byar. Nullvekstmålet for biltrafikk inneber at veksten i trafikken skal takast av dei miljøvenlege reisealternativa. Det inneber å utvide kollektivtilbodet, samt å leggje til rette for gåande og syklande. Indikatorar er bilpasseringar gjennom bompengeringen i Bergen.

Aktive reiser

Å gå og sykle er dei einaste reisealternativa som gjev vinst for samfunnet grunna betring av folk si helse gjennom aktivitet. Her ligg eit stort potensial for å fremje god folkehelse, og difor er det eit aukande fokus på satsing på sykkel og gange på alle forvaltningsnivå. Ei undersøking frå juni 2007 viser at aktiv jobbpendling med sykkel reduserer

den generelle dødsrisikoen med 41 prosent, førekomst av kreft med 45 prosent og hjertesjukdom med 46 prosent. Indikatorar er tal frå årleg reisevaneundersøking.

Redusere trafikkulukker

Som vegeigar har fylkeskommunen ansvar for dei som ferdast langs fylkesvegane. Målretta arbeid for å sikre vegane mot ras og flom og ulukker er difor ei viktig og

ressurskrevjande oppgåve. Mange vegar manglar tilrettelegging for mjuke trafikantar, og dette aukar risikoen for ulukker. Folkehelseleva legg til grunn at alle kommunar skal utarbeide trafikkisikringsplaner. Arbeidet med trafikkisikre kommunar er tverrsektorielt, og fylkeskommunen er pålagt å ha eit særleg ansvar, og ei koordinerande rolle for trafikkisikringsarbeidet i fylket. Indikatorar er talet på trafikkulukker og tal på drepne og hardt skadde i trafikken.



STYRINGSdokUMENT – REGIONALE PLANAR OG TEMAPLANAR

2 Planansvar – samferdselsavdelinga

Regionale planar	Vedtaksår	Utval	Revisjon
Regional transportplan	2017	FT	Kvart 4. år
Temaplanar			
Investeringsprogram for fylkesvegane	2017	FUV	Årleg
Temaplan for låg- og nullutsleppsbusar i Hordaland	2017	FUV	
Kollektivstrategi for Hordaland	2014	FT	
Strategi for innfartsparkering	2016	MISA	
Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænse for riks- og fylkesvegane	2013	MISA	2017/2018

Plankommentarar

Regionale planar

- Regional transportplan er det overordna styringsdokumentet for utvikling av transportsektoren i Hordaland

Temaplanar

- Investeringsprogram for fylkesvegnettet er handlingsplan for å fylgje opp mål, strategiar, prioriteringar og bindingar i Regional Transportplan
- Temaplan for låg- og nullutsleppsbusar i Hordaland har strategi for gradvis utfasing av fossil energi i bussruteproduksjonen i Hordaland. Temaplan for låg- og nullutsleppsbusar har vore til handsaming i politiske utval hausten 2017

- Kollektivstrategi for Hordaland er det overordna strategidokumentet som gjev rammene for utvikling av kollektivdrifta i fylket. Kollektivstrategien er det faglege grunnlaget for prioritering av offentlege midlar
- Strategi for innfartsparkering tek opp sentrale problemstillingar for innfartsparkering. Det er under arbeid eit eige handlingsprogram for å følgje opp strategidokumentet
- Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænse for riks- og fylkesvegane gjev retningslinjer/rammer for handsaming av søknader om avkøyrslar og byggjegrænser på fylkesvegnettet. Statens vegvesen handsamar søknadane på vegner av fylkeskommunen. Eventuelle klager går til den fylkeskommunale klagenemnda

FYLKESVEGAR

Definisjonar av drift og vedlikehald

Drift av vegnettet omfattar alle oppgåver og rutinar som er naudsynte for at eit veganlegg skal fungere som planlagt. Vedlikehald av vegnettet er tiltak for å oppretthalde standarden på vegen i samsvar med fastsette kvalitetskrav.

Kort om tilstanden på vegnettet – grunnlag for prioriteringar

Den økonomiske ramma til drift og vedlikehald er på 517,9 mill. kr. I tillegg kjem løyving på 5 mill. kr til trafikkiksikringsarbeid i regi av Fylkestrafikkiksikringsutvalet (FTU) og 0,2 mill. kr til Trygg Trafikk. I investeringsbudsjettet er det i tillegg lagt inn 295,4 mill. kr til fornying og opprusting av vegnettet.

Kostnadsindeksen for drift og vedlikehald har tidlegare år auka vesentleg meir enn konsumprisindeksen, jfr SSB sin kostnadsindeks for drift og vedlikehald av veganlegg. Dei siste 13 åra har den auka 19% meir enn konsumprisindeksen. Dette har direkte konsekvensar for kostnadsnivået i driftskontraktane. For 2017 er avviket venta å bli nærmare 15 mill. kr.

Kartlegginga som er gjort av fylkesvegnettet i 2016 viser eit samla forfall på 7,3 mrd. kr. Statens vegvesen sin kostnadsmodell for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet syner at det er trong for vel 1 mrd. kr årleg for å oppretthalde standarden og hindre ytterlegare forfall.

I vedlikehaldsstrategien er det peika på at ein må ha fokus på å snu utviklinga med eit stadig veksande etterslep i vedlikehaldet. Det er grunn til å venta meir stabile kostnader ved fornying av driftskontraktane utover i perioden. I tillegg vil posten "Opprusting og fornying" på investeringsbudsjettet vere med å betre situasjonen.

Prioriteringar i komande planperiode

Prioriteringane og omfanget av vedlikehaldet som må gjennomførast tek utgangspunkt i inndelingane av fylkesvegnettet i overordna og øvrig vegnett. Målsetjinga er at det overordna fylkesvegnettet skal utbetrast gjennom strekningsvis arbeid, medan det øvrige fylkesvegnettet får ei langt lågare prioritering gjennom punktutbetring og mindre strekningsutbetring. Utover dette arbeidet er oppfølginga av Tunnelsikkerhetsforskriften den viktigaste prioriteringa som fylkeskommunen har fram til 2025. Ein stor del av midlane som er sett av til «Fornyning og opprusting» må nyttast til dette. Saman med dei statlege overføringane til tunnelutbetring, vil det likevel ikkje vere nok midlar til dette arbeidet.

Prioriteringane innanfor vedlikehaldsarbeidet må vere med på å sikre trafikktryggleik og framkomst. Ut frå venta klimaendringar er det naudsynt å prioritere drengssystemet høgt. Det bør arbeidast for å sikre at kvaliteten på dette er god. Andre høgt prioriterte område bør vere sikringstiltak for å hindre jord-, stein- og issprang, og å redusere faren for ras og flaum, og sikre stabiliteten av skjeringar og fyllingar.

Dette inneber at ein må rette opp skadar og slitasje som er vesentlege, med tanke på komande ras, flaum og ekstrem nedbør. Vidare må fokuset vere på å utbetre skadar i rett tid, det vil seie i forkant av ei akselerande skadeutvikling. Dette inneber eit særleg fokus på tunnel, bru, grøfter og reinsk.

På driftsida legg ein opp til å halde fast på dagens driftsnivå i kontraktane, men at det i forkant av kvar kontrakt vert ein gjennomgang av driftsnivået. I tillegg bør ein sjå nærare på driftsstandardane på fylkesvegnettet samla. Dersom ein ikkje klarar å halde oppe dagens driftsnivå, bør det vurderast å redusere driftsstandardane vesentleg på det lågtrafikkerte vegnettet f. eks. ikkje beredskap utanom arbeidstid, og eventuell vinterstenging.

Innanfor vedlikehald vil tiltak verte prioritert slik:

- Rette opp skadar som kan føre til at vegen vert akutt trafikkfarleg, eller at framkomsten vert redusert vesentleg, til dømes ved ras og flaum.
- Rette opp skadar og slitasje som kan få konsekvensar for trafikktryggleiken og framkomsten, til dømes murar og stikkrenner.
- Rette opp skadar som kan vere starten på ei akselerande skadeutvikling der tiltakskostnadene kan vere sers store dersom ingenting vert gjort.
- Gjennomføre tiltak som forlenger levetida og reduserer framtidige vedlikehaldskostnader slik at noverdi av vedlikehaldskostnader vert lågare.

Driftskontraktar

I Hordaland er det 8 driftskontraktar. Kontraktane gjeld normalt for 5 år med opsjon på 1 års forlenging. Normalt vert det lyst ut ein til to kontraktar kvart år. I 2017 er det inngått ny driftskontrakt vest for Bergen, kalla ASOLA, og ny driftskontrakt for Nordhordland. Drifts og vedlikehaldsstandardane i kontraktane er i samsvar med Drifts og vedlikehaldsstrategien som fylkestinget har vedteke og Statens vegvesen si Handbok R610– Standard for drift og vedlikehald.

I driftskontraktane inngår ikkje legging av asfalt og drift og vedlikehald av tekniske installasjonar i tunnelane. Det er eigne elektrokontraktar som omfattar tekniske installasjonar i tunnelar, ferjekaier og langs vegane. Kostnadene med dei løpande fagkontraktane for tunnel og elektro er budsjettert til 51,4 mill. kr.

Rekneskapen for driftskontraktane syner eit meirforbruk dei seinare åra. Dette har samanheng med opprydding etter uver, trenedfall, utraste vege og meirkostander med vinterdrifta. Driftskontraktane er basert på "normale vèrtilhøve" og ikkje ekstraordinære vèrtilhøve.

Vinterdrift

I bergensområdet er det satsa mykje på å redusere piggdekkbruken for m.a. å redusere svevestøv. Stortinget har målsetjing om 80 % piggfri køyring, medan Oslo og Bergen har sett mål på 90 %. Vinteren 2014/2015 var andelen i Bergen 86 %. Piggfri køyring krev høg standard på brøyte- og strøberedskaper i bergensområdet. Vinterdrifta, dvs. snørydding, salting og strøing, inngår i driftskontraktane og utgjer mellom 45% og 60 % av kontraktsummen.

Drift øvrig

I denne posten inngår kostnader til straum/vegljos og betaling til kommunar for vegljøs. I tillegg er det kostnader til kommunale avgifter, servicebygg, diverse mindre driftstiltak, ny skilting, helikopterleige ved inspeksjonar av ras, avtale om reinhald av vegar i Bergen mv.

Vedlikehald

Tunnelar, bruar og ferjekaier

Standarden på tunnelane varierer mykje både når det gjeld tekniske installasjonar og utrusting. Dessutan er høgda i nokre tunnelar lågare enn den standarden som vert lagt til grunn, dvs. minstehøgda på 4,2 m.

Tunnelar over 500 m og årsdøgntrafikk (ÅDT) over 300 kjem inn under Tunnelsikkerhetsforskriften som vart gjort gjeldande for fylkesvegane frå 1. januar 2015. Av dei 126 fylkesvegtunnelane er det 34 tunnelar i Hordaland som kjem inn under denne forskrifta.

Statens vegvesen har ein tiltaksplan med oversyn over tiltak og kostnader for tunnelane som kjem inn under forskrifta. Handlingsplanen legg opp til at nokre tunnelar vert oppgraderte kvart år i samsvar med forskrifta. Alle tiltaka må vere gjennomført innan utgangen av 2020, men etter søknad er det gjeve forlenging av fristen med 5 år. Kostnadane med oppgradering av tunnelane vert dekkja over posten for «Opprusting og fornying» på investeringsbudsjettet.

Det er totalt 1134 fylkesvegbruar i Hordaland. Eldste fylkesvegbrua er frå 1896 (Tysso i Ulvik), og 211 av

bruene er meir enn 50 år gamle. Alle bruene vert jamnleg inspiserte og det vert sett i verk naudsynte sikringstiltak der dette er påkrevd. Det er eigen samlekontrakt for bruvedlikehaldet. Behovet for vedlikehald av bruene er stort.

Det er eigen kontrakt for drift- og vedlikehald av ferjekaiane. Det er 36 fylkesvegferjekaier, og det er trong for å oppgradere og skifte ferjekaibru på nokre av kaiane innan nær framtid for å sikra stabil ferjedrift.

Vegdekke og oppmerking

I 2017 vart det løyvd 56,2 mill. kr til dekkeleggjing. Det vart lagt omlag 83 km asfalt for denne løyvinga, eller 2,7 % av vegnettet .

For 2018 fører fylkesrådmannen opp 39,2 mill. kr til dekkeleggjing. Då vert det lagt knapt 60 km med asfalt. Det vert sett av 11 mill. kr til oppmerking. I følge SVV er behovet for årlege midlar til dekkeleggjing omlag 100 mill. kr for å hindre forfall.

Andre vedlikehaldskostnader

Regelmessig vedlikehald av grøfter, kummar, stikkrenner og drenering førebyggjer skader på vegkroppen. Meir ekstremvær aukar presset på denne budsjettposten. Innanfor vedlikehaldsposten er det sett av 9,6 mill. kr til dette føremålet. Det vert lagt opp til at større tiltak vert dekkja over posten «Opprusting og fornying» på investeringsbudsjettet.

Oppsummering drift og vedlikehald

Tabellane under viser forslag til prioritering innanfor budsjetttramma for 2018. Regionvegsjefen viser til at vedlikehaldsbehovet er vesentleg høgare enn gjeldande budsjetttramme for å halde vegnettet i god stand og utan at forfallet på vegane aukar. Det vert peika på eit samla vedlikehaldsbehov på knapt 1,5 mrd. kr årleg for å oppnå dette. Fordelinga mellom drift og vedlikehald er rekna til om lag 1,1 mrd. kr til drift og knapt 400 mill. kr til vedlikehald.

Drift

Alle tal i løpande 1000 kr

2 Tiltak	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Drift – regulert gjennom faste kontraktar	359 595	375 000
Drift – øvrig	66 445	67 500
Sum	426 220	442 500

Vedlikehald

Alle tal i løpende 1000 kr

2	Tiltak	Budsjett 2017	Budsjett 2018
	Bruvedlikehald	15 000	15 400
	Vegoppmerking	11 000	11 300
	Dekkelegging	56 245*	39 200
	Vedlikehald – øvrig	9 247	9 600
	Sum Vedlikehald	91 492	75 500

*Inkluderer 18 mill. kr frå tilleggsøyvinga i fylkestinget i juni

Trafikksikring

Det er sett av 5,0 mill. kr til trafikantretta arbeid i regi av Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU). Det vert lagt til grunn at midlane vert nytta til å støtte opp om tilskotsordningane i

FTU (mindre fysiske trafikktiltak). I budsjettet elles inngår mange trafikketta tiltak og trafikksikring inkludert driftskostnader Trygg Trafikk sin distriktsleiar.

Oppsummering totale brutto drifts- og vedlikehaldsutgifter

2	Vedlikehald fylkesvegar brutto driftsutgifter	Budsjett 2017	Budsjett 2018
	Drift	426 220	442 500
	Vedlikehald	73 492	75 500
	Trafikksikring	5 000	5 000
	Trygg Trafikk	207	163
	Sum	504 919	523 163
	Driftsutgifter i 2018-kroner	516 532	523 163

BILRUTER

Mill. kr

2		Budsjett 2017	Budsjett 2018
	Bilruter		
	Driftsutgifter	1 635,3	1 676,5
	Driftsinntekter	-919,1	-959,8
	Netto driftsutgifter	716,2	716,7
	Netto driftsutgifter i 2018 kr	732,7	716,7

Budsjettområdet dekkjer den subsidierte bussdrifta i fylket.

Tabellen under syner kontraktskostnadane i anbudsapakke og andre kostnader knytt til dette budsjettområdet. Endringar i budsjettet frå 2017 til 2018 er grunna i prisvekst og avtalefesta regulering. Særleg utslag har den ekstraordinære avgiftsauken på diesel frå 01.01.2017. Det er og lagt inn 5 mill. kr til tiltak i periodar dersom det oppstår dårleg luftkvalitet i Bergen.

Det er ikkje lagt opp til auke i bussproduksjonen i 2018. Komande år vil innebære førebuing av nye anbod i bergensområdet, med oppfølging av vedteken Temaplan for låg- og nullutsleppsbusar i Hordaland. For å sikre kapasitet og kompetanse knytt til miljøtiltak i komande busstilbod er det budsjettert 2 mill. kr til prosjektstilling og fagleg bistand.

3 Kostnadsstad	Operatør	Kostnader 2018 i mill. kr.
Bergen sør	Tide Buss AS	235,0
Bergen nord	Tide Buss AS	259,0
Bergen sentrum	Tide Buss AS	261,5
Vest	Nettbuss AS	225,4
Sunnhordland	Tide Buss AS	75,6
Hardanger/Voss	Tide Buss AS	176,6
Nordhordland	Nobina AS/ Nettbuss AS	122,0
Austevoll	Tide Buss AS	17,2
Osterøy	Tide Buss AS	45,9
Modalen	MEB AS	13,2
Servicelinjene i Bergen	Osbus AS	2,4
Takstkompensasjon buss		11,2
Takstkompensasjon NSB		26,0
Diverse kostnader		13,2
Skuleskyss - særskyss		192,3
Sum		1 676,5

Bussdrifta har stort omfang i Hordaland. Totalt for Hordaland var det 766 busar i produksjon i 2016, på det travlaste tidspunktet i døgeret. Årleg styrking av ruteproduksjonen, hovudsakleg i bergensområdet, viser igjen i auka reisetal. Tabellen under syner nøkkeltal for buss i Hordaland (kjelde: Kollektivstrategi for Hordaland, Årsrapport 2016). Utviding av Bybanen sørover og kontinuerleg styrking av busstilbodet i Bergen der det er mange reisande, har gode resultat å vise til. I 2016 vart kollektivtilbodet

utvida med om lag 300 nye daglege avgangar i samband med innføring av tidsdifferensierte bompenger, i tillegg til 130 nye daglege avgangar knytt til den årlege ruteendringa om hausten. Same året vart også Bybanen forlenga til Birkelandsskiftet. Frå våren 2017 har Bybanen gått heilt fram til Bergen Lufthamn og vogner er forlenga. Prioriterte tiltak for busstilbodet har vore å styrkje utvalde linjer med mange reisande, særleg på kveld, i helg og noko på natt, og at rushperioden på linje 2 er utvida.

3 Nøkkeltal buss Hordaland	2014	2015	2016
Påstigingar	42 502 000	43 352 000	44 741 000
Bussavgangar	2 087 000	2 120 000	2 167 000
Vognkilometer	33 465 000	33 917 000	36 720 000

I 2017 er det prioritert å styrke tilbudet på stamlinjene, med utviding av rushperioden på linje 2 og noko styrking på natt som følgje av avviking av nattaksten. Vidare har enkelte linjer med mange reisande fått fleire avgangar, særleg kveld og helg.

Skuleskyss

Budsjettområdet dekkjer kostnader til individuelt tilrettelagt skuleskyss i grunn- og vidaregåande skule. Utviklinga siste åra har vist årleg vekst i skuleskyss med drosje som

har medført auka kostnader til skuleskyss kvart år. For inneverande skuleår har trenden stoppa opp, og det er ingen vesentlege endringar i volum. Kostnadsveksten har og flata ut, noko som i tillegg til volum kan skuldast strammare praksis og betre kontroll og prosessar rundt skuleskyssen. For 2018 vert det budsjettert med 192,3 mill. kr, ein liten reduksjon frå 2017. Av denne summen er 135,8 mill. kr til individuelt tilrettelagt skuleskyss for grunnskuleelevar og 56,5 mill. kr til elevar i vidaregåande skule.

FYLKESVEGFERJER

Mill. kr

2		Budsjett 2017	Budsjett 2018
Fylkesvegferjer	Driftsutgifter	311,4	411,0
	Driftsinntekter	-6,4	-52,0
	Netto driftsutgifter	305,0	359,0
	Netto driftsutgifter i 2018 kr	312,0	359,0

3	Kostnadsstad	Operatør	Kontraktsform	Kostnader 2018
	Ferje Rutepakke 1	Fjord 1 AS	Brutto	153,8
	Masfjordnes-Duesund	Wergeland AS	Netto	8,1
	Midthordland	FosenNamsos Sjø AS	Netto	37,1
	Nordhordland	Norled AS	Netto	57,3
	Sunnhordland	Norled AS	Netto	76,6
	Hardanger	Norled AS	Netto	43,6
	Klokkekarvik-Hjellestad	GulenSkyss AS	Netto	13,2
	Takstkompensasjon			4,7
	Komp.vg.skuleskyss ferje			2,0
	Diverse kostnader			14,6
	Sum total			411,0

Frå 01.01.2018 startar ny kontrakt for ferjesambanda Krokeide-Hufthamar og Husavik-Sandvikvåg. Den nye kontrakten forpliktar elektrifisering av sambanda innan 01.07.2020, men ambisjonen er å starte opp med eldrift frå hausten 2018. Innføring av elektrisk drift på ferjesambanda i dei nye kontraktane medfører behov for maritim bistand

for å kvalitetssikre leveransane i oppstartsfasen. Budsjettposten er difor noko styrka for å ha tilstrekkeleg med ressursar til gjennomføringa.

Nye ferjekontraktar går frå netto- til bruttokontraktar, som gir fylkeskommunen billettinntektene. Overgangen frå

netto- til bruttokontrakt, og innføring av takstregulativet for Autopass gjer at inntektsoverslaget er usikkert. Ettersom delar av systemløysinga for brikkelesing mest sannsynleg ikkje vil bli innført frå anbudsstart, må alternative metodar for billettsal etablerast i samråd med operatør.

Kostnader knytt til avtale om lærlingetilskott er lagt inn som del av kontraktskostnadane som tidlegare.

BÅTRUTER

2		Budsjett 2017	Budsjett 2018
Båtruter	Driftsutgifter	166,3	194,1
	Driftsinntekter	-47,1	-53,9
	Netto driftsutgifter	119,2	140,2
	Netto driftsutgifter i 2018 kr	121,9	140,2

3	Kostnadsstad	Operatør	Kontraksform	Kostnader 2018 i mill. kr
	Sunnhordland og Austevoll	Norled AS	Brutto	104,3
	Espevær og Hernar	Gulen Skyssbåtservice AS	Netto	16,3
	Rosendal-Bergen og Reksteren- Våge-Os	L. Rødne & Sønner AS	Netto	16,5
	Nordhordland	Norled AS	Brutto	11,6
	Turistrute Hardanger	Norled AS	Netto	6,4
	Kleppstø-Strandkaaien	Norled AS	Brutto	33,5
	Mindre båtruter/diverse kostnader			2,2
	Takstkompensasjon (Ungdomsbillett)			0,8
	Terminalar snøggbåt			2,0
	Komp.vg.skuleskyss			0,4
	Sum total			194,1

Budsjettet for 2018 viser auke i driftskostnadene for båtrutene på vel 20 mill. kr frå budsjettet for 2017. Det skuldast i hovudsak auka kontraktskostnad som følgje av indeksreguleringar og i tillegg ny kontrakt for sambandet Kleppstø-Strandkaaien. To mindre båtruter, Osterfjorden og Geitanger-Knapskog, er foreslått tekne ut. Rutene gjeld svært få fastbuande og det vert ikkje utført skuleskyss i sambanda. Desse sambanda er drifta med eigne avtalar, og er ikkje anbudsutsett. Avtalane varer til sommaren 2018,

og fylkesrådmannen foreslår at rutene ikkje vert forlenga. Totalt utgjer dette 2,2 mill. kr i 2018. Frå 2018 vert det foreslått ei justering i tilbodet til ruta Turistbåt Hardanger, der første og siste turen Lofthus-Norheimsund vert foreslått teken ut. Turane utgjer om lag ein tredel av total seglingsdistanse for ruta. Samstundes viser passasjerstatistikk svært låg etterspurnad etter desse turane. Nedjustering av tilbodet ligg inne i budsjettet.

BYBANEN

2		Budsjett 2017	Budsjett 2018
Bybanen	Driftsutgifter	223,4	243,5
	Driftsinntekter	-129,1	-177,5
	Netto driftsutgifter	94,3	66,1
	Netto driftsutgifter i 2018 kr	96,5	66,1

Den totale budsjettsummen på 243,5 mill. kr er sett saman av fylgjande hovudpostar:

3	Kostnadsstad	Kostnader 2018 i mill. kr
	Bybanen AS Administrasjon	39,8
	Vogn- og kontraktskostnader	173,4
	Infrastruktur	29,3
	Driftskostnader Bybanebygg	1,0
	Sum total	243,5

Opggåvene knytt til drifta er delt mellom Skyss og Bybanen AS. Skyss har ansvar for rutedrifta gjennom kontrakt med Keolis Norge AS, medan Bybanen AS har ansvaret for å drifte og vedlikehalde infrastrukturen. Bybanen AS er heileigd av og vert finansiert av fylkeskommunen.

I 2017 opna Bybanen for drift til Bergen Lufthavn Flesland, og alle vogner vil i løpet av 2017 bli forlenga. Heilårseffekten av auka produksjon og lange vogner er det teke høgde for i budsjettet, og utgjer kostnadsveksten frå 2017.

ANDRE KOSTNADER

2		Budsjett 2017	Budsjett 2018
Andre kostnader	Driftsutgifter	243,6	246,1
	Driftsinntekter	-9,6	-12,7
	Netto driftsutgifter	234,1	233,3
	Netto driftsutgifter i 2018 kroner	239,5	233,3

Posten andre kostnader inneheld ei rekkje kostnader knytt til drifta av Skyss og samferdselsavdelinga og er nærare kommentert nedanfor.

3	Kostnadsstad	Brutto kostnader 2018 i mill. kr
	Generell drift, Skyss	71,4
	Transportordninga for funksjonshemma	47,2
	Diverse kostnader	38,3

Tabellen held fram på neste side

3 Kostnadsstad	Brutto kostnader 2018 i mill. kr
Administrasjon samferdselsavdelinga	21,0
Administrasjon Skyss	68,1
Sum TOTAL	246,1

Generell drift, Skyss

Generell drift i Skyss omfattar i hovudsak kostnader bundne opp i faste aktivitetar, som drift av kundesenteret, drift- og vedlikehald av IKT-system, teknisk vedlikehald, marknadsføring, ruteinformasjon, inntektssikring, marknadsinformasjonssystem og utgifter knytt til salskanalane kommisjonærsal og mobilbillett.

Kollektivstrategi for Hordaland legg eit høgt ambisjonsnivå for Skyss i åra framover. Aktiviteten er høg med omfattande utviklingsoppgåver og til dels komplekse driftsoppgåver.

Skyss sitt marknadsarbeid skjer gjennom ei rekkje ulike kanalar. Gjennom kundesenter har ein direkte kontakt med kundane. Ved hjelp av digitale kanalar får ein gitt informasjon om rute- og avgangstider, avvik og generell informasjon om trafikktilbodet. Plakatar og digitale skjermar vert brukt til å gi informasjon om endringar i tilbod og pris, i tillegg til kampanjar for å informere kundane om billett, salskanalar og reisetilbod. Nokre kampanjar tar også for seg til dømes trafikktryggleik og korleis ein bør te seg når ein reiser kollektivt. Ny teknologi gir nye moglegheiter. Samstundes har kundane stadig høgare forventningar om tilpassa og tilrettelagd informasjon.

Dei siste åra har Skyss arbeidd med ny strategi for inntektssikring, som skal sikre at kontrollar vert gjennomført på ein mest mogleg effektiv måte slik at fylkeskommunen får dei inntektene ein skal ha. Arbeidet med å følgje opp tiltaka i strategien vert vidareført i 2018.

Administrasjon Skyss

Administrasjon Skyss omfattar i hovudsak lønskostnader. I budsjett 2018 har ein lagt inn ei auke i løn som i hovudsak er knytt til å løyse oppgåver som har kome til som følge av eit høgare ambisjonsnivå. Nokre oppgåver er nye, medan andre må løysast på nye måtar og krev dermed annan kompetanse enn den ein har hatt i Skyss-organisasjonen.

I tillegg til løn omfattar posten felleskostnadar som tidlegare til dels har vorte fordelt på generell drift, men vert i budsjett 2018 samla under Administrasjon Skyss.

Administrasjon Samferdselsavdelinga

Hovudarbeidsområda til avdelinga er planlegging innanfor samferdselsområdet, forvaltning av fylkesvegane som veigar og oppfylgning av Statens vegvesen som har det operative ansvaret for drift, vedlikehald og tilsyn. I tillegg

har avdelinga ansvar for løyveforvaltinga og transportordninga for funksjonshemma. Det vert budsjettert med 21,0 mill. kr i 2018 og stillingstalet er uendra med 24 stillingar.

Transportordninga for funksjonshemma

Transportordninga for funksjonshemma har omlag 13 700 brukarar, som er fordelt på tunge brukarar (blinde og rullestolbrukarar) og ordinære brukarar. Kvar brukar får tildelt ein kvote som kan nyttast til fritidsreiser. Reisene skjer ved bruk av drosje. Brukartalet er stabilt og nye søkjarar vert tekne inn i transportordninga etter kvart. I ei eiga sak vert det lagt fram forslag om endringar i TT-ordninga.

Budsjettområdet har og dekkja arbeidskøyning for funksjonshemma som har arbeid i verna verksemdar (VTA-verksemdar). I 2017 er det omlag 190 brukarar i denne ordninga, og omlag 11 mill. kr av budsjettet har gått med til dette. For å kome med i denne ordninga må ein vere godkjent som TT-brukar. Det vert budsjettert med 47,2 mill. kr i 2018.

Diverse kostnader

Plan og tiltaksmidlar

Det vert som tidlegare år sett av ein post til diverse kostnader som fylkesdirektør samferdsel disponerer. Dette skal dekke kostnader til ymse kontingentar til interesseorganisasjonar som fylkeskommunen er med i, og midlar til konsulenthjelp i ulike prosjekt på samferdselsområdet.

Kostnader til leige av innfartsparkeringsplassar

Til leige av innfartsparkeringsplassar er det sett av 1,7 mill. kr. Dette gjeld innfartsparkeringsplassane på Os, Straume, Skogskiftet og Flesland kai.

Prosjekt Innfartsparkering

I 2018 vil arbeidet med å få på plass nye innfartsparkeringsplassar halde fram. Det vart utarbeidd eit handlingsprogram for gjennomføring av strategien i 2017. Det er bygt 2 nye sykkelparkeringshus ved Nesttun og Åsane kollektivterminalar i 2017. Det vert arbeidd vidare med å etablere fleire parkeringshus for sykkel ved kollektivknutepunkt. Fylkesrådmannen budsjetterer med 1,687 mill. kr i 2018.

Vidaregåande skuleskyss

Denne budsjettposten dekker billettutbetalingane til vidaregåande skuleskyss. Posten vert inntektsført i Skyss sin rekneskap og er såleis kun ein rekneskapsmessig disposisjon. Det vert budsjettert med 31,4 mill. kr.

INNETEKTER OG FINANSIERING – KOLLEKTIVDRIFT

Billettinntekter og belønningsmidlar utgjer ein svært viktig del av finansieringsgrunnlaget for kollektivtrafikken.

I budsjettet for 2018 er den samla inntekta til kollektivtrafikk på kr 1 249,9 mill. kr, fordelt slik:

2	Inntekt	
	Billettinntekter	866,5 mill. kr
	Skuleskyssinntekter	141,9 mill. kr
	Andre inntekter	59,5 mill. kr
	Belønningsmidlar	155,0 mill. kr
	Bruk av bundne driftsfond	27,0 mill. kr
	TOTALT	1 249,9 mill. kr

Billettinntekter

I budsjettet for 2018 er det lagt til grunn takstauke på 2,5 prosent for buss og bane.

Tabellen under viser utvikling i samla billettinntekter i perioden 2014–2016, prognose for 2017 og budsjett for 2018 for buss/bane, båt (brutto) og ferje (brutto).

3	År	2014	2015	2016	Prognose 2017	Budsjett 2018
	Billettinntekter buss/bane	616,1	667,6	691,7	718,5	764,2
	Båt	42,5	44,7	45,0	49,5	52,3
	Ferje	-	-	-	-	50,0

Med ein forventa passasjervekst på 3,5 prosent, er det budsjettert med totalt 866,5 mill. kr i billettinntekter for 2018 på buss, bane, båt og ferje.

mill. kr i billettinntekter. Overgang frå netto- til bruttokontrakt, og innføring av Autopass-regulativ for ferjetakster gjer at billettinntektene er usikre.

Nytt for 2018 er overgang frå netto- til bruttokontrakt for to ferjesamband i Austevoll. Her er det budsjettert med 50

Tabellen under viser budsjetterte takstar for 1-2 soner, gjeldande frå 1. februar 2018.

3	Billett buss/bane	Takst 2017	Takst 2018
	Enkeltbillett vaksen, kjøpt på førehand	37	37
	Enkeltbillett barn/honnør	19	19
	Enkeltbillett kjøpt om bord, vaksen	60	60
	Enkeltbillett kjøpt om bord, barn/honnør	30	30
	Enkeltbillett betalt med Skyss-kort/mobilkonto	30,80	Rabattordning utgår
	Periodebillett 30 dg vaksen	780	810

Tabellen held fram på neste side

3 Billett buss/bane	Takst 2017	Takst 2018
Periodebillett 30 dg barn	365	405
Periodebillett 30 dg honnør	390	405
Periodebillett 30 dg student	470	485
Ungdomsbillett 30 dg	365	405
24-timarsbillett vaksen	95	95
24-timarsbillett barn/honnør	50	50

I dag får reisande på enkeltbillett 17 prosent rabatt dersom dei betalar med reise penger på Skysskort eller med mobilkonto. Dette er ein kostbar rabattordning. Då den vart innført var det for å redusere kontantsalet og Skyss sine transaksjonskostnader. I dag er mobilbillett den viktigaste kanalen og ein har ikkje lenger behov for eit slikt verkemiddel. I budsjettforslaget tilrår fylkesrådmannen difor å ta bort denne rabatten. For ein stor del av kundane vil det likevel vere føremålstenleg å nytte reise pengar eller mobilkonto, slik at ein ikkje treng å ha med seg kontantar for å kjøpe enkeltbillett.

Framlegg til justering av prisane er gjort med utgangspunkt i prisauke på 2,5 prosent. Dei siste åra har enkeltbillett vorte justert opp kvart år, medan periodebilletten har hatt ein meir moderat prosentvis prisutvikling. For 2018 er framlegget at ein ikkje justerer opp minstepris for enkeltbilletten, m.a. fordi det også vert foreslått å ta bort rabatten på reise pengar/mobilkonto. Det vert likevel ei prisauke på kjøp av enkeltbillett for fleire soner. Samstundes har ein foreslått ei 3,5 prosent auke på alle periodebillett.

Prisane for båt vert foreslått justerte i høve til generell prisauke på 2,5 prosent. Fylkesrådmannen foreslår takstauke for fylkesvegferjene på 5 %. Dette er noko meir enn forslaget i statsbudsjettet på 2,4 % takstauke for riksvegferjene. Fylkesrådmannen viser til det som er nemnt om sterk auke i ferjekostnadene framover og foreslår at differansen mellom taktsauken på 5 % og 2,4 % som er lagt til grunn i statsbudsjettet, vert sett av til finansiering av framtidige kostnader med dei nye ferje anboda.. Unnataket er dei to ferjesambanda i Austevoll som frå 1. januar 2018 vert operert som bruttokontraktar. Her vert det arbeidd med å ferdigstille modellar for prisar og billettering.

Sonetakstjustering

Totalt har ein om lag 470 takstsoner i Hordaland i dag. Utanfor sone Bergen er strukturen komplisert både for kundar og tilsette, og modellen er lite framtidsretta med tanke på innføring av nye salskanalar. Det er vedteke å gjennomføre ei forenkling av takstsonestrukturen i fylket, og Skyss har i 2017 jobba med å førebu dette. Ein viktig

konsekvens av at takstsonene vert endra er innføring av mobilbillett for reisande utanfor sone Bergen. Mobilbilletten er i dag den mest nytta salskanalen for dei reisande i bergensområdet og det er grunn til å tru at også kundane i resten av Hordaland i stor grad vil velje å løyse billett på mobil. Ein vil i første omgang difor ikkje gjere andre endringar på dagens løysing for kjøp av billett utanfor sone Bergen, men prioritere god informasjon for å få flest mogleg til å nytte mobilbillett.

Ei omlegging av takstsonestrukturen får også konsekvensar for kommunane si betaling for skuleskyss. For å sikre planlegginga og ein hensiktsmessig overgang til nye takstsoner, legg ein til rette for at endringa skjer i forkant av skuleåret 2018/2019, det vil seie 1. august 2018. Dette er også marknadsmessig eit høveleg tidspunkt, sidan ein i august kvart år får nye reisande i form av ungdom og studentar. Budsjettering av inntektsbortfallet knytt til soneendringa vert såleis gjort for fem månadar. Fylkesrådmannen vil som nemnt innleiingsvis i kapitlet gjennomgå verknaden av soneendringa for den nye fylkeskommunen frå 2020.

Auke i mva

Regjeringa foreslår i statsbudsjettet å auke meriverdiavgift m.a. for kollektivtransporten. I dei frie inntektene har fylkeskommunane fått kompensasjon for verknaden av dette og fylkesrådmannen foreslår ikkje å auke takstane ytterlegare som følgje av dette.

Skuleskyssinntekter

I tillegg til billettinntektene vist over, er det budsjettert med 141,9 mill. kr i skuleskyssinntekter som gjeld skuleelevar i grunn- og vidaregåande skule med rett på skuleskyss. Av desse er 110,9 mill. kr knytt til grunnskuleelevar, medan 31 mill. kr er skuleskyssinntekter knytt til vidaregåande elevar.

Andre inntekter

Andre inntekter inneheld i hovudsak ulike refusjonsinntekter frå kommunar, tilleggstakst og vognleige Bybanen. Totalt er det budsjettert med 59,5 mill. kr fordelt på desse postane:

3 Andre inntekter	Sum 2018 i mill. kr
Refusjon skuleskys kommunale vedtak	14,0
Kundesenter, gebyr og tilleggskost	12,7
Refusjon ferje Rogaland	2,0
Refusjon båt Rogaland	1,6
Vognleige Bybanen	29,2
SUM total	59,5

Vognleigeinntektene til Bybanen AS har ein tilsvarande vognleigekostnad for operatør for Bybanen som er ein del av budsjettet for Skyss.

Belønningsmidlar

Avtale om belønningsmidlar er inngått for perioden 2015-2018, med ei samla løyving på 724 mill. kr fordelt slik:

2015:	184 mill. kr
2016:	140 mill. kr
2017:	200 mill. kr
2018:	200 mill. kr

I tillegg er det løyvd ekstramidlar gjennom egne søknadsprosessar, til både investeringstiltak og kollektivdrift. Midlane vert fordelt mellom ulike tiltaksområde, m.a. tiltak for utvikling og styrking av rutetilbodet i bergensområdet. Tiltak knytt til styrking av rutetilbodet gir påfølgjande driftskostnader kvart år. Det er difor viktig å sikre finansiering til vidareføring av allereie iverksette tiltak, samstundes som ein må sikre rom for nye tiltak.

Belønningsordninga inngår i den nye byvekstavtalen – miljøløftet – med staten som gjeld frå 2018. Miljøløftet skal reforhandlast i 2018, der vidare midlar til kollektivdrift skal inngå.

I tillegg til midlane i inneverande belønningsavtale er det løyvd ekstra midlar til drift av kollektivtrafikk med 35 mill. kr i 2015 til tiltak i samband med innføring av tidsdifferensierte bompengetakster i Bergen og 30 mill. kr i 2016 til styrking av kollektivtilbodet. Det er ikkje løyvd ekstramidlar til kollektivdrift i 2017.

I budsjett for 2017 var det budsjettert med totalt kr 147 mill. kr i belønningsmidlar til kollektivdrift. Av denne summen vert 27 mill. kr overført til 2018.

For 2018 er det lagt opp til å nytte 155 mill. kr av belønningsmidlane til kollektivdrift. Med overføringa på kr 27 mill. kr frå 2017 gir det totalt 182 mill. kr i belønningsmidlar i 2018. Belønningsmidlane gir ikkje rom for å setje i verk nye tiltak. Midlane vil bli nytta til å vidareføre tiltak frå tidlegare år, der kostnadsveksten for årlege indeksreguleringar er rekna med.



TANNHELSE

God tannhelse er viktig for folkehelsa

Tannhelsetenesta vil i 2018 revidere samarbeidsavtalene med alle kommunane i Hordaland. Målet er å sikre eit fagleg godt og likeverdig tilbod til alle innbyggjarane i fylket. Gjennom høg merksemd på førebyggjande tiltak og betre folkehelse støttar tannhelsetenesta opp om arbeidet med å skape eit inkluderande samfunn.

UTFORDRINGAR I ØKONOMIPLANPERIODEN

Økonomi

Tannhelsetenesta i Hordaland har både i 2015 og 2016 hatt overforbruk i driftsrekneskapen. Det er i 2017 sett inn tiltak både på utgift- og inntektssida med det mål å redusere overforbruket. Mål for budsjett 2018 er få rekneskapen i balanse.

Fylkesrådmannen viderefører budsjetttramma for tannhelse frå 2017 til 2018.

I tillegg til balanse totalt, vert det arbeidd for at økonomien rundt dei betalande pasientane skal verte betre i 2018.

Grepa som er gjort for ein betra økonomisk situasjon er omtala under endringar og prioriteringar. Å avslutte avtalar om utbetalingar av lønsintensiv som ikkje har vore kopla til rekneskapsresultata i tannhelse, er eit hovudmoment.

Fagleg nivå og kvalitet

For 2018 og dei komande åra vil hovudutfordringa for tannhelsetenesta vere å sikre gode og stabile økonomiske driftsvilkår for å ivareta eit høgt fagleg nivå og moderne klinikkar og utstyr.

Andre utfordringar i økonomiplanperioden er aukande etterspurnad etter tannhelsetenester fordi tal pasientar med rett til gratis tannpleie vil auke. Samstundes vil etterspurnaden etter meir avansert og kostnadskrevjande behandling auke. Personar som heilt eller delvis mangla

eigne tenner fekk tidlegare erstatta dette med heil- eller delprotese, medan det no i større grad blir erstatta med implantat og kroner/bruer.

Nasjonale retningslinjer

Helse- og omsorgsdepartementet arbeider med to rapportar som vil få innverknad på drifta av tannhelsetenesta i Hordaland. I løpet av 2018 vil det bli vedteke nye nasjonale retningslinjer for tannhelsetenesta sitt tilbod til born og unge kalla TannBarn 1. Målet med retningslinjene er å sikre eit likt tannhelsetilbod i alle fylke. Retningslinjene vil t.d. innebere nye rapporteringsrutinar og vil i det minste i innføringa gje auka kostnader.

Spesialistutdanning

Ein rapport gjennomgår og vurderer ny organisering av spesialistutdanning av tannlegar. Rapporten legg opp til at Hordaland fylkeskommune ved tannhelsetenesta sitt kompetansesenter får eit større ansvar i spesialistutdanninga. Auka kostnader knytt til spesialistutdanning vil bli dekkja av statlege midlar.

Utstyr

Når det gjeld utstyr, materiell og varer på klinikkane, så har det vore knapt med midlar. I budsjettet gjer ein omprioriteringar slik at ein mindre del av innsparingsmidlane vert brukt på dette området.

OVERSYNSTABELL

Under er tabell som syner bruttobudsjett og nettobudsjett for 2017, 2018 og den årlege endringa. Dette for

tannhelseadministrasjonen, teknisk avdeling, tannhelse-distrikta og TkVest/Hordaland.

1	Inntekter og utgifter	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Endring %
Tannhelseadministrasjonen	Brutto driftsutgifter	7 556	8 100	-37 %
	Driftsinntekter	-353	-100	-72 %
	Netto driftsutgifter	7 203	8 000	11 %
Teknisk avdeling – Fellesfunksjonar	Brutto driftsutgifter	20 218	17 200	-15 %
	Driftsinntekter	-4 952	-3 000	-40 %
	Netto driftsutgifter	15 266	14 200	-7 %
Sentrum tannhelse-distrikt	Brutto driftsutgifter	77 311	81 239	5 %
	Driftsinntekter	-19 739	-19 739	0 %
	Netto driftsutgifter	57 572	61 500	7 %

1	Inntekter og utgifter	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Endring %
Nord tannhelsedistrikt	Brutto driftsutgifter	53 266	54 003	1 %
	Driftsinntekter	-18 803	-18 803	0 %
	Netto driftsutgifter	34 463	35 200	2 %
Vest tannhelsedistrikt	Brutto driftsutgifter	59 897	58 588	-2 %
	Driftsinntekter	-17 988	-17 988	0 %
	Netto driftsutgifter	41 909	40 600	-3 %
Sør tannhelsedistrikt	Brutto driftsutgifter	31 881	32 169	1 %
	Driftsinntekter	-8 969	-8 969	0 %
	Netto driftsutgifter	22 912	23 200	1 %
Aust tannhelsedistrikt	Brutto driftsutgifter	26 107	26 322	1 %
	Driftsinntekter	-10 222	-10 222	0 %
	Netto driftsutgifter	15 885	16 100	1 %
TkVest/Hordaland Spesialistklinikken	Brutto driftsutgifter	26 026	29 537	13 %
	Driftsinntekter	-18 037	-18 037	0 %
	Netto driftsutgifter	7 989	11 500	44 %
TkVest/Hordaland Statstilskot, forskning/adm., TOO	Brutto driftsutgifter	15 000	20 000	33 %
	Driftsinntekter	-15 000	-20 000	33 %
	Netto driftsutgifter	-	-	0,0 %
Sum	Sum brutto driftsutgifter	317 262	327 158	3 %
	Sum driftsinntekter	-114 063	-116 858	2 %
	Sum netto driftsutgifter	203 199	210 300	3,5 %
	Netto driftsutgifter 2018	210 300	210 300	0 %

ENDRINGAR SAMANLIKNA MED BUDSJETT 2017

Insentivordningar

Det mest vektige tiltaket i budsjettet er at 3 avtalar om variabel insentivløn no er sagt opp. Provisjonsavtale for tannlegar er sagt opp frå 30.11.2017. Dette vil redusere lønskostnadane med om lag 12 mill. kr. Avtale om innsatsbasert avlønning for tannpleiarar er sagt opp frå 01.04.2017. Dette vil redusere bonusutgiftene med vel 1,5 mill. kr. Protokoll om provisjonsutbetalingar for tannhelsetesekretærer er sagt opp med verknad frå 30.11.2017. Dette vil redusere utgiftene med om lag 1 mill. kr. Samla verknad vert då 14 mill. kr. Ein ny eventuell avtale om variabel insentivløn i tannhelsetenesta vil, til skilnad frå avtalane som er sagt opp, ha ein direkte kopling mot dei økonomiske resultatane i sektoren. Hovudpoenget med dette grepet er at ein unngår at tannhelse totalt eller på lågare

nivå, distrikt eller klinikk, leverer rekneskapsunderskot samstundes som det vert betalt ut større beløp i form av bonus og provisjon.

Utstyr TkVest/H- spesialistklinikken

Det er teke høgde for ein ekstrakostnad knytt til utstyr ved spesialistklinikken. Det er usikkerheit rundt storleiken på kostnaden og om denne vert realisert, men det vert sett av 1 mill. kr til dette behovet i budsjettet.

Midlar ny lønsavtale

Fylkesrådmannen set i budsjettet av 5 mill. kr til ein ny lønsavtale i tannhelsetenesta. Innretninga på avtalen er ikkje framforhandla, og storleiken på avtalen er uvis. Dersom avtalen vert knytt til rekneskapsresultat, kan

verknaden av ein ny eventuell avtale verte både høgare eller lågare enn det beløpet som no vert sett av.

Ved å setje av midlar i budsjettframlegget til ein ny lønsavtale føreset fylkesrådmannen at ikkje inntektsnivået går vesentleg ned frå 2017 til 2018.

Bidrag frå ikkje-lovpålagt verksemd

Det vert lagt opp til at det økonomiske resultatet når det gjeld den delen av tannhelsetenesta som ikkje er lovpålagt vert betra gjennom tiltaka som er gjort i 2017, og dei tiltaka som er set opp i budsjettet for 2018. For 2018 vert det såleis rekna inn at dei betalande pasientane skal gje eit positivt bidrag til tannhelse sin økonomi på minst 3 mill. kr.

Takstauke

Fylkestinget har vedteke auke i tannhelsetenesta si honorartakst på 5 % frå 15.10.2017. Takstauke på 5 % vil auke inntektene i 2017 med ca. 0,75 mill. kr og ca. 3,5 mill. kr i 2018.

Reduksjon kjøp tenester

I opplegget for 2018 ligg det reduksjonar i kjøp av tenester. Netto innsparing er på 1,0 mill. kr.

Tannhelsedagane

Grunna økonomisk situasjon for tannhelsetenesta legg ein ikkje opp til å gjennomføre dei årlege tannhelsedagane. Dette tiltaket reduserer kostnadane frå 2017 til 2018 med 0,7 mill. kr.

Auke utstyr og materiell

Delar av kostnadsreduksjonen i budsjettframlegget vert omprioritert til auke av budsjettmidlar til forbruksmateriell i tannhelsetenesta. Det vert sett av 5 mill. kr til denne auken.

Lønsutgifter til nye spesialistkandidatar

Det er trong for å få fleire tannlegar til å starte spesialistutdanning. Auka budsjettbehov i 2018 gjev ein auke på 1 mill. kr.

Narkosebehandling

Grunna lange ventelister når det gjeld narkosebehandling er budsjettmidlar på dette området prioritert. Det er sett av 1,5 mill. kr. til dette meirbehovet.

Auka kostnader nye nasjonale retningslinjer

Nye nasjonale retningslinjer for tannhelsetenesta i høve til tilbodet til barn og unge vil kunne gje auka kostandar. Det vert teke høgde for dette i budsjettet for 2018 ved at det vert sett av 0,7 mill. kr til denne endringa.

Tap mva-kompensasjon

Tannhelsetenesta i Hordaland har enno ikkje i budsjettet teke fullt ut høgde for at den konkurranseutsette verksemda som består av behandlinga av betalande pasientar, ikkje kan inntektsføre mva på same måte som den lovpålagte verksemda. I budsjettet for 2018 vert dette gjort, og dette vil auke kostnadane med 2 mill. kr.

ENDRINGAR

Tal i tusen

1

Endringar frå 2017 til 2018

Budsjettramme 2018 endring iht 2017	0
Tiltak og endringer for å nå balanse:	
Reduserte lønnskostnader pga. oppseiing av insentivavtaler	14 000
Midlar ny lønsavtale Tannhelse	-5 000
Bidrag frå ikkje-lovpålagt verksemd	-3 000
Utstyr TkVest/H- spesialistklinikken, leige	-1 000
Takstauke	3 500
Reduksjon kjøp tenester	1 000
Tannhelsedagane	700
Forbruksmateriell	-5 000
Lønsutgifter til nye spesialistkandidatar i 2018	-1 000

1

Endringar frå 2017 til 2018

Narkosebehandling	-1 500
Auke kostnader nye nasjonale retningslinjer	-700
Tap mva- kompensasjon, økonomisk verksemd	-2 000
Sum	0

Oppsummering tiltak og endringar

I tabellen over er planlagde tiltak for 2018 sett opp. Samla går det fram at grepa vil kunne gjere at tannhelse totalt vil kunne få ein betra økonomisk situasjon.

Når det gjeld den delen av drifta som består av dei betalende pasientane, så vil tiltaka også betre det økonomiske resultatet for denne delen i 2018. Det avgjerande momentet er oppseiing av insentivordningar.

Fylkesrådmannen vil utover tiltaka i budsjettet kome tilbake med ei politisk sak der fleire tiltak for å betre økonomien vert nærare gjennomgått.

Budsjettramma til tannhelse er vidareført frå 2017 til 2018. Målt i 2018- kr er i realiteten budsjetta like; 210,3 mill. kr i både 2017 og 2018.

MÅL OG STRATEGIAR

2

Mål	Tiltak	Resultatmål 2018	Resultatmål 2021
1. Tannhelsetenesta skal sikre likeverdige tilbod til alle innbyggjarar i Hordaland	I 2018 startar arbeidet å samordna drifta av tannhelsetenesta i Sogn & Fjordane og Hordaland Organisering Faglege og administrative rutinar og samordning av drift Revidere samarbeidsavtalar med alle kommunar i Hordaland	Betre måltal for tannhelse på nøkkelårskull (3-, 5-, 12-, 15- og 18-åringar). Sjå tabell under for nærare informasjon. Betre måltal for dekningsgrad i dei lovpålagte gruppene (tal personar som tar imot tilbodet). Sjå tabell under for nærare informasjon.	Betre måltal for tannhelse på nøkkelårskull (3-, 5-, 12-, 15- og 18-åringar) Betre måltal for dekningsgrad i dei lovpålagte gruppene (tal personar som tar imot tilbodet)
2. Tannhelsetenesta skal sikre gode fagmiljø på moderne tannklinikkar	Gjennomføra den vedtekne klinikkstrukturplanen Utarbeide ein opplærings- og kompetanseplan for tannhelsetenesta	Starte arbeidet med ny tannklinik i Indre Arna Opplæring/kurs for tilsette blir i større grad halden av eigne spesialistar	Oppretthalde framdrifta i den vedtekne klinikkstrukturplanen. Tannhelse kjem attende til detaljerte resultatmål som gjeld bygging og nedlegging av spesifiserte klinikkar.
3. Tannhelsetenesta skal gje eit godt spesialisttilbod og vere pådrivar for forskning i tannhelsetenesta	Arbeide for å få tilsett oral kirurg Utarbeide forskningsstrategi for TkVest/Hordaland	Rekruttere og stabilisere spesialistbemanning Ei doktorgradsavhandling kvart år	Innflytting i nye areal – Helsecampus Årstadvollen Ei doktorgradsavhandling kvart år.
4. Tannhelsetenesta skal ha fokus på førebyggjande arbeid og på den måten bidra til betre folkehelse	Tannhelsetenesta skal bli «gode på tall» - dvs utveksle tannhelsedata på grunnkrets til alle kommunar/bydelar	Signere reviderte samarbeidsavtalar med alle kommunar i Hordaland	Samarbeidet med kommunehelsetenesta er så godt at ingen kommunar har søkt om å få overta ansvaret for tannhelsetenesta som ei prøveordning



PRIORITERINGAR I 2018

Økonomistyring

Innafor ei stram budsjetttramme vil hovudprioriteringa vere å oppnå balanse i driftsrekneskapen. Ulike tiltak vil bli gjort for å oppnå det. Arbeidet med å leggje budsjett/rekneskap ut på den enkelte klinikk vil halde fram. Klinikkleiarane vil få hovudansvar for å følgje opp klinikkrekneskapen.

Spesialistutdanning

Det vil i 2018 vera behov for å få ein tannlege til å starte spesialistutdanning i oral kirurg. Dette for å sikre rekruttering – og stabilisering – innanfor dette fagfeltet. Utdanninga er 5-årig, og vedkomande må kvalifisere seg til å bli tatt opp. Utgifter til løn i 2018 vil vere kr 350 000,-. Det vil i 2018 vere behov for å få ein tannlege til å starte spesialistutdanning i pedodonti (barnetannpleie).

Utdanninga er 3-årig, og vedkomande må kvalifisere seg til å bli tatt opp. Utgifter til løn i 2018 vil vere kr 90 000,- (Helsedirektoratet yter stønad – 75 % av lønskostander).

Narkosebehandling

For å få redusert dei lange ventelistene for å få utført tannbehandling i narkose, vert tilbodet både på Haukeland sjukehus og det polikliniske tilbodet på Solheimsviken tannklinikk oppretthalden.

Omprioriteringar

Budsjettet for 2018 prioriterer å betre økonomisituasjonen og auke handlingsrommet, m.a. ved reduksjon av variabel insentivløn. Noko av handlingsrommet vert brukt til område som ein ikkje har hatt nok midlar til før; m.a. utstyr, materiell og narkosebehandling.



FOLKEHELSEARBEID

Tannhelsetenesta har frå august 2017 tilsett folkehelserådgjevar i 100 %-stilling. Folkehelsearbeidet vil i 2018 ha hovudfokus på to ting:

- Revisjon av samarbeidsavtaler med alle kommunar i Hordaland
- Byggje opp eit system med utveksling av aktuelle tannhelsedata til alle kommunar og bydelar i Hordaland. Tannhelsedata kan bli gitt på grunnkrets.

Innføring av nye nasjonale retningsliner kalla TannBarn 1 vil ha fokus på førebyggjande arbeid, og vere førande for folkehelsearbeidet i tannhelsetenesta.



STYRINGSDOKUMENT – REGIONALE PLANAR OG TEMAPLANAR

3 Planansvar – tannhelsetenesta

Temaplanar	Vedtaksår	Utval	Revisjon
Klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta 2016–2030	2016	FT	

KLINIKKSTRUKTUR

Fylkestinget vedtok i mars 2016 klinikkstrukturplanen for tannhelsetenesta i Hordaland 2016 – 2030. I samsvar med vedteken klinikkstrukturplan vil det i 2018 vere fokus på:

- **Helsehuset Nordhordland**
Det vert arbeidd med å etablere ein ny tannklinikk i Knarvik – lokalisert i Helsehuset Nordhordland. I 2017 er det signert leigeavtale for aktuelt areal mellom Hordaland fylkeskommune og prosjektet Helsehuset Nordhordland. Både Helsehuset Nordhordland og den nye tannklinikken skal etter planen vere ferdig, og klar til bruk i løpet av 2019. Den nye Knarvik tannklinikk skal erstatte noverande Knarvik tannklinikk og Frekhaug tannklinikk

- **Åsane tannklinikk**
Det vert arbeidd med å etablere ein ny tannklinikk i Åsane – lokalisert i den nye Åsane vgs som skal vere klar til bruk til skulestart 2020. Den nye Åsane tannklinikk skal erstatte noverande U. Pihl tannklinikk og Roland tannklinikk. Åsane vgs er den einaste vidaregåande skulen i Hordaland som tilbyr utdanning av tannhelsesekretærar. Den nye Åsane tannklinikk vil ha ei viktig rolle i å styrke utdanninga av tannhelsesekretærar
- **Indre Arna tannklinikk**
Det vert arbeidd med å etablere ein ny tannklinikk i Arna. Det er ikkje signert leigeavtale for aktuelt areal. Ein eventuell ny tannklinikk skal erstatte noverande Indre Arna tannklinikk, Dalekvam tannklinikk og Tysse tannklinikk

TENESTETILBODET

Lovpålagde oppgåver

Tannhelsetenesta i Hordland utfører lovpålagde oppgåver i samsvar med lov om tannhelsetenester. Fylkeskommunen skal sørge for at tannhelsetenester, også spesialisttenester, i rimeleg grad er tilgjengelege for alle som bur eller mellombels oppheld seg i fylket. Tannhelsetilbodet skal vere regelmessig og oppsøkjande, og førebygging skal prioriterast framfor behandling.

Lov om tannhelsetenester § 1-3 definerer dei prioriterte gruppene som:

- barn og unge 0-20 år
- psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon
- eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon eller i heimesjuka

Hordaland fylkeskommune har vedteke at innsette i fengsel og personar innan rusomsorg også skal få tilbod om gratis tannbehandling. I tillegg får vaksne, betalande pasientar tilbod om behandling der det er kapasitet og behov.

Tannhelsetenesta i Hordaland har og ansvar for Tannlegevakta i Bergen, tannbehandling i narkose på Haukeland universitetssjukehus og Stord sjukehus samt eit poliklinisk tilbod om tannbehandling i narkose på Solheimsviken tannklinikk. På oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet har Hordaland fylkeskommune etablert tannhelsetenesta kompetansesenter (Tk)Vest/Hordaland på Årstadvollen i Bergen. TkVest/Hordaland skal gje tilbod om spesialistbehandling, driva med fagleg rådgjeving til offentleg og privat tannhelseteneste, ha ansvar for praksisnær klinisk forskning

samt bidra i spesialistutdanninga. I tillegg gir TkVest/Hordaland behandling til pasientar med angst for tannbehandling (odontofobi) samt inneliggande sjukehuspasientar på Haukeland universitetssjukehus. Leppe-, kjeve-, gane-teamet har eit utvida regionalt ansvar for å gje tilbod til alle born født med leppe-, kjeve-, ganespalte i området frå Finnmark i nord til og med Rogaland i sør.

Tannhelsetenesta i Hordaland har i 2018 ansvar for å gi eit tannhelsetilbod til nærare 140 000 innbyggjarar i Hordaland som har ein lovfesta rett til tannhelseteneste. I underkant av 20 000 vaksne, betalande personar får årleg si tannbehandling i den offentlege tannhelsetenesta. Dei vaksne betalande pasientane står for knapt 20 % av det totale pasienttalet som vert behandla, og for litt meir enn 1/4- del av drifta på klinikkane; rekna i tid.

Ikkje lovpålagde oppgåver

Betalande pasientar

Dersom ein ser på delen av betalande pasientar, så er denne om lag den same for både Hordaland, Rogaland og Sør- Trøndelag. Hordaland har ein stipulert del på 27 % som er litt lågare enn Rogaland og Sør- Trøndelag; høvesvis 30 % og 31 %. Å samanlikne med Sogn og Fjordane er mest interessant ut frå prosess om samanslåing, og her er litt lågare; om lag 20 %. Fylkesrådmannen vurderer at delen av økonomisk verksemd gjennom å ha innslag av betalande pasientar innan tannhelse i Hordaland er på eit rimeleg nivå isolert sett. Føresetnaden er sjølv sagt at denne delen av drifta genererer eit positivt økonomisk bidrag. Det er eit krav i forskrift om adskilde rekneskapar i tannhelsetenesta at denne delen av drifta skal generere ei rimeleg fortjeneste.

Relativ del prioritert klientell som er under tilsyn av tannhelsetenesta i Hordaland og Noreg (unntatt Oslo) i 2014, 2015 og 2016. Tal frå KOSTRA

3	Hordaland			Noreg		
	2014	2015	2016	2014	2015	2016
Born og unge 1-18 år	99,7	103,9	102,6	97,9	98,1	100
Psykisk utviklingshemma	96,3	90,3	92,9	93,4	93,0	95,1
Eldre og uføre i institusjon	74,4	78,4	76,2	77,7	78,7	80,3
Eldre og uføre i heimesjukepleie	41,6	46,4	48,3	31,0	31,4	33,8
Ungdom 19-20 år	70,7	70,8	72,9	76,5	77,2	80,6
Alle prioriterte grupper	92,9	94,8	94,0	88,9	89,1	90,8

Prosentvis del 5-åringar utan tannråte eller fylling - og gjennomsnittleg tal tenner med tannråte eller fylling hos 12- og 18-åringane i Hordaland og i Noreg (unntatt Oslo).

3	Årskull	Hordaland			Noreg		
		2014	2015	2016	2014	2015	2016
5-åringar	% utan tannråte	81,6	81,5	81	82,0	81,7	80
12-åringar	Gj.snitt tenner med karies eller fylling	1,0	1,1	1,0	1,0	0,9	0,9
18-åringar	Gj.snitt tenner med karies eller fylling	4,4	4,2	4,0	4,0	3,9	3,7

Tannhelsetenesta i Hordaland har utarbeidd ein strategi for folkehelsearbeidet, og vil setje i verk tiltak for å få ei endå betre tannhelsa til dei prioriterte gruppene i fylket. For å få

dette til må talet på tannpleiarar i den offentlege tannhelsetenesta auka.

ORGANISERING

Tannhelsetenesta i Hordaland har 400 tilsette. Av desse arbeider 13 tilsette i fylkestannlegen sin stab. Teknisk avdeling har frå hausten 2016 hatt to lærlingar.

Det er pr august 2017 totalt 47 offentlege tannklinikkar i Hordaland. Klinikstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland blei vedteke av fylkestinget i mars 2016, og i følge planen skal tal tannklinikkar i tidsrommet fram til 2030 reduserast til 25.

Tannhelsetenesta er organisert i 6 tannhelsedistrikt med ein overtannlege som leiar i kvart distrikt. I kvart

tannhelsedistrikt er det eit ulikt tal klinikkområde. Kvart klinikkområde vert leia av ein klinikkleiar.

Fem av tannhelsedistrikta gir allmenntannhelsetilbod til innbyggjarane, mens kompetansesenteret (TkVest/Hordaland) gir spesialistbehandling. TkVest/Hordaland har og ansvaret for praksisnær, klinisk forskning og deltek i spesialistutdanninga i samarbeid med UiB.

TkVest/Hordaland har no 60 tilsette spesialistar og forskarar, og det er behov for å finne løysingar for meir areal og betre plass.

FORSKING

Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) publiserte hausten 2017 ein handlingsplan kalla «Sammen om kunnskapsløft for oral helse». I planen står det at «kartlegging og evaluering viser at forskning og fagutvikling innen oral helse er svak sammenlignet med medisin og andre helsefag, og sammenlignet med de øvrige nordiske land». Gjennom handlingsplanen viser HOD at forskning innan fagfeltet oral helse vil vera eit satsingsområde dei komande åra.

I tråd med denne handlingsplanen har tannhelsetenesta frå 01.01.2017 etablert ei eiga forskingsavdeling på kompetansesenteret. Avdelinga har 6,9 årsverk fordelt på 11 tilsette, og er allereie involvert i fleire viktige forskingsprosjekt. Ein stipendiat tilknytta kompetansesenteret har disputert for PhD-grad, og pr september 2017 er 3 stipendiatar knytt til kvart sitt PhD-prosjekt.



REGIONAL

Kunnskapsbasert og fram- tidsretta samfunnsutvikling

Arbeidet med å sikre god balanse mellom bustad-, areal- og transportplanlegging og utvikling av attraktive regionale senter vert vidareført i 2018. God dialog og kontakt med kommunane står sentralt i dette arbeidet. Gjennom kunnskapsretta rådgjeving og sakshandsaming og tydelegare prioritering av økonomiske verkemiddel vil fylkeskommunen vidareutvikle og styrkje rolla som regional nærings- og samfunnsutviklar i åra framover.

UTFORDRINGAR I ØKONOMIPLANPERIODEN

Planar og strategiar

Iverksetjing av Regional planstrategi for Hordaland og vedtekne regionale planar vil ha høg prioritet i komande periode. God balanse mellom bustad-, areal- og transportplanlegging og utvikling av attraktive regionale senter står i denne samanhengen sentralt. Utvikling av den gode dialogen og kontakten med kommunane skal prioriterast.

Det skal gjennomførast ved å gå tidlig inn i prosessane, og gjennom god forvaltning, felles handling og aktivitetar, skal det lagast gode løysingar som medverkar til at vedtekne planar og strategiar vert realiserte.

Rådgjeving

Gjennom kunnskapsretta rådgjeving og sakshandsaming og tydelegare prioritert bruk av økonomiske verkemiddel, skal fylkeskommunen si rolle som regional næringsutviklar og samfunnsutviklar styrkjast. Gjennom partnerskap og dialog skal ein spele på lag med næringsliv, innovasjonsmiljø, regionråda, kommunane og utdanningsinstitusjonar.

Næring

Det er eit langsiktig mål å få fleire næringsetableringar i fylket. Eit systematisk arbeid kring innovasjon og

entreprenørskap skal prioriterast. Gjennom tilsegner og god rådgjeving skal fylkeskommunen stimulere til innovasjon i offentleg sektor og i næringslivet og skape grunnlag for nyskaping og etablering av nye verksemder. Det skal også medverkast til å vidareutvikle eksisterande næringar inn i omstilling og mot ei berekraftig verdiskaping i ein samla Vestlandsregion. Skal eit konkurranseutsett næringsliv på Vestlandet kunne auke si konkurransekraft, er og skal offentleg sektor makte å tilby befolkninga gode og effektive tenester, må desse sektorane ha tilgang til rett kompetanse. Dette vil vere avgjerande for å kunne møte framtidens krav til teknologiutvikling og digitalisering. Fylkeskommunen kan medverke til dette gjennom samordning av arbeidet med kompetanseutvikling i fylket og sikre betre dialog og samarbeid mellom aktørane.

Klima

Hordaland fylkeskommune har ein ambisiøs klimaplan. Eit styrka klimabudsjett skal disponerast til ytterlegare taktskifte i klima- og miljøarbeidet i Hordaland og på Vestlandet. I dette ligg det mellom anna å vere pådrivar for å vidareutvikle eksisterande næringar inn i det grønne skiftet, og å medverke til satsing på meir miljøvennleg transport på sjø.

OVERSYNSTABELL

Tabellen nedanfor med oversyn over regionalavdelinga sitt budsjett, fordelt på dei ulike oppgåvene som ligg til avdelinga. Under tabellen er dei ulike oppgåvene kort skildra.

1	Inntekter og utgifter	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Endring i %
Regional planlegging	Brutto driftsutgifter	8 820	9 123	3 %
	Driftsinntekter	-	-	0 %
	Netto driftsutgifter	8 820	9 123	3 %
Næringsutvikling	Brutto driftsutgifter	88 751	80 104	-10 %
	Driftsinntekter	-62 700	-54 370	-1 %
	Netto driftsutgifter	26 051	25 734	-1 %
Rett kompetanse	Brutto driftsutgifter	8 415	9 370	11 %
	Driftsinntekter	-1 870	-1 870	0 %
	Netto driftsutgifter	6 545	7 500	15 %
Regionsenter- og lokalsamfunnsutvikling	Brutto driftsutgifter	13 387	13 383	0 %
	Driftsinntekter	-	-	0 %
	Netto driftsutgifter	13 387	13 383	0 %

1	Inntekter og utgifter	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Endring i %
Folkehelse	Brutto driftsutgifter	8 792	6 947	-21 %
	Driftsinntekter	-2 100	-130	-94 %
	Netto driftsutgifter	6 692	6 817	2 %
Forsking	Brutto driftsutgifter	41 371	40 789	4 %
	Driftsinntekter	-40 524	-39 370	-3 %
	Netto driftsutgifter	847	1 419	68 %
Statistikk og analyse	Brutto driftsutgifter	4 366	3 756	-14 %
	Driftsinntekter	-600	-600	0 %
	Netto driftsutgifter	3 766	3 156	-16 %
Internasjonalt samarbeid	Brutto driftsutgifter	4 110	4 185	2 %
	Driftsinntekter	-1 420	-1 420	0 %
	Netto driftsutgifter	2 690	2 765	3 %
Klima og miljø	Brutto driftsutgifter	14 552	14 619	0 %
	Driftsinntekter	-	-	0 %
	Netto driftsutgifter	14 552	14 619	0 %
Naturressursforvaltning	Brutto driftsutgifter	6 803	6 857	1 %
	Driftsinntekter	-2 985	-2 885	-3 %
	Netto driftsutgifter	3 818	3 972	4 %
Administrasjon og leining	Brutto driftsutgifter	9 107	8 612	-5 %
	Driftsinntekter	-300	-	-100 %
	Netto driftsutgifter	8 807	8 612	-2 %
Sum	Sum brutto driftsutgifter	208 474	197 745	-5 %
	Sum driftsinntekter	-112 499	-100 645	-11 %
	Sum netto driftsutgifter	95 975	97 100	1 %
	Netto driftsutgifter i 2018-kroner	98 100	97 100	-1 %

Kommentar til tabellen

Venta inntekts- og utgiftsside er redusert med om lag 11 mill. kr på bakgrunn av forslaget til statsbudsjett. Reduksjonen gjeld særleg statlege tilskot til næringsutvikling

og forsking. Nettobudsjettet er i hovudsak vidareført med nokre justeringar. Dei største prosentvise endringane frå 2017 til 2018 gjeld postar med mindre summer.

ENDRINGAR

Tal i tusen

1

Endringar frå 2017 til 2018

Endring budsjettramme	-1 000
Tiltak og endringer for å nå balanse:	
Næringsutvikling – rådgjeving	
Reduksjon inntekter frå statlege program	800
Reduksjon utgifter lønsbudsjett	-1 150
Næringsutvikling – andre poster	
Invest in Bergen og Etablerersenteret	-350
Forskning – rådgjeving	
Mobiforsk	550
Leiging og administrasjon	
Reduksjon driftsutgifter	-650
Vestlandsrådet	300
Rådgjevsressurs flytta frå Statistikk og analyse til Rett kompetanse	
Statistikk og analyse	-800
Rett kompetanse	800
Anna	
Ikkje rekna prisauke, fleire oppgåver	-750
Justeringar lønsbudsjett, fleire oppgåver	250
Sum	-1 000
Avvik	0

MÅL OG STRATEGIAR

2	Mål	Tiltak	Resultatmål 2018	Resultatmål 2021
Regionalavdelinga skal medverke til ei heilskapleg og berekraftig utvikling og ressursforvaltning gjennom handlingsretta planer.		Styrke samordning av offentleg verksemd i regionsenter	Samarbeidsprosjekt med tilskot frå HFK mellom anna HNH/partnarskap i fire regionsenter Folketalsvekst i 6 regionsenter	Samarbeidsprosjekt med tilskot frå HFK mellom anna HNH/partnarskapsmidlar i alle regionsenter Folketalsvekst i alle regionsenter
		Samarbeide med kommunane om gjennomføring av Regional areal- og transportplan for bergensområdet	Etablere avtalar om byvekst i kommunane i bergensområdet	Gjennomføre tiltak i alle regionsenterkommunane rundt Bergen i samsvar med regional plan.
		Kvalifisere for største tilskotssum i den nasjonale satsinga «Program for folkehelse i kommunane»	Kvalifisere for 10 millionar kr og skape gode prosjekt for kommunane	Samla tilskotssum etter fire år: 40 millionar kr som vert vidarefordelt til samarbeidskommunar
		Auka bistand til kommunane sitt klimaarbeid gjennom ny tilskotsordning	Ny tilskotsordning for klimaarbeid i kommunane. Minst to samlingar for kommunane om kommunalt klimaarbeid.	Fylkeskommunen har dedikerte kontaktpersonar i alle kommunane i fylket. Kommunane i fylket leverer mange gode søknadar til nasjonale tilskotsordningar og er deltakarar i nyskapande prosjekt på klimafeltet.
		Fordele tilskot til normal- og hurtiglading og etablere to hydrogenfyllestasjonar	Hordaland skal ha hurtigladestasjonar i alle kommunar i fylket med unntak av Fedje. 1 hurtigladar pr 100 elbil i fylket. Minst 11 % av personbilparken skal være elektrisk pr 31.12.18.	Hordaland skal ha landets høgaste tal hurtigladestasjonar og vere verdensleiande region for overgang til nullutslippkøyretøy. 1 hurtigladar pr 100 elbil i fylket. Minst 25 % av bilparken elektrisk.
		Følgje opp at sektormyndigheitar og kommunar utfører tiltaka i det regionale Tiltaksprogrammet for vassregion Hordaland.	Reinare vatn og god økologisk status i vassførekomstande.	At vassførekomstane med moderat og dårleg økologisk status når minst god status med unntak av vassførekomstane som har fått utsett frist.
		Sikre nok og rett areal til havbruk i kommuneplanar i samsvar med fylkeskommunen sitt ansvar etter akvakulturlova og regionale planar.	Nok og rett areal til havbruk i nye kommuneplanar for sjøareal i samsvar med fylkeskommunen sitt ansvar etter akvakulturlova og regionale planar	Nok og rett areal til havbruk i alle kommuneplanar for sjøareal i samsvar med fylkeskommunen sitt ansvar etter akvakulturlova og regionale planar
Regionalavdelinga skal medverke til eit robust og framtidsetta næringsliv.	Styrke samarbeidet basert på dei nye partnarskapsavtalane med næringsutviklingsaktørane.			
	Pilotprosjekt for betre koordinering av statlege og regionale verkemiddel i nytt Vestland	Tal aktørar som har sett i gang aktivitetar innan omstilling og entreprenørskap og innovasjon med støtte frå Regionalavdelinga: 50	Tal aktørar som har sett i gang aktivitetar innan omstilling og entreprenørskap og innovasjon med støtte frå Regionalavdelinga: 50	Tal aktørar som har sett i gang aktivitetar innan omstilling og innovasjon med støtte frå Regionalavdelinga: 150
	Sikre utbygging av kjernenett/mørk fiber i Hordaland gjennom ny nasjonal støtteordning	Vekst i talet på arbeidsplassar i privat sektor på 2 % samanlikna med 2016	Vekst i talet på arbeidsplassar i privat sektor på 2 % samanlikna med 2016	Vekst i talet på arbeidsplassar i privat sektor på 5 % samanlikna med 2016
	Øyremerke prosjektmidlar til grøn konkurransekraft			Eit sterkt Vestlandsfylke med monaleg større forvaltingsoppgåver innan nærings- og samfunnsutvikling
	Omstillingsutvalet vil prioritere å styrke næringslivet sin grøne/bærekraftige konkurransekraft			
	Vidareføre Invest in Bergen.	Minst tre nye etableringar i Hordaland i perioden med bistand frå Invest in Bergen	Utvide Etablerarsenteret og Invest in Bergen til å omfatte alle kommunane i Hordaland. Minst ei ny statleg etablering Minst 12 nye bedriftetableringar i perioden, herunder eitt datasenter	

2	Mål	Tiltak	Resultatmål 2018	Resultatmål 2021
Regionalavdelinga skal, internt i HFK og ut mot kommunane i Hordaland, bidra til god kunnskaps- og kompetanseutvikling som over tid skal tene heile Hordalandssamfunnet.	Etablere tre karrieresenter i Hordaland		480 unike brukarar av rettleiingstene 1100 karrieresamtalar	Totalt fem karrieresenter i fylket – to nye etablert 800 unike brukarar av rettleiingstene 1800 karrieresamtalar
	Gjennomføre ein Smart spesialiseringsanalyse			Verdiskaping og sysselsetting i definerne vekstnæringar
	Planlegge og søke finansiering for Interreg-prosjektet RIGHT.		Godkjent prosjektsøknad	
	Iverksetje MobiForsk i Hordaland.		30 nye bedrifter som satsar på forskingsbasert innovasjon	60 nye bedrifter som satsar på forskingsbasert innovasjon.
	Etablere eit partnerskap og modell for kompetanseutvikling i Hordaland		Identifisere bransjar med kompetansegap	Auke tal bransjar som har fått betre samsvar mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft
	Oppstart kunnskapsgrunnlag for regional plan areal, kultur- og naturressursar			



PRIORITERINGAR I 2018

Frå plan til handling

Regionalavdelinga skal styrkje Hordaland fylkeskommune si samfunnsutviklarrolle og vere pådrivar for å gjennomføre regional planstrategi. I 2018 vil nye planar vere på forstadiet og etablering av eit godt kunnskapsgrunnlag om areal-, natur- og kulturminneressursar vil vere vesentleg. Ny areal- og transportplan for bergensområdet skal setjast i verk i kommunal planlegging og gjennom oppfølging av byvekstavtalar. Oppfølging av vedtak om regional kystso-neplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger og tilrettelegging for berekraftig akvakultur vil også stå sentralt.

Regionsenter og lokalsamfunnsutvikling

Iverksetjing av tiltaka i Regional plan for attraktive senter vil bli vidareført i 2018, med vekt på utviklingsprosjekt i regionsenter. I samsvar med regional planstrategi vil eit regionsenterforum ha samordning av offentleg verksemd som hovudtema. Samarbeid om auka bustadbygging i regionsenter vil stå sentralt. Kommunane er den viktigaste samarbeidspartnaren på dette området.

LivOGLyst vert vidareført som eit prioritert tiltak innanfor lokalsamfunnsutvikling.

Auka grøn konkurransekraft og digitalisering

Hordaland fylkeskommune vil rette auka merksemd mot nye målsetjingar og innføring av nye statlege indikatorar i verkemiddelbruken og kople dette opp mot politiske prioriteringar i Hordaland. Næringslivet i Hordaland, særleg leverandørindustrien, er inne i ein intens omstillingsperiode. Mange av desse verksemdene er i ferd med å erstatte heile eller delar av leveransane til oljesektoren med leveransar til havvind, grøn shipping, berekraftige løysingar innafør havbruk, og andre meir berekraftige marknadssegment. Fylkeskommunen vil øymerke midlar i Handlingsprogram for nærings- og lokalsamfunnsutvikling (HNN) til auka satsing på grøn konkurransekraft.

Næringslivet i Hordaland skal ligge i forkant av den digitale utviklinga. Fylkeskommunen skal medverke til at industrien ligg i forkant av framtidens digitaliserte vareproduksjon, i det

som gjerne blir omtalt som den fjerde industrielle revolusjonen. Auka satsing skal konkretiserast gjennom mål og innsatsområde i HNH.

Rett kompetanse

Fylkeskommunen må ta ei koordinerende rolle i den regionale partnerskapen sitt arbeid for å implementere Regional plan for kompetanse og arbeidskraft. Ressursar vert prioriterte inn i arbeidet med å etablere eit partnerskap og modell for kompetanseutvikling i Hordaland. Ein vil også søkje om EU-midlar til arbeidet med å avdekke kompetansegap på nye vekstområde innan dei blå næringane og energinæringane og utvikle relevante utdanningstilbod, i samarbeid med europeiske regionar kring Nordsjøen.

To eksisterande og eitt nytt karrieresenter, karriererettleiing i vidaregåande skular og utvikling av ei heilskapleg karriererettleiingsteneste for heile fylket fekk i 2017 namnet Karriere Hordaland og er no lagt til regionalavdelinga.

Forskningsbasert kunnskap skal auke verdiskaping og gje betre tenester

Det skal arbeidast for å styrke forskingssamarbeid på Vestlandet og forskningsbasert innovasjon. Det nye mobiliseringsprogrammet MOBIFORSK skal hjelpe bedrifter til å få i gang

gode forskningsbaserte innovasjonsprosjekt. Denne satsinga skal samkøyra med andre regionale initiativ.

Tiltak som nyttar for betre klima og miljø

Hordaland er den regionen i verda med høgast del nullutsléppsbilar av bilparken. I 2018 vil fylkeskommunen halde fram satsinga på infrastruktur til elbilar og vidare arbeid for nullutsléppsteknologi. Auka bistand til kommunane sitt klimaarbeid med rådgjeving og ei ny søkbar tilskotsordning vert prioritert. Arbeid med internt miljøhandlingsprogram vil særleg konsentrere seg om miljø(re-)sertifisering av vidaregåande skular og å auke kjeldesorteringsgraden i eiga verksemd.

Fleire flyktningar og innvandrarak inn i arbeidssamfunnsliv

Det å kvalifisere fleire flyktningar og innvandrarak for arbeidslivet er svært viktig for integreringsarbeidet og vil betre tilgangen på kvalifisert arbeidskraft for næringslivet. Det primære ansvaret for integrering ligg til statlege etatar og kommunane, men også fylkeskommunen har eit ansvar som regional utviklingsaktør. Fylkeskommunen vil setje av øyremerka midlar til nye tiltak og prosjekt i Handlingsprogram for nærings- og lokalsamfunnsutvikling (HNH) 2018. Integrering av flyktningar og innvandrarak vil også ha prioritet i arbeidet med Regional plan for attraktive senter og i prosjektet LivOGLyst.



FOLKEHELSE

Folkehelsa i fylket er ein sentral, underliggjande premis for dei fleste planane som styrer aktivitetane i regionalavdelinga. Prioriterte tiltak for å følgje særskilt med på utviklinga i folkehelsestilstanden er trekte fram nedanfor.

Reint vatn og rein luft

Problem med luftkvalitet i Hordaland er i hovudsak knytt til Bergen kommune. Lufta i Bergen har konsentrasjon av NO₂ noko over tillatne grenseverdiar, men er mellom dei norske byane med lågast verdiar av svevestøv. HFK si tilrettelegging for eksosfrie køyretøy gir reinare luft i byar og tettstader og reduserer klimautslépp. Første halvdel av 2017 var kvar tredje personbil som er seld i Hordaland, heilelektrisk. Det er meir enn 50 % høgare enn landsgjennomsnittet. Satsinga på utbygging av ladestasjonar vil halde fram.

God vassforvaltning gir reinare mat frå vatn og sjø, og drikkevatt med god kvalitet. I fylket har halvparten av vassførekomstane god økologisk tilstand, og om lag 30 % har moderat tilstand. Dette er på nivå med landet elles. Tiltaka i handlingsplanen til Regional plan for vassregion Hordaland skal følgjast opp. Eit prosjekt med støtte frå Miljødirektoratet (1,9 mill. kr) knytt til avløp og landbruk i Nordhordland

vil halde fram i 2018. Om prosjektet er vellukka, vil det seinare verte gjennomført i heile fylket.

Arbeid

Dei som er i arbeid har gjennomgåande betre helse enn dei utan arbeid. Høg sysselsetting medverkar dessutan m.a. til utjamning av sosiale skilnader, førebyggjer fattigdom og fremjar likestilling. Mange innvandrarak og flyktningar slit med å kome ut i arbeidslivet, også i Hordaland. Fullført fagutdanning med fagbrev er viktig for å få ungdom ut i arbeidslivet. Fylkeskommunen følgjer med på kor mange av dei som startar på fagutdanning, som tar fagbrev. For å auke gjennomføringsprosenten vil det bli arbeid med konkrete tiltak og prosjekt, både i den vidaregåande skulen og retta mot lærlingar og lærebedrifter.

Helse og trivsel blant barn og unge

Del barn og unge med psykiske problem har auka dramatisk dei siste åra. I 2018 vil regionalavdelinga utarbeide søknad om deltaking i «Program for folkehelsearbeid i kommunane 2017–2027». Dette er ei nasjonal satsing for å fremje barn og unge si psykiske helse og livskvalitet og fremje lokalt rusførebyggjande arbeid.



STYRINGSDOKUMENT – REGIONALE PLANAR OG TEMAPLANAR

3 Planansvar – regionalavdelinga

Regionale planar	Vedtaksår	Utval	Revisjon
Regional plan for attraktive senter	2014	FUV	
Regional plan for folkehelse	2014	OPHE	
Regional klima- og energiplan –2014–2030	2014	FUV	2019
Regional plan for Nordfjella 2014–2025	2014	KIRU	
Regional næringsplan 2013–2017	2013	FUV	2019
Regional plan for villreinområde Setesdal–Odda	2012	KIRU	
Regional plan for Hardangervidda	2011	FUV	2018
Regional plan for vassregion Hordaland	2015	FUV	2020
Fylkesplan for Hordaland – arealpolitiske retningslinjer	2005	FUV	2020
Fylkesdelplan for små kraftverk (kraftutbygging)	2009	FUV	2020
Regional plan for areal og transport på Haugalandet	2016	FUV	
Regional plan for areal, natur og kulturminneressursar	2020	KIRU	
Regional plan for areal og transport i bergensområdet	2017	FUV	
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger	2017	FUV	
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	2017	OPHE	
Temaplanar			
Internasjonal strategi 2013–2016	2013	FUV	2017
Landbruksmelding	2014	FUV	2017
Matstrategi 2013–2017	2014	FUV	2017
North Sea Region-strategy	2011	FUV	2017
Næringsshagar i Hordaland	2011	FUV	2020
Regional forskingsstrategi	2014	FUV	2019
Regionalt forskingsfond – bestilling	2014	FUV	2019
Strategi – rekruttering til landbruk	2015	FUV	2017

Regional plan for attraktive senter skal fylgjast opp gjennom rettleiing og støtte til senter- og tettstadutvikling i kommunane, samt innarbeiding i kommunale planar for senter og senterutvikling. Forvaltning av føresegner for handel vil vere ein sentral del av oppfølginga. Forum

for regionsenterkommunane skal bidra til å samordne offentleg innsats for regionalt nivå inn mot regionsentera. Lokalisering av helsestenester og satsing på fortetting av bustader skal vere i fokus i 2018. I partnerskap med kommunane skal det utviklast modellar for fastsetjing

av sentrumsutstrekning, kvalitetsmål for utforming av sentrum generelt og med spesielt fokus på transport og kollektivknutepunkt. Arbeidet vil vere del av fylkeskommunens løpande verksemd og prosjekt i kommunane skal finansierast over midlar til regional- og kommunal planlegging.

Regional klima og energiplan 2014–2030 legg føringar for korleis fylkeskommunen skal arbeide for at klimagassutsleppa i fylket skal gå ned og tilpasse seg eit nytt klima. Basert på strategiane i klimaplanen lagar fylkeskommunen kvart år ein detaljert handlingsplan for korleis fylkeskommunen, i samarbeid med kommunar, næringsliv og andre aktørar i fylket, skal nå måla i klimaplanen.

Regional plan for Nordfjella 2014–2025 som omfattar villreinområde i Ulvik og Voss kommune vert følgd opp administrativt og med avgrensa støtte til sekretariatet som er lokalisert i Buskerud fylkeskommune.

Regional plan for villreinområde Setesdal som også omfattar ein liten flik av Odda kommune medfører liten innsats frå Hordaland fylkeskommune.

Regional plan for Hardangervidda villreinområde er under revisjon og 2018 vil vere eit viktig år for planarbeidet. Hordaland fylkeskommune deltek administrativt og politisk og gir støtte til sekretariatet i Buskerud fylkeskommune og planarbeidet over midlar til regional – og kommunal planlegging. Fylkeskommunen støttar i tillegg opp om eit prosjekt i handlingsprogrammet om kartlegging av friluftsliv og menneskeleg ferdsel på Vidda.

Regional plan for vassregion Hordaland skal oppdaterast for neste 6-års syklus med ny kunnskap, justerte miljømål og tiltak i tråd med føringane i Vassforskrifta. Føremålet er å sikre god økologisk og god kjemisk tilstand i sjø, innsjø, vassdrag og grunnvatn

Regional plan for areal og transport på Haugalandet er godkjent og må fylgjast opp gjennom kommunale planar i Etne og Sveio kommune i 2018.

Regional plan for areal og transport i bergensområdet skal fylgjast opp gjennom kommunale arealplanar i området, byvekstavtale, tiltak i handlingsprogrammet retta mot parkering og bustadforsyning, samt handtering av overskotsmassar frå transportinfrastruktur. Måleindikatorar for resultat av planarbeidet vil vere eit Arbeidet vil vere del av drift, og tiltak vil vere samfinansiert med midlar til kommunal og regional planlegging, midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet og frå kommunane.

Fylkesdelplan for Hordaland – arealpolitiske retningslinjer blir gradvis erstatta av nyare planarbeid, men er framleis utgangspunkt for handsaming av kommunale arealplanar. Retningslinjene vil bli erstatta av ny plan for areal-, natur og kulturminneressursar. I 2018 startar arbeidet med å vurdere kunnskapsgrunnlaget for det vidare planarbeidet med sikte på å utforme forslag til planprogram.

Fylkesdelplan for små kraftverk (kraftutbygging) gir kunnskapsgrunnlag om ulike interesser som kraftutbygging kan kome i konflikt med og har retningslinjer for korleis småkraftutbygging kan skje i område der andre viktige arealverdiar må takast omsyn til.

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger skal gjennomførast i kommunale arealplanar for sjø og strandsone. Det vil bli lagt vekt på å etablere eit forum for dei berørte kommunane for å sikre god dialog og gjennomføring. Rettleiar for strandsoneforvaltning skal sluttførast. Tiltak vil bli finansiert over midlar til kommunal og regional planlegging.

Regional plan for kompetanse og arbeidskraft

Regional plan for kompetanse og arbeidskraft skal vere eit verktøy for å setje retning og samordne arbeidet med kompetanseutvikling i Hordaland. Det overordna målet er å få betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i Hordaland gjennom eit forpliktande samarbeid mellom næringslivet, offentleg sektor og utdanningsaktørane. Regionalplanen vert følgd opp av ein eigen tiltaksplan der finansiering og ansvar er tydeleggjort.

North Sea Region 2020 strategy

Hordaland fylkeskommune er medlem i Nordsjøkommisjonen (NSC). NSC er ein politisk organisasjon som vart oppretta i 1989 som ein arena for regionar rundt Nordsjøen kor dei kan samordne interessene sine, utveksle erfaringar og utvikle politikk. Arbeidet i Nordsjøkommisjonen vert styrt av strategidokumentet «North Sea Region 2020». Strategien vert operasjonalisert gjennom arbeid i 4 tematiske grupper. Hordaland møter, når det er mogleg, med politisk representasjon og administrativt stønad i alle dei 4 gruppene. Gruppene arbeider med politikuttforming, prosjektutvikling og utveksling av kunnskap. Kostnad i 2018 vert knytt til reiseutgifta for deltakarar.

Internasjonal strategi 2013-2016

Strategien har to hovudmål. Internasjonalt arbeid skal bidra til ei berekraftig utvikling av Hordaland som ein attraktiv og konkurransedyktig region, og til at ungdom får internasjonal kompetanse, erfaring og medansvar. Internasjonalt arbeid skal vere ein integrert del av Hordaland fylkeskommune sin innsats for å utvikle hordalandssamfunnet og knytt til fylkeskommunen sine oppgåver. Regional og internasjonal partnerskapsbygging og erfaringsutveksling er viktige reiskap i utviklingsarbeid. Kostnad i 2018 vert knytt til medlemsavgift i internasjonale organisasjonar, mogleg europeisk prosjektdeltaking og reiseverksemd for tilsette og politikarar. Revidering av Internasjonal strategi er utsett og den vedtekne versjonen 2013-16 er gjeldande.

Regional forskingsstrategi Hordaland 2015 – 2019

Regional forskingsstrategi er styringsdokument for å fremje meir forskingsbasert innovasjon innan både privat og offentleg sektor i Hordaland. Ein tiltaksdel med 13 prioriterte innsatsområde med tilhøyrande resultatmål er sentral del av strategien. Eige vedlegg om status for «Forskingsfylke Hordaland» med statusrapport for resultatområda vart

oppdatert i 2017 og lagt fram som melding for Fylkesutvalet (RS 106/2017). Ansvar og oppfølging er delt mellom organisasjonar innan akademien, forvaltning og næringsliv som møter i Regionalt FoU forum der dei drøfter gjennomføring av strategien. Kostnad i 2018 vert delt mellom ansvarlege innan eigne budsjett og prioriteringar.

Regionalt forskingsfond Vestlandet – bestilling 2015–2019

Bestillinga er eit fellesdokument vedteke av fylkestinga i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Fylkestinga i fondsregionen nemner opp fondsstyre og vedtek i kvar valperiode den felles bestillinga som styret skal arbeide etter. Fondsstyret vedtek kvart år ein handlingsplan basert på bestillingsbrevet. Handlingsplanen bestemmer budsjett og andre prioriteringar. Midlane til Regionalt forskingsfond kjem som løyving frå Kunnskapsdepartementet (KD) og er ført som eigen post i Statsbudsjettet. I 2017 var overføringa frå KD kr 39 324 000. Av desse var kr 6 400 000 ei særleg løyving til omstilling i landsdelen.

I 2018 startar også arbeidet med å førebu revisjon av regional planstrategi sitt kunnskapsgrunnlag i tillegg til løpande arbeid med oppfølging av gjeldande strategi med retningslinjer.

Regional næringsplan 2013–2017

Regional næringsplan for Hordaland 2013–2017 vert forlenga ut 2018. Gjennom eit styrka samarbeid med regionale nærings- og FoU aktørar og kommunar skal fylkeskommunen vere ein pådrivar for ei berekraftig verdiskaping, sterke regionsenter og levande lokalsamfunn. Arbeidet med ein ny næringsplan vil bli nærare vurdert i 2018 og sett i samanheng med samanslåingsprosessen med Sogn og Fjordane.

Regional næringsplan blir følgt opp gjennom det årlege Handlingsprogram for nærings- og lokalsamfunnsutvikling (HNH). HNH vert revidert årleg og føl opp måla og strategiane i næringsplanen og i Regional Planstrategi. I 2018 vil ein vidareføre satsingane i næringsplanen med særleg fokus på auka grøn konkurransekraft. I tillegg vil satsinga på omstilling bli vidareført med eit auka fokus på utfordringane knytt til digitalisering og det vil bli auka fokus på å rekruttere fleire ungdommar og innvandrarar inn i arbeidslivet.

Regional plan for folkehelse

Regional plan for folkehelse inneheld visjon og overordna mål for folkehelsearbeidet i Hordaland, og delmål og strategiar for korleis måla skal følgjast opp. Planen skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen. Regional plan for folkehelse 2014–2025 skal gjennomførast ved også å trekkje planen og handlingsprogrammet inn i relevante sektorområde i fylkeskommunen, slik det går fram av regional planstrategi 2016–2020.

Handlingsprogrammet for åra 2018–2021 vert revidert i 2017, i samarbeid med fagavdelingane i fylkeskommunen, representantar for kommunane og andre

samarbeidspartar. Handlingsprogrammet skal gje retning for samordna innsats for å støtte kommunane sitt folkehelsearbeid og slik at fylkeskommunale koordinerte tiltak med regional interesse blir løfta fram. Fylkeskommunen sine kostnader knytt til gjennomføring av tiltak vert dels dekkja av statlege øyremerka midlar og må dels dekkast via ulike sektorar sine budsjett.

Landbruksmelding og Strategi – rekruttering til landbruk «**Landbruksmelding for Hordaland 2014–2017**» skal rullerast slik at den blir ein del av «Temaplan for landbruket i Hordaland 2018–2022». Landbruksmeldinga har vore eit supplement til Regional næringsplan for Hordaland 2013–2017. Målsetninga i Landbruksmeldinga har vore å styrkje rekrutteringa til gardane i fylket, samt auka produksjon og lønsemd.

«**Strategi for rekruttering til landbruk**» skal også rullerast slik at også den blir ein del av «Temaplan for landbruket i Hordaland 2018–2022». Strategien legg føringar for rekrutterings- og kompetansemidlar som blir overført til fylkeskommunen frå Landbruks- og matdepartementet.

Rulleringarbeidet med utarbeiding av «**Temaplan for landbruket i Hordaland 2018–2022**» vil bli gjennomført i 2017 og skal erstatte dei to strategiane over. Hovudmål i den rullerte og samanslåtte planen vil vere styrka lønsemd i Hordalandslandbruket, auka produksjon på lokale ressursar og betre rekruttering til landbruket. For å nå desse måla vil planen fokusera på følgjande tema; auka lønsemd i nåverande produksjonar, areal- og ressursgrunnlag, kompetanse og rekruttering, og klima, grønt skifte, bioøkonomi og andre drivarar for endring. Gjennomføring av tiltak som blir foreslått i 'Temaplan for landbruk i Hordaland 2018 – 2022' vil bli finansiert gjennom statlege midlar. I tillegg vil landbruk framleis vere ein bransje med særskilt fokus under HNH. Det vil også bli lagt opp til at statlege og andre utviklingsaktørar på regionalt nivå, kommunar, næringsorganisasjonar og andre deltar i finansiering og gjennomføring av konkrete tiltak i planen.

Matstrategi 2013–2017

'Veivalg for lokalmat i Hordaland 2013–2017' også kalla Matstrategien vert følgt opp av den regionale partnerskapen (Fylkesmannen i Hordaland, Innovasjon Norge, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune). Partnerskapen ynskjer å vidareføre den noverande Matstrategien ut 2018 og vil ta stilling til rullering i løpet av 2018. Matstrategien bidreg til å skape felles retning for matarbeidet i fylket. Matstrategien er innarbeida som eit innsatsområde i HNH.

Næringshagar i Hordaland

Då Siva lanserte det nye tiårige næringshageprogrammet i 2011 hadde Hordaland berre ein næringshage i programmet og det vart lansert ein strategi for å få fleire næringshagar i fylket. Målet var fem næringshagar og pr. i dag har vi fire. I 2018 vil strategien bli brukt i diskusjonen med Siva rundt dei noverande næringshagane og også dersom det kjem initiativ frå kommunar og næringsaktørar om etablering av nye næringshagar.

REGIONAL OG KOMMUNAL PLANLEGGING

2	2017	2018	Endring i %
Regional og kommunal planlegging	2 594	2 600	0 %
Rådgjeving	6 226	6 523	5 %
Sum driftsutgifter	8 820	9 123	3 %
2018-kroner	8 952	9 123	2 %

Faste oppgåver

Koordinering og oppfølging av regional planstrategi 2016-2020 inkludert utarbeiding og oppfølging av arealrette regionale planar med handlingsprogram. Oppfølging av mål og retningslinjer frå regionale planar i kommunale planar. Samarbeid med kommunane om utviklingsprosjekt i planlegging. Samtykkehandsaming av handelsetablering. Medverke med kompetanse i kommunal planlegging til kommunane m. a. kurs, konferansar og informasjon. Leie og drifte Regionalt planforum i dialog med kommunane og regionale sektororgan.

Prioriterte tiltak

- Regionsenterforum, samordning av of-fentleg sektor i regionsenter
- Samarbeid med kommunane om planlegging av bustader i senter
- Fastsetje sentrumsutstrekning i samarbeid med kommunane
- Samlokalisering av helsetenester – modellar
- Etablering av byvekstavtale i bergensområdet
- Fastsetjing av måleindikatorar for regional areal og transportplan for bergensområdet
- Mulighetsstudie for massehandtering i bergensområdet
- Regionalt bustadbyggeprogram i bergensområdet
- Revisjon av regional plan for Hardangervidda
- Etablering av forum for kystsonplanlegging i Sunnhordland
- Formidling av mål og retningslinjer i kystsonplanen til kommunane
- Rettleiar for planlegging i strandsona
- Oppstart av arbeid med kunnskapsgrunnlag om areal, kulturminne- og naturressursar

Bundne fond	Status per 1.1.2017
Midlar til Regional areal- og transportplan for bergensområdet som er sett på fond, skal nyttast til prosjektmedarbeidar for planarbeidet, informasjon og formidling og gjennomføring av retningsliner og tiltak. For 2018 skal dei konkret nyttast til prosjektmedarbeidar i eitt årsverk innafor informasjon og gjennomføring, oppstart av kunnskapsgrunnlag for arbeid med regionalt bustadbyggeprogram og mulighetsstudie for massehandtering i bergensområdet tilknytt store infrastrukturprosjekt, og oppfølging av arbeidet med Byvekstavtale for kommunane i bergensområdet.	3 257

NÆRINGSUTVIKLING

2	2017	2018	Endring i %
HNH - statlege overføringar	58 000	47 020	-19 %
HNH - fylkesmidlar	3 455	3 455	0 %
Renter HNH		1 000	100 %
Renter næringsretta utviklingstiltak		2 000	100 %
Landbruk	1 200	1 200	0 %
Etablerersenteret	3 000		-100 %
Invest in Region Bergen	4 000		-100 %
Næringsretta partnerskapsmidlar	6 048	6 048	0 %
Driftsstøtte/eigarskapsforpliktingar	13 000	12 300	-5 %
Rådgjeving (faste stillingar, netto)	7 048	7 081	0 %
Sum brutto driftsutgifter	88 751	80 104	-10 %
Driftsinntekter	-62 700	-54 370	-13 %
Sum netto driftsutgifter	26 051	25 734	-1 %
Netto driftsutgifter i 2018-kroner	26 608	25 734	-3 %

Kommentarar til tabellen

Kjøp av tenester frå Bergen Vitensenter (ViLVite) er lagt inn igjen i driftsbudsjettet. Til forskjell frå tidlegare år er bruk av renteinntekter frå Handlingsplan for næringsutvikling i Hordaland (HNH) – statlege overføringar og Næringsretta utviklingstiltak i 2017 lagt inn i budsjettet for 2018. Støtte til ViLVite og FjordNorge er overført frå partnerskapsmidlar til «Driftsstøtte/eigarskapsforpliktingar». I tillegg er Invest in Bergen og Etablerersenteret budsjetttert på denne posten.

Faste oppgåver

Hordaland fylkeskommune bidrar til næringsutvikling både med rådgjeving og forvaltning av verkemidlar.

I rådgjevingssamarbeidet samarbeider ein tett med m. a. næringsaktørar, utdanningsinstitusjonar og kommunar. Som del av næringsutviklingsarbeidet forvaltar fylkeskommunen også midlar frå ulike støtteordningar til regionale og lokale nærings- og samfunnsutviklingsprosjekt.

Prioriterte tiltak

- Omstillingsarbeidet, leia av Omstillingsutvalet, vil i 2018 ha særleg merksemd på å styrkje næringslivet si grøne/berekraftige konkurransekraft
- Iversetje pilotprosjekt for betre koordinering av statlege og regionale verkemiddel i eit nytt Vestland

3	Rammer HNH 2018	2017	2018	Endring
	HNH Statlege overføringar	-58 100	-47 020	-19 %
	Opptente renter 2017	-1 249	-1 000	-20 %
	Partnerskapsmidlar HNH	4 350	1 900	-56 %
	Mobiforsk	450	450	0 %
	Forvaltning, fylkeskommunen	1 090	1 090	0 %

3 Rammer HNH 2018	2017	2018	Endring
Fylkesmidlar disponert gjennom HNH 2018	3 455	3 455	0 %
Statlege midlar disponert gjennom HNH 2018	53 459	44 580	-17 %
Brutto driftsutgifter	62 804	51 475	-18 %
Brutto driftsinntekter	-59 349	-48 020	-19 %
Netto utgifter HNH	3 455	3 455	0 %

Kommentarar til tabellen

Brutto ramme for HNH i 2018 er summen av dei statlege rammene, fylkeskommunen sine egne midlar, opptente renter for 2017 og eventuelle unytta eller tilbakeførte midlar frå 2016. Saman med statlege føringar i tildelingsbrevet frå KMD, vil Handlingsplan for næringsutvikling i Hordaland (HNH) 2018 gi nærare føringar for disponeringa av den søkbare ramma. HNH 2018 blir utarbeidd av Regionalt næringsforum (RNF) og godkjent av fylkesutvalet. I forslaget til statsbudsjett for 2018 er dei statlege overføringane reduserte med om lag 11 mill. kr.

Renteinntekter næringsretta utviklingstiltak

Ufordelte midlar frå KMD står på eigen renteberande konto. Sidan fylkeskommunen ikkje mottek nye statlege midlar er det venta at saldoen på denne kontoen vil falle kraftig gjennom året etter kvart som prosjekta blir avslutta og midlane blir utbetalt. Det er likevel venta ei renteinntekt på 2 mill. kr i 2017. Desse rentene må nyttast til same formål som dei opphavelge midlane.

Prioriterte tiltak

- Konkretisere satsing på digitalisering og Industri 4.0 i mål og innsatsområde i HNH 2018
- Av den totale søkbare ramma skal minst 1,5 mill. kr setjast av til ordning for å styrkje grøn konkurransekraft i næringslivet
- Ytterlegare 1,5 mill. kr skal setjast av til ordning for å styrkje arbeidet med integrering av flyktningar og innvandrarakar rundt om i kommunane, med særleg fokus på arbeid
- I samarbeid med kommunane og andre eksterne aktørar vil det bli gjennomført eit tiltak for å strukturere og auke brukarvennlegheita for den samla etablerartenesta inkludert kom-an.no i fylket

3 Driftsstøtte/eigarskapsforpliktingar	2017	2018	Endring
Fjord Norge	3 000	1 500	-50 %
VilVite	3 000	3 000	0 %
Invest in Bergen	4 000	3 600	-10 %
Etablerersenteret	3 000	2 700	-10 %
Brutto driftsutgifter	13 000	10 800	-17 %
Tilskot frå kommunane	-3 500	-3 150	-10 %
Netto driftsutgifter	9 500	7 650	-19 %

Kommentarar til tabellen

Fylkeskommunen sine tilskot til FjordNorge og Bergen Vitensenter (VilVite) vart i 2017 løyvd som ein del av partnarskapsmidlane. Fylkeskommunen sine kostnader som medeigar i Invest in Bergen og Etablerersenteret har hatt egne budsjettpostar, men er frå 2018 samla i budsjettposten Driftsstøtte/eigarskapsforpliktingar.

Løyvinga til VilVite var i 2017 samla 3,5 mill. kr ettersom det vart gjeve tilleggsløyving på kr 500 000 i sak om ekstra partnarskapsmidlar i fylkesutvalet i mars 2017.

Programmet Invest In Bergen vert frå 2018 vidareført som ei fast ordning. Budsjetta for Invest in Bergen og

Etablerersenteret vert justert i tråd med inngåtte avtalar med samarbeidskommunar med 50 % kommunal og 50 % fylkeskommunal finansiering. Dei kommunane som deltar omfattar ca. 90 % av befolkninga i Hordaland.

Både basisløyvinga og prosjektmidlane til Fjord Norge har tidligare vore løyvd av partnerskapsmidlane. Basisløyvinga er no lagt inn her, medan prosjektmidlane er ein del av HNH i 2018.

Prioriterte tiltak

- Utvide tilbodet med etablerarkurs i regi av Etablerersenteret til å betre dekke alle deltakarkommunane
- Auke talet på etableringar i deltakarkommunane med bistand frå Invest in Bergen

Prioriterte tiltak

- Det er framleis meir enn 50 prosjekt og tiltak finansiert over denne ordninga som ikkje er avslutta. I tillegg er det eit titalls prosjekt som enno ikkje er starta opp. Det vil difor vere omfattande forvaltingsoppgåver med denne ordninga i 2018. Utgifter til administrasjon vert difor vidareført med 1 mill. kr
- Ein gjennomgang av prosjektporteføljen viser at nokre prosjekt ikkje er gjennomført i tråd med opphavlege planar og nokre prosjekt vil truleg ikkje bli gjennomført som planlagt. Desse midlane vil bli lyst ut på nytt i 2018 saman med dei resterande renteinntektene for 2017 (ca. 1 mill. kr)

Næringsretta partnerskapsmidlar

Denne posten er justert ned for 2018 som følge av at eigarskapsforpliktingane for Fjord Norge og VilVite er overførte til eigen budsjettpost. I tråd med vedtak i fylkesutvalet 23.05.17 er det utarbeidd revidert rutine for partnerskapsmidlar.

3 Aktør	Søkt beløp 2018-2020 (årleg beløp)	Løyving 2017	Løyving 2018
Bransjeorganisasjonar:			
Design Region Bergen	800 000	450 000	420 000
Maritime Bergen	935 000	450 000	320 000
HOG Energi	1 000 000	750 000	500 000
Matarena	450 000	200 000	150 000
Regionråda:			
Osterfjorden Nærings samarbeid	600 000	105 000	100 000
Nordhordland IKS	500 000	258 000	200 000
Samarbeidsrådet i Sunnhordland	700 000	240 000	200 000
Hardangerrådet IKS	500 000	217 000	200 000
Gode Sirklar AS/ Grunderparken Vest	1 000 000	105 000/NY	300 000
Film:			
Mediefondet Zefyr	950 000	900 000	800 000
Vestnorsk filmkomisjon	800 000	500 000	588 000
Næringshagar:			
Næringsshagen på Voss	400 000	100 000	50 000
Næringsshagen i Nordhordland	400 000	100 000	50 000
Næringsshagen i Gulen og Masfjorden	400 000	50 000	50 000

3 Aktør	Søkt beløp 2018-2020 (årleg beløp)	Løyving 2017	Løyving 2018
NCE og GCE:			
GCE Subsea	1 000 000	350 000	100 000
NCE Media	350 000	200 000	100 000
NCE Seafood Innovation Cluster	1 000 000	250 000	100 000
NCE Maritime Cleantech	400 000	200 000	100 000
Andre aktører:			
Connect Vest	1 000 000	500 000	500 000
Mediekuben – BTO	1 000 000	NY	400 000
Ungt Entreprenørskap	500 000	400 000	400 000
The Impact Hub Bergen	1 000 000	526 000	420 000
Sum næringsretta partnerskap (finansiert HFK)			6 048 000
Fjord Norge	3 000 000	3 000 000	Sjå Driftsstøtte/ eigarskapsforpliktingar
Bergen Vitensenter (VilVite)	3 655 000 (inkl. 515 000 til billetter vgs).	3 000 000	Sjå Driftsstøtte/ eigarskapsforpliktingar
Søkt men ikkje innstilt:			
Ocean Industries Accelerator	300 000	0	0
Bergen Works	1 000 000	0	0
BTO	1 000 000	0	0
Destinasjonsselskapa i Hordaland - fellesstilling	1 300 000	1 010 000	0
Mediaregion Bergen	350 000	350 000	0
Os kommune – Bjørnefjorden grunderpark	150 000	0	0
Nordiske mediedager	400 000	200 000	0
Stiftelsen sykkelturisme i Norge	75 000	97 500 (inkl mva)	0
Inkubatorar – tilskot finansiert over HNH (finansiert stat):			
Nyskapingsparken Inkubator	1 000 000	683 000	700 000
Atheno AS	1 000 000	683 000	600 000
Industriutvikling Vest	1 000 000	683 000	600 000
Samla søknadssum	29 915 000		
Sum partnerskapsmidlar HNH statlege overføringar			1 900 000
Brutto utgifter			7 948 000
Driftsinntekter (HNH statlege overføringar)			-1 900 000
Netto driftsutgifter			6 048 000

Kommentarar til tabellen

Fylkesutvalet har vedteke å opprette ei søknadsbasert tilskotsordning for næringsretta partnerskapsmidlar frå 2018, der næringsretta partnerskapsmidlar og partnerskapsmidlar over HNH vert handsama samla. Tabellen presenterer fylkesrådmannen si innstilling.

Innstillinga er gjort på bakgrunn av vurdering av dei innsendte søknadane i eit fagpanel. Fagpanelet har vurdert innhaldet i søknadane opp mot dei politisk vedtekne kriteria for Partnerskapsmidlar til regionale næringsretta aktørar (PS 129/2017 FUV). Søknadane har vorte karaktersett på ein skala frå 1-7. Alle kvalifiserte søknader med hovudkarakter over 3,9 er foreslått løyvd støtte.

Fylkesrådmannen påpeikar at det er eit stort gap mellom det samla søkte beløpet og dei midlane som er til velde. Samla søknadsbeløp er 29,915 mill. kr. Til fordeling er 6,048 millionar kroner frå HFK sitt budsjett og 1,9 mill. kr frå HNH statlege overføringar. I tillegg kjem løyving til Fjord Norge og Bergen Vitensenter over ein annan post.

Bransjeorganisasjonar

Bransjeorganisasjonane er fylkeskommunen sine samarbeidspartnarar innanfor næringar som ikkje har løyvingar frå nasjonale næringsutviklingsprogram.

Regionråda

Regionråda samlar og styrkar nærings- og samfunnsutviklingsarbeidet i sine regionar og er viktige samarbeidspartnarar til fylkeskommunen.

I løyvinga til Gode sirklar er kr 200 000 sett av til Gründerparken vest.

Film

Støtta til Mediefondet Zefyr og Vestnorsk filmkommisjon er eit spleiselag med fleire fylkeskommunar. Begge aktørane har hovudkontoret sitt i Bergen.

Næringshagar

Næringshageprogrammet er frå 2017 eit statleg finansiert utviklingsprogram. Ein næringshage samlokaliserer

utviklingsorienterte bedrifter for å fremje vekst, samarbeid og utvikling. I næringshagen får bedriftene tilgang til kompetanse, nettverk og eit fagleg og sosialt fellesskap. Hordaland fylkeskommune løyver likevel eit partnerskapsbidrag for å kunne utvikle desse vidare.

NCE og GCE

Klyngeprogrammet er også eit statleg finansiert program og skal bidra til verdiskaping gjennom berekraftig innovasjon. NCE – klyngene rettar seg mot dynamiske næringsklynger som har etablert systematisk samarbeid og har ein nasjonal posisjon innan sin sektor. GCE – klyngene er dei mest mogne klyngene med ein godt etablert posisjon innanfor globale verdikjeder.

Fylkeskommunen løyver likevel eit partnerskapsbidrag til NCE- og GCE-klyngene for slik å vere partnar i klyngene.

Andre aktørar

Connect Vest er ein non-profit medlemsorganisasjon, som koplar saman gode idear og vekstselskap med ressurspersonar som har kommersialiseringserfaring og investeringskapital innan ulike bransjar.

Ungt Entreprenørskap arbeider for å gje born og unge forståinga for betydninga av verdiskaping og nyskaping i næringslivet. Organisasjonen arbeider for å styrke og utvikle elevbedrifter i grunnskolen, ungdomsbedrifter i den vidaregåande skulen og studentbedrifter på høgskolen. Mediekuben inkubator er eit nyoppretta tilbod for teknologibedrifter som er lokalisert i Media City Bergen.

Inkubatorar

Inkubasjon er eit verktøy for utvikling av nye bedrifter, eller for å skape vekst i eksisterande bedrifter. I ein inkubator får gründerar tilgang på profesjonelle forretningsutviklarar, rådgjevarar og investorar.

Fylkeskommunen vurderer inkubatorane som eit godt verktøy for å fremje vekst i etablerte bedrifter, og aktiviteten treff særst godt i høve prioriteringskriteria for midlane.

Prioritert tiltak

Styrke samarbeidet med partnerane, både samla og ein-skildvis, basert på den nye partnerskapsavtalen.

Landbruk

I tillegg til det strategiske arbeidet som regional utviklingsaktør mottar fylkeskommunen årleg 1,2 mill. kr frå Landbruksdepartementet. Midlane skal nyttast til prosjekt og tiltak innan kompetanse, rekruttering og likestilling og blir tildelt etter søknad.

Bundne fond	Status per 1.1.2017
BRB – fondet er redusert i løpet av 2017 grunna kostnader knytt til avvikling av kontorlokala til Business Region Bergen. Det som står att vil verte nytta til formåla og delt mellom Invest in Bergen og Etablerarsenteret. Disponering skjer gjennom dei to styringsgruppene.	5 968
HNH – statlege overføringar (Handlingsprogram næring). Midlane er bunde opp i tilsegn og vert utbetalt på bakgrunn av rapportering ved prosjektslutt. Eventuelle unytta og tilbakeførte midlar dei siste åra er lagt til ramma for neste år noko som også vil skje i 2018.	70 545
Landbruksformål. Statlege øyremerkte midlar. Midlane er bunde opp i tilsegn og vert utbetalt på bakgrunn av rapportering.	2 908
Næringsretta utviklingstiltak (kompensasjonsmidlar). Statlege øyremerkte midlar som er bundne opp i tilsegn og som vert følgt opp og utbetalt på bakgrunn av sluttrapportering. Det kjem ikkje nye midlar til fondet. Nokre av prosjekta er svært gamle og det vil bli fremma ei eiga sak til fylkesutvalet om ny utlysing eller omdisponering av tidlegare tildelte midlar.	180 144
VestMarin. Øyremerkte til fellesprosjekt for alle dei fire fylka på Vestlandet. Resterande midlar er/vil bli brukt i 2017.	625
Næringsbarometeret. Arbeidet med Næringsbarometeret er fullført og det er ikkje behov for midlane til dette føremålet. Det vert fremja sak til fylkesutvalet om disponering av midlane i 2018.	313
Omstilling Sør- og Vestlandet. Statlege øyremerkte midlar frå 2016 som Hordaland fylkeskommune fekk ansvar for å forvalte. Ingen nye midlar etter 2016. Vil bli utbetalt etter kvart som prosjekta blir avslutta og sluttrapportering kjem inn.	19 456

REGIONSENTER- OG LOKALSAMFUNNSUTVIKLING

2	2 017	2018	Endring i %
Lokalsamfunnsutvikling og LivOGLyst	1 000	1 000	0 %
Regionale utviklingsprosjekt	9 435	9 435	0 %
Rådgjeving	2 952	2 948	0 %
Sum brutto driftsutgifter	13 387	13 383	0 %
Driftsinntekter	-	-	0 %
Sum netto driftsutgifter	13 387	13 383	0 %
Netto driftsutgifter i 2018-kroner	13 673	13 383	-2 %

Faste oppgåver

HFK gjev kommunane råd, rettleiing og prosjektstøtte i arbeidet med å vidareutvikle dei regionale sentra i tråd med Regional plan for attraktive regionale sentre, medrekna å legge til rette for kunnskaps- og erfaringsutveksling gjennom Forum for regionsenterkommunar. Viktige oppgåver er også å leie arbeidet med LivOGLyst-programmet og forvalte midlane til Regionale utviklingsprosjekt.

Kommentar til tabellen

Det er tidlegare vedtatt at 4 mill. kr pr år av ramma til regionale utviklingsprosjekt skal gå til turistvegprosjektet Fossar i Hardanger for 10 års perioden 2012 til 2021. Dei resterande midlane skal nyttast til ein søknadsbasert ordning og skal gå til regionale prosjekt der målet er å skape noko unikt for heile eller delar av fylket. For å kunne realisere fleire og større prosjekt blir midlane lyst ut kvart andre år. Midlar for 2017 og 2018 vart lyst ut i 2017 slik at det ikkje blir ny utlysing før i 2019.

Prioriterte tiltak

- Analysere dagens kvalitetar i regionsenter i høve til mål og retningslinjer i senterplanen og foreslå prioriterte tiltak
- Utarbeide og formidle sjekkliste for transport og tilgjenge i sentrum i samsvar med mål og retningslinjer i senterplanen til bruk i vegleiing, planlegging og prosjektering
- Formidle kunnskap om utforming av gode kollektivknutepunkt til planleggjarar gjennom kurs.
- Utprøve modellar for å analysere fortettingspotensialet i sentrumsområde i prioriterte senter for å styrkje vekst
- Rekruttere nye prosjekt til LivOGLyst og å følgje opp nettverket med m. a. kompetanseheving.
- Setje i verk eit nytt tiltak for å vidareføre positive erfaringar frå programmet Lokalsamfunnsutvikling i kommunane, som t. d. inspirasjonskonferansane, regionale team og kompetansehevande tiltak for førstelinjetenesta i kommunane. Unyttar midlar frå det statlege LUK programmet vil bli nytta til dette
- Arbeide for å sikre midlar til utbygging av kjernenett/mørk fiber i Hordaland

Bundne fond	Status per 1.1.2017
Breiband for alle i Hordaland. Det meste av midlane er bundne opp i tilsegn til prosjekt som enno ikkje er fullført. Ein mindre del er tilbakeførte midlar som blei lyst ut på nytt i 2017.	17 089
Lokalsamfunnsutvikling. Statlege midlar til programmet Lokalsamfunnsutvikling i kommunane (LUK). Prosjektet blei gjennomført med noko lågare kostnader enn planlagt og unyttar midlar er sett på fond. Må nyttast i tråd med formåla. Det vert fremja sak til fylkesutvalet om nye tiltak i 2018.	2 137

Disposisjonsfond	Status per 1.1.2017
Regionale utviklingsmidlar. Bunde opp i tilsegn til prosjekt frå tidlegare år som enno ikkje er fullført.	29 182

RETT KOMPETANSE

2	2 017	2018	Endring i %
Karriere Hordaland		8 570	100 %
Senter for yrkesrettlegg og Karriere Sunnhordland	8 415	-	-100 %
Kompetanseplanen	-	800	100 %
Sum brutto driftsutgifter	8 415	9 370	11 %
Driftsinntekter	-1 870	-1 870	0 %
Netto driftsutgifter	6 545	7 500	15 %
Netto driftsutgifter i 2018-kroner	6 685	7 500	12 %

Kommentarar til tabellen

Senter for yrkesrettlegg og Karriere Sunnhordland var ein del av opplæringsavdelinga fram til opninga av Karriere Hordaland frå oktober 2017. Ansvaret for Karriere Hordaland ligg til regionalavdelinga og budsjettmidlane er i 2017 flytta frå opplæringsavdelinga. Driftsinntektene er statleg tilskot til karriererettlegg.

Faste oppgåver

Oppfølging av Regional plan for kompetanse og arbeidskraft. Fylkeskommunen har eit spesielt ansvar for å koordinere arbeidet med den regionale kompetansepolitikken og sjå til at tiltaka i handlingsplanen blir gjennomført.

Prioriterte tiltak knytt til oppfølging av Regional plan for kompetanse og arbeidskraft

- Etablere eit partnerskap og modell for kompetanseutvikling i Hordaland og utarbeide kunnskapsgrunnlag
- Vidareutvikle og integrere Karriere Hordaland med andre verktøy i Hordaland fylkeskommune som gjeld sysselsetting, kompetanse og omstilling
- Utvikle internasjonale samarbeidsprosjekt som kan medverke til å nå målsettingane i planen, med vekt på EU sitt opplæringsprogram Erasmus+ og EU sitt program for regionalt samarbeid, INTER-REG-prosjekt (sjå Internasjonalt samarbeid)
- Gjennomføre analysar av bedriftene sine kompetansebehov på lokalt nivå

FOLKEHELSE

2	2 017	2018	Endring i %
Folkehelsemidlar	6 578	4 630	-30 %
Sum brutto driftsutgifter	8 792	6 947	-21 %
Driftsinntekter	-2 100	-130	-94 %
Sum netto driftsutgifter	6 692	6 817	2 %
Netto driftsutgifter i 2018-kroner	6 835	6 817	0 %

2	2 017	2018	Endring i %
Rådgeving, faste stillingar	2 214	2 317	5 %
Sum brutto driftsutgifter	8 792	6 947	-21 %
Driftsinntekter	-2 100	-130	-94 %
Sum netto driftsutgifter	6 692	6 817	2 %
Netto driftsutgifter i 2018-kroner	6 835	6 817	0 %

Faste oppgåver

Støtte opp om folkehelsearbeidet i kommunane gjennom tilskotsmidlar, prosjekt og møteplassar. Stimulere kommunar til å utvikle frivilligheitspolitikk gjennom eiga tilskotsordning. Oppfølging av fylkeskommunen sitt ansvar for

universell utforming ved å etablere struktur og rutinar for samhandling og utvikling av eit systematisk og tverrsektorielt arbeid med universell utforming i fylkeskommunen. Planuttalar innan folkehelsefeltet.

3 Folkehelsemidlar	2017	2018	Endring
Tilskot til kommunane	3200	3200	0 %
Frivilligheitspolitikk	200	200	0 %
Kunnskapsoversikt	250	250	0 %
Søknad/oppfølging statlege program	0	750	100 %
Tiltak regional plan for folkehelse og nettverksamlingar	700	0	-100 %
Universell utforming/diverse	128	100	-22 %
Fiskesprell	100	130	30 %
Tilskot frå helsedirektoratet til fiskesprell	-100	-130	30 %
Brutto driftsutgifter	4578	4630	1 %
Driftsinntekter	-100	-130	30 %
Netto driftsutgifter	4478	4500	0 %

Prioriterte aktivitetar

- Kvalifisere for høgaste tilskotsbeløp, 10 mill. kr årleg, i Program for folkehelsearbeid i kommunane 2017–2027
- Følgje opp det pågåande nærmiljøprosjektet
- Nasjonalt program «Fiskesprell» skal gjennomførast i ein klasse i vidaregåande skule og for 80 tilsette i barnehagar årleg i planperioden
- Oppfølging av fylkeskommunen sitt ansvar for universell utforming gjennom å etablere struktur og rutinar for samhandling og utvikling av eit systematisk og tverrsektorielt arbeid med universell utforming i fylkeskommunen
- Stimulere kommunar til å utvikle frivilligheitspolitikk gjennom eiga tilskotsordning

- Kompetanseheving gjennom nettverkssamlingar for kommunane
- Starte arbeidet med neste fireårige oversikt over folkehelsa i Hordaland
- Gjennomføre ei folkehelseundersøking i samarbeid med Folkehelseinstituttet retta mot den vaksne befolkninga i fylket

Bundne fond	Status per 1.1.2017
Folkehelsearbeid (Universell utforming). Statlege øyremerkte midlar som vert nytta i samsvar med formåla i tilsegnsbrev.	1 227
Folkehelse. Storparten av midlane er knytt til eit pågåande statleg prosjekt og vert vidarebetalt til kommunar. Det vil også gå ut midlar i 2018 til samlingar med kommunane, knytt til ulike prosjekt.	4 244

FORSKING

2	2 017	2018	Endring i %
Regionalt forskingsfond Vestlandet	32 924	36 820	12 %
RFF - omstillingsmidlar	6 400		-100 %
VRI	1 200		-100 %
Mobiforsk		2 550	100 %
Rådgjeving, netto	847	1 419	68 %
Sum brutto driftsutgifter	41 371	40 789	-1 %
Driftsinntekter	-40 524	-39 370	1 %
Sum netto driftsutgifter	847	1 419	-27 %
Netto driftsutgifter i 2018-kroner	865	1 419	64 %

Kommentarar til tabellen

I forslaget til statsbudsjettet er grunnløyvinga til Regionalt forskingsfond Vestlandet auka med om lag 4 mill. kr. Omstillingsmidlane som vart løyvde i 2016 og 2017 er ikkje vidareførde.

Faste oppgåver

Fylkeskommunen skal følgje opp Regional forskingsstrategi gjennom styrking av privat og offentleg sektor sin bruk av forskingsbasert kunnskap for auka verdiskaping og betre oppgaveløysing. Mobilisere til auka bruk av nasjonale og regionale finansieringsordningar. Forvalte regionalt forskingsfond Vestlandet.

Prioriterte tiltak

- Styrke forskingssamarbeidet på Vestlandet: Førrebu regionreforma ved å styrkje samarbeidet mellom fylkeskommunane og andre regionale aktørar innan forskning. Vere i dialog med den nye samanslutninga av forskingsaktørar på Sør- og Vestlandet med mål om å styrkje den regionale innovasjonsevna.
- Forskingsbasert innovasjon i kommunal sektor: Vidareføre eit samarbeidsprosjekt mellom Hordaland fylkeskommune, KS, kommunar og forskingsinstitusjonar i Hordaland for å få opp fleire forskingsprosjekt i kommunane. I tillegg vert det lagt auka vekt på fylkeskommunale oppgåver og tenestemråde.
- Forskingsbasert innovasjon i næringslivet: Iverksetje den regionale satsinga på forskning og innovasjon i Hordaland, MobiForsk, i samarbeid med Høgskolen på Vestlandet. Hovuddelen av midlane under går til kompetansemeklartenester.

3 Mobiforsk	
Kompetansemeklartenester	2 200
Dialogmøte (samtale med grupper av bedrifter)	190
Støtte til mobilitet mellom FoU og næringsliv	400
Prosjektleiing	210
Sum kostnader Mobiforsk	2 550
Støtte frå forskingsrådet	-2 550

Bunde fond	Status per 1.1.2017
VRI (Virkemiddel for regional FoU og innovasjon). VRI vart fullført i 2016, Midlane er bunde opp i tilsegn og vert utbetalt på bakgrunn av rapportering.	606
Regionalt forskingsfond. Midlane er bunde opp i tilsegn og vert utbetalt på bakgrunn av rapportering. Noko vert nytta til administrasjon.	100 875

STATISTIKK OG ANALYSE

2	2017	2018	Endring i %
Brutto driftsutgifter /rådgjeving	4 366	3 756	-14 %
Driftsinntekter	-600	-600	0 %
Sum netto driftsutgifter	3 766	3 156	-16 %
Netto driftsutgifter i 2018-kr	3 847	3 156	-18 %

Faste oppgåver

Hordaland fylkeskommune formidlar statistikk og geografiske data om Hordaland til interne og eksterne aktørar med hovudvekt på kommunane, og analyserer utviklinga i hordalandssamfunnet. Det vert utarbeidd

kunnskapsgrunnlag for regionale planar og strategiar og evalueringar av prosjekt, program og samarbeidsrelasjonar internt og eksternt.

Prioriterte tiltak

- Bidra til å gjennomføre ein smart spesialiseringsanalyse av næringslivet i samarbeid med Rogaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar, næringsklyngene og Høgskulen på Vestlandet/IRIS. Føremålet med analysen er å avdekke potensielle vekstnæringar med utgangspunkt i næringar der Hordaland har fortrinn. Analysen er basert på ein metodikk som EU har lagt til grunn for analysar som er gjennomført i alle europeiske regionar
- Utarbeiding av analysar på oppdrag frå kommunane og analysar som grunnlag for utarbeiding og oppfølging av regionale planar
- Effektivisere forvaltninga av data i organisasjonen gjennom auka bruk av GIS
- Leggje til rette for bruk av GIS i undervisninga i geofag i vidaregåande skule for å auke måloppnåinga i faget
- Betre den nettbaserte statistikkformidlinga til interne brukarar, kommunar og regionale aktørar og betre administrasjon av statistikklysinga

INTERNASJONALT SAMARBEID

2	2 017	2018	Endring i %
Erasmus	800	800	0 %
Aktiv ungdom	500	500	0 %
Nordsjøprogrammet	120	120	0 %
Internasjonale prosjekt	357	360	1 %
Rådgjeving, netto	2 333	2 405	3 %
Sum brutto driftsutgifter	4 110	4 185	2 %
Driftsinntekter	-1 420	-1 420	0 %
Sum netto driftsutgifter	2 690	2 765	3 %
Netto driftsutgifter i 2018-kroner	2 748	2 765	1 %

Faste oppgåver

Koordinere dei internasjonale aktivitetane i Hordaland fylkeskommune relatert til fylkeskommunen sine samarbeidsregionar og medlemskap i Nordsjøkommissjonen og Vest-Norges Brusselkontor. Mobilisering og rådgjeving i samband med deltaking i europeiske program med vekt på Erasmus+, Interreg og Horisont 2020.

Prioriterte tiltak

- Mobilisere kommunar, bedrifter og vidaregåande skular til å delta i europeiske samarbeidsprosjekt gjennom Erasmus+. Føremålet med prosjekta er å auke samarbeidet om kompetanseutvikling lokalt og sikre betre samsvar mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft
- Utarbeide ein søknad til Nordsjøprogrammet i Interreg i samarbeid med regionale og europeiske partnerar: Right Skills for the Right Future (RIGHT). Målet med prosjektet er å avdekke kompetansegap i framveksande næringar og teste ut utdannings-/kompetansetilbod som kan fylle dette gapet. Prosjektet vil kunne utløyse kr 930 000 årleg i tre år frå 2019
- Vidareutvikle samarbeidet med Orknøyene og Normandie

3 Internasjonale prosjekt	
Samarbeidsregionar	100
Organisasjonar (norske og internasjonale)	60
Mobilisering EU-program	170
Informasjon	30
Brutto/netto utgifter	360

Bundne fond	Status per 1.1.2017
Erasmus. Midlar til godkjente men ikkje gjennomførte prosjekt vert sett på fond. HFK får også overført øyremerkte midlar til administrasjon av ordninga.	496
Aktiv ungdom. Midlar til godkjente men ikkje gjennomførte prosjekt vert sett på fond. HFK får også overført øyremerkte midlar til administrasjon av ordninga.	807
Nordsjøkommisjonen. Øyremerkte tilskot til administrasjon. Midlane kjem på slutten av året, og vert sett på fond for bruk i påfølgjande år.	145

KLIMA OG MILJØ

2	2 017	2018	Endring i %
Klimaplan for Hordaland	10 370	10 370	0 %
Miljø	815	815	0 %
Rådgjeving	3 367	3 434	2 %
Sum brutto driftsutgifter	14 552	14 619	0 %
Driftsinntekter	-	0	0 %
Sum netto driftsutgifter	14 552	14 619	0 %
Netto driftsutgifter i 2018-kroner	14 863	14 619	-2 %

Faste oppgåver

Oppfølging av Klimaplanen og tiltak i handlingsprogrammet. Klimatilpassing. Koordinere miljøstyringa i HFK inkludert miljøsertifisering, resertifisering, miljørekneskap

og miljøhandlingsprogram. Miljøtilskot og miljøprisen. Høyingsuttaler vasskraft, kraftnett og petroleum.

3 Klima	2017
Klimaråd Hordaland	80
Miljøstyring av Hordaland fylkeskommune i tråd med internt miljøstyringsprogram	700
Miljøsertifisering av kommunane i Hordaland	150
Tilskot til masteroppgåver relevante for klimaplanen (15-30 oppgåver)	150
Tilskot til kommunale klimatiltak - søkbar pott	1 500
Kompetanseheving om klimatiltak i kommunane	100
Biblioteket som offentleg arena for Klimadebatt	120
Grøne innkjøp	100
Biogass og bioøkonomi	100
Frukostmøte - berekraftig frukost, møteserie om bygg	100
Utviklingsprosjekt for smarte fylkeskommunale energiløysingar	200
Oppretta sikker og sentral sykkelparkering Arna VGS	350
Klimatilpassing - vassprosjekt elevar i vgs	100
Hydrogenbilar	300
Infrastruktur for nullutsleppskøyretøy - hurtiglading, drosjelading, normallading i kommunar	5 000
Klimapartner	400
Fylkeskommunalt hydrogennettverk	50
Bidrag forskingsprosjekt, hydrogenteknologi HydroWest og SH2IFT	200
Kompetanseheving om klimatilpassing i kommunane- inkludert forskingsprosjekt Hordaplan	400
Oppstart revisjon regional klimaplan + regional kraftplan, engasjement	400
Sum	10 500

Kommentarar til tabellen

Midlane vert ytterlegare fordelte i handlingsplan 2018.

Prioriterte tiltak

- Infrastruktur for elbilar med tilskot til hurtigladestasjonar samt kommunale normalladepunkt. Hurtigladedestøtte er konkurranse mellom ladeoperatørane om kven som har det beste anbodet
- Bistand til kommunane sitt klimaarbeid inkludert pott til kommunale klimakutt for å supplere statleg Klimasatsordning
- Søkje om RFF-midlar til hovudprosjekt Hordaplan for å hjelpe kommunar i Hordaland i arbeidet med klimatilpassing
- Oppstart av planprogram for revidert Klimaplan og oppstart av planprogram for ny Kraftplan. Engasjementstilling for arbeidet for å få gjennomført planarbeidet
- Iverksetje vedteken hydrogenstrategi, herunder arbeide for etablering av hydrogenfyllestasjonar
- Følgje opp biogasstrategien
- Auka innsats for tilrettelegging for sykling på vidaregåande skular
- Støtte Klimapartnernettverket for å kutte klimautslipp i næringslivet
- Arbeid med internt miljøhandlingsprogram vil særleg konsentrere seg om miljø(re-)sertifisering av vidaregåande skular og å auke kjeldesorteringsgraden i eigen verksemd
- Årleg miljø- og klimarekneskap for fylkeskommunen

3 Miljø	2 017	2018	Endring i %
Miljøprisen	70	70	0 %
Tilskot demokratiske miljøorganisasjonar med fylkeslag (søkbart)	300	300	0 %
Tilskot til lokale klima- og miljøprosjekt (søkbart)	445	445	0 %
Sum driftsutgifter	815	815	0 %

For å skape dei haldningsendringane som må til for å få ned klimautslapp, treng ein aktive folkelege demokratiske miljøorganisasjonar. Tilskot til lokale klima- og miljøprosjekt i organisasjonar gir gode resultat for relativt små midlar.

NATURRESSURSFORVALTING

2	2 017	2018	Endring i %
Tilskotsmidlar viltforvaltning (søkbart)	500	400	-20 %
Vassforvaltning	2 385	2 385	0 %
Skjelsandforvaltning	100	100	0 %
Rådgjeving, netto	3 818	3 972	4 %
Sum brutto driftsutgifter	6 803	6 857	1 %
Driftsinntekter	-2 985	-2 885	-3 %
Sum netto driftsutgifter	3 818	3 972	4 %
Netto driftsutgifter i 2018-kroner	3 900	3 972	2 %

Faste oppgåver

Lovpålagte forvaltingsoppgåver: havbruk (tildeling av konsesjonar og ivareta havbruksinteressar i plansaker), skjelsand, innlandsfisk, regional forvaltningsplan og tiltaksprogram for vassregion Hordaland, vassforvaltning, kystselforvaltning, viltforvaltning, innlandsfisk, tildeling av undervisningskvotar etter Havressurslova og energisaker. Førebu politiske saker innan fagfelte over. Rådgjeving til kommunar og private.

Prioriterte tiltak

- Sikre rett og nok areal til havbruk gjennom innspel til kommunal planlegging. Ivareta nasjonale og regionale akvakulturinteresse i plansaker i tråd fylkeskommunen si lovpålagte oppgåve
- Kortare sakshandsaming i akvakultursaker enn kravet i forskrifta
- Tildele konsesjonar til uttak av skjelsand der det er miljømessig og arealmessig forsvarleg
- Rettleie kommunane i viltoppgåver med spesiell vekt på bestandsforvaltning av hjort
- Sikre reinare vatn og god økologisk status i vatn ved å følgje opp vedteke tiltak i Regional plan for vassregion Hordaland. Oppstart av handlingsprogram for revidert Regional plan for vassregion Hordaland (planperiode 2 for planarbeidet etter Vassforskrifta)
- Førebu politisk handsaming av søknader om utbygging av vasskraft, vindkraft og kraftliner i tråd med føringar i Regional plan for småkraft
- Starte arbeidet med planprogram for Regional kraftplan (tidligere småkraftplan)
- Naturressursforvaltning av høg kvalitet for berekraftig ressursutnytting og redusert konfliktnivå
- Handsame søknader om kraftverk og kraftliner. Konsesjonsmynde for vasskraftverk under 1 MW

Bundne fond	Status per 1.1.2017
Tilskotsmidlar jakt og fiske. Tilskotsmidlar til viltforvaltning er søkbare og vert fordelt av fagutvalet. Statlege øyremerka midlar til føremålet. Fondet gjeld tilsegn som avventar rapportering før utbetaling.	682
Vassforvaltning etter Vassforskrifta. Statlege øyremerka midlar til føremålet Den statlege vassløyvinga dekkjer ei stilling i HFK og vert også fordelt ut til dei fem vassområda i Hordaland. Fondet gjeld og øyremerka statlege prosjektmidlar HFK har søkt om for å hjelpe kommunane i arbeidet med landbruksiltak og avlaupstiltak.	3 231
Skjelsandkonsesjonar. Inntekter frå skjelsandkonsesjonar vert nytta til kartlegging av ressursar og miljøovervaking.	10

Disposisjonsfond	Status per 1.1.2017
Marint utviklingsfond. Fylkesutvalet vedtok disponering av 15 mill. kr i havbrukskonsesjonsinntekter i 2009. Midlane vert nytta i tråd med vedtaket. I 2018 vert noko nytta til sakshandsaming avhavbrukskonsesjonar.	893

LEIING OG ADMINISTRASJON

2	2 017	2018	Endring i %
Vestlandsrådet	500	500	0 %
Driftsmidlar	3 240	2 595	-20 %
Leiing og administrasjon	5 367	5 517	3 %
Sum brutto driftsutgifter	9 107	8 612	-5 %
Driftsinntekter	-300		-100 %
Sum netto driftsutgifter	8 807	8 612	-2 %
Netto driftsutgifter i 2018-kroner	8 995	8 612	-4 %

Kommentarar til tabellen

Årets hordalending vert lagt inn som ein fast post på budsjettet. Driftsmidlar til seksjonane og avdelingsleiinga ligg til denne posten.

Faste oppgåver

Direktørens stab har ansvar for personalforvaltning og yter administrativ støtte i avdelinga, med særleg vekt på økonomiarbeid.



KULTUR OG IDRETT

God styring – streng prioritering

Med utgangspunkt i Regional kulturplan 2015–2025 arbeider kultur- og idrettsavdelinga for å sikre god og effektiv styring av verkemiddel og prosessar på kultur- og idrettsfeltet i Hordaland. Stram fylkeskommunal økonomi krev streng prioritering og god balanse mellom det etablerte og det nye som kjem til. Det vert lagt sterk vekt på løysing av regionale oppgåver og samordning og koordinering i høve statlege og kommunale ansvarsområde.

UTFORDRINGAR I ØKONOMIPLANPERIODEN

I eit fylke med vidstrekt geografi skal offentleg medverknad og styring sikre eit godt kultur- og idrettstilbod både i mindre folkerike kommunar og i den tett folkesette bergensregionen. Her har Hordaland fylkeskommune eit omfattande kulturpolitisk utviklingsansvar, produserer regionale tenester og løyser lovheimla forvaltingsoppgåver. Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025 «PREMISS: KULTUR» er styrande for satsingar og økonomisk prioritering, og fylkeskommunen si verksemd skal vere innretta for å nå måla i planen.

Samordning

Planen sin visjon om at Hordaland skal utviklast som ein leiande kulturregion må understøttast av politikk på alle forvaltingsnivå. Det føreset auka samordning og koordinering av mål og verkemiddel hos offentlege styresmakter. Berre slik kan nyskaping og kvalitet fremjast gjennom medviten prioritering og bruk av verkemiddel og støtteordningar i periodar med stram offentleg økonomi. Systematisk dialog skal styrkje samhandlinga med kultur- og idrettsaktørane, kommunane og staten.

By og land

Bergen og Hordaland er eit av dei viktige kulturelle tyngdepunkta i Noreg, med ein solid struktur av institusjonar, organisasjonar og einskildaktørar. Tilhøvet til det profesjonelle kulturlivet i heile fylket, krev sterk fylkeskommunal innsats i 2018 og i åra som kjem. Det er ei sentral oppgåve å sørgje for ein meir tenleg infrastruktur, mellom anna ved realisering av nye lokale for viktige kulturinstitusjonar og naudsynte investeringar i kulturhus og fleire av musea. Mange kommunar utanfor byen har eit kultur- og idrettsliv

som i særleg grad er tufta på lag og organisasjonar og friviljug arbeid. Den regionale politikken er innretta for å ta vare på og utvikle denne heilskapen. Godt samarbeid med kommunane er eit vilkår for å lukkast.

Mål og strategiske prioriteringar

Kultur- og idrettsavdelinga arbeider for å realisere dei politiske måla som er vedtekne i Regional kulturplan. Fylkeskommunen har utvikla effektiv styring av verkemiddel og prosessar på kultur- og idrettsområdet der armlengds avstand mellom forvaltinga og frie aktørar er regelen. På grunnlag av strategiske prioriteringar skal ein i 2018 ha særleg merksemd på vidareutvikling av eigen tenesteproduksjon og oppgåveløysing. Forvaltinga skal vere dialogorientert, medverkande og ha eit samfunnsutviklingsperspektiv. Med effektive samarbeidsrutinar, god forvaltningsskikk og høg etisk standard skal det arbeidast til beste for utviklinga av kultur- og idrettsfeltet i Hordaland.

Økonomiske utfordringar

Dei samla midlane på budsjettet til kultur- og idrettsføremål er vesentlege for realiseringa av sektoren sine mål. Det er grunnleggjande at ressursane ikkje skal brukast på utvikling av fylkeskommunen, men for å løyse ulike behov i kulturlivet sjølv. Ein stram fylkeskommunal økonomi inneber likevel krevjande utfordringar i 2018 og vidare. Sjølv om den regionale politikken er prega av lange liner, gjer dette at kulturlivet må bu seg på strenge prioriteringar og at ein finn god balanse mellom det etablerte og det nye som kjem til. Det gjer også at fylkeskommunen vil leggje vekt på løysing av dei regionale oppgåvene og samordning i høve statlege eller kommunale ansvarsområde.

OVERSYNSTABELL

Heile tusen

1	Seksjon	Teneste	Inntekter og utgifter	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Endring %
Fylkesarkivet						
		Arkiv og dokumentcenter	Brutto driftsutgifter	11 901	12 111	1,8 %
			Driftsinntekter	-	-	0,0 %
			Netto driftsutgifter	11 901	12 111	1,8 %
Fylkesbiblioteket						
		Bibliotek	Brutto driftsutgifter	8 558	9 130	6,7 %
			Driftsinntekter	-500	-1 230	
			Netto driftsutgifter	8 058	7 900	-2,0 %
Fylkeskonservatoren						
		Kulturminnevern	Brutto driftsutgifter	47 343	50 344	6,3 %
			Driftsinntekter	-26 333	-29 164	10,8 %
			Netto driftsutgifter	21 010	21 180	0,8 %
		Museum	Brutto driftsutgifter	48 486	50 799	4,8 %
			Driftsinntekter	0	0	
			Netto driftsutgifter	48 486	50 799	4,8 %
Idrett og friluftsliv						
		Friluftsliv	Brutto driftsutgifter	12 143	15 062	24,0 %
			Driftsinntekter	-5 300	-8 050	
			Netto driftsutgifter	6 843	7 012	2,5 %
		Idrett	Brutto driftsutgifter	124 067	139 647	12,5 %
			Driftsinntekter	-104 000	-121 688	17,0 %
			Netto driftsutgifter	20 067	17 919	-10,7 %
Kunst- og kulturformidling						
		Kunstformidling	Brutto driftsutgifter	70 311	70 665	0,4 %
			Driftsinntekter	-22 032	-22 130	0,4 %
			Netto driftsutgifter	48 279	48 435	0,3 %
		Kulturføremål	Brutto driftsutgifter	41 452	40 217	-3,0 %
			Driftsinntekter	-5 000	-3 000	-40,0 %
			Netto driftsutgifter	36 452	37 217	2,1 %
Stab/støtte						
		Administrasjon	Brutto driftsutgifter	8 254	8 730	5,8 %
			Driftsinntekter	0	0	
			Netto driftsutgifter	8 254	8 730	5,8 %
			Sum brutto driftsutgifter	372 515	396 704	6,5 %
			Sum driftsinntekter	-163 165	-185 403	13,6 %
			Netto driftsutgifter	209 350	211 300	0,9 %
			Netto driftsutgifter i 2018-kroner	214 800	211 300	-1,6 %

ENDRINGAR

Tal i tusen

1

Endringar frå 2017 til 2018

Endring budsjettramme	-3 500
Tiltak og endringar for å nå balanse:	
Folkefest sykkel-VM 2017	-2 500
Museum Vest	1 080
Stiftinga Sunnhordland museum	633
Medfinansiering fleirbrukshallar – kommunane	-2 000
Idrettscampus Bergen	-600
Auke i drift – utgreiingsarbeid	300
Tilskot kulturhus	-2 000
Kulturbygg med reg.funksjonar	1 900
Stopp i refusjon frå riksantikvaren i stilling	747
Distriktsmusikkgruppe	-240
Lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom	-260
Andre endringar	-560
Sum	-3 500

MÅL OG STRATEGIAR

Mål	Tiltak	Resultatmål 2018	Resultatmål 2021
1. Kultur- og idrettsavdelinga skal gjennom brei samfunnsdialog legge grunnlag for kultur som premiss for utviklinga av alle samfunnsområde	Setje i verk handlingsprogram (Regional kulturplan) og rapportere	Gjennomført årleg rutine for planlegging og rapportering	Rullert Handlingsprogram
	Gjennomgå verkemiddel og oppgaveproduksjon	Identifisere alle aktuelle verkemiddel og oppgaver med behov for endring	All tilskotsforvaltning, oppgaveproduksjon, tiltak og prosjekt innretta for å understøtte planen
	Arrangere kultur- og idrettskonferanse	I samråd med kulturliv og kommunar i Hordaland	Etablert Vestlandskonferanse kultur
	Dialogmøte	Årlege dialogmøte etablert for heile kultur- og idrettssektoren	Held fram
	Kontroll og rapportering	Budsjett og rapporteringsmøte med tilskotsmottakarar – interne rutinar	Rutine for faste møte med alle eksisterande og nye tiltak

Mål	Tiltak	Resultatmål 2018	Resultatmål 2021
2. Kultur- og idrettsavdelinga skal gjennom fagleg og økonomisk medverknad støtte opp under eit sterkt profesjonelt og frivillig kulturliv i Hordaland	<p>Avklare lokale, regionale og nasjonale interesser, ansvar, oppgaver og verkemiddel.</p> <p>Etablere effektive digitale løysingar på alle tilskotsordningar</p>	<p>Etablere strukturert og open prosess for avklaring av regionale interesser</p> <p>Forbetra informasjon og funksjonalitet</p> <p>Gjennomgang av sakshandsamingsrutiner</p>	<p>All verksemd innretta i samsvar med regionale interesser. Avslutta ansvarsoppgaver for stat og kommunar.</p> <p>Etablert heildigital søknadsprosess inkl sakshandsaming (malar for skriving av tilskotssaker, brev, kontroll og rapportering)</p> <p>Redusert sakshandsamingstid</p>
	<p>Streng økonomisk prioritering, detaljert budsjettering og rapportering i verksemda</p> <p>Effektivisere administrasjon</p>	<p>Målretta budsjettering i høve langsiktig økonomisk utvikling i HFK</p> <p>Vidareføre effektivisering av verksemda. Etablere måltal</p>	<p>Budsjett i balanse</p> <p>Effektiv administrasjon, jf måltal</p>
	Etablere rettleiingsordning og kurs i skriving av politiske saker	Igangsetting (m økonomi- og organisasjonsavdelinga)	Auka tal på politiske saksframlegg, jf måltal
3. Kultur- og idrettsavdelinga skal vere ein samfunnsutviklar og arbeide for å sikre eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv med tilgang og deltaking for alle.	Publisere Kulturstatistikk for Hordaland	Utvikle metode i samråd med kommunane og kultur- og idrettsaktørane	Statistikk for Hordaland viktig kjelde til forståing og utvikling av kultur- og idrettsfeltet i heile fylket
	<p>Auke bruk av digitale kommunikasjonsverktøy</p> <p>Tiltak for enkel, lett tilgjengeleg og god nettkommunikasjon</p> <p>Meir effektiv oppgaveløysing myndesutøving via digital kommunikasjon</p> <p>Auke merksemd på god forvaltningsskikk</p>	<p>Etablere tiltak og måltall</p> <p>Redusert tal på møte og reiser (etablert måltal)</p> <p>Redusert sakshandsamingstid</p> <p>Etablert kurs/sertifikatordning</p>	<p>Jf måltal</p> <p>Reduserte kostnader</p> <p>Sakshandsamingstid i samsvar med forvaltingsloven</p> <p>Forsvarleg handtering av alle henvendelsar</p>



PRIORITERINGAR I 2018

Budsjettet er lagt med ei breidspektra tilnærming til kultur- og idrettsfeltet. Dei samla budsjetttrammene gjev ikkje rom for vesentleg auke i driftsmidlar og andre tilskot. Tre saker er likevel gjevne særleg merksemd:

Kulturhus

Det er eit stort behov for arena innan kulturområdet både når det gjeld kunst, scene, museum m.v. Det er pr. i dag stort etterslep i Hordaland når det gjeld tilrettelegging, rehabilitering og utvikling av nye arena.

Gjennom dei siste åra er delen av spelemidlar til kulturhus kraftig redusert, m. a. som følgje av omlegging av

spelemiddelnøkkelen. Det er såleis budsjettert med nedgang i dei statlege inntektene medan det er lagt opp til ei auke i den fylkeskommunale løyvinga i 2018. Posten gjeld to ordningar: Kulturbygg med regionale funksjonar, og Tilskot til lokale kulturhus. I tillegg vert det sett av årleg løyving til oppgraderinga av Grieghallen. Når det gjeld Kulturbygg med regionale funksjonar, har løyvinga tidlegare vore fordelt gjennom enkeltvedtak i KIRU. Fylkesrådmannen legg opp til at desse midlane for framtida vert fordelt direkte i budsjettvedtaket, og gjer framlegg om fordeling i budsjett (sjå nedanfor). Midlane for 2017 vert såleis overført til 2018, og midlane for 2017 og 2018 vert fordelte i dette budsjettet.

Sunnhordland museum

Gjennomgang av organisasjonen viser at økonomien ikkje står i forhold til dei tenestene eit profesjonelt museum skal levere. Fylkesrådmannen legg til grunn at budsjettet til museet vert styrka over fleire år og at ein føreset at stat og kommunar bidreg på tilsvarande vis til å setje organisasjonen økonomisk og administrativt i betre stand.

Museum Vest/Bergens sjøfartsmuseum

På grunnlag av tingingar mellom dei to musea er det lagt plan for samanslåing. Dette er i tråd med gjeldande

museumspolitik og ei viktig kulturpolitisk sak i Hordaland. Fylkestinget har handsama intensjonsavtalen og slutta seg til denne. I samsvar med vedtak bør museet styrkast. Fylkesrådmannen legg til grunn at budsjettet vert styrka over fleire år under føresetnad at stat og kommunar bidreg på same vis.

Anna

Det er gjort ei rekkje mindre endringar. Desse kjem fram i underkapitla.



FOLKEHELSEPERSPEKTIVET

«Grunntydninga av ordet kultur på latin er avleia av å dyrke, utdanne, oppdra og foredle. Kultur handlar om å vidareutvikle og foredle råstoff og ressursar, både menneskelege og dei ein finn i naturen og i samfunnet. Dermed handlar kulturpolitikken om vilkåra for utvikling for det enkelte mennesket, for menneska i samspel med kvarandre og for tilhøvet mellom menneska og ressursane. Kultur bør vere ein grunnleggande premisse for alle sider ved samfunnsutviklinga og spenner frå danning og utdanning til næring, stadutvikling og miljø.»

Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025

Kultur- og idrettstilbodet er grunnleggjande for folk si helse og trivsel, og eit vilkår for å utvikle gode lokalsamfunn. Eit godt og variert kulturliv gjer samfunnet rikare, bidreg til livskvalitet, fellesskap og utvikling. Forsking viser at både tilskodarar og deltakarar i kulturlivet opplever at den generelle helsa vert påverka positivt. Kultur og idrett er slik ein av føresetnadene for ei god folkehelse.

Kultur skaper sosiale og økonomiske verdiar, men grunnlaget for Hordaland fylkeskommune sin politikk er likevel

ikkje effektane på andre område. Regional kulturplan legg til grunn at kultur og idrett har ein klar eigenverdi. Kultursatsinga skal først og fremst fremje utvikling og livsfremjande aktivitet hos det enkelte mennesket og i samfunnet.

Kulturpolitikken skal gje innbyggjarane i heile Hordaland tilgang på eit rikt og mangfaldig tilbod og fremje medverknad på tvers av geografiske, økonomiske og sosiale skilje. I Hordaland ser ein stor variasjon i folk si deltaking. Lange avstandar, svak infrastruktur og manglande tilbod skaper utfordringar. Det same gjer økonomiske hindringar, dårleg tilgjenge, låg grad av inkludering, fysiske og psykiske barrierar.

Hordaland fylkeskommune legg difor til rette for at alle skal kunne oppleve kvalitativt god kunst og kultur eller engasjere seg i eigenaktivitet. Slik er god folkehelse sett i samanheng med heile sektoren: friviljug aktivitet innan idrett og friluftsliv, kultur for og med born, unge, vaksne og eldre, profesjonelle kunstnarar og kulturarbeidarar og profesjonelle kunst og kulturinstitusjonar. Budsjettframlegget er innretta i høve dette mangfaldet og med eit auge for dei ulike gruppene sine behov.



STYRINGSDOKUMENT – REGIONALE PLANAR OG TEMAPLANAR

Følgjande planar har innverknad på kultur- og idrettsarbeidet.

Regionale planar	Vedtaksår	Utval	Revisjon
Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025	2014	KIRU	2019

Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025 «PREMISS: KULTUR» er styrande for satsingar og økonomisk

prioritering, og fylkeskommunen si verksemd skal vere innretta for å nå måla i planen.

FYLKESARKIVET

2 Fylkesarkivet	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Endring %
Administrasjon depot	4 757	4 723	-0,7 %
Administrasjon dokumentcenteret	7 144	7 233	1,2 %
Tilskot historielag		155	100,0 %
Sum brutto driftsutgifter nominelt	11 901	12 111	1,8 %
Netto driftsresultat i 2018-kroner	12 232	12 111	-1,0 %

Kommentarar til tabellen

Tilskot historielag var tidlegare budsjettert under posten Ålmenne kulturvernforemål.

Oppgåver

Fylkesarkivet har ansvar for intern arkivdanning og systemutvikling og løysar Hordaland fylkeskommune sine oppgåver som arkivinstitusjon og arkivmynde.

Tenesteproduksjon

- Rettleie i spørsmål knytt til informasjonsteknologi og digitalisering
- Ta vare på og gjere tilgjengeleg arkivmateriale frå Hordaland fylkeskommune
- Koordinere arbeidet med privatarkiv i Hordaland
- Utvikle lokalhistorisk arbeid i fylket
- Forvalte støtteordning for styrking av lokalhistorisk arbeid
- Samordne arbeidet med fotobevaring i Hordaland

Særskilde tiltak 2018

Utvikling av lokalhistorisk kompetanse og formidling
For å støtte utviklinga av lokalhistorisk kompetanse og formidlinga av historie i Hordaland, skal tilgangen til kjelder frå kommunal sektor og private arkiv leggast betre til rette og ein skal rådgje private samlingar med bedrifts- og lokalhistorisk arkivmateriale. Arbeidet vert gjennomført innanfor gjeldande budsjetttramme.

Foto

For å sikre Hordaland sin fotografiske kulturarv må det etablerast tenlege løysingar for oppbevaring og tilgang til historiske foto. I 2017 er det greidd ut korleis Hordaland kan etablere ei fellesteneste for magasinering og konservering av foto. Saka vert følgt opp i 2018, men har ikkje budsjettmessige konsekvensar.

eDepot og innsyn i elektroniske arkiv

Fylkesarkivet har etablert eit elektronisk depot og arbeider med å utvikle innsynsløysing for eldre elektroniske arkiv. Dette er eit arbeid som fylkesarkivet gjer i samarbeid med IT-seksjonen og heng saman med gevinstrealiseringa ved å fase ut gamle system når nye fagsystem vert tekne i bruk.

Sak-/arkivløysing

Det er behov for å utvikle kompetanse på forvaltning og utvikling av sak-/arkivløysinga til HFK. Skal HFK kunne realisere sin IT- og digitaliseringsstrategi må det byggast opp kompetanse m.a. mot integrasjon av nye og gamle fagsystem.

Ephorte

Arbeidet med å implementere sak-/arkivsystemet Ephorte til dei ytre einingane i fylkeskommunen er under arbeid. Dokumentasjonssenteret arbeider også med å implementere eit sentralt postmottak for fylkeskommunen.

Digitalisering av arkivsamlingsa

Det er sett som mål at ein skal digitalisere 10% av samlingsa si innan 2020. Arbeidet vert prioritert i 2018.

FYLKESBIBLIOTEKET

Heile tusen

	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Endring %
Administrasjon fylkesbiblioteket	6 156	5 352	-13,1 %
Bokbåten	1 486	1 508	1,5 %
Tenester til biblioteka	0	1 270	
Bibliotekprosjekt	915	1 000	9,3 %
Sum brutto driftsutgifter	8 558	9 130	6,7 %
Sum brutto driftsinneker	-500	-1 230	146 %
Sum netto driftsutgifter nominelt	8 058	7 900	-2,0 %
Netto driftsresultat i 2018-kroner	8 281	7 900	-4,6 %

Kommentarar til tabellen

Administrasjon fylkesbiblioteket

Seksjonen har 8 årsverk. Reduksjonen skuldast flytting av midlar til postane Tenester til bibliotek og Bibliotekprosjekt.

Bokbåten

Høgt utlån fører til slitasje på bøkene, og det er for få nye titlar i høve til besøkstalet. Auke i driftsbudsjettet skal nyttast til innkjøp av bøker. Det er ikkje rom for å utvide med fleire driftsdagar i 2018.

Tenester til biblioteka

I posten ligg Hordaland fylkeskommune sin del på kr 400 000 til bibliotektransport og kr 200 000 til kjøp av digitale ressursar i konsortiet for alle vidaregåande skular og kommunane utanom Bergen. Deltakarane i konsortiet nyttar 3 % av mediebudsjettet sitt til innkjøp av e-bøker. I posten ligg også kompetansehevande tiltak, lesekampanjar, innkjøp av klassesett og andre tenester til biblioteka.

Bibliotekprosjekt

Fylkesbiblioteket får støtte til utviklingsprosjekt, som blir nytta til gjennomføring av tiltak i Regional kulturplan for Hordaland. Budsjettet skal nyttast i prosjekta:

1. Modellbibliotekprogrammet som blei starta i 2015, har gitt tilskot til bibliotek i åtte kommunar og har vore svært vellukka. I 2018 skal det lysast ut og to nye prosjekt med tilskot på kr 100 000 til kvart bibliotek.

2. Kr 100 000 til prosjekt «Kjelda», som går på å formidle offentleg produsert digitalt innhald på nettstadane til biblioteka. Prosjektet har fått kr 300 000 i støtte frå Nasjonalbiblioteket.
3. Kr 100 000 til vidareføring av prosjekt «Nynorske leseledarar» i samarbeid med fylkesbiblioteka i Rogaland og Sogn og Fjordane.

Oppgåver

- Løse regionale bibliotekoppgåver og – utvikling, kompetansebygging, fagleg rettleiing og råd til kommunane, jf biblioteklova.
- Samarbeide med opplæringsavdelinga om bibliotek i vidaregåande opplæring.

Tenesteproduksjon

- Kompetanseutvikling for bibliotektilsette i Hordaland og utvikling av dei fem regionale biblioteksamarbeida
- Koordinering og delfinansiering av felles bibliotektransport med kommunane, Universitetet i Bergen, NHH og Høgskulen på Vestlandet
- Rettleie og sikre kvalitet på statistikk frå folkebibliotek og skulebibliotek (avleverast Nasjonalbiblioteket)
- Organisere fylkesdekkande avtalar og fellesløyser for å sikre innbyggjarane lik tilgang til digitale ressursar for litteratur, kunnskap og kultur
- Koordinere og delfinansiere utlånssystem og felles samling med e-bøker for alle folkebiblioteka (utanom Bergen) og biblioteka i dei vidaregåande skulane

- Drifte bokbåten «Epos» i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune inkl kulturprogramma om bord
- Delta i planlegginga av nye og opprusting av eldre kommunale bibliotek og skulebibliotek
- Organisere fylkesdekkande turnear for å fremje biblioteka som aktive formidlarar og arenaer for offentleg samtale og debatt
- om prosjekt Nynorske lesegleadarar

KULTURMINNEVERN

2	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Endring %
Administrasjon kulturminnevern	12 173	11 884	-2,4 %
Arkeologisk registrering	7 841	7 744	-1,2 %
Ålmenne kulturvernforemål	3 853	2 731	-29,1 %
Kulturminneregistrering	100	102	2,0 %
Vern av kulturminne	23 376	27 884	19,3 %
Sum brutto driftsutgifter	47 343	50 344	6,3 %
Sum driftsinntekter	-26 333	-29 164	10,8 %
Netto driftsutgifter nominelt	21 010	21 180	0,8 %
Netto driftsutgifter i 2018-kroner	21 594	21 180	-1,9 %

Kommentarar til tabellen

Administrasjon kulturminnevern

I samband med pågåande oppgåvereform legg Stortinget opp til at den regionale kulturminneforvaltinga i fylkeskommunane vil få ansvar for ei rekkje nye statlege ansvarsområde og oppgåver. Hausten 2017 vil Klima- og miljødepartementet sende ut forskrift om ansvarsfordeling på høyring. Oppgåveoverføringa vil skje etappevis og i samsvar med oppbygging av regional kapasitet og kompetanse.

Arkeologisk registrering

Arkeologiske registrering i samsvar med undersøkingsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova, er finansierte av tiltakshavar, jf. kulturminneloven § 10, medan det fylkeskommunale ansvaret for sakshandsaming, forvalting og fråsegnutarbeiding skal dekkjast over det fylkeskommunale driftsbudsjettet.

Oppgåver

- Hordaland fylkeskommune er forvaltingsstyresmakt med myndigheit heimla i kulturminnelova, og tek i vare ei rekkje statlege og regionale oppgåver innanfor kulturminnevernet.
- Hordaland fylkeskommune har ansvar for å forme museumspolitikken i fylket og utvikle dei konsoliderte musea i Hordaland som sterke kunnskapssentra og organisasjonar, og profilerte samfunnsaktørar.

Tenesteproduksjon

- Arkeologiske registreringar i arealplansaker i fylket
- Forvalting av fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar (arkeologi, bygningsarv, fartøyvern og verdsarv)
- Rettleiing og råd til kommunar, organisasjonar og einskilde i einskildsaker om riving, vedlikehald eller ombygging av verneverdige bygningar
- Utforming og gjennomføring av den regionale museumspolitikken i samråd med stat, kommunar og musea

Særskilte tiltak i 2018

- Styrkja tilskotsordning for systematisk oppfølging av prioriterte kulturminne i samarbeid med kommunane og kompensasjon for antikvariske meirkostnader ved istandsetjing av bevaringsregulerte bygningar i privat eige
- Styrkja driftstilskot ved gjennomføring av konsolidering mellom Museum Vest og Bergens Sjøfartsmuseum
- Styrkja driftstilskot til Sunnhordland museum

Ålmenne kulturvernforemål

3	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Bullahuset, Valestrand, Osterøy	189 000	190 000
Espeland fangeleir	306 000	306 000
Fjelberg Gamle Prestegard	233 000	233 000
Fortidsminneforeningen - avdeling Hordaland	184 000	191 000
Kulturlandskapsprisen	50 000	50 000
Kulturminneplanar – tilskot til kommunane	1 000 000	0
Kystpilgrimsleia	200 000	200 000
Oselvarverkstaden	1 538 000	1 561 000
Tilskot historielag	153 000	0
Sum brutto driftsutgifter	3 853 000	2 731 000

Kommentarar til tabellen*Kulturminneplanar – tilskot til kommunane*

Prosjekt «Kulturminnekompetanse i kommunane (KIK)» har vore eit fylkeskommunalt satsingsprosjekt med svært gode resultat. Alle kommunane i Hordaland har starta opp arbeidet eller rullerer eldre kulturminneplanar. Budsjett-posten har vore nytta saman med midlar frå Riksantikvaren til å støtte kommunane sitt arbeid med kulturminneplanar. Prosjektet har styrka det lokale arbeidet i kommunane og ført det regionale kulturminnevernet over i eit positivt spor,

m.a. ved at talet på fylkeskommunale motsegner er sterkt redusert. Prosjektet vert avslutta i 2017 og fylkesrådmannen legg til grunn at arbeidet vert vidareført ved at midlane vert overført til ordninga tilskot til verna kulturminne i Hordaland.

Tilskot historielag

Posten Tilskot historielag er overført til budsjettområdet Fylkesarkivet.

Kulturminneregistrering

Budsjettposten vert nytta til lovpålagte oppgåver og utgifter knytt til etterreformatoriske kulturminne, planlegging

og vitskapleg dokumentasjon for fastsetting av alder på bygningar eldre enn år 1650 (automatisk freda bygningar).

Vern av kulturminne

Kroner

3	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Driftsutgifter		
Prosjekt Bryggen – Bevaringsprogram for verdsarv	12 000 000	11 000 000
Tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy	1 000 000	1 000 000
Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap	7 500 000	12 000 000
Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy	1 680 000	1 680 000
a) Tilskot til skjøtsel og tilrettelegging av arkeologiske kulturminne (BARK)	204 000	204 000
Tilskot til verna kulturminne i Hordaland	992 460	2 000 000
Sum driftsutgifter:	23 376 460	27 884 000
b) Prosjekt Bryggen – Bevaringsprogram for verdsarv	-12 000 000	-11 000 000
c) Tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy	-500 000	-500 000
d) Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap	-7 500 000	-12 000 000
e) Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy	-840 000	-840 000
Sum refusjonar	-20 840 000	-24 340 000
Netto	2 536 460	3 544 000

Kommentarar til tabellen

Tilskot til verna kulturminne i Hordaland

For å minske konfliktpotensial og redusere tap av verneverdige kulturminne i Hordaland vil gjennomføring av dei prioriterte tiltaka i dei kommunale kulturminneplanane sine handlingsplanar vere viktig. Fylkesrådmannen foreslår å styrkje den regionale ordninga «tilskot til verna kulturminne i Hordaland», slik at dette vert ei relevant ordning for kommunane og eigarane av verna kulturminne. Midlane skal nyttast til planmessig oppfølging av prioriterte kulturminne av høg lokal og regional verdi i Hordaland. Tilskotsordninga vert nytta til praktisk gjennomføring av kulturverntiltak og som kompensasjon for antikvariske meirkostnader knytt til istandsetting av bevaringsregulerte bygningar i privat eige.

Refusjonar

Budsjettposten for Vern av kulturminne gjeld mellom anna fem ordningar med heil eller delvis statleg finansiering:

- Tilskot til skjøtsel og tilrettelegging av arkeologiske kulturminne (BARK). Statlege midlar til desse tilskotsordningane vert overførte til fylkeskommunen etter at Riksantikvaren har handsama søknadar frå alle fylka.
 - Prosjekt Bryggen - Bevaringsprogram for verdsarv.
 - Tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy.
 - Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap.
 - Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy.
- For 2018 legg fylkesrådmannen til grunn eit samla statleg tilskot på 24 340 000 kr.

MUSEUM

Tal i heile 1000 kr

	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Endring %
Sum brutto driftsutgifter museum	48 486	50 799	4,8 %
Sum driftsinntekter	-	0	
Netto driftsutgifter nominelt	48 486	50 799	4,8 %
Netto driftsutgifter i 2018-kroner	49 834	50 799	2,8 %

Kroner

3 Museum	Budsjett 2017	Budsjett 2018
1. Museumssenteret i Hordaland	9 395 000	9 545 000
2. Stiftelsen Bymuseet i Bergen	6 910 000	7 014 000
3. Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	1 724 000	1 750 000
4. Museum Vest	5 307 000	6 387 000
5. KODE – Kunstmuseene i Bergen	3 637 000	3 692 000
6. Stiftinga Hardanger og Voss museum	11 664 000	11 845 000
7. Norsk Vasskraft- og Industriadm.	1 315 000	1 335 000
8. Baroniet Rosendal	1 089 000	1 105 000
9. Stiftinga Sunnhordland museum	2 173 000	2 806 000
10. Nynorsk kultursentrum – Olav H. Haugesenteret	779 000	791 000
Bygningsverntenesta ved musea	2 393 000	2 429 000
Museumsløft	2 000 000	2 000 000
Primusbasis for musea i Hordaland	100 000	100 000
Sum brutto driftsutgifter	48 486 000	50 799 000

Kommentarar til tabellen

Generelt

I tillegg til særskilte tiltak for Museum Vest og Sunnhordland museum foreslår fylkesrådmannen generell auke til musea med 1,5 % i budsjettet for 2018.

Museum Vest

Bergens Sjøfartsmuseum og Museum Vest har undertekna intensjonsavtale om konsolidering. Dette er i samsvar med statlege, kulturpolitiske signal om «ytterlegare konsolideringar» og Regional kulturplan. Fylkesrådmannen gjer framlegg om auke på 1 mill. kr til Museum Vest, for å styrkje arbeidet med forskning, forvaltning og formidling.

Utbetaling av det auka driftstilskotet føreset at avtalen om konsolidering mellom Bergens Sjøfartsmuseum og Museum Vest ligg føre.

Sunnhordland museum

Gjennomgang av organisasjonen viser at økonomien ikkje står i forhold til dei tenestene eit profesjonelt museum skal levere. I samsvar med vedtak i fylkesutvalet bør tilskotet til museet styrkjast. Fylkesrådmannen legg til grunn at dette vert gjort over fleire år og ein føreset at stat og kommunar medverkar på tilsvarande vis til å setje organisasjonen økonomisk og administrativt i betre stand. Fylkesrådmannen meiner at styrking er avgjerande for ei forsvarleg drift og foreslår auke i tilskotet på kr 600 000.

IDRETT OG FRILUFTSLIV

Heile tusen

2	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Endring %
Administrasjon	3 778	4 411	16,8 %
Tilskot til idrettsarbeid	13 230	10 748	-18,8 %
Tilskot til idrettsprosjekt	3 058	2 800	-8,4 %
Tilskot spelemidlar	104 000	121 688	17,0 %
Tilskot til friluftsarbeid	12 143	15 062	24,0 %
Sum brutto driftsutgifter	136 209	154 709	13,6 %
Sum driftsinntekter	-109 300	-129 738	18,7 %
Netto driftsutgifter nominelt	26 909	24 971	-7,2 %
Netto driftsutgifter i 2018-kroner	27 657	24 971	-9,7 %

Kommentarar til tabellen**Administrasjon**

For 2017 vart det løyvd kr 400 000 til ei stilling for å bistå kommunar og regionale organisasjonar i høve til lokal anleggsutvikling og spelemiddelsøknadar. Det er avklart at prosjektstillinga skal vere eit tre-årig samarbeid med Bergen kommune og fylkesrådmannen tilrår å vidareføre løyvinga.

Oppgåver

Friluftsløva definerer m.a. fylkeskommunane sine oppgåver i høve til å fremje allmenne friluftssinteresser. Fylkeskommunen har jf. kongeleg resolusjon frå april 1987 fullmakt til å fordele spelemidlane for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet.

Oppgåvene innanfor fagområdet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er heimla i Regional kulturplan. I samsvar med visjonen Aktiv kvar dag skal ein gjennom forpliktande samarbeid mellom offentlege, frivillige og private aktørar arbeide

for målet om at alle i Hordaland skal kunne vere aktive etter eigne ønskje og føresetnader på allment tilgjengelege område i naturen og i anlegg i nærleiken av der dei bur.

Tenester

- Forvaltning av 14 andre statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar
- Driftstilskot til regionale samarbeidspartnarar
- Bidra til nasjonalt utviklingsarbeid innan fleire fagområder
- Kompetanseutvikling (m.a. konferansar, kurs, rettleiing og synfaringar i kommunane)
- Tilrettelegge aktivitetar for personar med særskilde behov i partnerskap med frivillige organisasjonar, kommunar og Helse Bergen
- Bidra til å utvikle toppidretten gjennom m.a. støtte til større meisterskap, investeringstilskot til idrettsanlegg og utviklingsstipend

Tilskot til idrettsarbeid

Kroner

3	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Hordaland Idrettskrets	3 415 000	3 516 000
Olympiatoppen Vest Norge	435 000	450 000
Stiftinga Solhovden	140 000	142 000
Fylkeskommunalt investeringstilskot	2 000 000	2 000 000
Medfinansiering fleirbrukshallar – kommunane	4 000 000	2 000 000
Store meisterskap	310 000	410 000
Fylkespremiar	50 000	50 000
Utviklingsstipend	180 000	180 000
Utlån av fylkeskommunale gymsalar	400 000	200 000
Lokal mobilisering mot doping	200 000	300 000
Idrettscampus Bergen	2 100 000	1 500 000
Sum brutto driftsutgifter	13 230 000	10 748 000

Kommentarar til tabellen

Hordaland idrettskrets

Fylkesrådmannen foreslår å auke tilskotet til Hordaland idrettskrets for å styrke og vidareføre utviklingsarbeidet i samband med Landsturneringa 2018 for menneske med nedsett funksjonsevne. Av tilskotet er kr 250 000 øyremerkta idrett for funksjonshemma og kr 50 000 til koordinering av integreringsprosjektet Aktiv saman og konferanse om integrering.

Medfinansiering til fleirbrukshallar

Fylkestinget løyvde 4 mill. kr til medfinansiering til kommunar som ikkje har fleirbrukshallar. Innan søknadsfristen for 2018 20. juni har kommunane Øygarden og Samnanger søkt. Av omsyn til budsjetttrammene foreslår fylkesrådmannen at budsjettposten vert sett til 2 mill. kr årleg. Dei fylkeskommunale tilskota til aktuelle kommunar vert fordelte over fleire år.

Store meisterskap 2018

Bergen Swim Festival søker om kr 75 000 og fylkesrådmannen foreslår å støtte arrangementet med kr 50.000. Norges Handballforbund Region Vest søker om kr 300 000 i støtte til landsturneringa for menneske med funksjonsnedsetjing og fylkesrådmannen tilrår å tildele arrangementet kr 200 000. Stord hestesportslag skal arrangere NM i ulike greiner innanfor hestesport for fjordhestar og søker om kr 225 000 i støtte. Fylkesrådmannen tilrår å støtte arrangementet med kr 50 000. Norges Volleyballforbund søker om

kr 500 000 i støtte til EM-kvalifiseringskampar for damer og herrar arrangert saman med Volleyuka for unge utøvarar. Fylkesrådmannen tilrår å støtte arrangementet med kr 60 000. Sartor Sportsskyttarlag søker om kr 100 000 i støtte til NM i skyting. Fylkesrådmannen tilrår å løyve kr 50 000 til arrangementet. Ivar Jacobsen søker om støtte til å arrangere Ironman 70.3 World Championship 2017 i Haugesund. Fylkesrådmannen tilrår å avslå søknaden fordi Hordaland fylkeskommune ikkje støttar enkeltpersonar.

Lokal mobilisering mot doping

Arbeid med haldningsskapande arbeid i den vidaregåande skulen vert gjort i samarbeid med Antidoping Norge. Fylkesrådmannen foreslår å utvide samarbeidet til ei 50% stilling og auke løyvinga til kr 300 000 i 2018 gjeldande for skuleåret 2018/19 for å oppfylle fylkeskommunen sin del av avtalen (50% av finansieringa).

Idrettscampus Bergen

For 2017 vart det løyvd 2,1 mill. kr til å vidareføre samarbeidet med Idrettscampus Bergen i samarbeid med Hordaland idrettskrets, Olympiatoppen Vest, SK Brann, Høgskolen på Vestlandet, Haukeland Universitetssjukehus, Universitetet i Bergen og Bergen kommune. Fylkestinget vedtok i desember 2017 ei 2-årig satsing. Bergen kommune bidreg med 1,5 mill. kr. Fylkesrådmannen legg til grunn tilsvarande løyving frå Hordaland fylkeskommune på 1,5 mill. kr.

Tilskot til idrettsprosjekt

3	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Psykiatri/rus	200 000	200 000
Konferansar/ kompetanse	158 000	160 000
Partnarskap for folkehelse	200 000	200 000
Lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom	2 000 000	1 740 000
Folkehelse/ sykkelvanar	500 000	500 000
Sum brutto driftsutgifter	3 058 000	2 800 000

Kommentarar til tabellen

Lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom
Fylkestinget løyvde i desember 2016 kr 200 000 til dokumentasjon av turbruk (teljepunkt.). Det er vedteke at summen skal inkluderas i tilskotsordninga lågterskel fysisk aktivitet for barn og unge øyremerkte føremålet. Responsen frå kommunar og organisasjonar var god.

Fylkesrådmannen gjer framlegg om 1,74 mill. kr samla til føremålet. Dette er ei oppgåve som også ligg innanfor kommunane sitt ansvarsområde, og fylkesrådmannen vil leggje opp til at kommunane tek eit større økonomisk ansvar på sikt.

Tilskot spelemidlar

Fylkeskommunen har ei viktig rolle i høve analysar og vurderingar av anleggsbehov i regionen. For å kunne bruke tilgjengelege ressursar best mogleg, er det viktig å hjelpe kommunane og lag med å få betre kunnskapsgrunnlag når det gjeld anleggsbehov og til å sikre større spelemidlandel til Hordaland. Kongen i statsråd fordelar årleg overskotet frå Norsk Tipping. Delen som skal gå til bygging

av anlegg for idrett og fysisk aktivitet vert fordelt til fylka etter følgjande modell: godkjendt søknadssum 50%, anleggsdekning 25% og tal innbyggjar 25%. I 2017 var det ei auke på 17% i tildelinga til Hordaland, og fylket fekk nest mest spelemidlar i landet. Hordaland fylkeskommune legg til grunn desse tala for 2018.

Tilskot til friluftsarbeid

3	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Arboretet på Milde	200 000	200 000
Bergen og Hordaland Turlag	636 000	786 000
Bergen og Omland Friluftsråd	2 005 000	2 035 000
Dokumentasjon av turbruk (teljepunkt)	200 000	0
Forum for natur og friluftsliv Hordaland	50 000	125 000
Friluftslivets hus i Hordaland	120 000	125 000
Friluftsrådet Vest	579 000	588 000
Gradering og merking av turløyper	770 000	770 000
Haugesund Turistforening	25 000	25 000
Kartlegging og verdisetjing av friluftsområde	428 000	428 000
Norges Jeger- og Fiskerforbund – Hordaland	100 000	100 000
Oppsyn/assistering av syklistar langs Rallarvegen	50 000	50 000
Tilskot – friluftsområde	3 800 000	6 000 000
Tilskot – friluftstiltak	1 500 000	2 050 000
Turistsatsing sykkel Hellesøy – Fedje	150 000	150 000
Turløyper på Kvamskogen	100 000	100 000
Vestkystparken	1 430 000	1 530 000
Sum brutto driftsutgifter	12 143 000	15 062 000
Sum driftsinntekter	- 5 300 000	-8 050 000-
Sum netto driftsutgifter	6 843 000	7 012 000

Kommentarar til tabellen

Bergen og Hordaland Turlag

Bergen og Hordaland turlag har dei seinare åra hatt stor medlemsvekst og tel meir enn 30.000 medlemmar. DNT har 150-årsjubileum i 2018 og planlegg å iverksetje ulike prosjekt, m.a. ferskingkurs i skulane. Modellen som primært er retta mot ungdomstrinnet, skal prøvast ut i vidaregåande skular som del av arbeidet med helsefremjande skular og Idrettscampus Bergen og vil vere eit nasjonalt pilotarbeid. Fylkesrådmannen foreslår å auke driftstilskotet med 150 000 kr øyremerkte ferskingkurs. Tiltaket vert eit verkemiddel i eit delprosjekt i Idrettscampus Bergen. Støtta går til turlaget som vil bli invitert inn i eit meir formalisert samarbeid.

Kartlegging og verdisetjing av friluftsområder/sti og løypeplanar

Stimuleringsmidlar til å utvikle kommunale sti- og

løypeplanar er ei naturleg vidareføring av det gode arbeidet i kommunane med Kartlegging og verdisetting av friluftsområde. Fylkesrådmannen tilrår å vidareføre posten i 2018.

Tilskot friluftstiltak og tilskot friluftsområde

Dette er statlege tilskotsordningar som fylkeskommunane forvaltar. I 2017 fekk Hordaland tildelt kr 2 050 000 i tilskot til friluftstiltak og 6 mill. kr i tilskot for det som gjeld friluftsområde. Desse tala vert lagt til grunn i 2018.

Turistsatsing sykkel Hellesøy–Fedje

Dette er ei 3-årig satsing på ei båtrute mellom Øygarden og Fedje. Fylkesrådmannen legg opp til at posten vert vidareført i 2018.

Vestkystparken

Vestkystparken er eit regionalt partnerskap for strategisk, praktisk og økonomisk samarbeid om viktige friluftslivsområder langs kysten i Rogaland og Hordaland. Samarbeid

om utfordringar knytt til maritim forsøpling har stort fokus. I januar overtek Hordaland fylkeskommune leiarskapet og sekretariatsansvaret for Vestkystparken (2018-2021).

Fylkesrådmannen tilrår å auke denne posten til kr 1 530 000 for å få ressursar til å forvalte oppgåva på ein tenleg måte.

KUNSTFORMIDLING

Kroner

2	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Endring %
Administrasjon kunst- og kulturformidling	3 852	9 866	156,1 %
Musikkføremål	3 902	0	-100,0 %
Den kulturelle skulesekken (DKS)	2 602	0	-100,0 %
DKS-spelemidlar	16 830	17 183	2,1 %
Den kulturelle spaserstokken	3 080	3 000	-2,6 %
Kunstinstitusjonar med statleg driftsavtale	21 473	17 002	-20,8 %
Kunstofføremål	13 675	18 603	36,0 %
Fylkesturnear – skulekonsertar	4 896	5 010	2,3 %
Sum brutto driftsutgifter	70 311	70 665	0,4 %
Sum driftsinntekter	-22 032	-22 271	1,0 %
Netto driftsutgifter nominelt	48 279	48 394	0,1 %
Netto driftsutgifter i 2018-kroner	49 621	48 293	-2,4 %

Kommentarar til tabellen

Administrasjon kunst og kulturformidling/Musikkføremål/ Den kulturelle skulesekken

Posten gjeld i hovudsak personalressursar og driftskostnader. Alle faste stillingar, som tidlegare låg under postane «Musikkføremål» og «Den kulturelle skulesekken», er føreslege samla i posten «Administrasjon kunst- og kulturformidling». Som følge av dette er det auke i denne posten i budsjettet.

DKS-spelemidlar

Hordaland fylkeskommune får overført spelemidlar til formidling av kunst og kultur i skulen. Spelemidlar kan ikkje brukast til administrasjon av tiltaket, men skal nyttast til konkrete kulturprosjekt retta mot elevar i grunnskulen og vidaregåande skule.

Den kulturelle spaserstokken

Ordninga med den kulturelle spaserstokken vart frå 2015 vidareført gjennom ei auke i fylkeskommunen sine frie inntekter med føremål å gje betre og meir omfattande tilbod av kunst og kultur for eldre.

Oppgåver

- Ivareta oppgåver innan kunst- og kulturformidling heimla i delegasjon av statlege forvaltingsoppgåver

- Understøtte Hordaland fylkeskommune sin vedtekte regionale politikk for utvikling av eit sterkt, mangfaldig og ambisiøst kunst- og kulturliv i heile fylket, både innan amatørkultur og profesjonell kunst
- Formidle eit mangfald av kunst- og kulturuttrykk til alle elevar i grunnskulen og den vidaregåande skulen

Tenesteproduksjon

- Ansvar for utvikling, produksjon, formidling og praktisk tilrettelegging av kunst- og kulturtilbodet til skulane i Hordaland. Arbeidet skjer i samarbeid med den statlege Kulturtanken – Den kulturelle skulesekken Norge
- Forvaltning av tilskot til andre og eigne produksjonseiningar. Mottakarane skal vere regionale verksemder som medverkar til kulturell mangfald og kulturell utvikling i fylket
- Forvaltning av økonomiske tilskot (faste driftstilskot til organisasjonar og institusjonar, investeringstilskot og prosjektbasert støtte)
- Fylkesmusikarordninga

Særskilde tiltak i 2018

I Regional plan for kultur 2015 – 2025 er det formulert følgjande mål: «Vilkåra for kunstproduksjon, visning/

framføring og formidling av kunst i heile fylket skal styrkast. Regionen skal ha eit berekraftig og levande kunstliv med komplette verdikjeder. Dette er grunnlaget for følgjande tiltak:

- Fokus på profesjonell kunst gjennom Kunstløft, jf. Regional kulturplan
- Fokus på regionalt engasjement og finansiering av musikkfestivalar
- Auka støtte til UKM-arrangementet (Ung Kultur Møtast)

Musikkføremål

Kommentarar til tabellen

Budsjettsummen i 2017 vert i forslaget for 2018 overført og sett inn i andre relevante budsjettpostar slik:

- Faste stillingar er flytta til «Administrasjon kunst- og kulturformidling»
- Fylkessekretariatet for song og musikkorg. i Hordaland er flytta til «Kulturverksemder og kulturtiltak, pkt. I. - Fylkesfemnande organisasjonar» og ny post «Norges Musikkråd – Hordaland: Fylkessekretariatet for song og musikkorg. i Hordaland».
- Distriktsmusikkgrupper er flytta til «Kulturverksemder og kulturtiltak», pkt. IV. Anna.

Kunstinstitusjonar med statleg driftsavtale

Kroner

3	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Festspillene i Bergen	4 722 000	0
Bergen Nasjonale Opera	5 708 000	5 794 000
Carte Blanche	6 683 000	6 783 000
Hordaland Teater	4 360 000	4 425 000
Sum brutto driftsutgifter	21 473 000	17 002 000

Kommentarar til tabellen

Bergen Nasjonale Opera, Carte Blanche og Hordaland Teater vert finansierte frå fleire kjelder. Desse institusjonane ligg på statsbudsjettet, og totalfinansieringa er fordelt prosentvis etter avtale mellom partane. Tabellen nedanfor syner korleis tilskota til den enskilde institusjonen vert fordelte mellom tilskotspartane.

Statleg tilskot til Festspillene i Bergen er overført til Norsk Kulturråd si nye støtteordning for musikkfestivalar. Det

ligg såleis ikkje lenger føre ein avtale med Kulturdepartementet for kostnadsdeling mellom kommune, fylkeskommune og stat. Fylkesrådmannen vil tilrå at Hordaland fylkeskommune tek sikte på å oppretthalde stønadsnivået til Festspillene og tilskot på kr 4 793 000 er ført opp under Kunstføremål nedanfor. Tildelinga frå Norsk Kulturråd vert kjend medio desember 2017.

3	Stat	Fylke	Kommune
Bergen Nasjonale Opera	70 %	15 %	15 %
Carte Blanche	70 %	15 %	15 %
Hordaland Teater	70 %	30 %	-

Kunsthøremål

Kroner

3	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Ambrosiahuset gjesteatelier	60 000	60 000
Bergen Assembly/ Bergenstriennalen AS	300 000	305 000
Bergen Kunsthall	408 000	414 000
Bergen Senter for elektronisk kunst	132 600	135 000
Det Akademiske Kvarter	100 000	0
Festspillene i Bergen	0	4 793 000
Festspillene i Bergen – festspelsatelittar	200 000	200 000
Hardingpuls	81 600	83 000
Hordaland Kunstsenter	3 450 000	3 500 000
Hordaland Kunstsenter: Internasjonalt Gjesteatelier	235 000	239 000
Internasjonalt kultursamarbeid	183 600	185 000
Internasjonalt: Juleprosjekt Orknøyane, Edinburgh	180 000	180 000
Internasjonalt: Kulturavtale Basse Normandie	214 000	214 000
Kraft	50 000	50 000
Kultur Vest	200 000	0
Kunstnarhuset Messen	150 000	152 000
Kunstnerverksteder cs55	50 000	51 000
Litteraturhuset i Bergen	826 200	839 000
Norsk forfattersentrum avd. Vestlandet	50 000	51 000
Proscen	173 400	176 000
Radøy Kunstsenter	100 000	50 000
Samtidsmusikkensemblet BIT 20	770 000	782 000
Skrivekunstakademiet	2 700 000	2 741 000
Stiftelsen 3.14	1 550 000	1 573 000
Stiftelsen Fargespill	816 000	828 000
Stipend: Folkemusikkstipend	0	150 000
Stipend: Kunstnarstipend	230 000	380 000
USF Verftet	112 000	114 000
USF Verftet – visningsrommet USF	50 000	51 000
Vestlandsutstillinga	150 000	152 000
VISP – Produsentenhet for visuell kunst	153 000	155 000
Sum brutto driftsutgifter	13 675 400	18 603 000

Kommentarar til tabellen

Generelle omsyn

I Regional kulturplan 2015–2025 har Hordaland fylkeskommune forma ein regional politikk for det profesjonelle kunstfeltet, og gjennom denne varsla ei satsing på dette. Jamt over har institusjonane og organisasjonane innan kunstfeltet søkt om monaleg auke i driftstilskota. Det er likevel ikkje mogleg å imøtekome dette av omsyn til budsjettramma.

Det Akademiske Kvarter

Driftsstøtta er ikkje kunstpolitisk grunngeve, og vert flytta til kapittelet «Kulturverksemdar og kulturtiltak, pkt IV Anna».

Festspillene i Bergen

Overført frå posten «Kunstinstitusjonar med statleg drifts-avtale».

Hardingpuls

Dette er ein viktig kunstpolitisk aktør utanfor Bergen og vert foreslått noko styrka, jfr Regional kulturplan.

Hordaland kunstsenter

Institusjonen får all si offentlege driftsstøtte frå Hordaland fylkeskommune. Senteret har gjennom nokre år satsa på å tilby kompetanse for kommunar og andre innanfor feltet kunst i offentlege rom. Tilskotet er foreslått auka for å kunne vidareføre denne satsinga, jf. Regional kulturplan.

Internasjonalt kultursamarbeid

Denne posten vert i hovudsak nytta til prosjekt i samarbeidsregionane og kan støtte særlege satsingar i desse, men kan og støtte opp anna internasjonalt kultursamarbeid.

Juleprosjekt Orknøyane, Edinburgh

Posten er nytta for å støtte dei tradisjonsrike adventsmarkeringane med juletretenning og vinterfestival. I Cardiff er det ikkje lenger aktivitet, medan det er stor merksemd om arrangementa i Kirkwall og Edinburgh. På Orknøyane legg kultur- og idrettsavdelinga opp turne i skulane, i tillegg til konsertar. Adventsmarkeringane vil gå som ordinært i 2018.

Kulturavtale Basse Normandie

Regionreform i Frankrike, har medført at Basse Normandie no er del av den nye regionen Normandie. Samarbeidsavtalen frå 2009 må difor reviderast. På kulturområdet er det

konkrete samarbeidsprosjekt som må følgjast opp. Dette gjeld museumssamarbeid om krigshistorie og avtale om utvekslingsprogram for unge kunstnarar, i samarbeid med kunsthøgskulen ESAM i Caen og Universitetet i Bergen, fakultet for kunst, musikk og design. Det er og aktuelt å gje stønad til at kunstnarar frå Hordaland kan delta i festivalen Les Boreales i november.

Midlane på dei tre postane ovanfor som omhandlar internasjonalt samarbeid, går primært til tiltak initiert av Hordaland fylkeskommune. I særskilde tilfelle kan andre aktørar få tilskot dersom prosjekt/tiltak støttar opp under innhaldet i samarbeidsavtalane og er i samsvar med prioriteringar i Regional plan for kultur 2015–2025. Postane er lagt fram for politisk handsaming i saka «Fullmakter på kulturområdet».

Kultur Vest

Stønaden vert flytta til «Kulturverksemdar og kulturtiltak, pkt. IV Anna».

Radøy kunstsenter

I samband med omlegging av Radøy kunstsenter, foreslår fylkesrådmannen å redusere løyvinga til kr 50 000. Ein vil kome attende til saka i samband med budsjettet for 2019.

Stipend: Folkemusikkstipend

Overført frå «Kulturverksemdar og kulturtiltak, pkt. IV Anna». Ordninga har hatt god effekt og fylkesrådmannen legg til grunn ei styrking på kr 50 000.

Stipend: Kunstnarstipend

I samsvar med Regional kulturplan og satsingsfeltet «Kunstløft» er det lagt inn ei monaleg auke i posten på kr 150 000. Det er etablert prosedyrar for omfattande fagleg medverknad i arbeidet med tildeling av stipend. Fylkesrådmannen tek sikte på at kr 350 000 vert fordelte som stipend, og kr 30 000 vert nytta til vederlag for kunstnarar og andre som medverkar i vurderinga.

Fylkesturnear – skulekonsertar

Skulekonsertordninga, som har eksistert sidan 1990 og har gjeve to konsertar årleg til alle elevar i grunnskulen, er under omlegging etter samanslåing av Rikskonsertane og Den kulturelle skulesekken (DKS) til Kulturtanken. Ordninga skal innlemmast som del av det samla DKS-tilbodet i løpet av 2018. Fylkesrådmannen vil kome attende til dette når tildelingsvilkåra frå Kulturtanken er kjend.

KULTURFØREMÅL

Tal i heile 1000 kr

2	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Endring %
Barne- og ungdomsarbeid	2 325	2 370	1,9 %
Vaksenopplæring	628	628	0,0 %
Kulturverksemdar og kulturtiltak	19 203	17 986	-6,3 %
Stønad etter vedtak	3 296	3 296	0,0 %
Kulturelt utviklingsprogram	6 500	6 637	2,1 %
Tilskot til kulturhus	9 500	9 300	-2,1 %
Sum brutto driftsutgifter	41 452	40 217	-3,0 %
Sum driftsinntekter	-5 000	-3 000	-40,0 %
Netto driftsutgifter nominelt	36 452	37 217	2,1 %
Netto driftsutgifter i 2018-kroner	37 465	37 217	-0,7 %

Barne- og ungdomsarbeid

Kroner

3	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Driftstilskot til fylkesomfemnande organisasjonar med barne- og ungdomssatsing	1 000 000	1 000 000
Hordaland Barne- og ungdomsråd (HBUR)	510 000	570 000
Scenekunst for barn og unge i Sunnhordland	265 000	0
Ung Kultur Møtast (UKM)	550 000	800 000
Sum brutto driftsutgifter	2 325 000	2 370 000

Kommentarar til tabellen

Driftstilskot til fylkesomfemnande organisasjonar med barne- og ungdomssatsing

I tråd med Regional kulturplan er det gjort ein gjennomgang av eksisterande stønadsordningar for å få dei i samsvar med behova på kulturfeltet. Driftstilskot til barne- og ungdomsorganisasjonar har omfatta driftsstønad til fylkesomfemnande og regionale organisasjonar, med ein tilskotsdel basert på medlemstal og ein del med skjønsmessig vurdering knytt til aktivitetar.

HBUR

Dette er ein nettverksorganisasjon for barne- og ungdomsorganisasjonar. Organisasjonen må i 2018 flytte til nye lokale, og vil satse på utvida tilbod til ungdom. Det er lagt inn auke i tilskotet for å imøtekomme dette.

Scenekunst for barn og unge i Sunnhordland

Denne posten er flytta og lagt inn under Barneteaterfestivalen på Stord/barnelitteraturfestivalen Falturiltu i «Kulturverksemdar og kulturtiltak, pkt. III Festivalar, Scenekunst.

UKM – Ung Kultur Møtast

Tidlegare «Ungdommens kulturmonstring» har dei siste åra hatt positiv utvikling. Gjennom dei tre siste åra har Hordaland fylkeskommune styrka arbeidet med UKM Hordaland og innført fleire nye satsingar for å vektleggje UKM som møteplass for ungdom. UKM-festivalen i Hordaland er ein omfattande heilskap av tilbod og opplevingar (framsyningar, konsertar, workshops, sosiale aktivitetar, overnatting osv). Det er lagt inn auke i tilskotet for å ivareta denne satsinga.

Vaksenopplæring

3	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Tilskot til Vaksenopplæringsforbundet i Hordaland	228 000	228 000
Tilskot til vaksenopplæringstiltak	400 000	400 000
Sum brutto driftsutgifter	628 000	628 000

Kommentarar til tabellen

I samsvar med reglane som fylkestinget har vedteke, skal kultur- og idrettsavdelinga administrere tilskot (grunntilskot og administrasjonstilskot) til organisasjonsverksemd

for godkjende studieorganisasjonar. Hordaland fylkeskommune gjev og tilskot til paraplyorganisasjonen Vaksenopplæringsforbundet i Hordaland.

Kulturverksemd og kulturtiltak

Kroner

3	Budsjett 2017	Budsjett 2018
---	---------------	---------------

I. Fylkesfemnande organisasjonar

Musikkorganisasjonar

Hordaland folkemusikklag	68 000	69 000
Hordaland korforbund	193 000	196 000
Norges Musikkorpsforbund Hordaland	476 000	483 000
Norsk Musikkråd – Hordaland	218 000	221 000
Norsk Musikkråd – Hordaland: Fylkessekretariatet for song og musikkorg i Hordaland	206 000	209 000

Interesseorganisasjonar

Det felles innvandrerråd i Hordaland	599 000	650 000
Hordaland fylkeshusflidslag	366 000	371 490

II. Kulturverksemd

Musikk

AKKS Bergen	45 000	46 000
Bergen Filharmoniske ungdomsorkester / Ung Symfoni	102 000	153 000
Brak (tidl. BRAK – Bergen Rock Aktører)	350 000	355 000
Edvard Grieg kor (tidlegare Kor Vest)	511 000	600 000
Kulturhuset Østre	102 000	104 000
Musica Nord	142 000	142 000

3

	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Ole Bull Akademiet	274 000	278 000
Orkesteret Fossegrimen	220 000	220 000
Stiftelsen prof. Jiri Hlinka klaverakademi	133 000	135 000
Stiftinga Fartein Valen	311 000	311 000
Vestnorsk Jazzsenter (Inkl. Bergen Big Band)	1 327 000	1 347 000

Scenekunst

Bergen Dansesenter	118 000	120 000
Bømlo Teater	259 000	345 000
Fyllingsdalen teater	300 000	305 000
Stiftelsen Bergen Internasjonale Teater	503 000	511 000
Teaterdrift Bergen AS – Cornerteateret	510 000	518 000
Vestlandske Teatersenter	406 000	412 000

Film

Cinematket	100 000	100 000
Vestnorsk filmsenter	1 093 000	1 109 000

Formidlingsorganisasjonar

FN-sambandet Vest/Internasjonal uke	100 000	100 000
Hordaland Folkeakademi	435 000	440 000
Moster Kyrkjehistoriske senter/Moster Amfi	909 000	920 000
Seglskipet "Statsraad Lehmkuhl"	1 719 000	1 740 000
Vestnorsk Kulturakademi	321 000	300 000

III. Festivalar*Musikk*

Barnas Festspill	31 000	31 000
Bergen internasjonale filmfestival BIFF	329 000	334 000
Bergen Music Fest	100 000	100 000
Borealis-festivalen	200 000	203 000
Grieg intern. Korfestival/Nina Grieg barnekorfest.	100 000	100 000
Hardanger Musikkfest	328 000	333 000
Hardingtonar, Kvam	87 000	88 000
Nattjazzen i Bergen	111 000	160 000
Osa-festivalen, Voss	73 000	74 000

3

	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Vossa Jazz	353 000	348 000
Vossa Jazz-prisen	50 000	50 000

Scenekunst

Barneteaterfestivalen på Stord / Falturiltu	164 000	400 000
Baroniet i Rosendal – kulturtilskipingar	100 000	100 000
Bømlo teater – Mostraspelet	185 000	0
Stiftelsen Bergen Internasjonale Teater – Oktoberdans/Meteor	48 000	50 000

Andre kunstartar

Foreningen Ekko – Ekko-festivalen	107 000	109 000
Kystsøgeveken	1 242 000	1 250 000
Litteratursymposiet i Odda	210 000	213 000
Ulvik poesifestival	80 000	81 000

IV. Anna

1000-årsjubileet for Kristenretten 2024		100 000
Det Akademiske Kvarter	100 000	100 000
Distriktsmusikkgruppe	487 000	247 000
Folkefest sykkel-VM 2017	2 500 000	0
Folkemusikkstipend	100 000	0
Hardingfela.no	300 000	300 000
Kirkelig dialogsenter	200 000	200 000
Kultur Vest	0	200 000
Sum brutto driftsutgifter	19 996 000	17 986 000

Kommentarar til tabellen*Det felles Innvandrerråd i Hordaland*

Rådet har svært pressa driftssituasjon. Det er funne rom for noko auke. Dette er viktig for å sikre stabilitet i arbeidet. Fylkesrådmannen legg til grunn at inkludering, mangfald og likestilling er ei prioritert satsing jf. Regional kulturplan.

Bergen Filharmoniske Ungdomsorkester/Ung Symfoni
Ungdomsorkestersatsinga til Bergen Filharmoniske Orkestre, i samarbeid med Ung Symfoni, er ei målretta satsing som syner god utvikling. Det er lagt inn ei auke for å støtte denne utviklinga.

Edvard Grieg Kor

Koret har lagt barnekorsatsinga inn under sin organisatoriske struktur. Det er viktig å støtte dette arbeidet, som

medverkar til heilskapleg satsing frå amatør til profesjonell. Koret har trong for betre administrativ kapasitet, i tillegg til å nytte ressursane til dei tilsette songarane betre. Det er lagt inn noko auke, grunngjeve i Regional kulturplan, kunstløft, talentutvikling og arbeid med barn og unge.

Bømlo Teater

Løyvinga til Mostraspelet er overført til drifta av Bømlo Teater. Kr 100 000 av den samla løyvinga er overført til den nye posten «1000-års jubileet for Kristenretten 2024».

Vestnorsk Jazzsenter

I løyvinga ligg kr 50 000 til drifta av Bergen Big Band.

Nattjazz i Bergen

Festivalen mottek no statlege midlar frå Norsk Kulturråd under den nye tilskotsordninga til musikkfestivalar. Den

fylkeskommunale løyvinga har vore på same nivå i mange år, og det er naudsynt å styrkje det regionale engasjementet i festivalen. Det er såleis foreslått noko auke.

Barneteaterfestivalen på Stord/Falturiltu

Her er overført kr 250 000 frå «Scenekunst for barn og unge i Sunnhordland».

Distriktsmusikkgrupper

Tilskotet til Distriktsmusikkgrupper er basert på ein avtale mellom Hordaland fylkeskommune og Voss kommune. Avtalen med Stord kommune er avvikla. Avtalen har eit års oppseiing og fylkesrådmannen legg til grunn at avtalen

med Voss kommune vert evaluert i 2018 i samråd med kommunen.

Folkemusikkstipend

Posten er overført til «Kunsthøremål».

1000-års jubileet for Kristenretten 2024

Bømlo kommune har teke initiativ til å setje i gang planlegging av jubileet i 2024. Hordaland fylkeskommune løyvde kr 100 000 til forprosjektet i 2017. Prosjektet bør vidareutviklast i åra fram mot jubileet. Markeringa er tenkt som ein sentral del i det nasjonale prosjektet Noreg gjennom 1000 år, som vil gå frå 2021–2030.

Stønad etter vedtak

3	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Prosjekttilskot: Kultur – amatør	408 000	408 000
Prosjekttilskot: Kultur – amatør – barn og ungdom	510 000	510 000
Prosjekttilskot: Kunst og kultur – profesjonell	950 000	950 000
Prosjekttilskot: Kunst og kultur – profesjonell – barn og ungdom	408 000	408 000
Prosjekttilskot: Større kulturprosjekt	1 020 000	1 020 000
Sum brutto driftsutgifter	3 296 000	3 296 000

Kommentarar til tabellen

Prosjekttilskot

Tilskota innafor ordninga vart lagt om i 2016 som oppfølging av Regional kulturplan. Målsettinga var eit klårare skilje mellom amatørar og profesjonelle, og ei tydeleg

kunstopolitisk satsing. Dette har synt seg å vera ei vellukka omlegging. For å spisse ordningane er namna endra noko.

Kulturelt utviklingsprogram – KUP

KUP er eit verkemiddel for større satsingar i kulturlivet i Hordaland, og skal støtte nyskapande og målretta prosjekt initierte av kulturlivet. KUP er eit supplement til Hordaland fylkeskommune sin innsats på kulturområdet elles,

og til annan offentleg eller privat økonomisk medverknad. Erfaringar og resultat har vist at denne ordninga med frie midlar til utvikling og nye initiativ har vore svært vellukka.

Tilskot til kulturhus

3 Tilskot til kulturhus	2017	2018
Tilskot		
Tilskot til kulturhus (spelemlar)	5 000	3 000
Kulturbygg med regionale funksjonar (fylkeskommunale midlar)	1 100	3 000
Grieghallen	3 400	3 300
Sum driftsutgifter	9 500	9 300
Refusjonar		
Tilskot til kulturhus (spelemlar)	-5 000	-3 000
Sum refusjonar	- 5 000	- 3 000
Netto driftsutgifter	4 500	6 300

Kommentarar til tabellen

Det er eit stort behov for arena innan kulturområdet både når det gjeld kunst, scene, museum m.v. Det er pr. i dag stort etterslep i Hordaland når det gjeld tilrettelegging, rehabilitering og utvikling av nye arena.

Når det gjeld overføring av statlege spelemlar til kulturhus (desentralisert ordning), har løyvingane dei siste åra vorte sterkt reduserte. Dette har Regjeringa grunngeve med at stadig nye tiltak, som tidligare har vore finansiert over statsbudsjettet, i staden skal finansierast av spelemlane. I tillegg er det gjort endringar i spelemiddelnøkkelen.

Hordaland fylkeskommune har to ordningar til kulturhus: Tilskot til lokale kulturhus og Tilskot til kulturhus med regionale funksjonar.

Tilskot til kulturhus (spelemlar)

I 2018 legg fylkesrådmannen inn 3 mill. kr i spelemlar til kulturhus på grunnlag av dei reelle overføringane ein fekk i 2017, og føreslår at 1 mill. kr av desse vert nytta til ordninga Kulturbygg med regionale funksjonar.

Dei resterande 2 mill. kr vert fordelte i eiga sak hausten 2018 under ordninga Tilskot til lokale kulturhus.

Kulturbygg med regionale funksjonar (fylkeskommunale midlar)

I 2017 var budsjettet på denne posten 4,5 mill. kr. Av desse midlane er det rekna med ei årleg avsetjing til Grieghallen med omlag 3,4 mill. kr årleg i 20 år. Det står slik att 1,1 mill. kr i fylkeskommunalt tilskot til kulturhus med regionale funksjonar i 2017.

Fylkesrådmannen foreslår å styrkje denne posten med 1,9 mill. kr slik at posten vert på 3,0 mill. kr i budsjettet for 2018. Fylkesrådmannen føreslår vidare at ubrukte spelemlar i 2017 på 0,95 mill. kr vert overført til 2018. Legg ein til 1 mill. kr frå dei samla spelemlane til kulturhus 2018, jf. ovanfor, utgjer dette samla 6,05 mill. kr til fordeling på posten Kulturbygg med regionale funksjonar i budsjettet for 2018.

Overført spelemlar 2017	Spelemlar 2018	Overført Kulturbygg m/reg. funksj. frå 2017	Kulturbygg m/reg. funksj 2018	Samla:
950	1 000	1 100	3 000	6 050

Griegghallen

I 2017 vart denne skild ut som eigen post. Avdrag og renter på lån til Griegghallen er sett av med 3,3 mill. kr i budsjett for 2018. Summen er avhengig av rentenivået, og var i 2017 på 3,279 mill. kr.

Sentralbadet Bergen

Dette prosjektet er mellom dei viktigaste kulturpolitiske sakene i den komande perioden. Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og staten er eigarar av Carte Blanche og må i samarbeid arbeide for å løyse saka om realisering av nye lokale for Carte Blanche og BIT Teatergarasjen. I 2017 løyvde staten v/ Kulturdepartementet 1/3-del av investeringa, inntil 230 mill. kr, frå ordninga Nasjonale kulturbygg.

Slik den økonomiske situasjonen for fylkeskommunen er framover, legg fylkesrådmannen til grunn at ein må vurdere kor stor del av dei samla kostnadene som eventuelt skal dekkast av Hordaland fylkeskommune. Som ein av eigarane av Carte Blanche er det likevel naturleg at fylkeskommunen deltek i det vidare arbeidet med å skaffe lokale.

Det er motteke søknader for til saman knapt 42,5 mill. kr. Prosjekta det er søkt om, har ein samla kostnad på nær 260 mill. kr. Dette understrekar at det er stor trong for midlar til mange prosjekt og gjer at fylkesrådmannen er skeptisk til å låse seg til eit stort prosjekt, Sentralbadet, for mange år framover.

Fylkesrådmannen foreslår følgjande fordeling i 2018:

Institusjon		Kostnad	Søknads- sum	Tidlega- re HFK tilskot	Tilskot frå kommune	Tilskot frå Staten	Tilrådd 2018
Aldea (tidl. Centralize Bergen)	Ombygging	3 400	1 500	1 000	0		0
Bergens Kunstforening/Landmark	Modernisering	0	400	0	0		0
Bymuseet/Bryggens Museum	Modernisering publikumsareal	52 000	8 500	0	8 500	15 800	0
Bymuseet/Gamle Bergen Museum	Publikumsbygg	64 000	10 700	2 000	10 700	21 300	3550
Fyllingsdalen Teater	Utbetring av golv	139	139	0	0		100
Hardanger og Voss museum/ Hardanger Fartøyvernssenter	Utviding av Kulturnaustet, fyrne funksjonar i bygg, kjøp av nabotomt	100 000	13 900	1 900	0		700
Hordaland Kunstsenter/Klosteret 17	Rehabilitering av tak, fasade, visningsrom	5 100	1 800	0	0		1500
Kulturhus Knarvik	Forprosjekt	0	200	100	0		200
Museum Vest/Herdla museum	Nytt museumsbygg	13 500	3 300	1 700	0		0
Sentralbadet Litteraturhus Odda	Ferdigstilling av restaurering	4 200	1 000	1 400	0		0
Sunde kyst- og litteratursenter	Slutføring av opprusting av hovudhuset	5 700	900	2 400	1500		0
Hardanger og Voss museum/ Voss folkemuseum	Utbetring av samlingsbygget på Mølster	11 400	2 000	0	0		0
Samla		259 439	44 339	10 500	20 700	37 100	6 050

STAB / STØTTE

2	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Endring %
Sum brutto driftsutgifter	8 254	8 730	5,8 %
Netto driftsutgifter i 2018-kroner	8 483	8 730	2,9 %

Seksjonen er utførande eining på kultur- og idrettsavdelinga for ansvarsområdet. Det er 9 tilsette fordelt på 8,4 årsverk (inkl fylkesdirektør).

Oppgaver og tenesteproduksjon

Staben arbeider med funksjonar som er strategisk relaterte som gir retning for organisasjonen sitt arbeid med fellesoppgaver og som ikkje fell inn under dei enkelte fagseksjonane sitt fagområde.

Støttefunksjonane, også kalla merkantile tenester, har som eit av hovudmåla å avlaste og forenkle drifta i linja. Døme på slike oppgaver er felles arkivteneste og ekspedisjon for

avdelinga, bistå linjeleiarane i rekrutteringsprosessar, sjå til at aktuelle rutinar og regelverk vert ivareteke, tilskotsoppfølging og sjå til at personalportalen og personalarbeidet vert følgd opp i samsvar med gjeldande retningsliner.

Kommentarar til tabellen

Løn utgjer størsteparten av budsjettet, men her ligg også ein fellespott for avdelinga til drift på om lag 1,7 mill. kr.

I tillegg finn fylkesrådmannen å auke driftsposten med 0,3 mill. kr øyremerka kjøp av utgreiingstenester, jf Mål og strategiske prioriteringar.



Fellesfunksjonar

FELLESFUNKSJONAR

Kontingentar m.m.

Der er ført opp 9,7 mill. kr til kontingentar. KS-kontingen-ten er på 9,15 mill. kr. Andre kontingentar gjeld Confe-rence of Peripheral Maritime Regions of Europe, Norsk Gassforum, Bergen Næringsråd, Transparency Interna-tional, Kraftfylkekontingent og Landssamanslutninga av nynorskkommunar.

Partane i kommunal sektor oppretta i 2002 ei "OU-ord-ning" (Opplæring- og utviklingsordning). KS administrerer ordninga. Finansieringa er delt med 1/3 på arbeidstakar- og 2/3 på arbeidsgjevarsida. Fylkeskommunen (arbeids-gjevar) sin del av kostnaden er rekna å utgjere om lag 2,4 mill. kr.

KS har teke initiativ til eit felles kommunalt digitalise-ringsprosjekt fram mot år 2020. Kommunar og fylkes-kommunar vert invitert til å gå inn med eit eingangsbeløp. Kommunal- og moderniseringsdepartementet vil bidra med eit tilsvarende beløp som kommunesektoren. For fylkeskommunane er det foreslått kr 5 pr. innbyggjar. Fyl-kesrådmannen meiner dette er eit viktig satsingsområde, og budsjetterer med 2,5 mill. kr i 2018.

Det er ført opp tilskot på 1,1 mill. kr til Vest Noregs Brusselkontor.

Til bedriftsidrettslaget Hordane er det budsjettert med tilskot på kr 75 000.

Ymse tilskot

Fylkeskommunen har gjeve tilskot til ymse lag og orga-nisasjonar som ikkje høyrer naturleg inn under dei ulike sektorane. Fylkesrådmannen har ført opp same summene som i 2017. I tillegg er det ført opp eit tilskot på kr 60 000 til Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organi-sasjoner. SAFO har tidlegare fått tilskot frå fylkeskom-munen, men fall ut i 2017, sidan ein ikkje hadde motteke nokon søknad. Organisasjonen har sendt inn søknad for 2018.

Fylkesrådmannen meiner det er uheldig at det ikkje er utarbeidd retningslinjer med klare kriterium for tildeling av desse tilskota. Fylkesrådmannen vil kome attende med eiga sak om dette tidleg i 2018, med tanke på tydelegare innretting av ordninga frå 2019.

Kr 1 000

	2017	2018
Raftostiftelsen	360	360
Kirkens SOS	150	150
FFO	270	270
SAFO	0	60
Dysleksiforeningen i Bg.	10	10
Actis-Hordaland	100	100
FRI	300	300
Pensjonistforbundet	50	50
Sum	1 240	1 300

Tilleggsøyvingskonto fylkesutvalet

Til tilleggsøyvingar er det i 2018 ført opp kr 1 734 000. I 2017 var tilleggsøyvingskontoen kr 2 829 000.

Lønsavsetjing/premieavvik

Lønsbudsjetta for dei einskilde skular og einingar er utar-beidde i forventade lønsregulativ pr. 01.01.2018.

Lønsavsetjinga skal dekkja venta lønsauke i 2018. I sam-svar med statsbudsjettet sine føresetnader har ein lagt til grunn til ein lønsvekst på 3 % frå 2017 til 2018. Til dette trengst det 45,6 mill. kr.

På neste side er det vist ei liste over amortisering av premieavvik frå tidlegare år. Premieavviket som vil oppstå i 2017 er enno ikkje kjent. Ein har berre prognosar. Ein set

av 3,4 mill. kr på lønsavsetjingskontoen til amortisering av forventede premieavvik som vil oppstå i 2017.

Prognosen frå Statens Pensjonskasse tilseier at kostnaden som skal rekneskapsførast vil bli om lag 22,2 mill. kr lågare enn betalt premie, altså eit positivt premieavvik.

For pensjonsordninga i KLP har ein gjennom fleire år budsjettert med ein premie på 14 %. Dette har vist seg å ligge i nærleiken av kostnaden ein endar opp med, etter å ha bokført eventuelle premieavvik. Prognosen for 2018 er at kostnaden inklusive arbeidsgjevaravgift, vil bli 8,1 mill. kr lågare enn budsjettert premie.

Til saman utgjer positive premieavvik i KLP og SPK 30,3 mill. kr. Ein fører denne summen opp som eit frådrag i lønsavsetjinga, og endar då opp med ei lønsavsetjing på 18,7 mill. kr.

Dette kan oppsummerast slik:

	Mill. kr
Lønsavsetjing for 2018	45,6
Amortisering av premieavvik frå 2017	3,4
Prognose premieavvik SPK 2018	-22,2
Prognose premieavvik KLP 2019	-8,1
Netto avsetjing	18,7

Underskot sykkel-VM

Fylkeskommunen har garantert for eit underskot på inntil 5,2 mill. kr. Fylkesrådmannen foreslår å setje av garanti-summen i budsjettet for 2018.

Amortisering av premieavvik frå før 2017

I følgje rekneskapsreglane skal pensjonskostnad leggast til grunn for rekneskapsføring av pensjonspremie. Avviket mellom betalt premie og pensjonskostnad vert kalla premieavvik. Premieavviket skal dekkast inn over ein fastsett periode. Perioden for inndekking er fleire gonger blitt korta ned.

Premieavvik som oppstod i perioden 2002–2010 skal dekkast inn over 15 år. Premieavvik frå 2011–2013 skal dekkast over 10 år. Premieavvik oppstått i 2014 og seinare skal dekkast over 7 år.

Storleiken på premieavviket for 2017 er enno ikkje kjent. Inndekking av premieavviket for 2017 er difor ikkje ført opp på dette budsjettkapitlet, men vert dekkast av lønsavsetjinga. Summen som er budsjettert for inndekking som del i 2017,

er 1/15 av premieavviket for kvart av åra 2003–2010, 1/10 av premieavviket for 2011–2013 og 1/7 av premieavviket for 2014–2016.

Summen kjem fram slik:

År	Kr 1000
2003	1 657
2004	2 928
2005	635
2006	1 936
2007	855
2008	3 011
2009	6 075
2010	6 078
2011	6 468
2012	4 928
2013	4 267
2014	6 071
2015	8 986
2016	3 641
Sum	57 536

Avsetjing til fond for inndekking av premieavvik

Frå og med år 2002 vart det innført nye reglar om bokføring av pensjonskostnader. Bakgrunnen var at pensjonspremien kunne svinge mykje frå år til år. Målet var å få ei jamnare fordeling av pensjonskostnaden.

Dei fleste åra har betalt pensjonspremie vore høgare enn rekneskapsført kostnad. Det har dermed bygd seg opp eit «premieavvik» som må dekkast inn.

Hordaland fylkeskommune hadde ved utgangen av 2016 eit oppsamla premieavvik på 355,4 mill. kr. Dette er pensjonspremie som er betalt, men enno ikkje kostnadsført i rekneskapen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har valt ein praksis der dei dekkar inn premieavvik fullt ut året etter at det oppstod. Dermed unngår ein å samle opp eit stort premieavvik. Etter at Hordaland og Sogn og Fjordane har slått seg

saman, må ein handsame nye premieavvik på same måten. Amortisering av gamle premieavvik vil gå som før.

Om ein endar opp med å praktisere Sogn og Fjordane sin metode, med full amortisering året etter at premieavviket oppstod, vil ein einskilde år kunne få store premieavvik å amortisere. I slike situasjonar kan det vere godt å ha eit fond å tære på.

I 2017 vart det budsjettert med 25 mill. kr til fond. Fylkesrådmannen foreslår at same summen vert sett av i 2018.

Tilbakebetaling av underskot frå skular

Dei vidaregåande skulane får behalde overskot, men må dekke inn underskot 2 år i ettertid. Underskotsdekninga vert inntektsført sentralt på denne kontoen med same storleik som utgiftsføringa på skulebudsjetta.

Det er budsjettert med slik inndekking av underskot frå tidlegare år:

2016-underskot:	Kr 1000
Os gymnas	243
Voss vgs.	1 203
Bergen tekn. fagskole	2 870
Austevoll vgs.	261
Nye Voss vgs.	439
Hyssingen	1 346
Manger fhs.	388
Sum	6 750

Overføring til investeringsbudsjettet

Fylkesrådmannen har ført opp 70 mill. kr av driftsmidlar til finansiering av investeringar. I 2017 vart det budsjettert med 70 mill. kr.

Renter og avdrag

Tal i heile 1000 kr

		Budsjett 2017	Budsjett 2018	Endring %
Renter	Utgifter	242 000	234 400	-3,1 %
	Inntekter	-33 000	-31 900	-3,3 %
	Netto utgift	209 000	202 500	-3,1 %
Avdrag	Utgifter	509 000	575 000	13,0 %
Sum	Brutto utgifter	751 000	809 400	7,8 %
	Inntekter	-33 000	-31 900	-3,3 %
	Netto utgifter	718 000	777 500	8,3 %

Renter

Renteutgiftene for 2018 er rekna til 234,4 mill. kr, ein nedgang på 7,6 mill. kr i høve til 2017. I utrekninga har fylkesrådmannen teke utgangspunkt i ein rentesats på 1,5 % for lån med flytande rente.

Om lag halvparten av eksisterande lån har fast rente, og gjeldande rentesatsar blir nytta ut bindingsperioden. Gjennomsnittleg lånerente for heile låneporteføljen er i budsjettet for 2018 2,2 %.

Renteinntektene er budsjettert til 12,9 mill. kr.

Vidare vert det budsjettert med 19 mill. kr i rentekompensasjon frå staten på lån til skuleinvesteringar og veginvesteringar.

Når det gjeld veginvesteringar, er det i statsbudsjettet ikkje foreslått ny låneramme for 2018. Men kompensasjon for tidlegare lån vert vidareført. For skuleinvesteringane har Hordaland fylt opp kvoten, og grunnlaget for utrekning av rentekompensasjon vert gradvis trappa ned.

Avdrag

Det er budsjettert med 575 mill. kr i avdrag, ein auke på 66 mill. kr i høve til 2017. Raskare tilbakebetaling av lån er med å bremse den sterke gjeldsveksten ein har sett dei siste åra.



Frie inntekter og kraftinntekter

FRIE INNTEKTER

Tal i heile 1000 kr

	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Endring %
Skatt	3 226 000	3 286 470	1,9 %
Rammetilskot	3 144 000	3 190 945	1,5 %
Sum	6 370 000	6 477 415	1,7 %
Sum i 2018-kroner	6 503 700	6 477 415	-0,9 %

Dei frie inntektene for fylkeskommunen omfattar fylkes- skatt og rammetilskot.

Kommuneproposisjonen

I kommuneproposisjonen for 2018 varsla regjeringa at fylkeskommunane vil få ein vekst i frie inntekter på 300 mill. kr. Av denne veksten er 100 mill. kr sett av til særskilt fordeling til fylkeskommunar som har ferjedrift.

Rammesak

I rammesaka til fylkesutvalet i juni nytta ein KS sin modell for utrekning av frie inntekter. Modellen viste frie inntekter for Hordaland fylkeskommune på 6 389 mill. kr (2017-kr). Samanlikna med budsjettet for 2017 var dette ein realvekst på 19 mill. kr (0,3 %).

Hordaland fylkeskommune tener på at 100 mill. kr av veksten i 2018 skal fordelast på fylkeskommunar som har ferjedrift.

På den andre sida tapte Hordaland på omlegginga av kostnadsnøklane i 2015. Tapet vert fasa inn gjennom ei overgangsordning på 5 år. Hordaland får ei nedtrapping i rammetilskotet på ca. 11 mill. kr kvart år.

I 2017 fekk Hordaland auka skjønstilskot for delvis å kompensere for eit stort tap som følgje av oppdaterte data over innbyggjarar busett spreitt. Ein ventar at skjønstilskotet vil bli redusert igjen i 2018.

Statsbudsjettet

Regjeringa varsla i kommuneproposisjonen ein vekst til fylkeskommunane på 300 mill. kr. I statsbudsjettet vart veksten redusert til 200 mill. kr.

Tilskotet til fagskular vert i 2018 trekt ut av rammetilskotet og samla under Kunnskapsdepartementet. Dette utgjer om lag 80,4 mill. kr for Hordaland.

Regjeringa har lagt inn midlar i rammetilskotet for å kompensere for at momsen på kollektivreiser vert sett opp frå 10 % til 12 % (ca. 16 mill. kr for Hordaland.) Vidare er det gjeve kompensasjon for utvida rett til vidaregåande opplæring for innvandrarak og for auka satsar for lærlingtilskot (til saman ca. 11 mill. kr.)

Statsbudsjettet sitt overslag over frie inntekter for Hordaland fylkeskommune er 6 477,4 mill. kr. Dette er ein auke på 1,7 % frå 2017. Statsbudsjettet legg til grunn løns- og prisvekst på 2,6 %. Når ein samanliknar 2017 og 2018 i same prisnivå, går frie inntekter ned med 0,9 %.

Men som nemnt, er tilskot til fagskulane trekt ut av rammetilskotet i 2018. Når ein tek omsyn til dette og dei andre endringane som er nemnde ovanfor, vert reduksjonen knapt 0,1 %.

I statsbudsjettet vert det varsla om auka skatteinngang i 2017. Om ein samanliknar forventa frie inntekter i 2017 med budsjettet for 2018, vert nedgangen 0,5 %.

KRAFTINNEKTER

Tal i heile 1000 kr

		Budsjett 2017	Budsjett 2018	Endring %
Konsesjonskraftinntekter	Brutto driftsutgifter	50 000	50 000	0,0 %
	Driftsinntekter	-90 000	-90 000	0,0 %
	Netto driftsutgifter/innt.	-40 000	-40 000	0,0 %
Eidfjordavtalen	Brutto driftsutgifter			
	Driftsinntekter	-21 000	-21 500	2,4 %
	Netto driftsutgifter/innt.	-21 000	-21 500	2,4 %
	Sum brutto driftsutgifter	50 000	50 000	0,0 %
	Sum driftsinntekter	-111 000	-111 500	0,5 %
	Sum netto driftsutgifter	-61 000	-61 500	0,8 %
	Netto driftsinnt. i 2018-kr	-61 915	-61 500	-0,7 %

Konsesjonskraftinntekter

Hordaland fylkeskommune har rett til å ta ut konsesjonskraft og kan selje denne vidare i marknaden. Fylkeskommunen sit att med differansen mellom konsesjonskraftprisen ein må betale til kraftlaga, og salsprisen ein får i marknaden. Dette "mellomlegget" kan svinge mykje frå år til år.

I 2017 var det budsjettert med 40 mill. kr i netto inntekt frå sal av konsesjonskraft, men prognosen seier at inntekta kan bli ca. 55 mill. kr. Prognosen for dei komande åra ligg i underkant av 40 mill. kr.

For 2018 budsjetterer ein med ei netto inntekt på 40 mill. kr.

Eidfjordavtalen

Fylkeskommunen overlet på midten av 80-talet sin eigardel på 35% i Eidfjord-nord til BKK / SKL. Som kompensasjon får ein frå og med 2005 utbetalt 1 øre pr. kwh. i 1985-prisnivå, rekna etter fastkraftproduksjonen. Beløpet vert årleg justert med auken i konsumprisindeksen.

Ein fører opp 21,5 mill. kr i inntekt frå denne avtalen i 2018.



ØKONOMIPLAN 2018–2021

Naudsynt å bremse utviklinga i gjeldsnivået – sterk vekst i driftskostnadene

Hordaland fylkeskommune har svært avgrensa økonomisk handlefridom som følgje av låge driftsresultat og høg lånegjeld. Omlegginga til nye miljøvenlege ferjekontraktar slår tungt inn både på investerings- og driftssida, med ein sterk og varig vekst i dei årlege driftsutgiftene. Dette inneber at ein må gjere krevjande prioriteringar i driftsbudsjetta i åra framover.

ØKONOMIPLAN 2018-2021

Kr mill. faste prisar		Budsjett	Endring i høve til 2018		
		2018	2019	2020	2021
Frie inntekter	+	6 477,4	27,7	47,2	80,4
Renter og avdrag	-	796,5	70,7	90,4	130,1
Fondsavsetj. / overf. til inv.	-	95,0			
Til fordeling drift		5 585,9	-43,0	-43,2	-49,7
Politiske organ og administrasjon	netto	59	2,0	-	2,0
Økonomi og organisasjon	netto	184,4	-4,0	-8,0	-8,0
Eigedom	netto	276,6	-4,0	-7,0	-7,0
Regional utvikling	netto	97,1	-1,0	-2,0	-2,0
Samferdsel	netto	1 953,6	-3,0	30,0	30,0
Kultur og idrett	netto	211,3	-1,0	-2,0	-2,0
Tannhelse	netto	210,3	-2,0	-3,0	-3,0
Opplæring	netto	2 597,7	-25,0	-45,0	-55,0
Fellesfunksjonar	netto	-4,1	-5,0	-6,2	-4,7
Sum netto driftsutgifter		5 585,9	-43,0	-43,2	-49,7

Innanfor eit forsvarleg samla opplegg har fylkesrådmannen ikkje funne rom for å auke ramma til samferdselssektoren med meir enn 30 mill. kr i 2020, samstundes som

kostnadsauken som følgje av nye ferjekontraktar er 241 mill. kr.

KRAFTIG KOSTNADSVEKST – STERK VEKST I SAMFERDSELSSEKTOREN FRÅ 2020

Tabellen over viser ikkje på langt nær dei utfordringane ein står overfor i samferdselssektoren i Hordaland fylkeskommune med nærast sterk vekst i kostnadene frå 2020 og utover. Tidlegare i budsjettokumentet er det peika på at kostnadsveksten samanlikna med 2018 er på 263 mill. kr frå 2020.

Innanfor eit forsvarleg samla opplegg har fylkesrådmannen berre funne rom for å auke samferdselsbudsjettet med vel 10% av denne summen – 90% må dermed løysast med omprioriteringar innanfor samferdselssektoren. Det må difor til omfattande kostnadsreduksjonar/auke i inntektene

i sektoren for å makte å innarbeide den sterke kostnadsauken som vil ha varig effekt frå 2020.

Det er dei nye ferjekontraktane frå 2020 som er bakgrunnen for kostnadsekspløsjonen. I budsjettet for 2018 aukar nettokostnaden med 45 mill. kr som følgje av ny kontrakt for sambanda til Austevoll. Frå 2020 startar dei nye kontraktane for resten av ferjesambanda og nettokostnaden aukar med vel 240 mill. kr som følgje av dette.

Fylkesrådmannen har ikkje no konkrete forslag til korleis ein skal dekke den svært sterke kostnadsveksten. Det må

i løpet av 2018 arbeidast med aktuelle tiltak med sikte på konkretisering i budsjettet for 2019 for å ha tilstrekkeleg tid til å setje i verk nødvendige tiltak frå 2020.

Det er likevel heilt klart at ingen område innanfor samferdselssektoren kan skjermast og driftsnivået for både snøggåtar, bussruter, bybanen og transportordninga for funksjonshemma må gjennomgåast med sikte på å finne kostnadsreducerande tiltak. Sjølv om ferjesektoren har

nye kontraktar, må sjølvstøtt også driftsnivået her vurderast. Fylkesrådmannen reknar med at også inntektssida i samferdselsektoren må aukast om ein skal makte å kome i balanse.

Med sterk vekst også i kapitalutgiftene, kombinert med låg vekst i fylkeskommunen sine samla inntekter, vert inndekning av den sterke veksten i ferjekostnaden svært utfordrande.

SAMLA INNTEKTSVEKST I ØKONOMIPLANPERIODEN

På finansdepartementet sin budsjettportal finn ein fylkesvisse oversikter. Her finn ein m.a. oversyn over utviklinga i frie inntekter, korrigert for oppgåveendringar. For Hordaland fylkeskommune er den nominelle veksten frå 2017 til 2018 oppgitt til 2,1 %. Løns- og prisstigning er rekna til 2,6 %. Dvs. at det er venta realnedgang på 0,5 %.

I statsbudsjettet har ein oppjustert skatteanslaget for 2017. Om ein tek utgangspunkt i fylkeskommunen sitt vedtekte budsjett, vert det ein vekst på knapt 0,1 %.

Regjeringa har i statsbudsjettet lagt inn ein vekst i frie inntekter til fylkeskommunane på 200 mill. kr. Dette tilsvarer ein vekst på 0,3 %. Hordaland kjem noko dårlegare ut, m.a. som følgje av at den særlege kompensasjonen i 2017

for endringa i spreittbygdkriteriet fell bort. I tillegg gjev overgangsordninga ei årleg nedtrapping på ca. 11 mill. kr i perioden 2015-2019.

Utviklinga i dei frie inntektene i økonomiplanperioden er usikker. Fylkesrådmannen har lagt til grunn ein vekst i fylkeskommunane sine samla frie inntekter på 0,5 % pr. år frå 2018 til 2021. For Hordaland vert veksten då 0,4 % i 2019 og 0,5 % dei to siste åra. Men dette kan vise seg å vere for optimistisk, sidan veksten frå 2017 til 2018 er lågare.

Med føresetnadene som er lagt til grunn, vil likevel veksten i kapitalutgiftene vere vesentleg større enn veksten i dei frie inntektene i økonomiplanperioden.


HØG GJELD OG HØGE KAPITALUTGIFTER

Hordaland fylkeskommune har svært høg lånegjeld som følgje av investeringsprogrammet som er gjennomført dei siste åra. Det har medført at lånegjelda er den høgste i landet rekna etter netto gjeldsgrad. Netto gjeldsgrad er definert som gjeld i høve til driftsinntekter.

I budsjettet for 2018 er gjeldsgraden for Hordaland fylkeskommune rekna til 113,6 % - opp frå 113,0% i 2017.

Fylkestinget vedtok å setje tak på gjeldsgraden på 115%. Med investeringane det er lagt opp til i økonomiplanperioden, har ein lukkast med å halde seg innanfor denne grensa. Det er også på investeringssida svært sterk auke i 2020 som følgje av miljøinvesteringane i ferjesektoren. Det skal investerast heile 542 mill. kr i elektrifisering/batteriteknologi i 2020 etter at det alt i 2018 er investert 121 mill. kr til samband i Austevoll.

Figuren nedanfor viser utviklinga i gjeldsgraden i økonomiplanperioden:



SENSITIVITETSANALYSE

Effekt på byggeprosjekter ved endra byggekost og/eller auka rente

Hordaland fylkeskommune planlegg i samsvar med skulebruksplanen store investeringar kvart år fram til 2030. I gjennomsnitt utgjer dei årlege investeringane i planen 500 mill. kr. Årleg kan desse 500 mill. kr bestå av alt frå eitt til mange prosjekt i ulik storleik og kompleksitet. Dette kan vere mindre rehabiliteringar eller utbygging av ein heilt ny skule som t.d. Åsane videregående skole. Det er ulike risikofaktorar som kan påverke økonomien for slike byggeprosjekt på kort og lengre sikt. Slike faktorar kan vere auka rentesats, endringar i prosjektet undervegs eller auka kostnad som følgje av «feilkalkyle». For Hordaland fylkeskommune er alle desse faktorane relevante.

Fylkeskommunen har prosjekt i hundremillionarsklassen kvart år og auke i rentesatsen vil medføre auka kostnader. Det er i dag eit historisk lågt rentenivå og med eit perspektiv fram mot 2030 er det ikkje usannsynleg at renta vil auke.

Endra byggekostnad er også ein risikofaktor som slår ut for fylkeskommunen. Auka byggekostnad kan skuldast at ein rett og slett har kalkulert med for låge kostnader i høve til marknadsprisen. Auka byggekostnad kan også skuldast at prosjektet er endra undervegs, t.d. ved at skulen er vorten større enn opphavleg lagt til grunn. Dette er ikkje

ein «kostnadssprekk» sidan det er eit medvite val, men det er likevel viktig å vere klar over verkandane. Ofte skuldast auka byggekostnad ein kombinasjon av høgare marknadsprisar enn føresett og endringar i prosjektet undervegs.

Det er altså viktig å vere klar over risikoen ein tek på seg ved slike prosjekt. For å vise effekten av endra rentesats og/eller auka byggekostnad (uavhengig av årsak), er det i tabellen under utarbeidd ei sensitivitetsanalyse som viser kva som skjer i løpet av eitt år ved endring i ein eller begge faktorane. Av tabellen går det fram at ein ved renteauke på 1,5 %-poeng og opphavleg kalkulert byggekostnad, vil få ein kostnadsauke det året på 7,5 mill. kr. Det er verdt å merke seg at dette er kostnaden for det eine året, men om rentenivået held seg dei påfølgjande åra, vil kostnaden akkumulere seg.

Om ein har auke i rentesatsen på 1 %-poeng samstundes som byggekostnaden aukar med 8 % i høve til kalkulert kostnad, vil den årlege drifts- og investeringskostnaden auke med heile 46,2 mill. kr.

Sensitivitetsanalysen nedanfor viser også fleire mogelege utfall ved endringar i rentenivå og/eller byggekostnad med utgangspunkt i ein investeringskostnad på 500 mill. kr og rentesats på 2%.

		Endra rentesats			
		0,00 %	0,50 %	1,00 %	1,50 %
Endra byggekost	0,00 %	"Kalkyle"	2 500	5 000	7 500
	4,00 %	20 400	23 000	25 600	28 200
	8,00 %	40 800	43 500	46 200	48 900
	12,00 %	61 200	64 000	66 800	69 600

Føresetnader: Investeringskostnad: 500 mill. kr. Rentesats kalkulert: 2 %

Tabellen over viser berre kva som skjer det eine året med endringar i føresetnadane. Om ein får fleire år på rad med slike endringar, vil ein få auka rentekostnader også desse åra. Endringar fleire år på rad kan t.d. skuldast eit stort prosjekt som går over fleire år, der byggekostnaden er endra samstundes som rentenivået aukar. Ein auka byggekostnad vil ikkje berre føre til auka kostnader det eine året som vist i sensitivitetsanalysen over, men vil også føre til auka


rentekostnader dei kommande åra. For å vise den økonomiske effekten av kva endringar fleire år på rad medfører, er det utarbeidd to grafar med ulike scenario.

Figuren på neste side syner kva som skjer med årlege investeringar på 500 mill. kr fire år på rad med ein auke på 0,5 %-poeng i rentesatsen og auke i byggekostnad på 4 %. Dei blå søylene syner den årlege kostnadseffekten og som


ein ser er kostnaden 3 mill. høgare i år to enn i det første året, noko som skuldast at ein tek med seg den auka byggekostnaden frå året før. Den lyseblå grafen viser den akkumulerte kostnaden pr. år. Som ein ser er den auka kostnaden etter to år 49 mill. kr og etter 4 år heile 110 mill. kr.

Det er også utarbeidd ein tilsvarande graf basert på sensitivitetsanalysen, men her viser ein endringar der rentekostnaden har auka med 1 %-poeng og byggekostnaden aukar med 8 %. Som ein ser, vil eit slikt scenario vere dramatisk og kostnaden vil auke med knapt 100 mill. kr etter berre to år og med heile 222 mill. kr etter fire år.

Auka kostn ved renteuke (0,5%-poeng) og auka byggekost (4%). 1 000 kr



Auka kostn ved renteuke (1%-poeng) og auka byggekost (8%). 1 000 kr




Effekt av auka rente

Utviklinga i rentenivået er usikkert, og ein må vere budd på at renteføresetnadene må justerast ved seinare høve. Norges Bank har i sin siste analyse (pr. september) ein prognose som tilseier at renta kan starte å auke i løpet av 2018. Grafen under syner auka nettokostnader for Hordaland fylkeskommune ved renteauke på mellom 0,5 %-poeng og 2,0 %-poeng.

Frå 2010 har det vore ei ordning med rentekompensasjon for transporttiltak i fylka. Dei siste åra har Hordaland fått rentekompensasjon for 248,4 mill. kr i nye lån kvart år. I statsbudsjettet er det ikkje sett av ny låneramme for 2018.

I 2017 har ein budsjettert med rentekompensasjon på 1 %. Med så låg rentesats vert ikkje tapet så stort i 2018 (1,24 mill. kr for eit halvt år). Men om det er slik at staten heller ikkje dei komande åra set av nye lånerammer, vil verknaden bli større for kvart år. Ikkje minst vert fylkeskommunen meir utsett for auke i rentenivået. Etter 4 år vil ein ha nær 1 mrd. kr meir i gjeld, som ein ikkje får rentekompensasjon for. Ein kan kompensere dette ved å binde renta på ein større del av låneporteføljen. Men fast rente betyr høgare rentesats.

Auka kostnader ved endring rentenivå, mill kr



FORDELING PÅ SEKTORANE

Inntektsveksten ein ventar i økonomiplanperioden – kombinert med den sterke kostnadsveksten – gjer at ein ikkje kjem utanom reduksjon av dei samla driftsrammene. Fylkesrådmannen viser til det som er understreka ovanfor om at innleiingstabellen er gjeldande for alle sektorar utanom samferdsel. Her må det som nemnt til vesentlege omdisponeringar frå 2020 for å få eit balansert opplegg.

Fylkestinget sitt vedtak i skulebruksplanen har lagt grunnlaget for at det er mogeleg å få til innsparingar i opplæringssektoren og fylkesrådmannen foreslår i økonomiplanen å redusere budsjetttramma med 25 mill. kr frå 2018 til 2019, nye 15 mill. kr frå 2019 til 2020 og ytterlegare 10 mill. kr frå 2020 til 2021 slik at reduksjonen i økonomiplanperioden vert 55 mill. kr samanlikna med nivået i 2018.

For samferdselssektoren viser fylkesrådmannen til det som er nemnt ovanfor. For dei andre sektorane legg fylkesrådmannen til grunn at effektiviseringstiltak og driftsreduksjonar kan gjennomførast. Auka digitalisering, samling av ansvaret for reinhald, samling av ansvaret for husleige og gevinstrealiseringar av nye system, er stikkord i denne samanhengen. Fylkesrådmannen vil på vanleg måte kome attende til konkretisering av dette i dei årlege budsjetta.

OPPLÆRING

Tabellen viser at fylkesrådmannen foreslår å redusere budsjetttramma for opplæringssektoren i økonomiplanperioden. Forslaget inneber ein reduksjon på 25 mill. kr i 2019 aukande til 45 mill. kr i 2020 og til 55 mill. kr i 2021 samanlikna med 2018. Bakgrunnen for forslaget er vedtaket i skulebruksplanen og strukturendringar som er vedtekne. Det er så langt ikkje henta ut full effekt av dette.

Skulebruksplanen

Strukturendringar

Talet på vidaregåande skular er redusert frå 39 i 2016 til 33 i 2017. I økonomiplanperioden opnar nye Åsane vgs (2020). Rehabilitering og utviding ved Bergen katedralskole vert ferdigstilt (2018). Utvidinga ved Tertnes vgs vert ferdigstilt (2018). Arna vgs vert rehabilitert (2018). Laksevåg vgs sitt studieførebuande tilbod vert flytta til Katedral-skolen (2018), og yrkesfagtilboda ved Laksevåg og Bergen maritime vgs vert slått saman (2020). Rehabiliteringa av Odda vgs vert ferdigstilt (2018). Voss gymnas har flytta inn i nybygget, og rehabiliteringa av gamlebygget vert ferdigstilt (2018).

Dimensjonering av skuletilbodet


Fylkesrådmannen legg i økonomiplanen opp til å følgje føringane som ligg i den vedtekne skulebruksplanen. Forslaget til investeringsbudsjett for opplæringssektoren er i tråd med planvedtaket.

Ved dimensjoneringa av skuletilbodet i Hordaland må ein ta omsyn til m.a. utviklinga i elevtal, elevtal i private skular, talet på lærlingar og kor stor del av elevkullet som vel yrkesfaglege studieretningar.

I økonomiplanen vert elevprognosen som vart utarbeidd til skulebruksplanen lagt til grunn. Dei fleste skulane rekrutterer elevar frå fleire kommunar både i og utanfor Hordaland. Det er difor naudsynt å korrigere venta elevtalsutvikling for reisemønster. Dette er gjort ved å rekne ut kor stor del av 16-18-åringar i kvar kommune i Hordaland som går på skule i kvar enkelt region skuleåret 2015/16, og vidareføre denne trenden utover i prognoseperioden.

Tabellen nedanfor syner reisemønsterjustert elevprognose for Hordaland fylke for skuleåra 2015/16 til 2023/24.

Elevprognose Hordaland



Av figuren går det fram at det venta elevtalet i perioden vil variere mellom 19 376 i toppåret 2023/2024 og 18 747 i botnåret 2020/2021. Lenger fram i tid syner prognosen vekst i elevtalet.

Private skular

Utviklinga i elevtal i private skular er ein annan viktig dimensjoneringsfaktor. Hordaland har flest elevar i private skular i landet – knapt 20% av det samla elevtalet. I inntektssystemet er det ei eiga korreksjonsordning for denne elevgruppa.

Det er om lag 2 900 elevplassar ved private vidaregåande skular i fylket. Dei fleste elevplassane ved dei private vidaregåande skulane er på studiespesialisierende utdanningsprogram. Dei fleste private skulane ligg i Bergen sentrum der om lag halvparten av elevplassane er ved private skular.

Yrkesfagskolen for Bygg og Anlegg i Bergen (YBA) har fått konsesjon til å starte privat vidaregåande tilbod innan byggfaga. Skulen har fått godkjenning for inntil 120 elevplassar.

Talet på lærlingar/læreplassar

Tilgangen på læreplassar og talet på formidla lærlingar vil også påverke behovet for elevplassar ved dei vidaregåande skulane. Sjølv om det ikkje er ein direkte samheng mellom elevtal og lærlingtal, vil trongen for skuleplassar verte påverka av kor mange det er som får læreplass eit år.

Hausten 2017 har det vore vanskeleg å skaffe nok læreplassar innan fleire fag. Det har vore naudsynt å opprette fleire Vg3-plassar for å rette på dette. Det er no vg3 tilbod mellom anna i IKT-servicefag, innanfor maritime fag, industriemekanikarar og elektrofag.

Del elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram

Ein siste faktor som er av betydning for dimensjoneringa er delen elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram.

Tabellen under syner utviklinga i del elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram i perioden 2011-2016 i Hordaland samanlikna med landssnittet. Tala syner at Hordaland har større del elevar i yrkesfag enn landsgjennomsnittet.

År	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Hordaland	53,2	53,0	52,7	52,0	52,0	50,7
Landssnitt utan Oslo	52,6	52,4	51,9	51,1	51,0	50,1

Tala syner at det dei siste åra har vore ei dreining frå yrkesfag til studieførebuande fag både nasjonalt og i Hordaland.

SAMFERDSEL

Nye ferjeambod

Fylkeskommunen har ansvar for 17 ferjesamband, fordelt på seks nyleg inngåtte kontraktar. I løpet av økonomiplanperioden skal alle dei nye ferjekontraktane setjast i verk, med oppstart av to samband i 2018, eitt i 2019 og resten i løpet av 2020. Alle sambanda vil bli drifta med heilelektrisk batteriløysing.

Dei nye ferjeamboda er bruttokontraktar og fylkeskommunen vil ha inntektsansvaret. Det er vedteke å innføre autopassbetaling på alle sambanda. Begge desse tiltaka på inntektssida er hefta med uvisse.

Dei nye kontraktane gjev vesentleg meirkostnad knytt til både drift og investeringar i komande økonomiplanperiode. Oppstartskostnader vil gje særleg kostnadsauke i 2020, då dei fleste sambanda vert sette i drift, men held seg på eit mykje høgare driftsnivå enn tidlegare i heile anbodsperioden.

Samla brutto driftskostnader for alle rutepakkane er rekna til 870 mill. kr i 2020. For heile perioden 2020-2029 vil den årlege driftskostnaden i snitt vere om lag 785 mill. kr (alt målt i 2018 kroner). Årlege estimerte billettinntekter er på om lag 270 mill. kr, slik at netto driftskostnader i 2020 for ferjesambanda kan reknast til 600 mill. kr. Samanlikna med 2018 er det ein auke på heile 240 mill. kr og er bakgrunnen for at fylkesrådmannen varslar gjennomgang av driftsnivået på samferdselsektoren.

Fylkesrådmannen meiner at ingen område innanfor samferdselsektoren kan skjermast og driftsnivået for både snøggåtar, bussruter, bybanen og transportordninga for funksjonshemma må gjennomgåast med sikte på å finne kostnadsreducerande tiltak. Sjølv om ferjesektoren har nye kontraktar, må sjølv sagt også driftsnivået her vurderast ut frå kva ein kan få til innanfor kontraktane. Fylkesrådmannen reknar med at også inntektssida i samferdselsektoren må aukast om ein skal makte å kome i balanse.

Veksten i dei samla inntektsrammene til fylkeskommunen er på langt nær stor nok til å makte den kraftige auken og arbeidet med å tilpasse driftsnivået må gjerast gjennom 2018 og 2019 for å få tid til å gjennomføre endringane i sektoren som er nødvendige.

Totale investeringskostnader knytt til kaianlegg og ladeinfrastruktur er på 664 mill. kr i økonomiplanperioden. Estimert tilskott frå Enova samla for alle kontraktane er på 239 mill. kr. Det gir ei total nettoinvestering for fylkeskommunen på kr 425 mill. kr i perioden 2018-2020. Største del

av investeringskostnaden vil kome i 2020 og fylkesrådmannen viser her til investeringsbudsjettet.

Fylkesvegar

Fylkestinget vedtok i 2016 Drifts- og vedlikehaldsstrategi for fylkesvegnettet i Hordaland fram mot 2029. Dei overordna måla for strategien er at:

- Ein skal styrke vedlikehaldet av dagens fylkesvegnett gjennom å sikre nok midlar til forsvarleg drift og vedlikehald av vegnettet
- Ein skal sikre at nivået på drift- og vedlikehaldsarbeidet er tilpassa endringar i klimaet
- Ein skal sikre god kontrakt- og økonomistyring, og god kvalitet i leveransane

Drift og vedlikehald av fylkesvegar har eit budsjett på 523 mill. kr i 2018. Regionvegsjefen peikar på at budsjettet burde vore styrka for å kunne oppretthalde vegkapitalen. Fylkesrådmannen har ikkje funne rom for å auka posten til drift- og vedlikehald i økonomiplanperioden og viser til det som er nemnt ovanfor om utfordringane ein står overfor i samferdselsektoren samla.

Fylkesrådmannen vil likevel vise til posten Opprusting og fornying på investeringsbudsjettet. Budsjettsummen på denne investeringsposten har hatt ein jamn auke siste åra, og for 2018 er det på investeringsbudsjettet sett av 275 mill. kr. I økonomiplanperioden er summen auka til 300 mill. kr dei tre siste åra i økonomiplanperioden.

Nye bussanbod i Bergen

I økonomiplanperioden skal det gjennomførast fleire store anbodskonkurransar for buss i bergensområdet. Nye anbod i Bergen sør og Vest startar opp i 2019, og Bergen nord og Bergen sentrum i 2020. Temaplan for låg- og nullutslepp legg opp til elektrisk drift i Bergen sentrum og Bergen sør og bruk av biodrivstoff i dei to andre anbodsområda. Ambisjonen er fossilfri busstrafikk i Bergen frå 2020.

For kontraktssområda Bergen sentrum og Bergen sør er ambisjonsnivået avhengig av investeringar i ladeinfrastruktur og gradvis innføring av tiltak. Dei samla investeringskostnadane er rekna til 190-215 mill. kr. Med Enova-stønad kan kostnaden reduserast til 114-129 mill. kr. Meirkostnader til drift for alle dei fire anbodsområda er estimert til 43 mill. kr i 2019 og 65 mill. kr frå 2020. Samla meirkostnad for fylkeskommunen vil utgjere 4-6 prosent i høve dagens kontraktsverdi. Fylkesrådmannen har ikkje rekna med desse kostnadene i budsjett- og økonomiplanforslaget.

Fylkestinget har lagt til grunn at dei auka kostnadene skal dekkast gjennom byvekstavtalen – miljøløftet. Det er heller ikkje sett av midlar til ladeinfrastruktur på investeringsbudsjettet.

Endra sonestruktur

I 2019 får ein heilårseffekt av ny sonestruktur. Det vert budsjettert med at den vil ha ein negativ inntektseffekt på omlag 22,0 mill. kr utover verknaden på 18 mill. kr i 2018, slik at samla inntektsnedgang som følgje av sonetakstreduksjonen er rekna til 40 mill. kr. Fylkesrådmannen viser likevel til forslaget om gjennomgang av verknaden av endra sonestruktur for heile det nye vestlandsfylket.

Båtruter

Det er inngått ny kortvarig kontrakt for sambanda Knarvik-Frekhaug-Bergen og Kleppstø-Bergen, med utløp 31.12.2020 og 1+1 års opsjon. I tida fram mot nytt anbod skal det greiast ut og tilretteleggjast for miljøtiltak på desse sambanda.

Trafikkplan for båt som tilrår auka kapasitet og løysing med elektrisk batteridrift på Askøysambandet. Tiltaket inneber ei løysing med to båtar som vil gje auka frekvens og auka total kapasitet per time i høve dagens tilbud. Miljøtiltaka og kapasitetsauken vil medføre ein vesentleg årleg meirkostnad både til drift og investering. Meirkostnaden er ikkje prissett. For Nordhordlandssambandet er elektrisk drift lite eigna. Biodrivstoff vil gi lågare utslepp, men med dagens kostnadsbilete og tiltakskostnader er det ikkje tilrådd for komande båtanbod. Hydrogendrift bør vurderast på lengre sikt, med bakgrunn i resultat frå pågåande utviklingsløp. Kostnadsbilete for drift basert på hydrogen er per i dag svært usikkert. Det vil og innebere kostnads-krevjande investeringar som bør kunne utnyttast på meir enn eitt båtsamband.

Fylkesrådmannen må minne om at budsjetttrammene er særskild knappe i økonomiplanperioden og dette gjer det vanskeleg å makte dei auka kostnadene. Det er også lagt opp til auka kostnader for bussrutedrifta slik at summen av tiltaka vert for høg og prioritering mellom buss og båt vert nødvendig.

Inntekter i kollektivsektoren

Fylkesrådmannen legg til grunn takstauke i samsvar med den generelle prisstiginga i økonomiplanperioden. Dersom ein oppnår målet om 3,5% passasjervekst per år, ligg det ei vesentleg oppside på inntektssida. Passasjervekstmålet er avhengig av mange faktorar som ligg utanom fylkeskommunen sin kontroll, og fylkesrådmannen finn det vanskeleg å ta til inntekt så vidt usikre postar fram i tid.

ANDRE SEKTORAR

Gjennomgangen ovanfor viser at den sterke veksten i samferdslesektoren på langt nær kan løysast med reduksjonar innanfor dei andre sektorane om ein skal oppretthalde eit forsvarleg driftsnivå.

Fylkesrådmannen foreslår likevel reduksjonar i budsjetttrammene for dei andre sektorane, tilpassa det effektiviseringspotensialet som er mogeleg å hente ut. Med bakgrunn i dette er det lagt til grunn at områda regional utvikling og kultur- og idrett vert redusert med 1 mill. kr frå 2018 til 2019 og med ytterlegare 1 mill. kr i 2020.

For tannhelsetenesta er det forslag om reduksjon i budsjetttramma med 2 mill. kr frå 2018 til 2019 og ytterlegare 1 mill. kr i 2020. Fylkesrådmannen legg til grunn at den økonomiske situasjonen i sektoren kjem i balanse i 2018 og at det difor kan vere mogeleg å redusere driftsramma noko frå 2019.

For eigedomsavdelinga foreslår fylkesrådmannen reduksjon på 4 mill. kr frå 2018 til 2019 og ytterlegare 3 mill. kr frå 2020.

Bakgrunnen for reduksjonen er m.a. at ansvaret for reinhaldet ved dei vidaregåande skulane no er samla. Når omorganiseringa av reinhaldet har sett seg, reknar fylkesrådmannen med at ein kan oppnå effektiviseringsgevinstar. Det same gjeld samlinga av ansvaret for husleigekontraktar som vert sett i verk frå 2018.

For økonomi- og organisasjonsavdelinga er det lagt til grunn reduksjon på 4 mill. kr frå 2018 til 2019 og ytterlegare 4 mill. kr frå 2020 som følge av gevinstrealisering p.g.a. nye system, standardisering og digitalisering.

FRIE INNTEKTER

Utviklinga i dei frie inntektene i økonomiplanperioden er usikker. Statsbudsjettet gjev ingen signal om utviklinga etter 2018. I mangel av andre haldepunkt, har ein halde fast ved veksten som vart nytta i rammesaka. Dvs. ein årleg vekst på 0,5 % for fylkeskommunane. For Hordaland gjev dette ein vekst på 0,4 % i 2019 og 0,5 % dei to neste åra.

Denne føresetnaden kan vise seg å vere optimistisk, sidan statsbudsjettet berre legg opp til ein vekst på 0,3 % for fylkeskommunane i 2018.

RENTER OG AVDRAG

Løpande prisar kr 1 000

År	2018	2019	2020	2021
Renteutgifter	234 400	242 200	254 700	274 500
Avdrag	575 000	665 000	700 000	750 000
Sum utgifter	809 400	907 200	954 700	1 024 500
Rentekompensasjon	-19 000	-22 600	-25 500	-27 500
Renteinntekter og utbytte	-12 900	-15 200	-17 400	-19 600
Sum inntekter	-31 900	-37 800	-42 900	-47 100
Netto utgifter	777 500	869 400	911 800	977 400

Ein gjer merksam på at tala i denne tabellen er i løpande prisar.

Det er lagt opp til ein monaleg auke i avdraga, i tråd med det som vart skissert i rammesaka. Dette er ein måte å bremse veksten i lånegjelda. Avdraga er foreslått auka frå 575 mill. kr i 2018 til 750 mill. kr i 2021. Dette medverkar sterkt til at ein greier å stoppe veksten i gjeldsgraden. Men målt i kr veks gjelda framleis. Frå 2018 til 2021 er gjelda venta å auke med 940 mill. kr til ca. 11,8 mrd. kr.

Det er lagt til grunn ein svak auke i rentenivået i økonomiplanperioden. For lån med flytande rente er det budsjettert med 1,5 % i 2018, 1,75 % i 2019, 2,0 % i 2020 og 2,25 % i 2021.

OVERFØRING TIL INVESTERINGSBUDSJETTET

Det er budsjettert med 70 mill. kr i driftsmidler til finansiering av investeringar i 2018 og kvart år vidare i økonomiplanperioden.

AVSETJING TIL FOND

Det vert rådd til å byggje opp eit fond til inndekking av premieavvik. Med ei avsetjing på 25 mill. kr kvart år i perioden, kan ein nå 125 mill. kr i 2021.

OPPSUMMERING - UTVIKLING I NØKKELTAL I ØKONOMIPLANPERIODEN

Oppstillinga nedanfor viser ulike nøkkeltal i 2018 første og i 2021 – siste året i økonomiplanperioden:

2018	NØKKELTAL ØKONOMIPLANPERIODEN	2021
OPPSUMMERING NØKKELTAL		
<p>Nøkkeltala skal gje oversikt over utviklinga i økonomien til Hordaland fylkeskommune i planperioden frå 2018 til 2021. Nøkkeltala viser at HFK vil ha ein utfordrande situasjon på slutten av økonomiplanperioden. Det vert lagt opp til årlege budsjett som bremsar auken i gjeldsgraden, reduserer driftskostnadane og det vert framleis lagt opp til positive årlege driftsresultat. Den sterke veksten innan samferdselssektoren – særleg frå 2020 – er ikkje løyst og det må til omprioriteringar innan sektoren.</p>		
GJELDSGRAD		
113,6 %	Stabilisering av gjeldsnivået til HFK vil ha prioritet i økonomiplanperioden. Forslaget legg opp til stram styring av investeringane. Lukkast ein med dette, vil etter kvart gjeldsgraden; gjeld delt på inntekter, stabilisere seg.	113,3 %
TOTALGJELD		
10 830 mill. kr	Med skissert økonomiplan vil den totale gjelda i perioden auke med 940 mill. kr. I kor stor grad dette påverkar den økonomiske situasjonen kjem an på fleire tilhøve; m.a. inntektsvekst og rentenivå.	11 770 mill. kr
NETTO DRIFTSKOSTNADER		
5 586 mill. kr	Effektiv drift og kontroll på utvikling i driftskostnadene i planperioden vil kunne bidra til betra økonomisk stilling. Målet er reduserte driftskostnader, og framleis gode tenester og omstillings- evne. Frå 2018 til 2021 er det lagt opp til ein reduksjon av netto driftskostnader på om lag 50 mill. kr. Fylkesrådmannen minner likevel om dei store uløyste utfordringane innan samferdselssektoren.	5 530 mill. kr

2018	NØKKELTAL ØKONOMIPLANPERIODEN	2021
RENTEUTGIFTER		
234 mill. kr	Det er lagt til grunn at rentenivået gradvis vil auke i økonomiplanperioden, frå 1,5 % til 2,25 %. Dette er likevel lågt i eit historisk perspektiv. HFK har fast rente på om lag halve låneporteføljen. Renteutgiftene aukar med 41 mill. kr i perioden grunna noko høgare rentenivå og aukande lånegjeld.	275 mill. kr
AVDRAG		
575 mill. kr	I samsvar med opplegget i gjeldande økonomiplan er dei årlege avdraga auka. Dette medverkar til oppbremsinga av veksten i lånegjelda som ein legg opp til i økonomiplanperioden.	750 mill. kr
ÅRLEGE INVESTERINGAR		
2 587 mill. kr	Investeringsnivået til HFK i perioden er høgt. Ein god del av investeringane er finansierte med statstilskot og bompengar, men miljøinvesteringar i ferjedrifta, nye skulebygg og prosjekt innan vegsektoren gjer at investeringsnivået held seg høgt.	3 130 mill. kr
LÅNEFINANSIERING		
931 mill. kr	Sjølv om ein god del av investeringane er finansiert av utanfrå, er lånefinansieringa av investeringane monaleg. Dette påverkar gjeldsgraden. I 2018 vert 931 mill. kr lånefinansiert. Dei neste to åra er lånefinansiering i overkant av 1 mrd. kr, for deretter å gå ned til 986 mill. kr i 2021.	986 mill. kr
FRIE INNTEKTER		
6 477 mill. kr	Dei frie inntektene for fylkeskommunen omfattar fylkesskatt og rammetilskot. Ein har lagt til grunn 0,5 % årleg realvekst for fylkeskommunane. Dette gjev ein vekst for Hordaland på 81 mill. kr frå 2018 til 2021.	6 558 mill. kr
NETTO DRIFTSRESULTAT		
0,79 %	Eit positivt netto driftsresultat er ein viktig føresetnad for ein betra økonomi- situasjon og eventuell eigenfinansiering av investeringar. Netto driftsresultat ligg på knapt 0,8 % i perioden. Tilrådd mål for fylkeskommunane er 4 %.	0,78 %



Investeringar

Hordaland fylkeskommune tek i økonomiplanperioden eit historisk miljøløft gjennom elektrifisering av ferjedrifta. Store investeringar i vidaregåande skular og utbygging av bybane og kollektivtilbod medfører også investeringskostnader. Betydelege investeringar gjennom mange år gjer at fylkeskommunen har svært høg lånegjeld. Investeringane i perioden må difor tilpassast slik at veksten i lånegjelda vert bremsa og på sikt redusert.

OVERSYN OVER INVESTERINGSBUDSJETTET

Under er oversyn over investeringsforslaget i perioden 2018–2021. Tabell er fordelt på sektorer, og reviderte budsjettal for 2017 er også med for samanlikninga si skuld.

1000 kr i løpande prisar

1	Tal i heile tusen	2017	2018	2019	2020	2021
	Opplæring	459 250	582 000	503 000	493 000	491 000
	Samferdsel	1 815 150	1 943 200	2 821 200	3 469 874	2 583 300
	Kultur	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000
	Tannhelse	10 000	25 000	20 000	20 000	20 000
	Fellesfunksjonar	53 000	29 000	28 000	28 000	28 000
	Eigenkapitalinnskott KLP	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000
	Sum finansieringsbehov	2 345 400	2 587 200	3 380 200	4 018 874	3 130 300

Tabellen viser forslag til investeringar for økonomiplanperioden 2018–2021. I tillegg er det også teke med budsjett for 2017, justert for budsjettendringar til og med 2. tertial. Tabellen viser at brutto investeringsutgifter går frå 2,4 mrd.

kr i 2017 til 2,6 mrd. kr i 2018. Deretter aukar utgiftene ytterlegare til 3,4 mrd. kr i 2019 og 4,0 mrd. kr i 2020. Siste året i planperioden går investeringane ned; til 3,1 mrd. kr i 2021.

Finansiering av investeringsbudsjettet

Oversyn over finansieringa av investeringsbudsjettet går fram av følgjande oppstilling:

Heile tusen kr i løpande prisar

1		2018	2019	2020	2021	2018–2021
	Lån	930 500	1 040 100	1 029 474	985 800	3 985 874
	Momskompensasjon	318 000	347 000	319 000	307 000	1 291 000
	Driftsmidlar	70 000	71 700	73 500	75 400	290 600
	Tilskott	536 000	750 500	1 017 000	690 000	2 993 500
	Bompengar	642 700	1 165 900	1 244 900	1 067 100	4 120 600
	Sal opplæring	85 000		290 000		375 000
	Fondsmidlar	5 000	5 000	45 000	5 000	60 000
	Sum finansiering	2 587 200	3 380 200	4 018 874	3 130 300	13 116 574

Samla investeringsbudsjett er på 13 117 mill. kr i perioden frå 2018– 2021. Av dette vert 3 965 mill. kr finansiert med lånemidlar. Dette tilsvarar 30,2 %. Momskompensasjon for investeringar utgjer 1 291 mill. kr, og dette er 9,8 %.

Når det gjeld fylkesvegane og bybaneutbygginga, inngår også bompengar, kompensasjonsmidlar, tilskot og forskotteringar frå stat, kommunar og private i finansieringa.

Investeringsbudsjettet er særleg høgt i 2019 og 2020, og skuldast fleire store byggjeprojekt som er under arbeid. Høge investeringsutgifter medfører auka lånegjeld sidan berre ein mindre del av investeringane vert finansiert med driftsmidlar i fylkesrådmannen sitt budsjettforslag.

Fylkesrådmannen meiner fylkeskommunen si lånegjeld er for høg og det er i budsjettforslaget lagt opp til å bremse veksten i investeringane. Dette er naudsynt om ein skal makte å bremse veksten i gjeldsgraden. Dette målalet ser på lånegjeld i høve til driftsinntekter.

Hordaland fylkeskommune er mellom dei fylkeskommunane i landet som ligg høgast rekna etter gjeldsgrad, og vesentleg over det nivået Riksrevisjonen har tilrådd i ein rapport.

Fylkesrådmannen vil i dei komande budsjetta vurdere investeringsbudsjettet nøye med sikte på å ha kontroll på veksten i lånegjelda.

Opplæring

I opplæringssektoren foreslår fylkesrådmannen i kommande økonomiplanperiode å vidareføre siste års investeringsnivå. Dei største prosjekta i perioden er bygginga av nye skular i Åsane. Tertnes vidaregåande skule vil etter foreslått framdrift verte ferdigstilt i 2018 og ny Åsane vidaregåande skule i 2020. Nye Voss Gymnas er også eit stort prosjekt, som er ferdig i 2018.

Ved starten av perioden er fleire større byggjeprojekt ferdigstilt. Dette gjeld prosjekt ved Odda vgs og Bergen katedralskole.

Mot slutten av perioden vert nye investeringsprosjekt foreslått sette i gang i skulesektoren. Dette gjeld Askøy vgs, Langhaugen vgs, Stord vgs og Laksevåg vgs.

Samferdsel

Samferdsleinvesteringane er høge i den komande økonomiplanperioden. Samla sett vert det, som tabellen over viser, investert om lag 2 mrd. kr i 2018, 2,8 mrd. kr i 2019, 3,5 mrd. kr i 2020 og 2,6 mrd. kr i 2021. I høve til 2017 som har eit justert budsjett på 1,8 mrd. kr, aukar altså investeringane nokså mykje. Hovudgrunnen til dette er bygginga av bybane byggjetrinn 4 til Fyllingsdalen i økonomiplanperioden.

Når det gjeld fylkesvegbudsjettet ligg investeringane i planperioden mellom 1,2 mrd. kr og 1,4 mrd. kr. Dette er omlag det nivået som har vore dei siste åra. HFK sin del av finansieringa av fylkesvegane endrar seg heller ikkje mykje i framlegget og er på mellom 763 mill. kr og 899 mill. kr årleg til fylkesveginvesteringane.

Av større fylkesvegprosjekt i planperioden 2018–2021 kan nemnast:

- Askøypakken; 817 mill. kr.
- Nordhordlandspakken; 788 mill. kr.
- Bømløpakken; 216 mill. kr.
- Hjellestadveien; 122 mill. kr.
- Horsøy, Askøy; 103 mill. kr.

For bybanen er det sett av 50 mill. kr til avslutting av prosjekt byggjetrinn 3 til Flesland som allereie er opna for trafikk. Til byggjetrinn 4 frå Bergen sentrum til Fyllingsdalen er det samla sett av 4,9 mrd. kr i perioden 2018–2021. Det vert løyvd ein mindre sum i slutten av planperioden til oppstart av byggjetrinn 5 til Åsane. Summane er bruttoløyvingar der heile budsjettsummen vert finansiert med bompengar og statstilskot

Eit viktig tiltak i investeringsbudsjettet dei neste åra, er satsinga på meir miljøvenleg ferjedrift. Det er sett av 121 mill. kr i 2018 og 542 mill. kr i 2020 til dette føremålet.

Fylkesrådmannen foreslår også å løyve midlar til nytt bussanlegg på Askøy i økonomiplanperioden.

Kultur

Til restaurering av verneverdige bygg og anlegg i fylkeskommunal eige er det sett av 3 mill. kr kvart år i økonomiplanperioden.

Tannhelse

Til bygging av tannklinkkar er det sett av 20 mill. kr i 2018, og deretter 15 mill. kr dei tre siste åra i planperioden.

Fellesfunksjonar

Under fellesfunksjonar er det sett av 2 mill. kr kvart av åra i planperioden til mindre opprusting/ tilpassing av Fylkeshuset. Det er også sett av 2 mill. kr årleg til innkjøp av el-bilar. Dette tiltaket dreier seg om overgang til meir miljøvenlege tenestebilar. Til IT-investeringar er det sett av 25 mill. kr fyrste året, og deretter 24 mill. kr årleg.

I tillegg til dei reine investeringane er det på investeringsbudsjettet for 2016–2019 ført opp eit årleg eigenkapitalinnskot til KLP på 5 mill. kr.

Investeringane fordeler seg slik prosentvis på sektorar:

1	Tal i heile tusen	2017	2018	2019	2020	2021	Sum 2017–2020
	Opplæring	19,6 %	22,5 %	14,9 %	12,3 %	15,7 %	15,8 %
	Samferdsel	77,4 %	75,1 %	83,5 %	86,3 %	82,5 %	82,5 %
	Kultur	0,1 %	0,1 %	0,1 %	0,1 %	0,1 %	0,1 %
	Tannhelse	0,4 %	1,0 %	0,6 %	0,5 %	0,6 %	0,6 %
	Fellesfunksjonar	2,3 %	1,1 %	0,8 %	0,7 %	0,9 %	0,9 %
	SUM	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %

Av tabellen ser ein at i budsjettet for 2018 går 75,1 % av investeringane til samferdsel og 22,5 % til opplæring. Dei andre sektorane utgjør følgjeleg ein liten del av investeringsbudsjettet. Prosentfordelinga mellom

sektorane endrar seg ein del utover i perioden. Samferdsel sin del går noko opp, medan opplæring sin del går noko ned i økonomiplanperioden.

OPPLÆRING

Tal i heile tusen

2	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Opplæring					
	Rehab. /ombygg/ mindre tilbygg	75 000	75 000	75 000	75 000
	Auke læremiddel og utstyr/ Sykkelparkering	6 250	-	-	-
	Oppfølging skulebruksplan – tiltak	3 000	3 000	3 000	3 000
	Større undervisningsutstyr	30 000	30 000	30 000	30 000
	Nye Voss gymnas	70 000	72 000	-	-
	Åsane vgs	30 000	190 000	350 000	250 000
	Tertnes vgs	105 000	100 000	-	-
	Bergen Katedralskole – Tilbygg	55 000	42 000	-	-
	Odda vgs	85 000	58 000	-	-
	Askøy vgs	-	6 000	16 000	60 000
	Langhaugen vgs	-	-	3 000	3 000
	Stord vgs	-	5 000	15 000	51 000
	Bømlo vgs	-	1 000	1 000	11 000
	Laksevåg vgs	-	-	10 000	10 000
	Sum sektor	459 250	582 000	503 000	493 000

Rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg

I tillegg til dei større investeringsprosjekta i opplæringssektoren foreslår fylkesrådmannen årleg å setje av 75 mill. kr til mindre rehabiliteringar/ombyggingar av den fylkeskommunale bygningsmassen. Dette for å sikre naudsynt kvalitet i høve til pålegg og godkjenningar, og i høve til tilpassingar når det skjer driftsendringar i undervisninga. Budsjettmidlane vert fordelte til tiltak innanfor energiøkonomisering, universell utforming, inneklima, miljø og tilrettelegging for brukarar elles.

Nye Voss gymnas

Forprosjektet for den nye skulen vart vedteke av fylkestinget i juni 2015. Arbeidet starta opp i juli 2015 og nybygget sto ferdig våren 2017. Det gamle landsgymnasbygget frå 1918 skal framleis brukast, og rehabilitering av dette pågår. Dette bygget skal takast i bruk frå våren 2018.

I samband med tertialrapport pr. august 2017 vart løyvinga justert ned grunna seinare framdrift. I høve til kostnadsramma står det igjen 72 mill. kr, og desse vert foreslått løyvd i 2018.

Nye Åsane vidaregåande skole – nybygg

Romprogrammet for Nye Åsane vidaregåande skole vart vedteke i fylkestinget i juni 2016. Skulen skal ha idrettsfag, elektrofag, helse og oppvekst, teknikk og industriell produksjon, service og samferdsel, påbygg, innføringskurs for minoritetsspråklege og tilrettelagt opplæring. I tillegg skal skulen drive vaksenopplæring, opplæring innan kriminalomsorga og lærlingopplæring. Bygget skal og huse opplæringskontor, Åsane tannklinikkk og bydelsskulturfhus.

Prosjektet rommar 25 278 m² med ei total kostnadsramme på 880 mill. kr. Start av byggjearbeida er planlagt til våren 2018. Det er til no løyvd 56 mill. kr til prosjektet. Fylkesrådmannen fører opp 190 mill. kr i 2018, 350 mill. kr i 2019, 250 mill. kr i 2020 og 34 mill. kr i 2021.

Tertnes vidaregåande skole – tilbygg

Romprogram for utvidinga av Tertnes vidaregåande skole vart vedteke av fylkesutvalet i februar 2016.

På Tertnes vil ein samle heile det studiespesialiserande utdanningsprogrammet i Åsane. Tilbodet om toppidrett i samarbeid med Olympiatoppen skal halde fram. Det samla auka tilbodet krev auka areal. Planlagt ferdigstilling er sommaren 2018.

Prosjektet har ei kostnadsramme på 210 mill. kr, og av dette står det att å løyve 100 mill. kr som fylkesrådmannen rår til vert løyvd i 2018.

Bergen katedralskole – tilbygg og rehabilitering

Fylkestinget vedtok i desember 2015 å rehabiliterer hovudbygget og klasseromsbygget. I tillegg vart det ført opp eit nytt bygg mellom desse to bygg.

Arbeidet starta våren 2016 og fylkesrådmannen rår til at det vert løyvd 42 mill. kr i 2018 til fullfinansiering av prosjektet.

Odda vidaregåande skole – rehabilitering

Odda vidaregåande skule er lokalisert i to bygg; gymnasbygget og yrkesfagbygget. Gymnasbygget har tidlegare fått nye tekniske anlegg som sikrar eit godkjent inneklima. Yrkesfagbygget er det gjort lite med sidan det stod ferdig i 1964, og bygget stettar dermed ikkje dagens krav til teknisk standard.

Forprosjektet for rehabiliteringa vart vedteke i fylkestinget i juni 2016 med ei kostnadsramme på 122 mill. kr. Kostnadsramma er seinare auka til 185 mill. kr.

Fylkesrådmannen rår til at det vert løyvd 58 mill. kr i budsjettet for 2018 slik at prosjektet kan fullførast.

Skulebruksplan – planmidlar

Midlane er knytt opp til gjennomføring av skulebruksplanen og vert primært nytta i tidleg fase av prosjekta. Det er ført opp 3 mill. kr til føremålet kvart av åra i planperioden.

Askøy vidaregåande skole – rehabilitering og tilbygg

Opplegget i skulebruksplanen er at planlegging av rehabilitering og tilbygg ved Askøy vidaregåande skule skal starte i 2018.

Arbeidet med romprogram er starta opp, og siktemålet er å ha politisk behandling av romprogrammet i løpet av 2018. Fylkesrådmannen rår til at det vert løyvd 6 mill. kr til prosjektet i 2018, og deretter sett av 16 mill. kr i 2019, 60 mill. kr i 2020 og 127 mill. kr i 2021.

Stord vidaregåande skole – rehabilitering og tilbygg

Skulebruksplanen legg opp til at planlegging av rehabilitering og tilbygg ved Stord vidaregåande skule skal starte opp i 2018.

Etter planen skal ein ha politisk handsaming av romprogram hausten 2018. Fylkesrådmannen rår til at det vert løyvd 5 mill. kr til prosjektet i 2018, og deretter 15 mill. kr i 2019 og 51 mill. kr i 2020 og 91 mill. kr i 2021.

Langhaugen vidaregåande skole – nybygg

Arbeidet med nytt bygg for gymnastikk og musikk skal etter skulebruksplanen utførast i perioden 2019–2022. Fylkesrådmannen rår til at det vert sett av 3 mill. kr i 2019, 3 mill. kr i 2020 og 54 mill. kr i 2021.

Bømlo vidaregåande skole – tilbygg

I handsaminga av skulebruksplanen vart det vedteke samlokalisering av dagens Bømlo vgs og Rubbestadnes vgs. Fylkesrådmannen set av 1 mill. kr i 2018 og 2019, 11 mill. kr i 2020 og 17 mill. kr i 2021.

Laksevåg vidaregåande skole – ombygging

Skulebruksplanen legg opp til at ein ny kombinert fagskule og vidaregåande skule på Laksevåg skal stå klar til 2023. Fylkesrådmannen foreslår at det vert sett av 10 mill. kr i 2019, 10 mill. kr i 2020 og 60 mill. kr i 2021.

Etne vidaregåande skule/Skakkesenteret

Fylkestinget godkjende i juni 2009 kjøp av ein seksjon i prosjektet Skakke – senter for skule, idrett og kultur i Etne kommune til bruk for Etne vidaregåande skule på vilkår av at Etne kommune gjekk inn på ein gjenkjøpsavtale.

I desember 2009 godkjende fylkestinget gjenkjøpsavtalen med Etne kommune. Avtalen regulerer at prosjektkostnaden – utanom inventar, utstyr og kunst – på 31 mill. kr skal avskrivast over 30 år. Fylkeskommunen kan i følge avtalen først gjere gjenkjøp gjeldande 10 år etter oppstart av den nye skulen – og då til ein gjenkjøpssum for kommunen på 21 mill. kr.

I samband med skulebruksplanen vedtok fylkestinget å avvikle drifta ved Etne vidaregåande skule. Med bakgrunn i dette, har det vore drøftingar med Etne kommune. Drøftingane har teke utgangspunkt i at fylkeskommunen etter avvikling av skuledrifta ikkje lenger har bruk for seksjonen i Skakkesenteret. Fylkeskommunen har leigeplikt i andre delar av bygget enn eigarseksjonen. Leigeavtale for idrettshallen går ut sommaren 2019, andre leigeavtarar går ut i mai 2022. Fylkeskommunen har også plikt til å bidra til drift av fellesareala i tillegg til at eigen eigarseksjon har årlege driftskostnader. Dei totale kostnadane for fylkeskommunen fram til gjenkjøp av eigarseksjon ved årsskiftet 2021/2022 og opphør av siste leigeavtale i mai 2022 er berekna til om lag 4,9 mill. kr. For 2018 er kostnadane om lag 1,6 mill. kr.

Ut frå drøftingane med Etne kommune vil fylkesrådmannen foreslå at gjenkjøpsavtalen vert avvikla under føresetnad av at fylkeskommunen si leigeplikt blir dekkja av Etne kommune og at eventuelle avgiftsmessige konsekvensar er Etne kommune si sak. Det er kravd om lag 8,6 mill. kr i meirverdiavgiftskompensasjon for bygget. Så lenge Etne kommune nyttar bygget til eigen aktivitet, vil ikkje dette få verknad for kommunen. Det må utformast ein justeringsavtale mellom partane som regulerer spørsmålet knytt til meirverdiavgift.

Konkret medfører forslaget at fylkeskommunen sin eigardel i Skakkesenteret vert overført til Etne kommune frå 2018 på vilkår av at Etne kommune overtek alle fylkeskommunen sine plikter frå same tidspunkt. Inkludert i dette er også eventuelle bidrag til drifta av Skakkesenteret og idrettshallen. Innsparingssummen på 1,6 mill. kr er ikkje rekna med i forslaget til budsjett 2018 eller i økonomiplanen.

Forslaget vil ikkje ha løyvmessige konsekvensar, men medfører endringar i fylkeskommunen sin balanse der aktivastida vert redusert mot tilsvarende reduksjon av kapitalkontoen. I eit eige punkt i budsjettvedtaket foreslår fylkesrådmannen at fylkestinget godkjenner ovannemnde og at fylkesrådmannen får fullmakt til inngå avtale med Etne kommune i samsvar med dette.

SAMFERDSEL

Tal i heile tusen

2	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Samferdsel					
Kollektivtiltak	154 000	176 600	61 800	586 000	49 000
Bybanen	228 000	620 000	1 350 000	1 630 000	1 370 000
Fylkesvegar	1 433 150	1 146 600	1 409 400	1 253 874	1 164 300
Sum brutto Samferdsel	1 815 150	1 943 200	2 821 200	3 469 874	2 583 300
Sum investeringsinntekter	691 600	1 178 700	1 916 400	2 261 900	1 757 100
Sum netto / eigenfinansiering HFK	1 123 550	764 500	904 800	1 207 974	826 200

Samferdselsbudsjettet er delt i tre: kollektivtiltak, bybane-utbygging og fylkesvegar. Tabellen viser investeringane i samferdsel.

Samla sett er det budsjettert investeringar i perioden 2018–2021 på samferdselsområdet på 10,8 mrd. kr. Samla

investeringsinntekter er på 7,1 mrd. kr i planperioden og fylkeskommunen sin del av finansieringa vert då om lag 3,7 mrd. kr.

Kollektivtiltak rommar investeringstiltak innan kollektivsektoren som HFK i det store og heile har finansiert sjølv

fram til no. I økonomiplanperioden vert det investert for 871,4 mill. kr. Av dette er 632,9 mill. kr, 72,6 %, eigenfinansiert av HFK. Resten vert finansiert gjennom Enova-støtte i samband med nye ferjekontraktar. Innkjøp av bybanevogner er del av tiltaka på området.

Utbygginga av bybanen skil seg ut i samferdselbudsjettet ved å vere fullt ut finansiert av bompengar og statstilskot. I budsjettet for 2018 og økonomiplanperioden 2018–2021

er det sett av midlar til både byggjetrinn 3,4 og 5. Samla sett ligg det knapt 5 mrd. kr til utbygging av bybanen.

For fylkesvegar er det budsjettet samla sett med 5 mrd. kr for budsjettperioden 2018–2021. Disse er brukt på både strekningsvise fylkesvegar og på ulike spesifikke tiltak innanfor programområde. For investeringar på fylkesvegane står inntekter i form av bompengar og tilskot for 34,5 %. Den resterande finansieringa er fylkeskommunal.

Tal i heile tusen

3

	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Kollektiv					
Bussanlegg Stord og Bømlo	55 000	-	-	-	-
Bussanlegg Askøy	1 000	4 000	30 000	30 000	35 000
Terminalbygg/sjåførfasilitetar	2 000	10 000	8 000	8 000	8 000
Billetteringsystem	5 000	6 000	6 000	-	-
Ruteinformasjonssystem (Sanntid)	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000
Automatisk passasjerteljing	5 000	8 500	5 000	-	-
Trafikantinformasjon	-	3 500	3 000	3 000	3 000
Mobil-billett/ deltaking i offentleg samarbeid	-	6 000	-	-	-
Nye ferjekontraktar, inv. ferjekaiar	-	121 000	1 400	542 000	-
Kompressorlegg for biogass	-	8 000	-	-	-
Bybanen i Bergen – Vognmateriell	83 000	6 600	5 400	-	-
Sum brutto kollektivtiltak	154 000	176 600	61 800	586 000	49 000
Sum investeringsinntekter	45 000	48 000	500	190 000	-
Sum netto / eigenfinansiering HFK	109 000	128 600	61 300	396 000	49 000

Tabellen syner investeringstiltak for kollektiv som i hovudsak er eigenfinansiert av HFK. Unntaket er Enova-støtte som i planperioden samla er på 238,5 mill. kr. HFK sin del aukar frå 129 mill. kr i 2018 til heile 396 mill. kr i 2020. Dette skuldast HFK sin delfinansiering av dei nye ferjekontraktane dette året; 352 mill. kr. Under er dei ulike tiltaka på dette området omtala.

Bussanlegg Askøy

Fylkeskommunen leiger i dag eit bussanlegg av Askøy kommune som vert nytta av operatøren for "Rutepakke Vest". Gjeldande leigeavtale går ut når dagens avtale med operatøren vert avslutta i 2019. Fylkeskommunen har tidlegare kjøpt tomt til bygging av nytt anlegg. Planprosessen er starta opp, men slik det ser ut no vil planprosessen

ta lengre tid enn tidlegare lagt til grunn. Det pågår difor og drøftingar knytt til forlenging av dagens leigeavtale.

Det er førebels stipulert ein totalkostnad på 100 mill. kr. Det er uavklart kva verknad eventuell felles løysing med Askøy kommune på fylkeskommunen si tomt vil ha. Det er trong for midlar til den vidare prosessen. Fylkesrådmannen rår til at det vert løyvd 4 mill. kr i 2018, 30 mill. kr i 2019, 30 mill. kr i 2020 og 35 mill. kr i 2021.

Terminalbygg og sjåførfasilitetar

Det vert lagt opp til å etablere 25 nye sjåførfasilitetar rundt om i fylket over ein fireårs periode. Det vert lagt til grunn at fylkeskommunen har ansvaret for etablering, men at operatørane som har kontrakt med Skyss skal

drifte fasilitetane. Det vert løyvd 10 mill. kr i 2018, 8 mill. kr i 2019, 8 mill. kr i 2020 og 8 mill. kr i 2021. I desse tala ligg også budsjett til opprusting av Kleppestø og Flesland snøggåtkaiar i 2018, og 1,0 mill. kr til oppgraderingar av snøggåtkaiar i resten av økonomiplanperioden.

Oppgradering av billetteringsutstyr

Det er trong for kontinuerleg oppgradering av system og utstyr for billettering. Skyss har dei siste åra nytta investeringsmidlar til fornying av eldre billetteringsutstyr i og rundt Bergen. Som eit resultat av dei utskiftingane som er gjort, ser ein at tida sjåførane nyttar til billettering vert vesentleg redusert, at talet på feil går ned og at sørvis og tilgjenge aukar. Rutepakkeområda Sør og Vest i Bergen skal ut på anbod i 2018. For å ha billetteringsutstyr tilgjengeleg ved start av nye anbod i 2019, må dette utstyret tingast i 2018. Det vert budsjettert med 6 mill. kr til dette i 2018 og 6 mill. kr i 2019.

Ruteinformasjonssystem (sanntid)

Det er trong for kontinuerleg oppgradering av sanntidssystemet. Det vert sett av 3,0 mill. kr til dette i 2018-budsjettet og deretter kvart år i økonomiplanperioden.

Automatisk passasjerteljing

I den nye busskontrakten for Nordhordland er det føresetta automatisk passasjerteljingsutstyr på alle bussane. Skyss har ansvar for innkjøp, installasjon og vedlikehald av utstyret. Kostnaden til utstyr og installasjon er rekna til om lag 3,5 mill. kr. Dei seinare åra er det investert i automatisk passasjerteljingsutstyr i store delar av bussparken i Bergen og Bergen vest. I 2017 er det og investert i passasjerteljingsutstyr i 9 bybanevogner. Det gjev ein dekningsgrad på omlag 30 %. Gode trafikkdata og analyseverktøy er vesentleg i arbeidet med å utvikle kollektivtilbodet. Målet er difor teljeutstyr som gir 100 % dekning i buss- og vognparken. I komande nye bussanbod vil det bli stilt krav om automatisk passasjerteljing i alle bussane. For 2018 og 2019 vert det budsjettert med 5 mill. kr til automatisk passasjerteljingsutstyr. I dette arbeidet vert bybanen prioritert.

Trafikantinformasjon

God informasjon til dei reisande er ein vesentleg del av den totale kundeopplevinga. Digitale skjermar og sanntidsmaster på haldeplassar og terminalar har gjeve betre kvalitet på trafikantinformasjonen.

Den raske teknologiske utviklinga gjer at ein heile tida må vidareutvikle nye løysingar som oppfyller dei reisande sine forventningar om god informasjon.

Dei viktigaste tiltaka under posten digital trafikantinformasjon er:

- Vidareutvikling reiseplanleggar web og app
- Utplassering og oppgradering av utstyr på terminalar, sentrale haldeplassar, kaiar og knutepunkt
- Tilrettelegging for å skaffe data frå og om dei reisande gjennom digitale kanalar
- Kommunikasjonsportal for sjåførane

Det vert budsjettert med 3,5 mill. kr i 2018 til digital trafikantinformasjon, og 3,0 mill. kr kvart år i resten av økonomiplanperioden.

Mobilbillett – deltaking i samarbeid

Fleire av dei store kollektivaktørane i Noreg har gått saman i eit samarbeid for å vidareutvikle ei felles billettløysing med utgangspunkt i Ruter sin mobil-app. I samarbeidet inngår også tilgang til felles rammeavtalar som omfattar sentrale tenester innanfor IT-området.

Gjennom samarbeidet vil ein få tilgang til viktig kompetanse, i tillegg til eigarskap til ei billettløysing som stadig tek større del av marknaden. Deltaking i samarbeidet vil gje føremøner i form av kompetansebygging og utviklingsmoglegheiter ein elles ikkje vil ha tilgang til.

Det vert sett av 6 mill. kr til investering i ny løysing i 2018.

Nye ferjekontraktar – kaianlegg og ladeinfrastruktur

Investeringskostnadane som gjeld nye ferjekontraktar omfattar miljøinfrastruktur på land og oppgradering av straumnett. I tillegg inkluderer dette også ei mindre kaioppgradering på Varaldsøy som ikkje er ein del av miljøtiltak knytt til elektrisk ferjedrift. Operatørane har ansvaret for naudsynt ombygging og tilrettelegging for elektrisk drift på dei einskilde kaianlegga. Fylkeskommunen tek over når kaiane er ferdigstilte og klare for drift. Stønadsutbetalinga frå Enova skjer etter at fylkeskommunen har teke over kaianlegget som operatør har investert i.

Totale investeringskostnader knytt til kaianlegg og ladeinfrastruktur er på 664 mill. kr. Estimert tilskott frå Enova samla for alle kontraktane er på 239 mill. kr. Det gjev ei total nettoinvestering for fylkeskommunen på kr 426 mill. kr i perioden 2018–2020.

Ny kontrakt for ferjesambanda Krokeide–Hufthamar og Husavik–Sandvikvåg har oppstart 01.01.2018. Etter planen vil ein prøve ut elektrisk drift frå hausten 2018. Netto investeringskostnader er budsjettert til 73 mill. kr for 2018. Det er då rekna med Enova-støtte på 48 mill. kr slik at total-kostnaden er 121 mill. kr for sambanda i Austevoll.

I 2019 startar sambandet Masfjordnes–Duesund opp med ny kontrakt. Tiltakskostnaden er her estimert til 0,9 mill. kr inkludert Enova-støtte. Resten av rutepakkane og sambanda har oppstart i 2020. Netto investeringskostnad for desse sambanda, inkludert støtte frå Enova, er budsjettert til 352 mill. kr.

Kompressorlegg for biogass

Det er vedteke at biogassen som Bergen kommune produserer på biogassanlegget i Rådalen, skal nyttast som drivstoff for gassbussane i Bergen. I Skyss sine kontraktar er gassbussane fordelt på Mannsverk og Haukås bussanlegg. Fyllestasjonane på dei to bussanlegga er konstruert for mottak av flytande naturgass (LNG). Biogassen som skal produserast i Rådalen vil bli levert i komprimert form (CBG).

For at fyllestasjonane på bussanlegga skal vere i stand til å ta i mot komprimert biogass, må det etablerast kompressor med tilhøyrande infrastruktur i tilknytning til fyllestasjonen. Opphavleg var tanken at eit slikt anlegg skulle byggjast på Mannsverk bussanlegg, og fylkesutvalet godkjente i mai 2016 at HFK Bussanlegg Mannsverk AS investerer i kompressoranlegg for mottak av komprimert biogass. Investeringa var estimert til 8,5 mill. kr.

Grunna m.a. nytt regelverk for sikringszone rundt denne typen anlegg, har det etter nemnde vedtak vist seg at bussanlegget på Mannsverk er dårleg eigna for etablering av slikt anlegg. Ein vil difor i staden etablere dette anlegget ved fylkeskommunen sitt bussanlegg på Haukås. Anlegget vil venteleg stå klart i første del av 2018. I tillegg til sjølve kompressoranlegget må det gjennomførast diverse grunn- og byggjearbeid på anlegget. Det vert lagt inn 8 mill. kr til denne investeringa i budsjettet for 2018.

Bybanen – vognmateriell

Per 2017 er det investert i 28 vogner a 42 m til drift av byggjetrinn 1-3. I 2018 er det ikkje lagt opp til investering i nye vogner, men i løpet av økonomiplanperioden må det investerast i vogner til byggjetrinn 4; Bergen sentrum til Fyllingsdalen. Det vert lagt opp til at ein får inndecking av denne investeringa gjennom reforhandling av byvekstavtalen frå og med 2019.

I budsjettet for 2018 er det lagt inn 6,6 mill. kr. Dette er kostnader til ombygging av førarrom, og prosjekteringskostnader i samband med innkjøp av nye bybanevogner. I 2019 er det lagt inn 5,4 mill. kr til slutføring av ombygginga av førarrom.

BYBANEN

Tal i heile tusen

3	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Bybanen				
Bybanen – Byggjetrinn 3	50 000	-	-	-
Bybanen – Byggjetrinn 4	570 000	1 350 000	1 630 000	1 350 000
Bybanen – Byggjetrinn 5	-	-	-	20 000
Sum investeringar Bybanen	620 000	1 350 000	1 630 000	1 370 000
Inntekter, bompengar	335 000	675 000	815 000	685 000
Inntekter, tilskot	405 000	675 000	815 000	685 000
Sum inntekter Bybanen	740 000	1 350 000	1 630 000	1 370 000
Sum netto/eigenfinansiering HFK	-120 000	-	-	-

Tabellen viser at utbygginga av bybanen er fullfinansiert av bompengar og statstilskot. Samla sett i økonomiplanperioden er det budsjettert med 5 mrd. kr. I 2018 går det fram av tabellen at HFK får refundert 120 mill. kr som fylkeskommunen har forskottert tidligare år til grunnervervskostnader på byggjetrinn 4.

Byggjetrinn 3

Byggjetrinn 3 for bybanen vart opna for trafikk i august 2016. Siste etappe av byggjetrinn til Flesland vart opna i april 2017. Det er sett av 50 mill. kr i 2018 til sluttkostnader.

Byggjetrinn 4

Stortinget har godkjent at det kan nyttast 200 mill. kr til planlegging av byggjetrinn 4 innanfor det vedtekne

Bergensprogrammet. Denne summen er brukt i 2016 og i 2017. I tillegg er det brukt forskotterte midlar til grunnervervsarbeid og utfylling i Store Lungegårdsvann. Fylkesrådmannen legg til grunn i budsjettet at forskotteringane vert refunderte i 2018.

Forhandlingane om Bymiljøavtalen, no Miljøloftet, vart slutførde i 1. halvår 2017. Her forplikta staten seg til å finansiere 50% av kostnaden til bybanen byggjetrinn 4 til Fyllingsdalen. Endeleg sum for byggjetrinn 4 vert avklart seinare, men førebels fører fylkesrådmannen opp investeringsbudsjett på 570 mill. kr i 2018, 1 350 mill. kr i 2019, 1 630 mill. kr i 2020 og 1350 mill. kr i 2021.

Byggjetrinn 5

For Byggjetrinn 5 frå Bergen sentrum til Åsane er Bergen

kommune i starten av reguleringsplanprosessen. Slik planane ligg føre pr. i dag er det mogleg at det vil vere naudsynt

med midlar til planlegging- og grunnnervvervsarbeid frå 2021. Fylkesrådmannen fører difor opp 20 mill. kr til dette.

FYLKESVEGAR

Tal i heile tusen

3	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Fylkesvegar					
Fylkesveg, strekningsvise prosjekt	804 900	611 600	844 400	682 874	588 300
Fylkesveg, tiltak på ulike område	628 250	535 000	565 000	571 000	576 000
Sum investeringar fylkesvegar	1 433 150	1 146 600	1 409 400	1 253 874	1 164 300
Inntekter, bompengar	319 600	307 700	490 900	429 900	382 100
Inntekter, tilskot	139 000	76 000	20 000	5 000	5 000
Inntekter, forskot	0	7 000	55 000	7 000	0
Sum inntekter fylkesvegar	458 600	383 700	510 900	434 900	387 100
Sum netto/eigenfinansiering HFK	974 550	762 900	898 500	818 974	777 200

Tabellen syner investeringane på fylkesvegar i planperioden. Brutto årlege investeringar i perioden ligg mellom 1,2 mrd. kr og 1,4 mrd. kr. Fylkeskommunal finansiering av desse investeringane ligg på om lag 65 % alle åra. Den resterande finansieringa kjem frå bompengar, tilskot og forskottering. Gjennom perioden ligg investeringsnivået og HFK sin del av finansieringa på om lag same nivå; med auke frå 2018 til 2019 og 2020, før det går ned igjen i 2021.

Fylkesvegbudsjettet er delt inn i strekningsvise prosjekt og tiltak innafor ulike område. Strekningsvise prosjekt har igjen slik inndeling:

- Prosjekt i Bergensprogrammet og utanom Bergen
- Andre løyvingar
- Rassikring

Tiltak innanfor ulike område gjeld t.d. tryggleik, miljø eller utbetring av bruer, kaiar, murar og kantar. Tiltaka er samla under postane;

- Programområde Bergensprogrammet
- Opprusting og fornying

Dei største prosjekta og bompengepakkanane er spesifisert i egne tabellar der finansieringa kjem fram.

Fylkesveg, strekningsvise prosjekt

Bergensprogrammet

Tal i heile tusen

	Budsjett 2018	Øk.plan 2019	Øk.plan 2020	Øk. Plan 2021
Ringveg vest – Byggjetrinn 2	20 000			
Hjellestadveien	81 000	41 000		
Sum	80 100	41 000	0	0

Ringveg Vest, byggjetrinn 2

Til slutføring av byggjetrinn 2, budsjetterer fylkesrådmannen med 20 mill. kr i 2018. Løyvinga gjeld sluttarbeid med elektro, styringssystem og overvaking. All finansiering er bompengar.

Hjellestadvegen

Fysisk arbeid på Hjellestadvegen starta i 2017. Fylkesrådmannen budsjetterer med 81 mill. kr i 2018 og 41 mill. kr i 2019. All finansiering er bompengar.

Prosjekt utanom Bergen

Tal i heile tusen

	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Askøypakken	123 000	174 000	220 000	300 000
Bømtopakken Fv 541/542	35 000	181 000	-	-
Stord vestsida Fv 545	25 000	10 500	-	-
Kvammapakken Fv 7/fv 49	16 300	-	-	-
Nordhordlandspakken	70 900	204 200	331 200	182 100
Åsen-Helleskaret	-	-	-	9 000
Austevollbrua, ferjetilskot Fv 546	10 300	10 400	10 500	10 700
Horsøy, Askøy Fv 218	10 000	80 000	13 000	-
Kollektivterminal på Voss	14 700	3 600	-	-
Strekingsvise prosjekt utanom Bergen	305 200	663 700	574 700	501 800

Askøypakken (Askøy kommune)

Tal i heile tusen

	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Askøypakken	123 000	174 000	220 000	300 000
Inntekter, bompengar	92 000	131 000	165 000	225 000
Sum netto / eigenfinansiering HFK	31 000	43 000	55 000	75 000

Askøypakken vart vedteken 27. september 2013 i Prop. 197 S (2012–2013) med delvis bompengefinansiering. Finansieringsplanen har kostnadsoverslag på 1 540 mill. kr (2013–kr) der fylkeskommunen dekkjer 420 mill. kr og bompengar utgjør 1 120 mill. kr. Førebels er det meldt om inntektssvikt frå bompengeselskapet slik at rammene pr. i dag er lågare enn det som fyrst låg til grunn.

Prosjektet Fv. 212 Lindhaugen – Slettebrekka er under bygging i 2017.

Følgjande prosjekt i pakken som står att:

- Fv. 562 Strømsnes–Hop
- Fv. 562 Lavik–Haugland
- Fv. 562 Fromreide–Kjerrgarden

- Fv. 562 Fauskanger sør
- Fv. 213 Skiftesvik–Marikoven

Neste prosjekt som vert klart til utlysing er fv. 562 Strømsnes – Hop. Bygging kan starte våren 2018 og ferdigstillast i 2020. Før utlysing av dette prosjektet skal utbyggingsrekkefølga av dei attståande prosjekta leggast fram for fylkestinget. Forslag til rekkefølge vert behandla i kontaktutvalet i september.

Askøy kommune arbeider samstundes fram eit grunnlag for eit nytt stortingsvedtak for å kunne auke inntektene i bompengepakken. Dette med sikte på å kunne realisere alle prosjekta. Fylkesrådmannen set opp 123 mill. kr i 2018, 174 mill. kr i 2019, 220 mill. kr i 2020 og 300 mill. kr i 2021.

Bømlopakken (Bømlo kommune)

Tal i heile tusen

	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Bømlopakken	35 000	181 000
Inntekter, bompengar	22 000	127 000
Sum netto / eigenfinansiering HFK	13 000	54 000

Bømlopakken er eit bompengeprojekt som tek sikte på å utbetre og trafikksikre delar av vegnettet i Bømlo kommune. Bompengeneinnkrevjinga starta opp 2. mai 2013 når Trekantsambandet vart nedbetalt. Innkrevjingsperioden er 15 år. Følgjande prosjekt er under bygging;

- Fv. 542 Røysund–Eikeland (nord)
- Fv. 541 Hestaneset–Tjong
- Fv. 541 Tjong–Løvegapet

Det står att nokre prosjekt som det ikkje er midlar til å realisere fullt ut innanfor Bømlopakken;

- Fv. 19 Rubbestadneset–Rølsnes
- Fv 541 Sakseid–Hestaneset
- Fv 541 Ekornsæther–Sakseid
- Fv. 12 Sakseid–Grønnevik
- Fv. 542 Notland–Mosterhamn
- Fv 23 Tormodsæter–Gilje

På vegen til Rølsnes og Goddo er det mindre utbetringstiltak som skal gjennomførast. Delar av prosjektet vert lyst ut, og vert gjennomført i 2018.

Fylkesrådmannen set av 35 mill. kr til Bømlopakken i 2018 og dei resterande 181 mill. kr i 2019.

Stord vestsida (Stord og Fitjar kommunar)

Stord vestsida vart vedteken i 2012 i Prop. 149 S; finansiering av fv. 545. Følgjande prosjekt er under bygging:

- Fv. 545 Rimbareid – Vik
- Fv. 545 Sagvåg sentrum (Snikkarsvingen)

Dei resterande midlane kan fordelast på prosjekt

- Fitjar sentrum
- Tiltak ved kommunegrensa

I tillegg foreslår fylkesrådmann å løyve 5 mill. kr for å finansiere kollektivterminal på fv 545. Fylkesrådmannen set av totalt 25 mill. kr i 2018 og 0,5 mill. kr i 2019.

Kvammapakken (Kvam herad)

Kvammapakken er eit bompengeprojekt for å utbetre og trafikksikre delar av vegnettet i Kvam herad. Samla kostnadsramme for Kvammapakken var på 440 mill. 2009-kr.

Innkrevjingsperioden starta i 2010 og går fram til 2029. I 2017 pågår det arbeid på strekningane fv. 7 Nes – Norheim-sund og fv. 7 Øystese aust – Skarpasvingen.

Det står att nokre prosjekt som det ikkje er midlar til å realisere fullt ut;

- Fv. 7 Bosstippen
- Fv. 7 Steinestøberget
- Fv. 7 Kvamskogen
- Fv. 7 Øystese aust–Skarpasvingen

Det står og att mindre deler av fv. 49 Vikøy – Norheimsund som ikkje er bygd. Det er også nokre andre av dei planlagde mindre tiltaka som ikkje kan realiserast.

Fylkestinget vedtok i juni 2017 å nytte resterande midlar i pakken til å betre tilhøva langs strekninga fv. 7 Øystese aust – Skarpasvingen, ved Laupsa. Delar av dette prosjektet vert no bygd ut. Fylkeskommunen sette i 2017 av 12 mill. kr til dette prosjektet. Dette arbeidet vert avslutta i 2018.

I 2018 fører fylkesrådmannen opp resterande midlar i pakken på totalt 16,3 mill. kr.

Nordhordlandspakken

Tal i heile tusen

	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Nordhordlandspakken	70 900	204 200	331 200	182 100
Inntekter, bompengar	70 700	185 400	264 900	157 100
Sum netto / eigenfinansiering HFK	200	18 800	66 300	25 000

I proposisjon til Stortinget, Prop. 164 S, vart det gjort framlegg til finansiering av Nordhordlandspakken. Bompengespakken skal etter planen finansiere 19 prosjekt og tiltak på riks- og fylkesvegnettet i kommunane Lindås, Meland, Radøy, Fedje, Austrheim, Masfjorden og Modalen.

Både kommunane og fylkeskommunen har handsama bompengespakken i fleire omgangar. Finansieringsplanen

for Nordhordlandspakken omfattar statlege midlar, fylkeskommunale midlar og bompengar. Samla økonomisk ramme for Nordhordlandspakken er om lag 1,5 mrd. kr (2017-kr). Med atterhald om at Stortinget gjer vedtak i samsvar med proposisjonen, og at føresetnadane ikkje endrar seg vesentleg, legg fylkesrådmannen til grunn løyvingar i planperioden på 0,2 mill. kr i 2018, 18,8 mill. kr i 2019, 66,3 mill. kr i 2020 og 25 mill. kr i 2021

Fv. 161 Åsen – Helleskaret, Os kommune

Reguleringsplanen i samband med fylkesvegprosjekt mellom Åsen og Helleskaret er vedteken av Os kommune. Planen gjeld ei 1300 meter ny vegstrekning med to felt som vert tilkomstveg frå Søvika/Helleskaret til den nye E39. Vegen vil og kunne binde saman bustadområda ved Lysefjorden og industriområdet i Endelausmarka. Planen inneheld separat gang- og sykkelveg, kryss og tilkomstveg med fortau til bustadområdet Hellebakkane. Vegen vil avlaste noverande fv 161 og fv 163.

Førebels legg ein opp til at kommunen er byggherre for prosjektet. Fylkeskommunen bidreg med eit tilskot på

totalt 1/3 av kostnadene (eks mva) og inntil 17 mill. kr (2017-kr). Fylkesrådmannen set av 9 mill. kr i 2021. Den vidare dialogen med kommunen er viktig i høve til planlagd oppstart og trong for midlar.

Fv. 546 – Austevollbrua – innsparde ferjetilskot

I samband med Stortinget si handsaming av St. prp. Nr. 30 (2004–05) vart det gjort vedtak om at dette prosjektet i ein femtenårsperiode skulle tilførast ein årleg sum på vel 9 mill. kr i innsparde ferjesubsidiar. Delar av tilskotet vert prisjustert med 1,5 % per år. Fylkesrådmannen set opp 10,3 mill. kr i 2018, 10,4 mill. kr i 2019, 10,5 mill. kr i 2020 og 10,7 mill. kr i 2021.

Fv. 218 Horsøy (Askøy kommune)

Tal i heile tusen

	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Horsøy	10 000	80 000	13 000
Inntekter, tilskot	7 000	55 000	7 000
Sum netto / eigenfinansiering HFK	3 000	25 000	6 000

Fv. 218 Horsøy skal utbetrast med ei øvre kostnadsramme på 100 mill. kr (2017-kr). Vegen skal utvidast med tofeltsveg og fortau. Tiltak skal finansierast med ei kostnadsdeling mellom Askøy kommune/Schlumberger og fylkeskommunen. Prosjekteringa vert sett i gang i 2017, og arbeidet kan lysast ut i 2018. Dette under føresetnad om at det ikkje er trong for reguleringsendringar. Statens vegvesen skal vere byggherre. Det meste av arbeidet vil skje i 2019. Fylkesrådmannen set av 10 mill. kr i 2018, 80 mill. kr i 2019 og resterande midlar på 13 mill. kr i 2020.

Kollektivterminal Voss (Voss kommune)

For bussterminalen er det lagt opp til at det skal vere kostnadsdeling 50/ 50 mellom riksveg (stat) og fylkesveg. Kostnaden er rekna til 46 mill. kr (2015-kr).

Hordaland fylkeskommune har også inngått avtale om 50/50-delning med ROM Eiendom AS for venterom knytt til jernbaneområdet. Fylkeskommunen sin del av kostnadene med terminalbygg/ venterom er rekna til 16 mill. kr. Av dei 20 mill. kr som vart løyvde til Kollektivterminal Voss i 2017, vert om lag 15 mill. kr nytta til terminalbygg/ venterom og 5 mill. kr til førebuande arbeid for bussterminalen. Utbygging av terminalen for bussane vert koordinert med utbygginga av jernbaneterminalområdet. Byggjeprojektet for bussterminalen er no klart til utlysing. Fylkesrådmannen set av 14,7 mill. kr i 2018 og 3,6 mill. kr i 2019.

Strekningvisse prosjekt, andre løyvingar

Tal i heile tusen

	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Mindre utbetringar	25 000	20 000	20 000	20 000
Rebudsjettering	10 000	10 000	10 000	10 000
Refusjonar fylkesvegprosjekt	76 200	84 500	71 774	50 000
Sum andre løyvingar, strekningsvisse prosjekt	111 200	114 500	101 774	80 000

Løyvingane i tabellen er fullt ut finansiert med fylkeskommunale midlar.

Mindre utbetringar

Det vert sett av 25 mill. kr i fylkeskommunale midlar i 2018, og deretter 20 mill. kr i kvart av åra 2019, 2020 og 2021. Dette er hovudsakleg prosjekt der kommunane bidreg med delfinansiering.

Aktuelle prosjekt innanfor mindre utbetringar er:

- Fv. 550 Kråkevik – Aga, Ullensvang
- Fv. 229 Nautnes bru, Øygarden – under bygging
- Fv. 48 Hellandskryss, Kvinnherad – under bygging
- Fv. 48 Lundssvingane, Kvinnherad – under bygging
- Fv. 201 Eide–Spildepollen, Sund – under bygging
- Fv. 107 Servicebygg Jondal ferjekai, Jondal – under bygging
- Fv. 48 Knutepunkt Rosendal, Kvinnherad – under bygging
- Fv. 565 Fønnes, Austrheim – under bygging
- Fv. 566 Espevoll næringshage, Osterøy – manglar avklaring
- Fv. 229 Hellesøy, Øygarden – manglar avklaring
- Fv. 137 Hatvikvegen – Valle bru, Os – manglar avklaring

Prosjekta vert vedtekne i Investeringsprogram for fylkesvegar 2018–2029 som vert rullert årleg.

Budsjettpost for rebudsjettering

Fylkesrådmannen fører i planperioden opp 10 mill. kr årleg på budsjettpost for rebudsjettering.

For veginvesteringane gjer den store mengda prosjekt behovet for budsjettendringar omfattande. I Hordaland er det om lag 300 store og små investeringsprosjekt på fylkesvegane. Det har vist seg at framdrifta for prosjekta i ein del tilfelle ikkje samsvarar med planane. Dette kan skuldast reguleringsmessige tilhøve, problem med grunnerverv og endringar elles som kjem fram i detaljplanlegginga.

Siktemålet med å sette av ein sum til rebudsjettering er å unngå at fylkestinget må ta stilling til ei rekkje budsjettendringar av mindre prosjekt.

Refundering av tidlegare forskotteringar

Fylkesrådmannen fører opp refusjon av tidlegare forskottering i økonomiplanperioden. For heile perioden er det samla lagt opp til refusjonar på 284,5 mill. kr. For 2018 er det ført opp 76,2 mill. kr, i 2019 84,5 mill. kr, i 2020 71,8 mill. kr og i 2021 50,0 mill. kr. Resterande forpliktingar utover økonomiplanperioden utgjer samla 237,2 mill. kr. Til sist under samferdselsdelen er ei detaljert oversikt som spesifiserer forskotteringa og plan for tilbakebetaling for kvart prosjekt.

Strekingsvise prosjekt, rassikring

Tal i heile tusen

	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Fv 551 Furubergfossen bru – rassikring	49 500	18 900	0	0
Diverse mindre raspunkt og sikringstiltak	44 700	6 300	6 400	6 500
Sum investeringar rassikring	94 200	25 200	6 400	6 500
Inntekter, tilskot rassikring	76 000	20 000	5 000	5 000
Sum netto/eigenfinansiering HFK	18 200	5 200	1 400	1 500

I samband med revisjon av NTP 2018–2029 er det utarbeidd eit oversyn over behovet for skredsikringstiltak på både riks- og fylkesvegane i Hordaland. Det er avklara at ordninga med statleg tilskot til skredsikringstiltak vil halde fram etter 2017. Planramma for 2018–2021 til fylkesvegane i Hordaland vert avklara tidleg i 2018. Det er sannsynleg at Hordaland får minst like stor planramme som i åra 2013–2017. Fylkesrådmannen foreslår å løyve tilstrekkeleg midlar slik at ein sikrar gjennomføringa av prosjektet ved Furebergfossen bru.

Utover det er det viktig å få gjort diverse mindre skredsikringstiltak som har stor nytte. Tiltaka vert spesifisert i Investeringsprogrammet som skal vedtakast i desember.

Fylkesrådmannen foreslår å sette av 94,2 mill. kr i 2018. Resterande midlar i perioden 2019–2021 vert fordelt i 2018.

Løyvingane frå 2019–2021 må justerast i tråd med statleg planramme.

Fylkesveg, tiltak ulike områder

Tal i heile tusen

	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Programområda Bergensprogrammet	260 000	265 000	271 000	276 000
Opprusting og fornying	275 000	300 000	300 000	300 000
Sum brutto investeringar/ fylkesvegtiltak	535 000	565 000	571 000	576 000

Løyvingane i tabellen er fullt ut finansiert med fylkeskommunale midlar.

Programområda Bergensprogrammet

I samsvar med nyleg inngått byvekstavtale i Bergen vert det under programområda sett av midlar i økonomiplanperioden; 260 mill. kr i 2018, 265 mill. kr i 2019, 271 mill. kr i 2020 og 276 mill. kr i 2021. Midlane skal m.a. gå til;

- Kollektivtiltak
- Trafikktryggleikstiltak
- Miljøtiltak
- Gang/ og sykkeltiltak

Tiltaka innanfor programområda vert spesifisert i plan- og byggjeprogrammet som vert lagt fram for fylkestinget i desember.

Opprusting og fornying

Følgande satsingsområder vert prioritert med midlar under posten oppgradering og fornying;

- Tunneloppgradering
- Bruer og kaier
- Forsterkning
- Kollektiv
- Trafikksikring

- Gang- og sykkel
- Miljø og service
- Grunnerverv
- Planprogrammet

Det er stort behov for oppgradering av vegnettet slik at forfallet ikkje held fram med å auke. Det er i hovudsak trong for å utbetre bruer, kaiar, murar og kantar. Samstundes er

det trong for å nytte ein del midlar til mindre investeringar for å betre tilhøva for trafikantane på eksisterande fylkesvegnett.

Til opprusting og fornying er det foreslått sett av 275 mill. kr i 2018, og deretter 300 mill. kr årleg i 2019, 2020 og 2021.

Dei årlege prosjekta vert vedtekne i Investeringsprogram for fylkesveggar 2018–2029, som vert rullert årleg.

Bompengar og tilskot

Det er ulike finansieringskjelder i samferdselsbudsjettet. Bompengar og tilskot til prosjekt er viktige inntektskjelder. Dei viktigaste i denne økonomiplanen er lista opp under.

Bompengar

Prosjekt med bompengefinansiering i økonomiplanperioden er desse:

Tal i heile tusen

	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Bybanen. Byggjetrinn 3	50 000	-	-	
Bybanen. Byggjetrinn 4	285 000	675 000	815 000	675 000
Bybanen. Byggjetrinn 5	-	-	-	10 000
Ringveg vest. Byggjetrinn 2	20 000	-	-	
Hjellestadveien	81 000	41 000	-	
Askøypakken	92 000	131 000	165 000	225 000
Bømlopakken Fv 541/542	22 000	127 000	-	
Stord vestsida Fv 545	17 000	6 500	-	
Kvammapakken Fv 7/fv 49	5 500	-	-	-
Norhordalandspakken	70 200	185 400	264 900	157 100
Sum bompengar	642 700	1 165 900	1 244 900	1 067 100

Totalt vert det budsjettert med 4,1 mrd. kr i bompengar desse 4 åra. Bybanen står for ein stor del av denne summen.

Tilskot

Prosjekt med ekstern finansiering i form av tilskot i planperioden er desse:

Tal i heile tusen

	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Inv. ferjekaia, Enova-stønad	48 000	500	190 000	
Bybanen byggjetrinn 4, byvekstavtalen statstilskot	285 000	675 000	815 000	675 000
Bybanen byggjetrinn 5, byvekstavtalen statstilskot				10 000
Horsøy, Askøy, Fv 218	7 000	55 000	7 000	
Statstilskot, rassikring	76 000	20 000	5 000	5 000
Sum tilskot	416 000	750 500	1 017 000	690 000

Totalt vert det budsjettetert med 2,9 mrd. kr i ekstern finansiering i form av tilskot desse 4 åra. Bybanen står for ein stor del av denne summen gjennom tilskot som følgje av bymiljøavtalen.

Forskotteringar fylkesveggar pr 31.12.2017**Spesifisering av tilbakebetaling av forskottering**

I tabellen nedanfor er det lista opp forskottering for kvart prosjekt, og plan for tilbakebetaling i planperioden.

Tal i heile tusen

Forskottert av	Fv	Prosjekt	Vedte- ne for- skot pr 31.12.17	Forplik- telse 31.12.17	Ref. 2018	Ref. 2019	Ref. 2020	Ref. 2021	Refu- sjon etter 2021
Askøy									
Askøy kommune	562	Fauskanger	3000	3000					3000
Block Watne AS	212	Follese skole, trafikkisikring	15000	15000					15000
Askøy kommune	212	Hetlevik	15000	15000					15000
Askøy kommune	223	Mjøkeviksvarden-Skansen (Herdla bru)	2900	2900					2900
Wimoh AS, v/Frank Mohn AS	563	Rundkøyning Florvåg	1500	1500					1500
Askøy kommune m/Schlumberger	218	Horsøy (øvre ramme)	67000	67000					67000
Austevoll									
Austevoll kommune	546	Ny veg på Hundvåkøy	1000	1000			1000		0
Austrheim									
Austrheim kommune	565	Veg til Vardetangen	1800	1800	1800				0
Bergen									
Orion Prosjekt AS	197	Håkonshellavegen	6000	6000					6000

Budsjett 2018 - Investeringsbudsjett

Forskottert av	Fv	Prosjekt	Vedtek- ne for- skot pr 31.12.17	Forplik- telse 31.12.17	Ref. 2018	Ref. 2019	Ref. 2020	Ref. 2021	Refu- sjon etter 2021
Åsane Handel	267	4-feltsveg Åsamyrane- Nyborkrysset	15000	15000					15000
Bømlo									
Bømlo kommune	14	Stavland	774	774			774		0
Bømlo kommune	18	Laurhammarkjosen - Urangsvåg	1200	1200			1200		0
Etne									
Etne kommune	34	Skånevik kai - Idrettsanlegget	15000	15000				15000	0
Fitjar									
Midtjellet Vindkraft AS	545	Rimbareid - Fitjar sentrum	10000	10000		4000	6000		0
Fjell									
Fjell kommune	559	Fjell - Ulveset	14000	4000			4000		0
Fjell kommune	561	Kryss Fjæreidevegen	5000	5000			5000		0
Fusa									
Fusa kommune/Fusa kraftlag	122	Fusa - Strandvik II	3000	2400	2400				0
Fusa kommune/F Mohn Fusa	122	Fusa - Strandvik III	3000	3000	3000				0
Fusa kommune/F Mohn Fusa	125	Holmefjord - Holsund	1400	1400			1400		0
Frank Mohn Fusa AS	552	Gang-/sykkelveg Venjaneset	3500	3500			3500		0
Fusa Kraftlag/Frank Mohn Fusa AS	48	Moshovdatunnelen	70000	65000	40000	25000			0
Fusa Kraftlag m. fl.	122	Fusa - Kryss veg Skjørsand kai	15000	15000		15000			0
Fusa Kraftlag m. fl.	122	Skjørsand - Skåte	15000	15000					15000
Kvinnherad									
Kvinnherad kommune	48	G&s-veg Sandvoll	5000	5000			1000		4000
Kvinnherad kommune	48	Erslandsmarka	5000	5000			5000		0
Kvinnherad kommune	551	Austrepollen - Løfallstrand	1500	1500			1500		0
Fusa Kraft,Fusa k,F Mohn Fusa	551	Austrepollen - Løfallstrand	4000	4000				4000	0
Kvinnherad kommune m.fl.	543	Tofte - Ranavik	37000	37000				17000	20000
Kvinnherad kommune	48	Lundssvingane, Rosendal kollketivknut.	10000	10000					10000
Lindås									
Lindås kom./Lindås tomtes.	565	Isdalstø - Alver	9000	9000			9000		0
Meland									
Frank Mohn AS	564	Dalstø - Mjåtveit	25000	25000			10000		15000
Modalen									
Modalen/Voss/Vaksdal/BKK	313/344	FV 313 OG FV 344	10000	10000		10000			0
Modalen/Voss/Vaksdal/BKK	313/344	FV 313 OG FV 344 - II	1300	1300			1300		0
Os									
Os kommune	160	Ulven Leir-Hjorthaug, g&s/ opprust.	10000	10000					10000

Forskottert av	Fv	Prosjekt	Vedtek- ne for- skot pr 31.12.17	Forplik- telse 31.12.17	Ref. 2018	Ref. 2019	Ref. 2020	Ref. 2021	Refu- sjon etter 2021
Samnanger									
Samnanger kommune m.fl.	48	Tunnel bak Tysse	100000	50000	25000	25000			0
Stord									
Stord kommune	70	Jensanesvegen	15000	15000					15000
Sund									
BKK/Sund kommune	202	Veg til Telavåg	15000	15000			15000		0
Sund kommune	555	Hammersland - Kjørelen	15000	15000					15000
Tysnes									
Tysnes kommune	78	Hodnanes - Nedrevåge	4000	4000	4000				0
Ulvik									
Ulvik herad	572	Opprusting Holven - Ulvik	5500	5500		5500			0
Vaksdal									
Vaksdal, Modalen	569	Stamnes - Eidslandet	11100	6100			6100		0
Voss									
Voss kommune	315	Bavallsvegen	14000	14000				14000	0
Voss kommune	310	Bordalsvegen	7750	7750					7750
Sum			590 224	519 624	76 200	84 500	71 774	50 000	237 150

TANNHELSE

Tal i heile tusen

2	Justert budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Utstyr tannhelsetenesta	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000
Tannklinikkar	5 000	20 000	15 000	15 000	15 000
Sum sektor	10 000	25 000	20 000	20 000	20 000

Utstyr tannhelsetenesta

Fylkesrådmannen foreslår at det vert sett av 5 mill. kr til utstyrskjøp i tannhelsetenesta kvart år i økonomiplanperioden.

Tannklinikkar

Våren 2016 vedtok fylkestinget klinikkstrukturplanen for Hordaland. Naudsynte investeringar for å realisere denne planen vil årleg vere på om lag 15 mill. kr fram til 2025.

Prosessane knytt til ny tannklinikk i Arna og i Knarvik er starta opp. Slik det no ser ut, vil ny klinikk i Arna kunne komme på plass i 2018. Ny tannklinikk i Knarvik ligg noko lengre fram i tid. Fylkesrådmannen budsjetterer med 20 mill. kr i 2018, og deretter 15 mill. kr dei andre åra i planperioden.

KULTUR

Tal i heile tusen

2	Justert budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Restaurering av verneverdige f.k. bygg	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000
Sum sektor	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000

Restaurering av verneverdige bygg og anlegg i fylkeskommunal eige

Fylkeskommunen eig fleire verneverdige bygg som det er naudsynt å utføre større vedlikehald/ restaurering av i planperioden. Siste åra har særleg bygg/hageanlegg på Stend vore prioritert.

Fylkesrådmannen foreslår ei løyving på 3 mill. kr kvart år i økonomiplanperioden 2018 til 2021.

FELLESFUNKSJONAR

Tal i heile tusen

2	Justert budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Fellesfunksjonar					
Fylkeshuset – Ombygging/opprusting	3 000	2 000	2 000	2 000	2 000
IT – Fellessystem	23 000	25 000	24 000	24 000	24 000
El-bilar	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000
Sum sektor	28 000	29 000	28 000	28 000	28 000

Fylkeshuset – ombygging/opprusting

Den tekniske og bygningsmessige standarden på fylkeshuset ber preg av at bygget og fleire av dei tekniske anlegga er meir enn 40 år.

Reguleringsplanen for påbygg av fylkeshuset er stadfesta og det pågår ein prosess for utvikling av bygget. Fylkesrådmannen kjem tilbake til dette i eiga sak. Det vert i denne omgangen ført opp 2 mill. kr kvart av åra i planperioden.

IT – fellessystem

Konto for felles IT-investeringar vert nytta til IT-kjøp som er felles i fylkeskommunen.

Bruken av IT-løysingar m.a. innan kollektivtransport, på dei

vidaregåande skulane, innan tannhelsetenesta og i fylkesadministrasjonen er avgjerande for at fylkeskommunen får utført oppgåvene sine. Denne situasjonen og overordna IT-strategi i fylkeskommunen legg føringar for disponering av dei sentrale IT-ressursane og budsjettmidlane til felles IT-investeringar. Det er planlagt ei rekkje felles IT-tiltak i planperioden, og fylkesrådmannen gjer framlegg om å løyva 25 mill. kr i 2018 og 23 mill. kr årleg i 2019, 2020 og 2021.

El-bilar

Det vert i økonomiplanperioden sett av 2 mill. kr årleg til gradvis å fornye den fylkeskommunale bilparken. Målet med midlane er å skifte ut dei eldste bilane med elektriske nullutsleppsbilar.

INNETEKTER VED EIGEDOMSSAL

Fylkeskommunen har for tida fleire eigedomar som er aktuelle for sal. Dette gjeld m.a. bygg ved;

- Arna vgs.
- Ibsens gt. 118
- Eigedom på Melkeklassen
- Bygg ved Norheimsund vgs.
- Lønborg vgs.

Alle desse bygga er no utan fylkeskommunal drift. Fylkesrådmannen rår til at ein budsjetterer med netto salsinntekter på 85 mill. kr i 2018. I økonomiplanperioden vil det kome fleire sal av eigedomar. Realisering av skulebruksplanen vil naturleg medføre fleire sal. Førabels er det lagt inn ein samlesum på 170 mill. kr frå sal av skulebygg i 2020 i samsvar med gjeldane skulebruksplan. I tillegg er det lagt inn ei inntekt frå Bergen kommune på 120 mill. kr i 2020. Dette gjeld tilskot frå kommunen til bygging av kulturhus i samband med den nye vidaregåande skulen i Åsane.

Tal i heile tusen

	Justert budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Arna vgs, Tunes	8 000				
Åsane vgs, Lønborg		25 000			
Etne vgs, Tesdal		3 000			
Melkeklassen		35 000			
Norheimsund vgs, BA-bygg		7 000			
Garnes vgs		15 000			
Tilskot Bergen kommune, kulturhus				120 000	
Sal 2020 – skulebruksplanen				170 000	
Sum sektor	8 000	85 000	0	290 000	0



Talbudsjett

Merknader til talbudsjettet

Først følgjer hovudoversikter, som er fastsett i budsjettforskriftene. «Budsjettskjema 1 drift» startar med frie inntekter, renter og avdrag, fondsavsetjingar og overføring til investeringsbudsjettet. Skjemaet endar opp med ein sum som er igjen til drift, og korleis denne vert fordelt på avdelingane. Budsjettskjema 2 er ei liknande oppstilling for investeringsbudsjettet, der ein viser totale investeringsutgifter og korleis dette er finansiert.

«Økonomisk oversyn» for høvesvis drift og investering gjev oversyn over det samla budsjettet, inndelt etter inntekts- og utgiftsartar. I oversynet for drift kjem det viktige nøkkeltalet netto driftsresultat fram.

Til slutt er det vist tilsvarande hovudoversikter som omfattar heile økonomiplanperioden.

For driftsbudsjettet er det trykt opp ein rapport som viser driftsutgifter, driftsinntekter og netto utgift for kvar «organisasjonsstad» (dvs. avdeling, tannhelsedistrikt, skole).

Det er også trykt opp ein meir detaljerte rapport som viser netto driftsutgifter for kvar «ansvarsstad» (føremål). Skolane er ikkje tekne med i denne rapporten, sidan skolebudsjetta ikkje er detaljert ned på dette nivået enno.

Budsjettet er utarbeidd i forventa lønsregulativ pr. 01.01.2018.

Drift årsbudsjett

Hordaland fylkeskommune	Årsbudsjett (alle tal i 1000 kr)		18/Okt 2017
BUDSJETTSKJEMA 1 - DRIFTSBUDSJETTET	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
	2016	2017	2018
Skatt på inntekt	-3 137 248	-3 226 000	-3 280 300
Ordinært rammetilskot	-3 091 104	-3 144 000	-3 197 115
Andre generelle statstilskot			
SUM FRIE DISPONIBLE INNTEKTER	-6 228 352	-6 370 000	-6 477 415
Renteinntekter og utbytte	-64 308	-14 400	-12 900
Renteutgifter og andre finansutgifter	263 237	242 000	234 400
Avdrag på lån	442 000	509 000	575 000
NETTO FINANSINNT./-UTG.	640 929	736 600	796 500
Dekn. tidlegare års reknesk. meirforbruk			
Til ubundne avsetjingar	105 399	25 000	25 000
Til bundne avsetjingar	201 673		
Bruk av tidlegare års reknesk. mindreforbruk	-68 456		
Bruk av ubundne avsetjingar	-78 281	-11 550	
Bruk av bundne avsetjingar	-146 619		
NETTO AVSETJINGAR	13 716	13 450	25 000
Overført til investeringsbudsjettet	97 661	70 000	70 000
TIL FORDELING DRIFT	-5 476 046	-5 549 950	-5 585 915
Sum fordelt til drift	5 339 205	5 549 950	5 585 915
Meirforbruk/mindreforbruk	-136 841	0	0
Fordelt slik:			
Politiske organ og administrasjon	211 163	219 159	243 439
Eigedom	174 107	222 000	276 600
Regional utvikling	35 240	89 950	97 100
Samferdsel	1 813 210	1 885 564	1 953 600
Kultur og idrett	133 595	210 849	211 300
Tannhelse	215 750	204 000	210 300
Opplæring	2 777 091	2 729 286	2 597 656
Fellesfunksjonar	-20 951	-10 858	-4 080
SUM DRIFT	5 339 205	5 549 950	5 585 915

Drift artsinndeling

Hordaland fylkeskommune (alle tal i 1000 kr)		18/Okt 2017	
ØKONOMISK OVERSYN - DRIFT	Budsjett	Budsjett	
	2017	2018	
Brukarbetalingar	-96 000	-120 655	
Andre sals- og leigeinntekter	-1 139 087	-1 177 924	
Overføringar med krav til motyting	-273 181	-274 634	
Rammetilskot	-3 144 000	-3 197 115	
Andre statlege overføringar	-373 115	-393 833	
Andre overføringar	-26 520	-26 670	
Inntekts- og formuesskatt	-3 226 000	-3 280 300	
Eigedomsskatt			
Andre direkte og indirekte skattar			
SUM DRIFTSINNEKTER	-8 277 903	-8 471 131	
Lønsutgifter	2 823 656	2 657 949	
Sosiale utgifter	275 069	201 032	
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteprod.	1 053 674	1 211 811	
Kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteprod.	2 505 263	2 705 991	
Overføringar	831 684	853 638	
Avskrivningar			
Fordelte utgifter	-31 493	-19 850	
SUM DRIFTSUTGIFTER	7 457 853	7 610 571	
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-820 050	-860 560	
Renteinntekter og utbytte	-14 400	-15 900	
Mottekne avdrag på utlån			
SUM EKSTERNE FINANSINNEKTER	-14 400	-15 900	
Renteutgifter og låneomkostningar	242 000	234 400	
Avdrag på lån	509 000	575 000	
Utlån			
SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER	751 000	809 400	

Tabellen held fram på neste side

RESULTAT EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONAR	736 600	793 500
Motpost avskrivningar		
NETTO DRIFTSRESULTAT	-83 450	-67 060
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbr.		
Bruk av disposisjonsfond	-11 550	
Bruk av bundne fond		-27 940
Bruk av likviditetsreserve		
SUM BRUK AV AVSETJINGAR	-11 550	-27 940
Overført til investeringsbudsjettet	70 000	70 000
Avsett til dekning av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbr.		
Avsett til disposisjonsfond	25 000	25 000
Avsett til bundne fond		
Avsett til likviditetsreserven		
SUM AVSETJINGAR	95 000	95 000
REKNEKAPSMESSIG MEIRFORBRUK/MINDREFORBRUK	0	0

Investering årsbudsjett

Hordaland fylkeskommune	Årsbudsjett (alle tal i 1000 kr)		18/Okt 2017
BUDSJETTSKJEMA 2 - INVESTERINGSBUDSJETTET	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
	2016	2017	2018
Investeringar i anleggsmidler	3 413 143	2 570 300	2 582 200
Utlån og forskotteringar	18 505	5 000	5 000
Avdrag på lån	6 000		
Avsetjingar	22 319		
ÅRETS FINANSIERINGSBEHOV	3 459 967	2 575 300	2 587 200
Finansiert slik:			
Bruk av lånemidler	-1 348 459	-1 246 300	-930 500
Inntekter frå sal av anleggsmidler	-131 366	-10 000	-85 000
Tilskot til investeringar	-1 380 066	-1 195 500	-1 496 700
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	-114 197	-25 000	
Andre inntekter	-256 701		
SUM EKSTERN FINANSIERING	-3 230 789	-2 476 800	-2 512 200
Overført frå driftsbudsjettet	-97 661	-70 000	-70 000
Bruk av avsetjingar	-131 517	-28 500	-5 000
SUM FINANSIERING	-3 459 967	-2 575 300	-2 587 200
Udekket/udisponert	0	0	0
Spesifikasjon av investeringar i anleggsmidler:			
Samferdsel	2 461 863	1 958 050	1 943 200
Kultur	628	3 000	3 000
Tannhelse	21 106	10 000	25 000
Opplæring	781 800	541 250	582 000
Fellesfunksjonar	73 574	58 000	29 000
Aktivitetar utanfor fylkeskomm. ansvarsområde	74 172		
SUM INVESTERINGAR I ANLEGGSMIDLAR	3 413 143	2 570 300	2 582 200

Investering artsinndeling

Hordaland fylkeskommune (alle tal i 1000 kr)

18/Okt 2017

ØKONOMISK OVERSYN - INVESTERING	Budsjett	Budsjett
	2017	2018
Sal av driftsmidler og fast eiendom	-10 000	-85 000
Andre salsinntekter		
Overføringer med krav til motyting	-1 031 500	-1 015 700
Statlege overføringer	-164 000	-481 000
Andre overføringer		
Renteinntekter og utbytte		
SUM INNTEKTER	-1 205 500	-1 581 700
Lønsutgifter		
Sosiale utgifter		
Kjøp av varer og tenester som inngår i komm. tenesteprod.	2 480 300	2 495 700
Kjøp av tenester som erstattar komm. tenesteprod.		
Overføringer	90 000	86 500
Renteutgifter og omkostningar		
Fordelte utgifter		
SUM UTGIFTER	2 570 300	2 582 200
Avdrag på lån		
Utlån		
Kjøp av aksjar og andelar	5 000	5 000
Avsett til ubundne investeringsfond		
Avsett til bundne fond		
Avsett til likviditetsreserven		
SUM FINANSIERINGSTRANS.	5 000	5 000
FINANSIERINGSBEHOV	1 369 800	1 005 500
Bruk av lån	-1 246 300	-930 500
Sal av aksjar og andelar		
Motteke avdrag på utlån	-25 000	
Overført frå driftsbudsjettet	-70 000	-70 000
Bruk av disposisjonsfond	-28 500	-5 000
Bruk av ubundne investeringsfond		
Bruk av bundne fond		
Bruk av likviditetsreserve		
SUM FINANSIERING	-1 369 800	-1 005 500
UDEKKA/UDISPONERT	0	0

Organisasjonsstad

Hordaland Fylkeskommune		Årsbudsjett 2018 (Alle tal i 1 000 Kr)		18.10.2017	
		Rekneskap	Budsjett	Budsjett	%
		2016	2017	2018	Endring
100 - Politisk verksemd	Driftsutgifter	28 701	29 580	29 663	0,3 %
	Driftsinntekter	-679			
	Netto	28 022	29 580	29 663	0,3 %
110 - Kontrollorgan	Driftsutgifter	7 594	8 841	9 435	6,7 %
	Driftsinntekter	-3 166	-2 562	-3 038	18,6 %
	Netto	4 428	6 279	6 397	1,9 %
120 - Fylkesrådmann	Driftsutgifter	22 690	19 850	22 995	15,8 %
	Driftsinntekter	-2 746			
	Netto	19 944	19 850	22 995	15,8 %
130 - Eigedomsavdelinga	Driftsutgifter	69 211	48 509	36 425	-24,9 %
	Driftsinntekter	-13 924	-7 145	-5 295	-25,9 %
	Netto	55 287	41 364	31 130	-24,7 %
131 - Eigedom byggdrift vgs.	Driftsutgifter			178 937	
	Driftsinntekter			-3 270	
	Netto			175 667	
132 - Eigedom byggdrift kultur	Driftsutgifter			1 050	
	Netto			1 050	
133 - Eigedom byggdrift tannklinikkar	Driftsutgifter			327	
	Netto			327	
134 - Eigedom byggdrift samferdsel	Driftsutgifter			18 324	
	Driftsinntekter			-754	
	Netto			17 570	
135 - Eigedom innleige / utleige bygg	Driftsutgifter			83 532	
	Driftsinntekter			-37 476	
	Netto			46 056	

		Rekneskap	Budsjett	Budsjett	%
		2016	2017	2018	Endring
136 - Egedomsavdelinga anna aktivitet	Driftsutgifter			4 800	
	Netto			4 800	
140 - Økonomi og organisasjonsavd.	Driftsutgifter	179 742	174 750	197 234	12,9 %
	Driftsinntekter	-19 461	-11 300	-12 850	13,7 %
	Netto	160 282	163 450	184 384	12,8 %
160 - Regionalavdelinga	Driftsutgifter	285 385	194 585	199 365	2,5 %
	Driftsinntekter	-196 591	-104 635	-102 265	-2,3 %
	Netto	88 794	89 950	97 100	7,9 %
300 - Samferdsel	Driftsutgifter	983 695	612 932	629 118	2,6 %
	Driftsinntekter	-112 631	-90 648	-90 313	-0,4 %
	Netto	871 065	522 284	538 805	3,2 %
310 - Skyss	Driftsutgifter	2 433 059	2 474 600	2 664 702	7,7 %
	Driftsinntekter	-1 067 046	-1 111 320	-1 249 907	12,5 %
	Netto	1 366 014	1 363 280	1 414 795	3,8 %
320 - Egedom bybanen	Driftsutgifter		2 439		
	Driftsinntekter		-5		
	Netto		2 434		
400 - Kultur	Driftsutgifter	442 668	374 014	396 704	6,1 %
	Driftsinntekter	-243 366	-163 165	-185 404	13,6 %
	Netto	199 302	210 849	211 300	0,2 %
500 - Tannhelseavd.	Driftsutgifter	38 810	27 774	22 200	-20,1 %
	Driftsinntekter	-5 489	-5 305		
	Netto	33 321	22 469	22 200	-1,2 %
510 - Tannhelsedistrikt sentrum	Driftsutgifter	84 084	77 311	77 720	0,5 %
	Driftsinntekter	-21 662	-19 503	-16 220	-16,8 %
	Netto	62 422	57 808	61 500	6,4 %
520 - Tannhelsedistrikt nord	Driftsutgifter	60 206	53 266	54 900	3,1 %
	Driftsinntekter	-23 539	-18 547	-19 700	6,2 %
	Netto	36 667	34 719	35 200	1,4 %
530 - Tannhelsedistrikt vest	Driftsutgifter	68 331	59 897	59 500	-0,7 %

		Rekneskap	Budsjett	Budsjett	%
		2016	2017	2018	Endring
	Driftsinntekter	-25 689	-17 748	-18 900	6,5 %
	Netto	42 642	42 149	40 600	-3,7 %
540 - Tannhelse-distrikt sør	Driftsutgifter	33 628	31 881	30 165	-5,4 %
	Driftsinntekter	-9 967	-8 843	-6 965	-21,2 %
	Netto	23 661	23 038	23 200	0,7 %
550 - Tannhelse-distrikt aust	Driftsutgifter	26 074	26 107	24 900	-4,6 %
	Driftsinntekter	-10 248	-10 080	-8 800	-12,7 %
	Netto	15 826	16 027	16 100	0,5 %
560 - TK Vest avd Hordaland	Driftsutgifter	55 910	41 026	47 900	16,8 %
	Driftsinntekter	-42 766	-33 236	-36 400	9,5 %
	Netto	13 144	7 790	11 500	47,6 %
600 - Opplæringsavd.	Driftsutgifter	742 362	757 882	834 338	10,1 %
	Driftsinntekter	-188 850	-102 089	-106 349	4,2 %
	Netto	553 512	655 793	727 989	11,0 %
611 - Os gymnas	Driftsutgifter	24 498	21 301	21 063	-1,1 %
	Driftsinntekter	-1 835	-493		
	Netto	22 663	20 808	21 063	1,2 %
612 - Fana gymnas	Driftsutgifter	19 890			
	Driftsinntekter	-844			
	Netto	19 046			
614 - Voss gymnas	Driftsutgifter	45 461	21 859		
	Driftsinntekter	-5 180	-292		
	Netto	40 280	21 567		
615 - Øystese og Norheimsund vgs.	Driftsutgifter	24 971	18 255	28 794	57,7 %
	Driftsinntekter	-5 467	-643		
	Netto	19 505	17 612	28 794	63,5 %
617 - Tertnes vgs.	Driftsutgifter	44 115	35 852	44 356	23,7 %
	Driftsinntekter	-3 587	-967		
	Netto	40 528	34 885	44 356	27,1 %
619 - U. Pihl videregående skole	Driftsutgifter	34 397	26 644	13 536	-49,2 %
	Driftsinntekter	-3 200			
	Netto	31 197	26 644	13 536	-49,2 %

		Rekneskap	Budsjett	Budsjett	%
		2016	2017	2018	Endring
620 - Langhaugen videregående skole	Driftsutgifter	60 770	54 240	55 401	2,1 %
	Driftsinntekter	-1 913			
	Netto	58 858	54 240	55 401	2,1 %
621 - Bergen Katedralskole	Driftsutgifter	100 370	88 815	69 970	-21,2 %
	Driftsinntekter	-3 694			
	Netto	96 676	88 815	69 970	-21,2 %
623 - Bømlo videregående skule	Driftsutgifter	36 727	30 728	28 655	-6,7 %
	Driftsinntekter	-2 146			
	Netto	34 581	30 728	28 655	-6,7 %
625 - Osterøy videregående skule	Driftsutgifter	38 186	26 544	27 762	4,6 %
	Driftsinntekter	-3 713	-765		
	Netto	34 473	25 779	27 762	7,7 %
626 - Sandsli videregående skole	Driftsutgifter	58 276	49 724	45 862	-7,8 %
	Driftsinntekter	-4 601	-943		
	Netto	53 675	48 781	45 862	-6,0 %
628 - Odda videregående skule	Driftsutgifter	49 002	37 827	34 709	-8,2 %
	Driftsinntekter	-4 588	-1 770		
	Netto	44 414	36 057	34 709	-3,7 %
630 - Kvinnherad videregående skule	Driftsutgifter	64 212	48 940	48 394	-1,1 %
	Driftsinntekter	-5 090	-1 004		
	Netto	59 122	47 936	48 394	1,0 %
631 - Rubbestadnes vgs.	Driftsutgifter	26 099	19 701	17 140	-13,0 %
	Driftsinntekter	-3 857	-1 444		
	Netto	22 242	18 257	17 140	-6,1 %
632 - Voss videregående skule	Driftsutgifter	56 734	10 470		
	Driftsinntekter	-7 895	-36		
	Netto	48 840	10 434		
633 - Slåtthaug videregående skole	Driftsutgifter	66 689	55 420	54 968	-0,8 %
	Driftsinntekter	-3 768			

		Rekneskap	Budsjett	Budsjett	%
		2016	2017	2018	Endring
	Netto	62 922	55 420	54 968	-0,8 %
634 - Knarvik vidaregåande skule	Driftsutgifter	137 522	116 386	110 609	-5,0 %
	Driftsinntekter	-8 595	-627		
	Netto	128 927	115 759	110 609	-4,4 %
635 - Norheimsund vidaregåande skule	Driftsutgifter	22 247	13 784		
	Driftsinntekter	-2 016	-448		
	Netto	20 231	13 336		
636 - Laksevåg videregående skole	Driftsutgifter	101 383	88 329	75 400	-14,6 %
	Driftsinntekter	-10 009	-4 388		
	Netto	91 374	83 941	75 400	-10,2 %
637 - Arna Garnes vidaregåande skule	Driftsutgifter	28 689	31 509	31 667	0,5 %
	Driftsinntekter	-3 075	-347		
	Netto	25 614	31 162	31 667	1,6 %
638 - Åsane videregående skole	Driftsutgifter	93 144	81 193	55 377	-31,8 %
	Driftsinntekter	-18 957	-2 190		
	Netto	74 187	79 003	55 377	-29,9 %
639 - Årstad videregående skole	Driftsutgifter	171 534	114 479	121 181	5,9 %
	Driftsinntekter	-14 786	-100		
	Netto	156 748	114 379	121 181	5,9 %
641 - Austrheim vidaregåande skule	Driftsutgifter	39 373	32 833	28 631	-12,8 %
	Driftsinntekter	-3 464	-776		
	Netto	35 908	32 057	28 631	-10,7 %
642 - Bergen tekniske fagskole	Driftsutgifter	67 355	95 733		
	Driftsinntekter	-5 590	-3 253		
	Netto	61 765	92 480		
643 - Askøy videregående skole	Driftsutgifter	69 049	56 680	53 878	-4,9 %
	Driftsinntekter	-6 419	-100		
	Netto	62 630	56 580	53 878	-4,8 %
644 - Fusa vidaregåande skule	Driftsutgifter	51 232	45 089	39 475	-12,5 %
	Driftsinntekter	-5 211			
	Netto	46 021	45 089	39 475	-12,5 %

		Rekneskap	Budsjett	Budsjett	%
		2016	2017	2018	Endring
645 - Sotra vidaregåande skule	Driftsutgifter	108 729	96 258	94 566	-1,8 %
	Driftsinntekter	-6 010	-2 157		
	Netto	102 720	94 101	94 566	0,5 %
646 - Os vidaregåande skule	Driftsutgifter	90 438	69 246	56 564	-18,3 %
	Driftsinntekter	-24 056	-12 852		
	Netto	66 382	56 394	56 564	0,3 %
647 - Fyllingsdalen vidaregåande sko	Driftsutgifter	56 359	53 869	55 621	3,3 %
	Driftsinntekter	-1 347			
	Netto	55 012	53 869	55 621	3,3 %
648 - Austevoll vgs.	Driftsutgifter	35 248	24 148	21 056	-12,8 %
	Driftsinntekter	-7 352	-773		
	Netto	27 896	23 375	21 056	-9,9 %
650 - Voss Husflidsskule	Driftsutgifter	13 050	4 773		
	Driftsinntekter	-2 651	-296		
	Netto	10 399	4 477		
652 - Fitjar vidaregåande skule	Driftsutgifter	35 472	28 525	23 961	-16,0 %
	Driftsinntekter	-2 918	-670		
	Netto	32 553	27 855	23 961	-14,0 %
653 - Rogne vidaregåande skule	Driftsutgifter	19 985	6 665		
	Driftsinntekter	-2 080			
	Netto	17 905	6 665		
655 - Bergen maritime vidaregåande s	Driftsutgifter	89 287	40 112	31 095	-22,5 %
	Driftsinntekter	-12 692	-4 367		
	Netto	76 595	35 745	31 095	-13,0 %
656 - Lønborg vidaregåande skole	Driftsutgifter	17 798			
	Driftsinntekter	-2 654			
	Netto	15 144			
657 - Hjeltnes vgs.	Driftsutgifter	20 853	6 632	1 388	-79,1 %
	Driftsinntekter	-6 638	-83		
	Netto	14 216	6 549	1 388	-78,8 %
658 - Stend Vidaregåande skule	Driftsutgifter	124 060	94 207	94 903	0,7 %
	Driftsinntekter	-27 062	-1 859		
	Netto	96 998	92 348	94 903	2,8 %

		Rekneskap	Budsjett	Budsjett	%
		2016	2017	2018	Endring
659 - Voss Jordbruksskule	Driftsutgifter	29 441			
	Driftsinntekter	-6 949			
	Netto	22 491			
660 - Etne vidaregåande skule	Driftsutgifter	18 099	11 607		
	Driftsinntekter	-1 587			
	Netto	16 512	11 607		
661 - Olsvikåsen videregående skole	Driftsutgifter	68 503	59 550	58 181	-2,3 %
	Driftsinntekter	-4 830	-1 333		
	Netto	63 673	58 217	58 181	-0,1 %
663 - Nordahl Grieg vgs.	Driftsutgifter	133 601	106 771	101 435	-5,0 %
	Driftsinntekter	-8 729	-718		
	Netto	124 872	106 053	101 435	-4,4 %
664 - Garnes vidaregåande skule	Driftsutgifter	17 333			
	Driftsinntekter	-5 211			
	Netto	12 122			
665 - Stord vidaregåande skule	Driftsutgifter	129 716	107 996	93 948	-13,0 %
	Driftsinntekter	-18 775	-7 323		
	Netto	110 941	100 673	93 948	-6,7 %
667 - Amalie Skram vgs.	Driftsutgifter	125 816	82 269	82 632	0,4 %
	Driftsinntekter	-10 940			
	Netto	114 876	82 269	82 632	0,4 %
668 - Nye Voss vgs.	Driftsutgifter	39 931		64 542	
	Driftsinntekter	-10 570			
	Netto	29 361		64 542	
669 - Nye Voss gymnas	Driftsutgifter		98 620	60 353	-38,8 %
	Netto		98 620	60 353	-38,8 %
685 - Opplæring innen kriminalomsorg	Driftsutgifter	35 311			
	Driftsinntekter	-35 197			
	Netto	114			

		Rekneskap	Budsjett	Budsjett	%
		2016	2017	2018	Endring
689 - Hyssingen produksjonsskole	Driftsutgifter	14 228	11 102	8 811	-20,6 %
	Driftsinntekter	-2 841	-800	-800	0,0 %
	Netto	11 387	10 302	8 011	-22,2 %
690 - Manger folkehøgskule	Driftsutgifter	20 461	2 625	1 903	-27,5 %
	Driftsinntekter	-15 564			
	Netto	4 897	2 625	1 903	-27,5 %
691 - Fagskolen i Hordaland	Driftsutgifter			12 681	
	Netto			12 681	
700 - Frie inntekter	Driftsinntekter	-6 228 351	-6 370 000	-6 477 415	1,7 %
	Netto	-6 228 351	-6 370 000	-6 477 415	1,7 %
710 - Renter/avdrag	Driftsutgifter	707 554	751 000	809 400	7,8 %
	Driftsinntekter	-81 636	-33 000	-31 900	-3,3 %
	Netto	625 917	718 000	777 500	8,3 %
720 - Ufordelte løyvingar	Driftsutgifter		36 729	25 634	-30,2 %
	Netto		36 729	25 634	-30,2 %
730 - Konesjonskraft	Driftsutgifter	61 312	50 000	50 000	0,0 %
	Driftsinntekter	-129 903	-111 000	-111 500	0,5 %
	Netto	-68 591	-61 000	-61 500	0,8 %
773 - Diverse utleie objekt	Driftsutgifter	5 162	9 500		
	Driftsinntekter	-3 001	-5 275		
	Netto	2 161	4 225		
775 - Vedlikehold vg. skular	Driftsutgifter	103 452	175 615		
	Driftsinntekter	-12 752	-3 220		
	Netto	90 700	172 395		
776 - Bygn.forsikring	Driftsutgifter	3 763	4 800		
	Driftsinntekter	-183			
	Netto	3 580	4 800		
779 - Selskap/eigedomar Samferdsel	Driftsutgifter	34 313	16 253		
	Driftsinntekter	-22 990	-19 471		
	Netto	11 323	-3 218		

		Rekneskap	Budsjett	Budsjett	%
		2016	2017	2018	Endring
790 - Avslutningsposteringsar	Driftsutgifter	315 586	148 895	152 536	2,4 %
	Driftsinntekter	-764 717	-33 432	-6 750	-79,8 %
	Netto	-449 132	115 463	145 786	26,3 %

Ansvarsstad netto

Hordaland Fylkeskommune

Årsbudsjett 2018 (Alle tal i 1 000 Kr)

18.10.2017

Netto utg. pr. ansvarstad		Budsjett	Budsjett	%
		2017	2018	Endring
100110	Fylkesting	9 400	9 825	4,5 %
100120	Fylkesutval/adm.utv.	3 650	3 750	2,7 %
100130	Ymse møter, utval og råd	1 100	1 200	9,1 %
100210	Utval for kultur, idrett og regional utvikling	1 200	1 200	0,0 %
100220	Utval for opplæring og helse	1 400	1 400	0,0 %
100230	Utval for miljø og samferdsel	1 400	1 400	0,0 %
100310	Fylkeseldreråd	410	420	2,4 %
100320	Fylkesrådet for funksj.hemma	410	420	2,4 %
100330	Ungdommens Fylkesting	300	310	3,3 %
100410	Frikjøp av repr.	2 400	2 460	2,5 %
100420	Stønad pol.parti	5 730	6 578	14,8 %
100430	Tilskot til opposisjonsgrupper	680	700	2,9 %
100510	Val	1 500	0	
110150	Sekreteriat for kontrollutvalet	2 472	2 311	-6,5 %
110200	Kontrollutval	1 120	1 096	-2,1 %
110250	Ekstern revisor	2 687	2 990	11,3 %
120100	Fylkesrådmann	2 400	2 470	2,9 %
120910	Fellesutgifter	16 085	19 100	18,7 %
120920	Ymse utg. v/fylkesrådmann	125	125	0,0 %
120930	Ymse tilskot	1 240	1 300	4,8 %
130500	Eigdomsavdelinga	19 817	20 840	5,2 %
130501	Administrasjonslokale	21 417	10 160	-52,6 %
130502	Velferdsbygg	130	130	0,0 %
131100	Eigedom - EOv	0	21 600	
131200	Eigedom - Kartlegging - Skular	0	750	
131300	Eigedom - byggdrift - skular	0	18 768	
131301	Eigedom - Byggdrift - skular - område 1	0	8 680	
131302	Eigedom - Byggdrift - skular - område 2	0	16 123	
131303	Eigedom - Byggdrift - skular - område 3	0	13 635	
131304	Eigedom - Byggdrift - skular - område 4	0	14 371	
131305	Eigedom - Byggdrift - skular - område 5	0	4 614	
131306	Eigedom - Byggdrift - skular - område 6	0	11 616	
131307	Eigedom - Byggdrift - skular - område 7	0	21 103	
131308	Eigedom - Byggdrift - skular - område 8	0	7 431	
131309	Eigedom - Byggdrift - skular - område 9	0	4 362	
131310	Eigedom - Byggdrift - skular - område 10	0	10 937	

Netto utg. pr. ansvarstad		Budsjett	Budsjett	%
		2017	2018	Endring
131311	Eigedom - Byggdrift - skular - område 11	0	1 273	
131312	Eigedom - Byggdrift - skular - område 12	0	12 232	
131313	Eigedom - Byggdrift - skular - område 13	0	2 918	
131314	Eigedom - Byggdrift - skular - område 14	0	1 966	
131315	Eigedom - Byggdrift - skular - område 15	0	3 250	
131316	Eigedom - Byggdrift - skular - område 16	0	38	
132000	Eigedom - Kultur	0	1 050	
133000	Eigedom - Tannhelse	0	327	
134000	Eigedom - Samferdsle / Kollektiv	0	2 264	
134100	Eigedom - Samf. / Kollektiv - Eigen Drift	0	478	
134200	Eigedom - Kollektiv - skyss	0	2 873	
134300	Kollektivterminalar - eigedom	0	8 865	
134301	Båtterminaler	0	190	
134400	Sjåførfasiliteter	0	2 900	
135000	Eigedom - Innleige og utleigebygg	0	9 388	
135100	Innleige skular	0	55 000	
135116	Innleige skular - område 16	0	750	
135300	Inn/utleige samf. / Kollektiv - Eigedom	0	900	
135310	Utleige samferdsle / Kollektiv - Eigedom	0	-21 227	
135400	Innleige / utleige sentraladministrasjon	0	10 766	
135901	Utleige - Grunn - Eigedom	0	-1 219	
135902	Utleige bygg - Eigedom	0	-7 597	
135910	Anna utleige / verksemd	0	-705	
136100	Forsikring	0	4 800	
140100	Økonomi- og organisasjonsdirektør	5 560	6 720	20,9 %
140102	Leiarskapsutvikling	1 500	1 500	0,0 %
140105	Organisasjonsutvikling	6 250	1 100	-82,4 %
140110	Kriseberedskap	30	30	0,0 %
140200	HR-seksjonen	20 210	20 765	2,7 %
140202	Retrettstillingar	3 000	2 000	-33,3 %
140203	Tillitsvalde	7 900	8 183	3,6 %
140204	Attføring og omstilling	10 000	9 000	-10,0 %
140206	Velferd tilsette	580	590	1,7 %
140207	HAMU	45	50	11,1 %
140208	Personalopplæring	1 300	1 300	0,0 %
140209	Tils. lærlingplassar	3 000	5 000	66,7 %
140210	Personalforsikring	2 500	2 000	-20,0 %
140211	Intern folkehelse	700	1 000	42,9 %
140220	Bedriftshelsetenesta	5 100	5 165	1,3 %
140300	IT-seksjonen	24 160	25 782	6,7 %
140301	Felles it-utg.	27 500	26 500	-3,6 %

Netto utg. pr. ansvarstad		Budsjett	Budsjett	%
		2017	2018	Endring
140302	IT-utgifter opplæring	0	23 200	
140500	Kommunikasjonsseksjonen	2 180	2 191	0,5 %
140501	Kommunikasjonsrådgivning	5 385	4 867	-9,6 %
140502	Fylkessekretariat	5 960	5 979	0,3 %
140503	Informasjon- og servicesenter	3 455	3 175	-8,1 %
140900	Budsjettseksjonen	4 600	4 782	4,0 %
140910	Fylkeskassen	11 115	11 648	4,8 %
140920	Innkjøpsseksjonen	11 420	11 857	3,8 %
160100	Regionalavdelinga	5 367	5 517	2,8 %
160101	Utviklingsmidlar direktør	816	265	-67,5 %
160102	Fellesutgifter Regionalavdelinga	984	750	-23,8 %
160103	Løn regional planlegging	0	6 523	
160104	Løn næringsutvikling	0	7 081	
160105	Løn regionsenter- og lokalsamfunnsutvikling	0	2 948	
160106	Løn folkehelse	0	2 317	
160107	Løn forskning	0	1 419	
160108	Løn statistikk og analyse	0	3 756	
160109	Løn internasjonalt samarbeid	0	2 405	
160110	Løn klima og miljø	0	3 434	
160111	Løn naturressursforvaltning	0	3 972	
160112	Løn rett kompetanse	0	8 290	
160200	Planseksjonen - Drift	5 814	342	-94,1 %
160201	Kommunala og regional planlegging	2 724	2 600	-4,6 %
160300	Seksjon for næring og lokalsamfunnsutvikling	13 551	518	-96,2 %
160303	HNH - fylkesmidlar	3 455	3 455	0,0 %
160308	Næringsretta partnerskapsmidlar	12 048	7 548	-37,4 %
160314	Lokalsamfunnsutvikling og LivOGLyst	1 000	1 000	0,0 %
160319	Vestlandsrådet	200	500	150,0 %
160323	Utviklingsmidlar	9 435	9 435	0,0 %
160324	Folkehelsearbeid	4 478	4 500	0,5 %
160325	Etablerersenteret	1 500	1 350	-10,0 %
160326	Invest in Bergen	2 000	1 800	-10,0 %
160328	Driftsstøtte	0	4 500	
160400	Seksjon for klima og naturressursforvaltning	7 563	347	-95,4 %
160402	Klimaplan for Hordaland	10 500	10 370	-1,2 %
160403	Miljø	815	815	0,0 %
160800	Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse	7 343	373	-94,9 %
160801	Forskning, internasjonalisering og analyse - prosjekt	357	-240	-167,2 %
160807	Karriere Hordaland	0	-790	

Netto utg. pr. ansvarstad		Budsjett	Budsjett	%
		2017	2018	Endring
300100	Samferdselsavdelinga	19 573	21 011	7,3 %
300240	Transportordn. f.hemma	49 632	46 241	-6,8 %
300250	Strategi og handlingsplan, kollektivtrafikk	4 514	4 500	-0,3 %
300270	Terminalar og kollektivknutepunkt	2 500	1 687	-32,5 %
300280	Innfartsparkering	1 300	1 700	30,8 %
300290	Til rådvelde for samferdselsutvalet	1 000	0	
300320	Skoleskyss vg.skole	28 400	31 400	10,6 %
300410	Vedlikehald fylkesvegar	415 365	432 266	4,1 %
310100	Skyss administrasjon	62 900	68 110	8,3 %
310200	Generell drift	65 700	58 698	-10,7 %
310210	Fylkesvegferjer	305 000	358 988	17,7 %
310220	Bilruter	716 173	722 709	0,9 %
310225	Båtruter	119 213	140 224	17,6 %
310235	Bybanen	94 294	66 067	-29,9 %
320100	Bybanebygg Kokstad	1 539	0	
320200	Parkeringsanlegg kollektiv	895	0	
400100	Kulturavdelinga	8 254	8 732	5,8 %
400101	Adm. idrett	3 779	4 411	16,7 %
400102	Adm. kulturminnevern	10 422	11 567	11,0 %
400104	Adm.Kunst- og kulturformidling	3 853	3 962	2,8 %
400200	Fylkesarkiv	4 756	4 722	-0,7 %
400230	Dokumentsenteret	7 645	7 233	-5,4 %
400310	Fylkesbibliotek	6 157	5 351	-13,1 %
400320	Bokbåten	1 486	1 468	-1,2 %
400330	Tenester til bibliotek	0	680	
400340	Bibl. prosjekt	415	400	-3,6 %
400410	Tilsk. idrettsarb.	13 230	10 748	-18,8 %
400420	Idrettsprosjektet	3 058	2 800	-8,4 %
400440	Tilsk. kulturhusmidlar	-2 000	0	
400450	Friluftsføremål	6 843	7 012	2,5 %
400610	Arkeologisk reg.	4 097	3 236	-21,0 %
400620	Ålm. kulturv. førm.	3 853	2 886	-25,1 %
400630	Kulturgeogr. reg.	100	102	2,0 %
400650	Vern kulturminne	2 536	3 544	39,7 %
400660	Museer m/stats.	49 486	50 799	2,7 %
400705	Musikkføremål	3 596	3 108	-13,6 %
400710	Den kulturelle skulesekken	2 602	2 717	4,4 %
400712	Den kulturelle spaserstokken	3 080	3 000	-2,6 %
400715	Kunstinst.	21 473	17 002	-20,8 %
400720	Ymse kunstf.mål	13 675	18 603	36,0 %
400725	Ymse b/u tilskot	2 325	2 370	1,9 %

Netto utg. pr. ansvarstad		Budsjett	Budsjett	%
		2017	2018	Endring
400730	Vaksenoppl.	628	628	0,0 %
400735	Tilsekot t/andre	19 204	17 986	-6,3 %
400740	Stønad e/vedtak	3 296	3 296	0,0 %
400770	Kulturelt utviklingsprogram	6 500	6 637	2,1 %
400780	Kulturbygg med regionale funksjonar	6 500	6 300	-3,1 %
500100	Tannhelseavdelinga	7 203	7 329	1,7 %
500200	Teknikere	15 266	12 871	-15,7 %
500300	Utstyr	0	2 000	
510100	Administrasjon	0	4 977	
510200	Budsjett	57 808	0	
510214	Nesttun	0	8 864	
510215	Sørås	0	9 311	
510216	Fana	0	2 717	
510217	Os	0	7 835	
510219	Eikelandsosen	0	1 770	
510220	Austevoll	0	1 616	
510221	Tysse	0	779	
510224	Narkoseklinikken Haukeland	0	536	
510225	Tysnes tannklinikk	0	706	
510226	Årstad tannklinikk	0	14 273	
510227	Skuteviken tannklinikk	0	682	
510228	Solheimsviken tannklinikk	0	7 434	
520100	Administrasjon	0	1 978	
520200	Budsjett	34 719	0	
520201	U.Pihl	0	4 376	
520202	Rolland/Storåsen	0	3 264	
520206	Indre Arna	0	4 484	
520209	Lindås	0	2 724	
520211	Knarvik	0	4 012	
520215	Frekhaug	0	2 116	
520216	Manger	0	1 910	
520221	Isdalstø	0	857	
520222	Hesthaugen	0	6 842	
520223	Osterøy	0	2 637	
530100	Administrasjon	0	3 628	
530200	Budsjett	42 149	0	
530201	Loddefjord	0	6 395	
530204	Laksevåg	0	3 203	
530205	Fyllingsdalen	0	3 668	
530207	Kleppestø	0	242	
530208	Florvåg	0	59	

Netto utg. pr. ansvarstad		Budsjett	Budsjett	%
		2017	2018	Endring
530210	Sund	0	1 507	
530211	Straume	0	4 707	
530212	Ågotnes	0	3 664	
530213	Sælen	0	5 089	
530214	Askøy	0	8 439	
540100	Administrasjon	0	1 863	
540200	Budsjett	23 038	0	
540201	Rosendal	0	145	
540202	Skånevik	0	145	
540203	Husnes	0	4 667	
540204	Etne	0	1 350	
540207	Sveio	0	2 958	
540208	Stord	0	8 291	
540209	Bremnes	0	3 746	
540212	Langevåg	0	35	
550100	Administrasjon	0	1 104	
550200	Budsjett	16 027	0	
550201	Odda	0	3 480	
550205	Lofthus	0	408	
550208	Norheimsund	0	3 229	
550211	Voss	0	6 229	
550212	Ulvik	0	369	
550214	Dalekvam	0	553	
550215	Tenold, Vaksdal	0	728	
560100	TK Vest avd Hordaland	0	-20	
560200	Budsjett	7 790	0	
560210	Spesialistklinikken	0	11 520	
600100	Opplæringsavd. leing og Stab	8 463	7 730	-8,7 %
600105	Fellesutgifter OPPL.	1 772	1 813	2,3 %
600200	Fellestenester	9 025	7 606	-15,7 %
600205	Informasjonstjenester	2 307	2 420	4,9 %
600210	Inntak	4 090	4 638	13,4 %
600250	Eksamenskontor	7 790	6 976	-10,4 %
600290	Teoriopplæring	0	725	
600300	Skole	15 376	14 984	-2,5 %
600330	Voksen opplæring	3 063	1 735	-43,4 %
600340	Spesial Pedagogikk	2 690	2 690	0,0 %
600350	Senter for utdanning og yrkesrådgjeving	4 545	0	
600380	Fagskole Administrasjon	705	738	4,7 %
600400	Fagopplæring	23 851	22 988	-3,6 %

Netto utg. pr. ansvarstad		Budsjett	Budsjett	%
		2017	2018	Endring
600410	Fagprøvar	26 000	27 980	7,6 %
600420	Y-nemda	234	239	2,1 %
600450	OT/PPT	43 725	41 952	-4,1 %
600510	FAU-Fagutval	3 624	3 678	1,5 %
600520	Ikkje pedagogiske tilsette	104	106	1,9 %
600530	Videreutd. og andre utv.tiltak	4 177	5 239	25,4 %
600540	IKT aktivitetar	1 656	1 681	1,5 %
600550	Komp.utv. fagopplæring	2 030	2 091	3,0 %
600560	Pedagogisk Utv.arbeid	1 353	1 373	1,5 %
600570	Internasjonalisering	2 519	2 400	-4,7 %
600580	Elevretta tiltak	510	518	1,6 %
600600	Utstyr vg.skolar	1 035	1 051	1,5 %
600605	Digital skole	17 396	17 657	1,5 %
600610	Nye kl. tilbod omby.-utstyr	1 530	1 553	1,5 %
600620	Felleseksamen	682	701	2,8 %
600640	Gjesteelevar	20 460	29 767	45,5 %
600660	Refusjonsutgifter VO	1 546	61 720	3892,2 %
600680	Privatisteksamen	-9 475	-9 616	1,5 %
600685	Sosialped. tilbod	3 761	3 317	-11,8 %
600690	Ekstern spesialunderv.	40 905	41 534	1,5 %
600700	Særskilt undervisning	10 316	10 626	3,0 %
600705	Tiltak tilrettel. opplæring	5 123	5 200	1,5 %
600720	Ekstra språkopl. fordeling	5 000	5 150	3,0 %
600730	Tilskot elevorg.	149	151	1,3 %
600750	Tilskot private skolar	561	561	0,0 %
600760	Lærlingoppl.	1 800	11 377	532,1 %
600770	Instruktør- og nemd opplæring	1 037	1 054	1,6 %
600780	Lærlingtilskot	297 176	314 936	6,0 %
600790	Skoleportalen	3 917	4 882	24,6 %
600960	Utstyr skolane - investering	-10 000	-10 150	1,5 %
600970	Overtal/omplussing	0	1 786	
600980	Felleskostnader vgs.	9 180	7 678	-16,4 %
600990	Reguleringskonto	70 879	51 188	-27,8 %
600991	Tilskott NDLA	8 632	8 891	3,0 %
600992	Gratis læremidler	765	776	1,4 %
600993	Skolebibliotek	550	567	3,1 %
600994	Samarbeid skule/næringsliv	1 600	1 624	1,5 %
600997	Fagskule	1 659	1 708	3,0 %
700100	Skatt	-3 226 000	-3 280 300	1,7 %
700200	Rammetilskot	-3 144 000	-3 197 115	1,7 %
710100	Renter	209 000	202 500	-3,1 %

Netto utg. pr. ansvarstad		Budsjett	Budsjett	%
		2017	2018	Endring
710200	Avdrag	509 000	575 000	13,0 %
720100	Lønsavsetjing	45 900	18 700	-59,3 %
720200	Tilleggsløyv. FUV	2 829	1 734	-38,7 %
720300	Avsett til underskot Sykkel-VM	0	5 200	
720900	Uspesifisert innsparing	-12 000	0	
730100	Konsesjonskraftinntekter	-40 000	-40 000	0,0 %
730500	Eidfjordavtalen	-21 000	-21 500	2,4 %
773100	Div. utl. objekt	4 225	0	
775100	Vedlikehold vg. skular	20 400	0	
775200	Kartlegging av bygningsmassen	500	0	
775300	Driftsleiarteneste	151 495	0	
776100	Bygn.forsikring	1 000	0	
776200	Forsikring bygningar	3 000	0	
776300	Innbo/løsoreforsikr. (skole)	800	0	
779100	Fylkeskommunale AS	5 191	0	
779200	Fylkeskommunale bussanlegg	-17 222	0	
779300	Skysstasjonar / terminalar	4 504	0	
779350	Båtterminalar	150	0	
779500	Leigde eigedomar - bybanen	850	0	
779600	Eigedomsseksjonen - Innfartsparkering	415	0	
779700	Sjåførfasilitetar	2 894	0	
790100	Interne finansieringstransaksjoner	83 450	95 000	13,8 %
790200	Tilbakebet. av undersk. frå skolar/inst.	-21 882	-6 750	-69,2 %
790301	Amortisering av tidlegare års premieavvik	53 895	57 536	6,8 %

Drift – økonomiplan

Hordaland fylkeskommune	Økonomiplan 2018-prisar (Alle tal i 1000 kr)			18/Okt 2017
BUDSJETTSKJEMA 1 - DRIFTSBUDSJETTET	Budsjett	Økonomiplan		
	2018	2019	2020	2021
Skatt på inntekt	-3 280 300	-3 280 300	-3 280 300	-3 280 300
Ordinært rammetilskot	-3 197 115	-3 224 800	-3 244 300	-3 277 500
SUM FRIE DISPONIBLE INNTEKTER	-6 477 415	-6 505 100	-6 524 600	-6 557 800
Renteinntekter og utbytte	-12 900	-14 829	-16 562	-18 201
Renteutgifter og andre finansutgifter	234 400	236 293	242 427	254 901
Avdrag på lån	575 000	648 780	666 270	696 450
NETTO FINANSINNT./-UTG.	796 500	870 244	892 135	933 150
Dekn. tidlegare års reknesk. meirforbruk				
Til ubundne avsetjingar	25 000	25 000	25 000	25 000
Til bundne avsetjingar				
Bruk av tidlegare års reknesk. mindreforbruk				
Bruk av ubundne avsetjingar				
Bruk av bundne avsetjingar				
NETTO AVSETJINGAR	25 000	25 000	25 000	25 000
Overført til investeringsbudsjettet	70 000	70 000	70 000	70 000
TIL FORDELING DRIFT	-5 585 915	-5 539 856	-5 537 465	-5 529 650
Sum fordelt til drift	5 585 915	5 539 856	5 537 465	5 529 650
Meirforbruk/mindreforbruk	0	0	0	0
Fordelt slik:				
Politiske organ og administrasjon	243 439	241 439	235 439	237 439
Eigedom	276 600	272 600	269 600	269 600
Regional utvikling	97 100	96 100	95 100	95 100
Samferdsel	1 953 600	1 950 600	1 983 600	1 983 600
Kultur og idrett	211 300	210 300	209 300	209 300
Tannhelse	210 300	208 300	207 300	207 300
Opplæring	2 597 656	2 572 656	2 552 656	2 542 656
Fellesfunksjonar	-4 080	-12 139	-15 530	-15 345
SUM DRIFT	5 585 915	5 539 856	5 537 465	5 529 650

Drift – artsinndeling økonomiplan

Hordaland fylkeskommune 2018-prisar (alle tal i 1000 kr)		Økonomiplan			18/Okt 2017
ØKONOMISK OVERSYN - DRIFT		Budsjett	Økonomiplan		
		2018	2019	2020	2021
Brukarbetalingar	-120 655	-120 655	-120 655	-120 655	-120 655
Andre sals- og leigeinntekter	-1 177 924	-1 177 924	-1 177 924	-1 177 924	-1 177 924
Overføringar med krav til motyting	-274 634	-274 634	-274 634	-274 634	-274 634
Rammetilskot	-3 197 115	-3 224 800	-3 244 300	-3 277 500	
Andre statlege overføringar	-393 833	-396 882	-399 104	-400 369	
Andre overføringar	-26 670	-26 670	-26 670	-26 670	
Inntekts- og formuesskatt	-3 280 300	-3 280 300	-3 280 300	-3 280 300	-3 280 300
Eigedomsskatt					
Andre direkte og indirekte skattar					
SUM DRIFTSINNEKTER	-8 471 131	-8 501 865	-8 523 587	-8 558 052	
Lønsutgifter	2 657 949	2 624 949	2 597 949	2 587 949	
Sosiale utgifter	201 032	201 032	201 032	201 032	
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteprod.	1 211 811	1 211 811	1 208 811	1 210 810	
Kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteprod.	2 705 991	2 702 991	2 735 991	2 735 991	
Overføringar	853 638	846 628	843 459	844 910	
Avskrivningar					
Fordelte utgifter	-19 850	-19 850	-19 850	-19 850	
SUM DRIFTSUTGIFTER	7 610 571	7 567 561	7 567 392	7 560 842	
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-860 560	-934 304	-956 195	-997 210	
Renteinntekter og utbytte	-15 900	-17 829	-19 562	-21 201	
Mottekne avdrag på utlån					
SUM EKSTERNE FINANSINNEKTER	-15 900	-17 829	-19 562	-21 201	
Renteutgifter og låneomkostningar	234 400	236 293	242 427	254 901	
Avdrag på lån	575 000	648 780	666 270	696 450	
Utlån					
SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER	809 400	885 073	908 697	951 351	

Tabellen held fram på neste side

RESULTAT EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONAR	793 500	867 244	889 135	930 150
Motpost avskrivningar				
NETTO DRIFTSRESULTAT	-67 060	-67 060	-67 060	-67 060
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbr.				
Bruk av disposisjonsfond				
Bruk av bundne fond	-27 940	-27 940	-27 940	-27 940
Bruk av likviditetsreserve				
SUM BRUK AV AVSETJINGAR	-27 940	-27 940	-27 940	-27 940
Overført til investeringsbudsjettet	70 000	70 000	70 000	70 000
Avsett til dekning av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbr.				
Avsett til disposisjonsfond	25 000	25 000	25 000	25 000
Avsett til bundne fond				
Avsett til likviditetsreserven				
SUM AVSETJINGAR	95 000	95 000	95 000	95 000
REKNESKAPSMESSIG MEIRFORBRUK/MINDREFORBRUK	0	0	0	0

Investering – økonomiplan

Hordaland fylkeskommune

Økonomiplan irekna prisauke (Alle tal i 1000 kr)


18/Okt 2017

OVERSYN ØKONOMIPLAN INVESTERING	Budsjett	Økonomiplan		
	2018	2019	2020	2021
Investeringar i anleggsmidlar	2 582 200	3 375 200	4 013 874	3 125 300
Utlån og forskotteringar	5 000	5 000	5 000	5 000
Avdrag på lån				
Avsetjingar				
ÅRETS FINANSIERINGSBEHOV	2 587 200	3 380 200	4 018 874	3 130 300
Finansiert slik:				
Bruk av lånemidlar	-930 500	-1 040 100	-1 029 474	-985 800
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	-85 000		-290 000	
Tilskot til investeringar	-1 496 700	-2 263 400	-2 580 900	-2 064 100
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar				
Andre inntekter				
SUM EKSTERN FINANSIERING	-2 512 200	-3 303 500	-3 900 374	-3 049 900
Overført frå driftsbudsjettet	-70 000	-71 700	-73 500	-75 400
Bruk av avsetjingar	-5 000	-5 000	-45 000	-5 000
SUM FINANSIERING	-2 587 200	-3 380 200	-4 018 874	-3 130 300
Udekkja/udisponert	0	0	0	0
Spesifikasjon av investeringar i anleggsmidlar:				
Samferdsel	1 943 200	2 821 200	3 469 874	2 583 300
Kultur	3 000	3 000	3 000	3 000
Tannhelse	25 000	20 000	20 000	20 000
Opplæring	582 000	503 000	493 000	491 000
Fellesfunksjonar	29 000	28 000	28 000	28 000
SUM INVESTERINGAR I ANLEGGSMIDLAR	2 582 200	3 375 200	4 013 874	3 125 300

Investering –artsinndeling økonomiplan

Hordaland fylkeskommune irekna prisauke (alle tal i 1000 kr) Økonomiplan 18/Okt 2017

ØKONOMISK OVERSYN - INVESTERING	Budsjett	Økonomiplan		
	2018	2019	2020	2021
Sal av driftsmidlar og fast eigedom	-85 000		-290 000	
Andre salsinntekter				
Overføringer med krav til motyting	-1 015 700	-1 568 400	-1 760 900	-1 374 100
Statlege overføringer	-481 000	-695 000	-820 000	-690 000
Andre overføringer				
Renteinntekter og utbytte				
SUM INNTEKTER	-1 581 700	-2 263 400	-2 870 900	-2 064 100
Lønsutgifter				
Sosiale utgifter				
Kjøp av varer og tenester som inngår i komm. tenesteprod.	2 495 700	3 280 300	3 931 600	3 064 600
Kjøp av tenester som erstattar komm. tenesteprod.				
Overføringer	86 500	94 900	82 274	60 700
Renteutgifter og omkostningar				
Fordelte utgifter				
SUM UTGIFTER	2 582 200	3 375 200	4 013 874	3 125 300
Avdrag på lån				
Utlån				
Kjøp av aksjar og andelar	5 000	5 000	5 000	5 000
Avsett til ubundne investeringsfond				
Avsett til bundne fond				
SUM FINANSIERINGSTRANS.	5 000	5 000	5 000	5 000
FINANSIERINGSBEHOV	1 005 500	1 116 800	1 147 974	1 066 200
Bruk av lån	-930 500	-1 040 100	-1 029 474	-985 800
Sal av aksjar og andelar				
Motteke avdrag på utlån				
Overført frå driftsbudsjettet	-70 000	-71 700	-73 500	-75 400
Bruk av disposisjonsfond			-45 000	
Bruk av ubundne investeringsfond	-5 000	-5 000		-5 000
Bruk av bundne fond				
Bruk av likviditetsreserve				
SUM FINANSIERING	-1 005 500	-1 116 800	-1 147 974	-1 066 200
UDEKKA/UDISPONERT	0	0	0	0



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Arkivnr: 2017/15888-36
Saksbehandlar: Hillevi Elizabeth Runshaug

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse	110/17	07.11.2017
Fylkesutvalet		22.11.2017
Fylkestinget		12.12.2017
Administrasjonsutvalet	10/17	08.11.2017

Elevinspektørordninga ved dei vidaregåande skulane

Samandrag

I denne saka tek fylkesrådmannen opp eit vedtak (FT 41/1998) om 50 % stilling som elevinspektør ved kvar av dei vidaregåande skulane. Perspektivet i 1998 var i stor grad at elevinspektøren skulle vere ein person/ei rolle som skulle drive elevretta arbeid og vere talsperson for elevane, noko som svarar til arbeid med skulemiljøet. I dag er det tydeleggjort gjennom opplæringslova at alle som arbeider i skulen, har eit ansvar for elevane sitt skulemiljø. Leiarrolla er også endra.

Lovkrava og ansvaret for skulemiljøet er større i dag enn tidlegare. Arbeidet med skulemiljøet er større og meir komplekst, og det er behov for brei kompetanse, tydeleg ansvar og synleg pedagogisk leiing som er «tett på» i skulekvardagen. Leiarstrukturen har tydeleg organisering og prioritering av pedagogisk leiing som eit viktig føremål. Leiarane har ansvar for personalleiing og for økonomisk-administrativ leiing i tillegg til pedagogisk leiing. Økonomisk-administrative stillingar og pedagogiske støttefunksjonar kan kome i tillegg til leiarstillingane ut frå mål, lokale behov og ressursrammer.

Opplæringslova § 9A om elevane sitt skulemiljø er endra frå august 2017. Lovkrava føreset sterk forankring i leiinga og forpliktar alle som arbeider i skulen. Arbeid med skulemiljø er framfor alt kulturbygging, noko som omfattar inkludering, det å ivareta sårbare elevar og hindre utanforskap. Dette kollektive arbeidet er viktig saman med forvaltningskompetanse for å kunne følgje opp arbeidet med skulemiljø og aktivitetsplikta. Det er innført skjerpa aktivitetsplikt dersom nokon som arbeider i skulen, krenkjer elevar, jf. § 9A-5. Denne endringa tydeleggjer krav til leiarane og til personalet.

Uttalane i samband med saksutgreiinga gir uttrykk for at elevinspektørordninga har positive bidrag til arbeidet med skulemiljøet og andre viktige oppgåver. Samstundes vert det også uttrykt ønske om å kunne organisere arbeidet og fordele oppgåver meir fleksibelt.

Skuleeigar har ansvar for å leggje til rette rammer og ressursar for skulane. Ved ei endring av vedtaket FT 41/1998 vil skulane få handlingsrom til meir fleksibel organisering og mindre detaljstyring med tanke på korleis oppgåvene kan løysast. Det er ulike modellar som kan styrkje arbeidet gjennom klar forankring i leiinga, kulturbygging, klare roller og samordning av innsats.

Økonomi: Kostnadsreduksjon vil vere avhengig av fleksibel lokal organisering og kapasitet. Reduserte budsjettammer krev innsparingstiltak generelt.

Klima: Ingen verknad.

Folkehelse: Elevane har rett på eit skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. God kvalitet i arbeid med det psykososiale skulemiljøet kan bidra til dette.

Regional planstrategi: Ingen verknad.

Forslag til innstilling

1. Vedtaket som gjeld pålegg om elevinspektørstilling ved alle dei vidaregåande skulane, jf. FT 41/1998, vert oppheva f.o.m. 01.08.18. Nemninga på stillinga med stillingskode 7954** vert fasa ut frå same dato. Det vil ikkje vere sett av ein øyremerka ressurs til desse oppgåvene i skulebudsjetta.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 31.10.2017

Utgreiing om elevinspektørordninga

Bakgrunn for saka

Denne saka har som mål å sjå på elevinspektørordninga i høve til ansvar, mål og rammer for å kunne ivareta lovkrav, overordna mål og prinsipp for heilskapleg styring, organisering og handlingsrom ved dei vidaregåande skulane.

Krava til skulane, skuleleiinga og skuleeigar er endra sidan elevinspektørordninga vart innført 1998 både når det gjeld lovkrav, leiarstruktur og leiarrolle. For skuleeigar er det ei oppgåve å leggje til rette rammer og retningslinjer som gir best mogleg rom for å svare på behova og krava i høve til situasjonen i dag.

Med dette som utgangspunkt meiner fylkesrådmannen at det er riktig å fjerne pålegget om at kvar av skulane skal ha ei stilling som elevinspektør. Nemninga elevinspektør og tilhøyrande stillingskode vert fasa ut. Oppgåvene må framleis løysast, og det er ulike tenlege modellar der rolla og oppgåvene som no ligg til elevinspektør, vert tydelegare forankra i skuleleiinga.

Leiarstrukturen ved dei vidaregåande skulane har som mål å sikre tydeleg organisering og leiing og prioritering av pedagogisk leiing. Retningslinene for elevinspektørordninga inneber overlapping mellom ulike roller og oppgåver. Til dømes er det overlapping mellom elevinspektør si rolle og leiinga, rådgjevingstenesta og kontaktlærar. Dette kan medføre uklare ansvarstilhøve og ulik praksis mellom skulane.

Prosess

Spørsmål om utgreiing av elevinspektørordninga kom opp i samband med arbeid med leiarstruktur våren 2017. I starten av september fekk rektorane kort informasjon om at det var planlagt ei utgreiing og ei politisk sak. Informasjon om oppstart av prosess vart gitt i samband med Skulemiljøsamlinga der rektorar og elevinspektørar deltok. I etterkant vart det sendt ut informasjon med oppmoding om uttalar frå skulane til følgjande spørsmål:

- Kva konsekvensar kan det ha for skulane dersom pålegget om elevinspektørstilling fell bort?
- Kva fordelar og ulemper kan lokalt handlingsrom og fleksibilitet innebere i høve til å ivareta ansvarsområda og oppgåvene?

Det vart sett ein frist for uttalar innan 15.10.17. I forkant av politisk handsaming har saka vore drøfta med tillitsvalde:

- Informasjons- og drøftingsmøte lokalt møte opplæringsavdelinga fylkesnivå 18.10.17
- Informasjons- og drøftingsmøte økonomi – og organisasjonsavdelinga fylkesnivå 25.10.17

Oppsummering av uttalar frå skulane og andre

Det har kome uttalar frå leiinga ved skular, elevråd, tillitsvalde og elevinspektørar. I tillegg er det kome uttale frå Elevorganisasjonen og frå omboda i HFK. Høyringsuttalane er lagt ved saka. Det har vore eit eige møte med representant for elevorganisasjonen.

Dei fleste uttalane handlar om at det er viktig å vidareføre ordninga med elevinspektør. Mange gir uttrykk for at rolla er tydeleg og viktig som bindeledd mellom elevar og leiinga, og at mange viktige oppgåver er samla hos elevinspektør. Elevinspektør er til støtte for lærarane, og mange av oppgåvene inneber avlastning og ein viktig ressurs for leiinga. Nokre uttalar at elevinspektørane i dag har ein del leiaroppgåver. Det vert peika på at kontinuitet, erfaring, nettverk mellom elevinspektørar og samarbeid med eksterne er nyttig i arbeidet. Enkelte uttrykkjer sterk uro for at ansvaret kan verte pulverisert og oppgåvene nedprioritert om ein ikkje har elevinspektørstillinga. Det er uttrykt at elevinspektørstillinga er ein av dei viktigaste føresetnadene for å lykkast med arbeidet.

Enkelte andre skular uttalar at ein ved ein gjennomgang av oppgåvene kan omfordele og leggje enkelte oppgåver til avdelingsleiar og andre oppgåver til sosialpedagogisk rådgjevar. Nokre skular legg vekt på at det vil vere ønskjeleg om «elevinspektør oppgåvene» kan leggjast til ei avdelingsleiarstilling. På denne måten kan ein få løyst dei samla leiaroppgåvene. Ei slik organisering tek omsyn til at ansvaret ligg hos rektor, og det kjem tydeleg fram i strukturen kven som har dei ulike arbeidsoppgåvene. Nokre skular meiner handlingsrommet for tilpassing er tilstrekkeleg i dag, medan andre ønskjer rom for andre løysingar, t.d. ved at oppgåvene vert lagt til ei avdelingsleiarstilling.

Ein del peikar på at det er viktig med ein talsperson for elevane, medan andre uttalar at det ikkje er behov for eigen «advokat» sidan elevperspektivet og elevane sine rettar er sterkt forankra.

Omboda skriv m.a. at «Rektor kan ikkje behandle arbeidet med kapittel 9A åleine. Elevinspektøren har i dag ei viktig rolle når det gjeld læringsmiljøarbeidet på skulane. Arbeidet med kapittel 9A er ei lovpålagt oppgåve som skulen må handtere med eller utan elevinspektørordning. Klassemiljøsaker og mobbesaker er som regel komplekse og krev solid handteringskompetanse. Omboda meiner det er viktig at alle tilsette har kompetanse og kunnskap om krenkingar og mobbing, men likevel bør det vere ei gruppe på kvar skule som har særleg kompetanse på kapittel 9a, skulemiljø og mobbing. Det bør vere ein leiar i gruppa som har eit særskilt ansvar, då det er særst viktig i desse sakene at ansvaret ikkje blir pulverisert. Elevane må vite kven dei kan gå til, og lærarar som har saker i eigen klasse, må vite kvar dei kan få hjelp og råd. Vidare er det viktig at ein i slike saker har ein person som held i saka til eleven har det trygt og godt (det er diverre vanleg at ein avsluttar sakene for tidleg). Kven dette er vil variere frå sak til sak, det kan vere kontaktlærar, leiaren i ei eventuell kompetansegruppe eller elevinspektør.»

Nokre uttalar nemner samanlikning med andre fylke og at Hordaland er unikt med tanke på elevinspektørstillinga som ei satsing på læringsmiljøet.

Mange understrekar at ressursrammene er det viktigaste for det lokale handlingsrommet og for å utvikle arbeidet vidare og ber om at ressursane vert ført vidare uavhengig av om pålegget om stillinga vert endra.

Om elevinspektørstillinga – kort historikk

Fylkesrådmannen viser til vedtak i Fylkestinget 23.04.98 om oppretting av elevinspektørstillingar frå 01.08.98 saman med tilføring av lønsmidlar tilsvarande 50 % stilling ved kvar skule. I følgje vedtaket skal elevinspektørane utføre direkte elevretta funksjonar og såleis medverke til å styrke rådgjevings- og rettleiingstenestene og andre elevretta tiltak ved skulane. Vedtaket omfatta dessutan vilkår knytt til kvalifikasjonskrav, utlysing av stillingane, løn og arbeidstid.

Ny leiarstruktur ved dei vidaregåande skulane vart innført i 2008. Den nye modellen omfatta rektor, assisterande rektor og avdelingsleiarar. Alle leiarane skal i samsvar med modellen ha ansvar for pedagogisk leiing, personalleiing og økonomisk-administrativ leiing.

Elevinspektørstillinga er plassert i stab og inngår ikkje i leiarstrukturen. Rektor avgjer omfang av stilling og oppgåver innanfor hovudområda for elevinspektørstillinga. Elevinspektørordninga har vore evaluert i 2000 og i 2009, jf Analyse, utgreiing og dokumentasjon AUD-rapport 09-2009. Ein konklusjon i evalueringane har vore at skulane er fornøgd med ordninga, men overlapping med rådgjevingstenesta vart t.d. drøfta i rapporten frå 2009.

Gjeldande retningsliner for elevinspektørstillinga

Elevinspektøren sine arbeidsoppgåvene kan inndelast i tre hovudområde jf sentrale retningsliner i kvalitetsportalen:

Elevrådskontakt og elevdemokrati

Elevinspektøren har ansvar for rettleiing ved val av tillitsvalde til elevrådet, og val til elevrådsstyret. Elevinspektøren skal følgje opp arbeidet gjennom skuleåret for å hjelpe elevrådet med å etablere gode rutinar og saman med elevrådet bidra til å sikre god elevrepresentasjon i skulen.

Arbeid med skulen sitt læringsmiljø

Elevinspektøren har eit særleg ansvar for å følgje opp arbeid som handlar om elevane sine rettar til eit godt læringsmiljø, jf. Kap. 9a i opplæringslova.

Elevteneste/rådgivingsteneste og ressursteam

Elevinspektøren skal følgje opp det sosialpedagogiske arbeidet i samhandling med elevteneste/rådgivingsteneste og ressursteam. Elevinspektøren skal følgje opp elevar som er bortebuarar.

Det er rektor som avgjer omfang av ansvar og oppgåver innanfor hovudområda for elevinspektørstillinga.

Retten til eit trygt og godt skulemiljø

Frå 01.08.17 er det gjort gjeldande endringar i opplæringslova som gjer det nødvendig at skuleeigar reviderer prosedyrer og rutinar for å sikre at skulane har ein praksis som er i tråd med dei nye lovkrava. Lovendringane set klare krav til rektorrolla og tydeleggjer leiinga sitt ansvar i høve skulemiljøet Likevel er det slik at alle som arbeider i skulen, har plikter etter lova. Det er utarbeidd prosedyrer for nulltoleranse og systematisk arbeid, informasjons- og involveringsplikt og aktivitetsplikt. Prosedyre for å følgje opp *Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skolen, krenkjer ein elev*, jf. opplæringslova § 9 A-5, er under utarbeiding.

Ansaret etter opplæringslova kap. 9A er omfattande, og rektor sitt ansvar er særskilt omtala i lova.

Føremålet går fram av § 9 A-2. Retten til eit trygt og godt skulemiljø:

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

§ 9 A-3. Nulltoleranse og systematisk arbeid

Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.

9 A-4. Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø

Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor skal varsle skuleeigaren i alvorlege tilfelle.

Arbeidet for å ivareta elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø omfattar førebyggjande arbeid, det systematiske arbeidet med skulekulturen og arbeid overfor enkeltelevar. Aktivitetsplikta inneber at det skal utarbeidast ein aktivitetsplan når ein elev ikkje opplever det psykososiale skulemiljøet som trygt og godt. Lova set krav om dokumentasjon. Skulen har eit todelt dokumentasjonskrav som omfattar skriftleg plan når det vert sett inn tiltak i ei sak. I tillegg skal skulen dokumentere kva som vert gjort for å følgje opp delpliktene i ei sak, t.d. følgje med, undersøkje, gripe inn, setje inn ulike tiltak og evaluere.

Aktivitetsplanen inneheld dei elementa som tidlegare var ein del av enkeltvedtak om det psykososiale skulemiljøet. Etter lovendringa gjeld regelen om enkeltvedtak berre for krav til det fysiske skulemiljøet (§ 9A-7). Forvaltningskompetanse er viktig i arbeidet med det psykososiale skulemiljøet for å ivareta rettane til eit trygt og godt skulemiljø og for å ivareta rett sakshandsaming.

Elev eller foreldre kan melde sak til Fylkesmannen etter at saka er teken opp med rektor. Rektor har ansvar for å følgje opp prosedyren med å sikre at elev og foreldre til elev som er under 18 år, får melding frå skulen innan 5 dagar og invitasjon til møte om saka.

Fylkesmannen si rolle er endra til at Fylkesmannen no har plikt og mynde til å avgjere om aktivitetsplikta etter §§ 9A-4 og 9A-5 er oppfylt eller ikkje. Fylkesmannen har også mynde til å gjere enkeltvedtak om kva tiltak skulen skal gjere for å sørge for at eleven får eit godt og trygt skulemiljø. Fylkesmannen tek kontakt med rektor i slike saker, og rektor følgjer opp overfor skuleeigar.

Skuleleiing

Skuleleiinga har ansvar og ei sentral og avgjerande rolle i høve til å involvere alle i arbeidet med skulemiljøet.

Lovkrava med det omfattande ansvaret for eit trygt og godt skulemiljø tilseier at det må vere god kjennskap til skulemiljøet og klar og tydeleg forankring i skuleleiinga, jf. Opplæringslova § 9-1. Oppgåver kan delegerast, men ansvaret ligg tydeleg hos rektor, leiinga og skuleeigar. Sanksjonar og straffansvar understrekar roller og ansvar for området. Saker etter kapittel 9A kan i ein del høve få vesentlege økonomiske konsekvensar. I dei sakene der nokon som arbeider i skulen, krenkjer ein elev, må sakene handterast av leiinga med personalansvar.

Fylkesmannen og klageinstansen (Utdanningsdirektoratet) kan ta avgjerd om tvangsmulkt for skuleeigar når gjennomføring av vedtak ikkje er oppfylt innan frist (§ 9A-12). Straffansvar er heimla i § 9 A-13. Straffansvar:

Med bøter, fengsel i opp til 3 månader eller begge delar blir den straffa som forsettleg eller aktlaust, og alvorleg eller gjentekne gonger, bryt plikta etter § 9 A-4 første og andre ledd og § 9 A-5. Med bøter, fengsel i opp til 3 månader eller begge delar blir rektoren straffa som forsettleg eller aktlaust, og alvorleg eller gjentekne gonger, bryt plikta etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd. Dersom § 9 A-4 første til fjerde ledd eller § 9 A-5 er brotne av nokon som handlar på vegner av skolen, kan skoleeigaren straffast, jf. straffeloven § 27. Fristen for forelding av straffansvaret er 5 år.

Styringsdokumentet for det pedagogiske utviklingsarbeidet uttrykkjer forventningar til skuleleiinga, lærarane og elevane. Skuleleiinga skal:

- *Legge til rette for elevmedverknad i spørsmål som er av betydning for læringsutbytte og trivsel.*
- *Skape og halde ved like eit godt psykososialt miljø med mål om nulltoleranse for mobbing, ved å legge til rette for samarbeid og bygge gode relasjonar internt og eksternt.*
- *Kartlegge sider ved skulen si verksemd som kan føre til utanforskap og sjå til at det blir sett i verk effektive førebyggjande tiltak/prosessar.*

Vidare skal skuleleiinga:

Mobilisere dei ressursane som trengs for å gjennomføre utviklingstiltak og sjå til at gjennomføringa av tiltaka blir følgt opp og vurdert. Relevante ressursar kan til dømes vere kompetanse, tid, organisering, struktur og økonomiske midlar.

I saker etter kapittel 9A kan det vere behov for å setje inn personalressursar og tiltak med økonomisk kostnad, noko som inneber avgjerd på leiarnivå.

Nytt krav om skjerpa aktivitetsplikt kap. 9A-5

Det er erfaring med at saker som handlar om elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø, inneber oppfølging og rettleiing overfor tilsette. I nokre tilfelle vert det også nødvendig å opprette personalsak på bakgrunn av tilhøve som vert avdekkja i ei sak etter kapittel 9A. Elevundersøkinga viser at det hender at elevar opplever krenkingar frå vaksne i skulen.

Ved denne siste lovendinga er slike hendingar og ansvaret understreka:

§ 9 A-5. Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skolen, krenkjer ein elev

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skoleeigaren. Dersom det er ein i leiinga ved skolen som står bak krenkinga, skal skoleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.

HFK skal utarbeide egne prosedyrer for denne delen av aktivitetsplikta. Det må vere leiinga sitt ansvar å implementere rutinar og handtere saker etter § 9A-5.

Retningslinjer for leiarstruktur

Leiarstrukturen vidarefører modellen som vart innført i 2008. Føremålet med leiarstrukturen er tydeleg organisering og prioritering av pedagogisk leiing. Retningslinjene omfattar leiarstillingane (leiarar med personalansvar) ved dei vidaregåande skulane. I følgje leiarstrukturen og prinsipp for heilskapleg styring har alle leiarane ansvar innan områda pedagogisk leiing, personalleiing og økonomisk-administrativ leiing, jf. evaluering av leiarstrukturen i 2010 (AUD-rapport 7/2010). Sentrale tema frå denne evalueringa var med i arbeidet med rettleiing om merkantile tenester og merkantil struktur (administrativt vedtak arkivsak 2015/3735-20). Organisering av økonomisk-administrative støtteoppgåver må vurderast av skulane i høve til mål, rammer og fordelinga av oppgåver mellom leiinga og stabsfunksjonar. Tilsvarande vurderingar må gjerast i høve til pedagogiske støttefunksjonar.

Rammer for handlingsrom lokalt på den ein skilde skule i høve leiarstruktur og fordeling av oppgåver mellom leiarar og fagleg-pedagogiske støtteoppgåver (stab) må sjåast i høve til mål og ressursar. Retningslinjene for leiarstruktur tydeleggjer ansvar og ansvarsområde, roller og oppgåver. På same tid inneber leiarstrukturen eit visst handlingsrom og fleksibilitet når det gjeld organisering og ressursbruk.

Hovudmålet for opplæring er auka læringsutbytte og auka fullføring for elevane. Det er viktig at leiinga gjennom leiarstrukturen tek i vare heilskap, samanheng og handlingsrom innan pedagogisk utviklingsarbeid, personalleiing, ressursallokering og økonomisk-administrativ leiing. Prioritering av pedagogisk leiing er knytt til å etablere mål for skulen, følgje opp elevane si læring og læringsmiljøet, samt involvere tilsette og elevar i systematisk skuleutvikling, jf. styringsdokumentet for det pedagogiske utviklingsarbeidet.

Elevinspektørordninga og skuleleiinga – overlappande funksjonar og rolleavklaring

Elevinspektør sine oppgåver overlappar leiinga og rektor sitt ansvarsområde. Elevinspektørstillinga er ikkje ein del av leiarstrukturen, men det er ikkje uvanleg at elevinspektør deltek på leiarmøte eller delar av leiarmøte for å sikre at kunnskap om skulemiljøet tilflyt leiinga. Det er variasjon mellom skulane når det gjeld kva oppgåver som er lagt til elevinspektør og korleis samarbeid med leiinga og andre i skulen er organisert.

Leiarstrukturen legg vekt på prioritering av pedagogisk leiing, og evaluering har vist at det er behov for å synleggjere pedagogisk leiing i større grad, jf. AUD-rapport 7/2010 og rapporten «Utvikling av mellomledere i grunn- og videregående opplæring, KS/Rambøll-rapport juni 2016. Erfaringar frå oppfølging av skulane, m.a. frå skulebesøka og tilstandsrapportane frå skulane, viser at leiinga i stadig aukande grad legg vekt på elevmedverknad og er meir direkte engasjert både i høve til elevrådet og i høve til arbeid med klasse miljø. Slik prioritering vil vere i tråd med både styringsdokumentet og retningslinjene for leiarstruktur. Dessutan ser utviklinga ut til å vere i samsvar med nyare forskning som peikar på leiinga si rolle i utvikling av skulekultur og skulekvalitet, t.d. elevsentrert leiing (ref. professor Viviane Robinson) og verdien av elevmedverknad i utviklingsarbeid.

Elevinspektørordninga og kontaktlærer – overlappande funksjonar og rolleavklaring

Den lovfesta kontaktlærerordninga omfattar m.a. sosialpedagogiske gjeremål og kontakt med heimen, jf. Opplæringslova § 8-2, 2. ledd Organisering av elevane i klassar eller basisgrupper

.....

Klassen eller basisgruppa skal ha ein eller fleire lærarar (kontaktlærarar) som har særleg ansvar for dei praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjeremåla som gjeld klassen eller basisgruppa og dei elevane som er der, mellom anna kontakten med heimen.

Styringsdokumentet for det pedagogiske utviklingsarbeidet inneheld forventningar til lærarane som skal:

- *Legge til rette for elevmedverknad i undervisninga i spørsmål som er av betydning for læringsutbytte og trivsel.*
- *Skape og halde ved like eit godt psykososialt miljø med nulltoleranse for mobbing gjennom å vere ein tydeleg klasseleiar og bygge gode relasjonar til gruppa og enkeltelevane.*

- *Møte alle elever med respekt og omtanke og bidra til at dei opplever læring, motivasjon og meistring, uavhengig av bakgrunn eller individuelle føresetnader.*

Styringsdokumentet byggjer på forskning som viser at profesjonelt fellesskap og kollektivt arbeid gir dei beste føresetnadene for ein god skule for elevane med tanke på skulemiljø og resultat. Alle som arbeider i skulen, er der for å ivareta elevane sine rettar. Det er viktig med forankring i leiinga for å nå og involvere alle som arbeider i skulen, sikre systematisk utvikling av kulturen i skulen og bygge kompetanse i personalet.

Elevane har også eit medansvar for læringsmiljøet, og klassen er den viktigaste arenaen for arbeidet med relasjonar og trygt psykososialt miljø, jf. styringsdokumentet for det pedagogiske utviklingsarbeidet. Kontaktlærar har ei sentral rolle i arbeidet i klassen, og er såleis den nærmaste for elevane. Fleire skular har dei seinare åra innført ordningar med møte mellom tillitsvalde, elevar, kontaktlærar og avdelingsleiar der t.d. undervisning og klassemiljø kan vere faste tema. Ordninga bidreg til tettare kontakt mellom leiinga, lærarane og elevane. Klargjering av roller og oppgåver for samordna innsats vil vere viktig for god lokal organisering av skulemiljøarbeidet.

Elevinspektørordninga og den sosialpedagogiske rådgjevingstenesta – overlappende funksjonar og rolleavklaring

Forskrift til opplæringslova § 22-2. Sosialpedagogisk rådgiving definerer mål og innhald i tenesta:

Den enkelte eleven har rett til nødvendig rådgiving om sosiale spørsmål. Formålet med den sosialpedagogiske rådgivinga er å medverke til at den enkelte eleven finn seg til rette i opplæringa og hjelpe eleven med personlege, sosiale og emosjonelle vanskar som kan ha noko å seie for opplæringa og for eleven sine sosiale forhold på skolen.

Ved behov kan eleven få hjelp til mellom anna å:

- klarleggje problem og omfanget av desse
- kartleggje kva skolen kan medverke til, og om det er behov for hjelpeinstansar utanom skolen
- finne dei rette hjelpeinstansane og formidle kontakt med desse.

Elevinspektørstillinga overlappar rådgjevingstenesta sine oppgåver, særleg når det gjeld sosialpedagogisk rådgjeving. Dels var dette ein intensjon då elevinspektørordninga vart starta opp. Det er ikkje klare skilje i ansvarsområde og oppgåver mellom rådgjevarar og elevinspektørar, og det er nødvendig med samarbeid om sentrale oppgåver mellom fleire i skulen mellom anna for å styrkje eit fleirfagleg perspektiv. Ein del skular organiserer tenestene som ei samla elevteneste. Endring av vedtak FT 41/1998 vil gje større fleksibilitet i høve slik organisering.

Heilskapleg styring

Det er heilt klart at elevane sitt skulemiljø er eit ansvarsområde som er omfattande og viktig og som må vere høgt prioritert framover. Det er viktig å leggje til rette for vidare arbeid med:

- > Tilgjengeleg og synleg teneste med synleg leiing
- > Kvalitet og innhald
- > Heilskapleg praksis

Prinsipp og føresetnader for heilskapleg styring må handle om sterk og klar forankring i leiinga. Det er viktig med ei synleg pedagogisk leiing som er «tett på» i skulekvardagen, som sikrar rett kompetanse i organisasjonen og som har oppdatert forvaltningskompetanse. Personalleiing, kollektivt pedagogisk utviklingsarbeid, profesjonsutvikling og kompetanseutvikling er sentralt også når det handlar om å bygge heilskapleg praksis og kulturbygging som skulemiljøarbeidet handlar om.

Tydeleg organisering og leiing inneber klare roller og klar oppgåvefordeling. Etter kapittel 9A er det behov for deling og oppfølging av individretta og systemretta arbeid. God informasjon og samarbeid med personalet, elevar og foreldre, samarbeidspartnerar og andre aktørar som t.d. kompetansemiljø vil vere viktige føresetnader i arbeidet. Fleirfagleg samarbeid og samhandling mellom aktørar er viktig med tanke på komplekse og dels nye ansvarsområde som følgje av endringar i samfunnet.

Skuleeigar si rolle i samhandling med skulane er viktig for systematisk kvalitetsarbeid, utvikling, forvaltning og oppfølging, jf. Opplæringslova § 13-10. Ansvarsomfang første ledd:

Kommunen/fylkeskommunen og skuleeigaren for privat skole etter § 2-12 har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest.

Skuleeigar vil ha nært samarbeid med skulane om elevane sitt skulemiljø gjennom system for verksemdbasert vurdering, der m.a. resultat frå Elevundersøkinga vert følgd opp, jf. også kvalitetsmeldinga (tilstandsrapporten). I tillegg skal skuleeigar ha forsvarlege system og rutinar for å handtere enkelt saker etter kapittel 9A i opplæringslova. Skuleeigar må leggje til rette rammer for at skulane kan ivareta oppgåvene på forsvarleg måte. Elev- og lærlingombodet og mobbeombodet har ei viktig rolle og bidreg som kompetanseressursar overfor aktørane på skulenivå og overfor skuleeigar.

Korleis oppgåvene kan løysast framover - alternative modellar

Det går fram av uttalane frå skulane at det er ein styrke for arbeidet at oppgåver knytt til elevmedverknad og skulemiljø er samla i ei tydeleg rolle. For rådmannen er det viktig med ei organisering der leiinga, rådgivingstenesta og kontaktlærarar har klare roller og ansvarsområde. God informasjon og oppfølging overfor elevane er viktig, og god kjennskap til skulemiljøet og gode relasjonar kan vere avgjerande for utviklinga. Alternative modellar må byggje vidare på dei viktige prinsippa for godt skulemiljø samstundes som organisering og oppgåvefordeling kan løysast meir fleksibelt ut frå lokale behov og tilgjengeleg kompetanse.

Enkelte skular finn det føremålstenleg at oppgåver som no er definert under elevinspektørordninga, vert lagt til ei avdelingsleiarstilling med personalansvar for t.d. ei elevteneste. Ein del skular peikar på behovet for styrka rådgjevingsteneste og/eller elevteneste organisert som team med kompletterande kompetanse. Ei elevteneste kan t.d. ha kompetanse innan førebyggjande arbeid, skule- og klasse miljøarbeid og kompetanse knytt til elevsaker/individretta arbeid. Ein slik modell svarar i større grad på behovet for sterkare forankring i leiinga med tydeleg rolle og ansvar hos rektor. Skuleleiinga har ansvar for at arbeidet vert følgd opp i dei ulike avdelingane.

Endring av vedtaket FT 41/1998 vil kunne gje signal om auka handlingsrom for å styrke sosialpedagogisk og psykososialt arbeid gjennom samordning av kompetanse, ressursar og tenester. Viktige føresetnader er knytt til m.a.:

- Klare mål, oppgåvefordeling, tydelege og synlege roller
- Kompetanse i høve lovkrav og breidde i ansvarsområda og oppgåvene
- Intern samordning – og om mogleg samlokalisering på skulen
- Ressursar og kapasitet

I Hordaland er seks skular med i forskingsprosjektet COMPLETE som omfattar to tiltak: «Drømmeskolen» og «Nærværsteam». COMPLETE er eit forskingsprosjekt utvikla for å betre psykososiale læringsmiljø i vidaregåande opplæring, og dermed bidra til å auke gjennomføring og nærvær i vidaregåande skule. Prosjektet inneber å implementere og evaluere effekten av to tiltak som skal leggje til rette for gode psykososiale læringsmiljø og redusere fråfall. Forskingsprosjektet går over fire år med oppstart hausten 2016 og avslutting våren 2020.

Drømmeskolen er eit universelt tiltak utvikla av organisasjonen Voksne for Barn, som er retta mot alle elevar på VG1. Universelle tiltak i skulen dekkjer heile skulen og alle elevar, også dei som ikkje er identifisert å vere i ei risikogruppe ved oppstart, men som kan vere sårbare i høve til overgangen mellom ulike skular.

Måla er:

- etablere rammer og verkty for eit heilskapleg arbeid med det psykososiale læringsmiljøet i skulen
- auke kompetansen hos tilsette om korleis ein kan jobbe for eit godt psykososialt miljø
- styrke relasjonen mellom elevar og mellom elevar og tilsette
- styrke elevane si tilknytning, deltaking, meistring og motivasjon

- auke elevane sin motivasjon for å fullføre og bestå
- bruke elevane som ressursar i eit systematisk arbeid for å fremje eit godt psykososialt læringsmiljø

Nærversteam er eit indikert og/eller selektivt tiltak. Selektive tiltak dekkjer spesielt sårbare/utsette grupper med behov for tett oppfølging, og indikative tiltak dekkjer definerte risikogrupper (dei som kjem med allereie manifesterte psykiske vanskar eller diagnosar). Nærversteam er retta spesielt mot psykososial oppfølging av målgruppa for programmet, nemleg unge som står i fare for å falle ut av vidaregåande opplæring og dermed ikkje kunne kvalifisere seg for arbeidslivet. Tiltaket skal sikre at ungdom som står i fare for å falle ut av vidaregåande opplæring, får tett oppfølging gjennom kontinuerleg nærverstarbeid. Dette skal sikre gode overgangar inn i og mellom dei ulike fasane av det vidaregåande løpet.

I prosjektet blir det forska på om ein får større effekt på gjennomføring av vidaregåande opplæring ved å ta i bruk heile førebyggingsmodellen (både universelle og selektive/indikative tiltak), sett opp mot bruk av berre universelle tiltak.

Kompetanseutvikling

Kompetanseutvikling er ofte knytt til lov og læreplanendringar. Ny overordna del i læreplanen – verdiar og prinsipp for grunnopplæringa inneheld områda Folkehelse og livsmestring, Demokrati og medborgarskap. Dette er område som er relevante for skulemiljøarbeid og for m.a. elevmedverknad og elevrådsarbeid, samtidig som overordna del gjeld arbeidet i skulen generelt.

I høve til m.a. arbeidet med inkludering og trygt og godt skulemiljø vil det framover vere behov for målretta kompetanseutvikling m.a. med bakgrunn i likeverdsplanen i HFK og utfordringar knytt til psykisk helse. Andre oppgåver der det er behov for kompetanse og kapasitet, er m.a. regjeringa sin handlingsplan «Retten til å bestemme over eget liv. Handlingsplan mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlestelse (2017-2020)» og førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme. I samheng med desse områda er det peika på behovet for å styrke rådgjevingstenesta og utvikle kompetanse innan dei aktuelle områda.

Det er viktig med målretta kompetanseutvikling og samordning av innsats frå fleire aktørar og ressursar for å ivareta overordna mål og omsynet til ulike elevar på ein heilskapleg måte. Nettverk med deltakarar frå ulike skular kan vidareførast som tiltak også etter ei eventuell endring av pålegget om elevinspektør, og kompetanse knytt til elevinspektør oppgåvene er viktig å ta vare på og utvikle vidare. Det er ut frå behova i dag viktig at rektor har handlingsrom til å organisere kompetanse og ressursar.

Personalmessige rammer, rettar og plikter

Vedtaket i FT 41/1998 omfatta vilkår knytt til kvalifikasjonskrav, utlysing av stillingane, løn og arbeidstid. Elevinspektørstillinga og rådgjevingstenesta ligg til undervisningsstilling. Arbeidstid for begge er regulert i særavtale om arbeidstid for undervisningspersonale (SFS2213). Elevinspektørstillinga har stillingskode 7954, som er definert som fagleiarstilling i hovudtariffavtalen (kap. 4). Rådgjeving er ein funksjon, og SFS2213 regulerer tidsressurs til dei lærarane som har funksjonen. Både rådgjevar og elevinspektør kan haundervisning som del av sitt årsverk. Til vanleg er det også stor grad av overlapping når det gjeld det sosialpedagogiske arbeidet.

Dersom bruk av stillingskoden for elevinspektør vert avvikla, vil aktuelle tilsette gå over i undervisningsstilling. Det er opp til den enkelte skule å leggje spesielle oppdrag til ei undervisningsstilling, t.d. oppfølging av elevråd. Slike oppdrag vil kome i staden for delar av undervisninga. Ved ein overgang til undervisningsstilling vil den tilsette behalde opparbeidd personleg årsløn på overgangstidspunktet, jf Hovudtariffavtalen kap. 1 pkt 3.4.1.

Ein annan modell for å ivareta oppgåver som i dag ligg til elevinspektør, er å leggje oppgåver til t.d. avdelingsleiar. Der det er ledig leiarstilling, kan elevinspektør søkje om ønskjeleg. HFK har prosedyrar for tilsetjing og følgjer kvalifikasjonsprinsippet.

Økonomiske rammer, prinsipp for budsjettmodell og økonomistyring

Vedtaket i FT1998 inneber øymerking av midlar til 50 % stillingsressurs til elevinspektør. Tildelinga har vore den same for alle skulane utan omsyn til skulestorleik og lokale behov.

Etter ny budsjettmodell frå 2018 (skuleåret 2018/19) fell særtilskot i hovudsak bort, og prinsippet om rammebudsjett til kvar skule gjeld i større grad. Øymerking av midlar og tildeling spesifikt til enkelte tiltak/stillingar vil innebære avgrensa handlingsrom og mindre fleksibilitet for skulane i høve til å organisere verksemda og prioritere kompetanse og ressursar ut frå dei lokale behova. Generelt nedtrekk i budsjettammer (uavhengig av ny modell) gir mindre økonomisk handlingsrom og dermed meir krevjande prioritering. Dersom ressursrammene ikkje er tilstrekkelege til å sikre forsvarleg og god kvalitet i undervisninga i klasserom og verkstad, vil det kunne verke negativt inn på målet om auka læringsutbytte og auka fullføring.

Når det gjeld ressursar til rådgjevingsteneste, følgjer Hordaland fylkeskommune rammene i arbeidstidsavtalen for undervisningspersonale (SFS2213). Ressursar til kontaktlærer er prioritert høgare i HFK enn det som går fram av SFS2213 direkte, då det er sett av ekstra tid (frå tidsressurspott etter SFS2213). Funksjonstillegget (kronesum) til rådgjevarar og kontaktlærarar er også noko høgare i HFK enn i fleire andre fylke. Enkelte skular kan etter drøfting med tillitsvalde ha noko større tidsressurs enn det som står i lokal avtale.

Oppsummering og vurdering

Arbeidet med skulemiljøet er i seg sjølv eit stort ansvarsområde, og oppgåvene er særskilt viktige. Det er derfor grunnleggjande å ta vare på kompetanse og byggje opp kapasitet i høve elevane sine rettar. Arbeidet med skulemiljøet er i sin karakter haldningsskapande og kulturbyggjande, og det er behov for kollektiv innsats og vidare utvikling av kompetanse på fleire felt. Dette tilseier sterk forankring i leiinga, samstundes er det nødvendig med føremålstenleg struktur og oppgåvefordeling, og det er særleg viktig at elevane er godt kjende med og trygge på kven dei kan gå til. Det er også viktig at det er tydeleg kven som er kontaktperson for elevrådet og for elevane i m.a. saker som gjeld skulemiljøet.

Handlingsrom og fleksibilitet på den enkelte skule vil innebære større høve til tilpassing, heilskapleg styring og organisering med tanke på å ta vare på og byggje kompetanse vidare. Som fleire av våre skular er godt i gang med, er det viktig at leiinga er «tett på» t.d. gjennom direkte kontakt mellom tillitsvalde elevar, kontaktlærer og avdelingsleiar. Kontaktlærer har også ei viktig rolle i høve til elevmedverknad og det psykososiale miljøet i klassen, og er på mange måtar «den nærmaste» for eleven. Gjennom deltaking på m.a. klasse møte knyter ein del avdelingsleiarar tettare kontakt med lærarane og elevmiljøet. Fleire rektorar har også regelmessig møte med elevrådsstyra. Ein modell med at ein i leiargruppa har ansvaret for eleveneste og samordning av innsats knytt til skulemiljøet, kan vere ein aktuell måte å løyse oppgåvene på. Tenesta må vere synleg og tilgjengeleg med klare roller og klar forankring i leiinga. Forskningsprosjektet COMPLETE kan truleg gi verdfulle bidrag i det vidare arbeidet både når det gjeld universelle tiltak og individuelt retta arbeid.

Skulemiljøarbeidet er kulturbygging, samhandling og samordna innsats der alle som arbeider i skulen har sine oppgåver. Som skuleeigar er det ei oppgåve å støtte og samhandle med skulane, leggje til rette for oppfølging med kompetanseutvikling mellom anna innafor nye og aktuelle felt, samt erfaringsutveksling og kunnskapsdeling mellom skulane. Skuleeigar si rolle er vidare å bidra med rammer og handlingsrom for fleksibel organisering og fordeling av oppgåver saman med ressursrammer til å løyse oppgåvene. HFK har dei siste åra fått mobbeombodet som kompetanseressurs. Mobbeombodet er støtte og rettleiar i sakene overfor skulane på same tid som ombodet er eit lågterskeltilbod for elevar og lærlingar.

Elevinspektørordninga synest som system å vere noko variert og personavhengig. Det varierer t.d. om stillinga vert sett på som ein del av leiinga eller ikkje. Oppheving av pålegget om elevinspektør vil bidra til klargjering av rollene og meir teneleg organisering med avklaringar i høve leiarstillingar, rådgjevingsteneste, kontaktlærer og andre tilsette. Økonomisk-administrative stillingar og pedagogiske støttefunksjonar kan kome i tillegg til leiarstillingane ut frå mål, lokale behov og ressursrammer.

Notat

Dato: 17.10.2017
Arkivsak: 2017/15888-1
Saksbehandlar: oydzjem

Tittel: Elevinspektørordninga – tilbakemelding frå dei vidaregåande skulane

Saksbehandlar: Regionleiar Hillevi Runshaug

Elevinspektørordninga - tilbakemelding frå vgs

Sak i Ephorte 2017/15888

- Dok 1: Arbeidsdokumentet
- Dok 2: Svarbrev til Nilssen datert 04.10.17
- Dok 3: Brev frå Nilssen datert 29.09.17 (jf. dok. 9)
- Dok 4: Svar til Nilssen datert 25.09.17 (jf. dok. 14)
- Dok 5: Svar frå Fitjar vgs
- Dok 6: Svar frå Sandsli vgs
- Dok 7: Svar frå Langhaugen vgs
- Dok 8: Svar frå Rubbestadnes vgs
- Dok 9: Brev frå Nilssen datert 29.09.17
- Dok10: E-post til rektorane datert 29.09.17
- Dok11: E-post frå leiar i Elevorganisasjonen
- Dok12: Brev frå Nilssen datert 21.09.17
- Dok 13: E-post frå Nilssen datert 22.09.17
- Dok 14: Brev til Nilssen datert 25.09.17
- Dok 15: Svar frå Stend vgs
- Dok 16: Svar frå Arna vgs
- Dok 17: Svar frå Nettverksgruppa for miljøgruppa
- Dok 18: Svar frå Voss gymnas
- Dok 19: Svar frå Øystese/Norheimsund
- Dok 20: Svar frå Åsane vgs
- Dok 21: Elevinsp. Bergen Kat. + fagforeningane Bergen kat.
- Dok 22: Svar frå Berit K. Ø. Nilssen datert 15.okt.
- Dok 23: Svar frå Askøy vgs
- Dok 24: Svar frå Årstad vgs
- Dok 25: Svar frå Sotra vgs
- Dok 26: Svar frå Osterøy vgs
- Dok 27: Svar frå tillitsv. v/Kvam vgs
- Dok 28: Svar frå omboda i HFK
- Dok 29: Svar frå Kvinnherad vgs

Dok 30: Svar frå Os gymnas
 Dok 31: Svar frå Elevorg. datert 151017
 Dok 32: Svar frå Laksevåg vgs
 Dok 33: Svar frå Nye Voss vgs
 Dok 34: Svar frå Stord vgs
 Dok 35: Svar frå elevinsp. Nordahl Grieg vgs

Fitjar vgs:

Dersom elevinspektørordninga fell bort - konsekvensar:

- Kritisk gjennomgang av oppgåvene som elevinspektøren gjer i dag
- Omfordeling av oppgåver i leiargruppa / sosialrådgjevar.
 - Naturleg at sosialrådgjevar overtek ein del av oppgåvene
 - Ressursteam
 - Oppfølging av elevar på individnivå
 - Hybelbuarar.....
 - Fordel at sosialrådgjevar vil få høgare stillingsprosent – fleire treffpunkt i forhold til elevane.
 - Avdelingsleiarane kan og ta over oppgåver som elevinspektøren gjer i dag, t.d. elevråd.
 - I dag er skuleleiarar oppteken av å leia skulen på ein slik måte at det fører til auka læring hos elevane.
 - Slik eg ser det så treng ein ikkje ein eigen «advokat» for å tala elevane si sak.

Kva fordelar og ulemper kan lokalt handlingsrom og fleksibilitet innebere i høve til å ivareta ansvarsområda og oppgåvene?

Fordelar:

- Betre tilpassing til den einskilde skule si organisering.
- Betre økonomi om ein ikkje har elevinspektør. Elevinspektørane har mykje høgare løn enn t.d. sosialrådgjevar, og ein får meir tidsressurs att dersom sosialrådgjevar overtek arbeidsoppgåver.
- Arbeidstid: Elevinspektørane har 37.5 t pr veke, og i feriar. Dette er «uheldig» for dei elevinspektørane med «liten» stillingsstorleik.

Ulemper:

- ?

Med helsing Fitjar vidaregåande skule Leif Helge Engelsen Rektor

Sandsli vgs, elevrådsstyret.

Vi i elevrådsstyret ved Sandsli Videregående Skole ønsker å uttale vår mening angående fylkeskommunens vurdering om elevinspektørordningen skal fortsette.

Vi er godt fornøyde med ordningen slik den er i dag og ønsker at den skal fortsette slik. Vi i elevrådsstyret/elevrådet, samt andre elever på skolen, har fått god hjelp av at en av de ansatte på skolen har hovedansvaret for elevenes trivsel og miljø og elevrelaterte saker, og har generelt gode erfaringer med elevinspektørene vi har hatt. Naturligvis er det forskjellig fra skole til skole hvor godt elevinspektøren fungerer og hvilke oppgaver den har og dermed fungerer ordningen kanskje ikke

like godt på alle skoler. Derimot synes vi at det er leit om man skal lage et generelt vedtak som da vil påvirke skolemiljøet negativt på de skolene der elevinspektøren fungerer godt og bidrar til å gjøre elevenes skoledag bedre.

Noen ansatte på skolen må jo fortsatt utføre oppgavene som dagens elevinspektør har, og vi mener det både er bedre og mer effektivt om dette ansvaret holdes av ansatte som har dette som sitt hovedansvar. Vi ønsker mye heller dette enn at det blir ekstraarbeid for en eller flere lærere slik at de ansvarlige får dårligere tid til å ta seg av disse oppgavene. Det verste tilfellet gitt dette vil være at arbeidet blir nedprioritert.

Informasjonen og intensjonene til fylkeskommunen har vært sterkt begrenset, så vi vet ikke sikkert hva som er tanken bak eller nøyaktig hvordan det er planen at elevinspektøren skal erstattes. Vi får på følelsen av at dette kan være et forsøk på å spare på ressurser og er klar over at elevinspektørstillingen tilsvarer en 50% lærerstilling.

Til tross for lite og vag informasjon er det dog en ting vi alle er sikker på og enige om; at nedbygging av skolesystemet, spesielt den delen som har med elevenes skolemiljø og trivsel, er det aller siste vi ønsker at skal skje.

Med vennlig hilsen Elevrådsstyret, Sandsli Videregående Skole:

Johanne Fredrikke Sekse, Solveig Blindheim, Tora Essén, Viola Amundsen Frøyen, Oline Eikeland Kutschera, Emma Sofie Tränk Arnesen, Ruben Stavang og Rebekka Dyngeland

Langhaugen vgs.

UTTALE VEDRØRANDE ELEVINSPEKTØRSTILLINGA

Elevinspektørstillinga har i alle år etter at ho blei oppretta i 1998 vore viktig for det psykososiale miljøet blant elevane ved Langhaugen videregående skole og for kontakten mellom elevråd og skuleleiinga. I inneverande skuleår utgjer elevinspektørstillinga ved skulen 62%.

Til spørsmål 1: Konsekvensar for skulen dersom elevinspektørstillinga fell bort.

Skulen vurderer det som svært alvorleg dersom dette skjer. Langhaugen har gjennom systematisk arbeid dei siste 20 åra, med elevinspektøren som ein drivande kraft, arbeidd for å utvikle eit godt og trygt miljø ved skulen, med trivsel som ein av dei viktigaste føresetnadene for å lykkast med det faglegpedagogiske arbeidet. Langhaugen har i dag svært god søking av elevar, og ein hovudfaktor i den samanhengen er eit godt og trygt elevmiljø, som også er ein viktig del av skulen sin visjon. Til-bakemeldingane frå elevane om dette er heilt eintydige.

Elevinspektøren har heile tida jobba med dei hovudoppgåvene som blei lagt til stillinga då ho blei oppretta i 1998. Det gjeld først og fremst oppfølging av og tett kontakt med elevrådet, leiar av ressursteamet og arbeid med elevtenester av ymse slag, ikkje minst i samarbeid med rektor, rådgjevarar og skulehelsetenesta. Andre oppgåver har naturleg nok kome i tillegg, i tråd med behov blant elevane, ynskje frå skulen si side og kvalifikasjonane til dei tre elevinspektørane (dei to føregåande er i dag rektor og ass rektor på skulen) som har hatt stillinga (med unnatak av to år). Elevinspektøren har m.a. ansvaret for eit omfattande skulestart-program, bli-kjend-tur til Mjølfjell for vg1, skuleball, oppfølging av skulerevven, bistandsprosjekt «Hjelp Moldova», fotografering til skulekatalogen, oppfølging av kantinedrift, helsefremjande tiltak og sosiale medium og intern elevinformasjon, der han innehar svært god kompetanse. Elev-inspektøren har i alle år vore ein del av skulen sitt leiarteam.

Det er vanskeleg å forstå at dette forslaget kjem denne hausten når kap. 9A i Opplæringslova tydeleggjer kva utfordringar vi står overfor for å sikre elevane eit godt og trygt psykososialt miljø. Arbeidsoppgåvene knytt til dette feltet blir stadig meir omfattande. Då framstår det som ganske meiningslaust å fjerne ein av dei viktigaste føresetnadene for å lykkast med arbeidet.

Skulen skulle gjerne visst kva rolle dei økonomiske aspekta har i samband med forslaget om å fjerne stillinga. Det har i liten grad kome fram, men økonomien i fylket spelar vanlegvis ei viktig rolle når forslag av denne typen kjem opp.

Til spørsmål 2: Fordelar og ulemper knytt til handlingsrom og fleksibilitet.

Vi opplever at elevinspektørstillinga med den instruksjonen som gjeld, gjev oss det handlingsrommet vi treng for å ivareta elevane sine rettar i tråd med kap. 9A, sikre elevdemokratiet og setje i verk miljøfremjande tiltak. Eit nært og godt samarbeid mellom elevinspektør, rektor og dei ulike aktørane på skulen gjer at både elevar og tilsette er svært tilfredse med elevinspektørstillinga og måten oppgåvene blir ivaretekne. Skal stillinga gjerast om til ei avdelingsleiarsstilling, vil andre oppgåver kome i tillegg, og eit hovudansvar for det miljøretta arbeidet vil lett kunne pulveriserast. Ein miljøarbeidar vil ikkje kunne erstatte elevinspektøren, verken som kontaktperson overfor kollegiet eller som del av leiinga ved skulen.

Dersom elevinspektørstillinga blir fjerna, kan skulen vanskeleg sjå korleis vi skal kunne oppretthalde og vidareutvikle det viktige arbeidet som elevinspektøren gjer på Langhaugen i dag. På bakgrunn av det som er gjort greie for her, ber vi derfor om at elevinspektørstillinga ikkje blir fjerna.

Vennleg helsing *Tore Tveit*, Rektor

Rubbestadnes vgs

Elevinspektørordninga - tilbakemelding frå Rubbestadnes vgs

Viser til epost under og melder tilbake på vegne av Rubbestadnes vgs.

Bakgrunn

Rubbestadnes vgs er ein skule med «berre» yrkesfag, med stor andel av gutar. Ein stor del av lærarane og leiarane er ingeniørar som kjem frå næringslivet.

Elevinspektøren sin kompetanse

Elevinspektøren er ein viktig ressurs for leiargruppa.

Med bakgrunn i at elevinspektørane i lang tid har opparbeid seg brei kompetanse (erfaring + nettverk + mange kurs innan ulike tema) er det svært uheldig at denne vert teke bort om ikkje andre tilsette får grundig opplæring **før** det eventuelt skjer.

Viser og til dokumenta: *Retningslinjer for ressursteam og Elevinspektør – arbeidsoppgåver*. Dokumenta som her er vist til skildrar mange oppgåver som skal bli ivaretatt på ein god måte, - til det beste for elevane og samfunnet. Eg meiner ordninga med elevinspektør i stab er ei god ordning å fortsetje med, viktig med ein spesifikk stabsfunksjon som «vaktbikkje», ambassadør og sakshandsamar for å ivareta elevane sine rettar på ein god måte.

Eg ønskjer at elevinspektørordninga skal vidareførast. Kan kanskje på ein liten skule som oss reduserast til 40%.

Med venleg helsing Rune Gåsland

Stend vgs.

Fana 6/10-2017

SVAR PÅ HØRING KNYTTET TIL ELEVINSPEKTØRSTILLINGEN

Konklusjon: Ledergruppen på Stend mener at dagens ordning med elevinspektør fungerer godt, og gir skolene et godt verktøy til blant annet å håndtere skjerpingen i lovverket knyttet til elevens psykososiale miljø. Vi ber derfor om at dagens ordning blir videreført.

Ved Stend vgs. er det avsatt 60 % stilling spesifikt til elevinspektør. I tillegg er det lagt på 20% ekstra for å jobbe med systemarbeid, HMS, ansvarlig for skolens hjemmeside m.m. Elevinspektøren er en del av skolens lederteam.

Elevinspektøren er daglig leder, men har ikke personalansvar for elevtjenesten (rådgivere og miljøterapeuter), og jobber i tillegg tett sammen med rektor som har personalansvaret for denne gruppen.

Elevtjenesten har faste driftsmøter hver uke, og det er et fortløpende tett samarbeid mellom medlemmene i elevtjenesten. Ofte er elevinspektøren første kontakt for elever og personalet i akutte saker som må håndteres raskt. Det kan f. eks. være for å dempe konflikter, eller sette i gang undersøkelser av saker knyttet til § 9A-saker. Elevinspektøren er tett på elevene. Det er hele tiden tett og fortløpende dialog mellom elevinspektør og rektor. Sakenes innhold bestemmer om rektor kobler seg på eller ikke. En del elevsaker jobber vi sammen om. Enkeltvedtak knyttet til § 9A fattes alltid av rektor. Vi har likevel lagt stor vekt på at elevinspektøren skal ha god forvaltningskompetanse og kjennskap til saksgangen ved elevsaker f. eks. knyttet til § 9A.

Elevinspektøren er leder for skolens ressursteam. Hun forbereder saker, og holder tråden i arbeidet. Annenhver uke har vi ordinært ressursteam med eksterne (OT/PPT) og annen hver uke har vi internt ressursteam.

Elevinspektøren er også meget sentral når det gjelder elevrådsarbeidet, og det å få til et funksjonelt elevdemokrati. Elevinspektøren er ledelsens hovedkontakt for elevrådet. Gjennom henne blir også møter mellom elevrådsstyret og rektor organisert. Elevinspektør følger også opp russen, og er bindeleddet mellom russestyret og skoleledelsen

I tillegg er det hele tiden annet praktisk arbeid rettet mot elevene som elevinspektøren organiserer. F. eks. koordinering ved skolestart, fotografering til skolekatalogen, internasjonal dag, elevundersøkelsen, VIP, ...

Konsekvenser for Stend av at pålegget om elevinspektør tas vekk?

Alle aktører i skolemiljøet har et ansvar for å bidra til et godt skolemiljø. Dette budskapet er nå også forsterket i § 9A. På Stend har elevinspektør likevel en meget sentral rolle i dette arbeidet ved å koordinere, oppdaterer oss andre, utarbeide rutiner og systemer på skolen. Dette gjør elevinspektøren til en meget viktig aktør, som bidrar til at rektor sitt ansvar i forhold til § 9A blir ivaretatt, og hun er en god støttespiller for avdelingslederne.

Selv om elevinspektørene tas vekk, forsvinner ikke oppgavene. Andre må overta. På Stend har vi svært mange krevende elever, og mange «hendelser som krever tiltak». Disse andre som vil bli pålagt flere oppgaver vil på Stend bli rektor, assisterende rektor eller allerede hardt pressede avdelingsledere og rådgivere. Det vil være ekstremt uheldig om denne rollen med tilhørende arbeidsoppgaver blir smuldret opp, og fordelt rundt på «alle andre». De største taperne vil da bli de mest sårbare elevene som trenger stødige og trygge voksne i vanskelige situasjoner. Den mest nærliggende løsningen er at vi vil ansette en person med tilnærmet samme arbeidsoppgaver som elevinspektøren har i dag. Det vet vi vil kunne fungere.

Fordeler og ulemper med lokalt handlingsrom?

Lokal handlingsrom vil på de fleste områder oppleves som positivt for skolene. Utviklingen i HFK der handlingsrommet gradvis har blitt større på skolene, har gjort skolelederrollen mer interessant og det har gitt oss en mulighet til å utvikle skolene på en god måte.

Elevinspektørstillingen er nå godt innarbeidet i skolen, samtidig som oppgavene øker i mengde og viktighetsgrad. Vi ser derfor ikke noen hensikt i å ta vekk stillingen, selv om vi på skolene gis et handlingsrom for å gjøre det.

Dersom pålegget om elevinspektør faller bort, tror vi det vil føre til at mange skoler velger å ha en person ansatt i en tilsvarende rolle, men med et annet navn. Noen skoler vil helt sikkert finne ulike lokale løsninger som de mener vil kunne fungere. Det vi da har mistet er det nettverket og den ressursen elevinspektørene på de videregående skolene er, og burde være for fellesskapet HFK. Gjennom elevinspektørordningen har HFK hatt en ressurs og et verktøy ut på alle skolene som vi mener har vært for dårlig utnyttet av opplæringsavdelingen til virkelig å få til et løft i arbeidet med skolemiljøet m. m.

På skolemiljøkonferansen ble vi også utfordret på å dele tanker rundt det å gjøre elevinspektørstillingene om til lederstillinger, og la dem få personalansvar for elevtjenesten. En slik løsning kan for noen skoler bli en naturlig løsning dersom skolens handlingsrom endres her. Bakgrunnen for det er at elevinspektørene alt i dag på mange skoler har en del lederoppgaver (leder for ressursteam, leder for elevtjenesten, sitter i skolens ledergruppe osv). I og med at ledere i HFK skal ha personalansvar, vil det være en utfordring at antall personer i elevtjenesten ikke er så stort. Dersom en slik oppgradering av stillingene ikke skal bli for kostnadsdrivende, må en da se på hele lederstrukturen på skolene.

Uavhengig av hva som kommer ut av denne prosessen knyttet til elevinspektørstillingene, vil en lokalt kunne finne ulike løsninger som vil kunne fungere. Spørsmålet vårt er hvorfor det er nødvendig å lage mye uro og usikkerhet for å endre noe som i dag etter vårt syn fungerer godt. Elevinspektørene har en så viktig rolle i skolen, at endringer her lett vil føre til at dette viktige arbeidet pulveriseres, og en risikerer å miste mye av den kompetansen og det nettverket som er bygget opp. Det er verken HFK, skolene eller elevene tjent med.

Vennlig hilsen Magnus Vaktskjold For ledergruppen på Stend.

Arna vgs.

Uttale om elevinspektørstillinga frå Arna vgs:

- Kva konsekvensar kan det ha for skulane dersom pålegget om elevinspektørstilling fell bort?
 - elevane misser ein tydelig kontaktperson inn mot skuleleiinga som er viktig i forhold til elevmedverknad/elevrådsarbeid som kan ivareta elevane sine rettar – spesielt med tanke på nye §9A. Elevane nyttar og elevinspektøren som ein samtalepartner i skulekvardagen – ein som dei kan gå til når det buttar litt i mot.
 - Oppgåvene elevinspektør gjer, må skulane ivareta på ein aller annan måte. Skal ein fordela det på

avdelingsleiarane eller rådgjevar? I så fall kan ein oppleve eit mindre tydeleg fokus på mellom anna 9A, og kanskje arbeidet vert mindre synleg for elevane?

- Ved at ein person har ansvaret for oppgåvene, vil kunne få ei mest mulig lik oppfølging av elevar og praktisering av regelverk

- Kva fordelar og ulemper kan lokalt handlingsrom og fleksibilitet innebere i høve til å ivareta ansvarsområda og oppgåvene?
 - Noko lokalt handlingsrom vil vere naturleg, skulane har ein del lokale tilpassingar og utfordringar. Ved å samle spesifikke oppgåver til ein person i leiinga, kan skulen byggja opp god kompetanse innan dei områda. Deler ein oppgåvene på fleire, kan dei verte utvatna og ein får ulike løysningar på skulane – ulik oppfølging av elevane sitt skulemiljø.

Skulen stiller og spørsmål om kvifor denne saka kom opp akkurat no, og ein stiller og spørsmål med den korte tidsfrista.

Uttale om elevinspektørstillinga frå Arna vgs:

- Kva konsekvensar kan det ha for skulane dersom pålegget om elevinspektørstilling fell bort?
 - elevane misser ein tydelig kontaktperson inn mot skuleleiinga som er viktig i forhold til elevmedverknad/elevrådsarbeid som kan ivareta elevane sine rettar – spesielt med tanke på nye §9A. Elevane nyttar og elevinspektøren som ein samtalepartner i skulekvardagen – ein som dei kan gå til når det buttar litt i mot.
 - Oppgåvene elevinspektør gjer, må skulane ivareta på ein aller annan måte. Skal ein fordela det på avdelingsleiarane eller rådgjevar? I så fall kan ein oppleve eit mindre tydeleg fokus på mellom anna 9A, og kanskje arbeidet vert mindre synleg for elevane?
 - Ved at ein person har ansvaret for oppgåvene, vil kunne få ei mest mulig lik oppfølging av elevar og praktisering av regelverk
- Kva fordelar og ulemper kan lokalt handlingsrom og fleksibilitet innebere i høve til å ivareta ansvarsområda og oppgåvene?
 - Noko lokalt handlingsrom vil vere naturleg, skulane har ein del lokale tilpassingar og utfordringar. Ved å samle spesifikke oppgåver til ein person i leiinga, kan skulen byggja opp god kompetanse innan dei områda. Deler ein oppgåvene på fleire, kan dei verte utvatna og ein får ulike løysningar på skulane – ulik oppfølging av elevane sitt skulemiljø.

Skulen stiller og spørsmål om kvifor denne saka kom opp akkurat no, og ein stiller og spørsmål med den korte tidsfrista.

Nettverksgruppen for miljøgrupper

Hei. Vedrørende ryktene om at elevinspektørstillingen skal avvikles i Hordaland Fylkeskommune ønsker «Nettverksgruppen for Miljøgrupper» i videregående skoler å uttale seg kort om deres syn på saken:

Vi har et tett samarbeid med elevinspektørene på de respektive skolene våre, og vi ser tydelig behovet av rollen for både elever, foreldre og lærere. For oss i Miljøgruppene er det også en svært viktig kollega og samarbeidspartner for å ivareta elevenes psykososiale miljø i henhold til Opplæringsloven § 9 A. Vi stiller oss undrende til hvordan elevinspektørens rolle og arbeidsoppgaver skal fordeles om stillingen avvikles, og for hvordan man kan ivareta «elevsynet» i arbeidsoppgavene om det fordeles på andre ansatte. Dette gjelder alt fra konflikthåndtering, elevrådsarbeid, foreldresamarbeid, ressursteamstyring og lignende.

Vi håper at dere setter eleven i fokus og beholder elevinspektørene på de videregående skolene i Hordaland.

Med vennlig hilsen **Jan Fredrik Oddekalv** På vegne av «Nettverksgruppen for Miljøgrupper»
v/ Slåtthaug VGS, Stend VGS, Nordahl Grieg VGS

Voss gymnas.

HØYRINGSUTTALE OM ELEVINSPEKTØRORDNINGA frå Voss gymnas

Viser til utsendt mail av 29.09.17 om uttale frå skulane innan 15.10.17 om elevinspektørordninga ved HFK. Ein ønskjer synspunkt frå skulane på følgjande spørsmål, jf. utsend presentasjon:
Kva konsekvensar kan det ha for skulane dersom pålegget om elevinspektørstilling fell bort?
Kva fordelar og ulemper kan lokalt handlingsrom og fleksibilitet innebære i høve til å ivareta ansvarsområda og oppgåvene

Voss gymnas vil med dette signalisere at det vil få negative konsekvensar dersom elevinspektørstillinga fell bort.

Då dåverande opplæringsdirektør Gunnar Dale fremja saka for politisk handsaming i 1998 var det fire hovudoppgåver som var lagt til stillinga: *Elevinspektøren skal førebygge problemåtferd, mobbing og skulk, hjelpe elevene til aktiv demokratisk medverknad i skolen, samarbeide med rådgjevarane om sosialpedagogiske oppgåver og bistå med yrkesorientering.*

I presentasjonen frå fylkesdirektør opplæring er stillinga omtalt slik:

- *Hovudområde - Elevrådskontakt og elevdemokrati - Arbeid med skulen sitt læringsmiljø - Elevteneste/ rådgivingsteneste og ressursteam (også bortebruarar, internat)*

Stillinga er plassert i stab.

Underteikna har vore rektor i HFK i heile tida denne stillinga har eksistert og også før ho kom til. Det var ei god styrking av skulane sitt handlingsrom andsynes både arbeide med elevdemokrati og skulemiljøet generelt då skulane fekk tilført denne stillinga i 1998 med 50% ressurs. Ordninga med elevinspektør har vore og er ei styrking av skulane i Hordaland si satsing på eit godt, demokratibyggjande skulemiljø med fokus både på heile elevgruppa og den einkilde elev sine utfordringar. Skulane vil stå dårlegare rusta på dette området dersom stillinga vert teken bort.

Presiseringane i opplæringslova §9A er etter mitt syn ei ytterlegare grunngeving for viktigeita av å satse på elevinspektørordninga. Rektor har som i alt anna, endeleg ansvar for at alle elevar ved skulen har eit trygt og godt skulemiljø, men det er for rektor umogleg å handtere dette utan bruk av delegasjon. Aktivitetsplikta er understreka i lovkrav og HFK har utarbeidd malar og rettleiing til bruk i skulane for god handtering gjennom felles system. For den einkilde skule er det viktig å ha eit eins system og nivå for handtering av slike vanskelege saker. For eigen skule har vi utarbeidd retningslinjer for varsling frå lærarar og anna personale gjennom rådgjevartenesta til elevinspektør. Avdelingsleiarane og kontaktlærarane vert kopla på sine elevar, men den eins handsaminga av slike saker ligg til elevinspektør. På denne måten sikrar vi både god kommunikasjonsflyt, ein heilskapleg og einsarta handsaming av desse sakene og lett kommunikasjon for rektor i høve til dette. Vi sikrar også slike saker gjennom handsaming i ressursteam.

Forvaltningskompetanse er også eit viktig poeng her. Gjennom samling av §9A saker hos elevinspektør er det lett å sikre nødvendig kompetanse for god handsaming på likt vis i høve til elevsaker. Vi vil kunne sikre lik og grundig kjennskap til regelverk i organisasjonen gjennom at ein person har eit hovudansvar og kan rettleie m.a. avdelingsleiarar i dette.

Slik eg ser dette er elevinspektør ein ressurs som Voss gymnas ynskjer å bruke til dei felte som vi har innarbeidd i ny organisasjon og som bygger på mangeårig bruk av denne stillinga. Dette gjeld ansvar for

ressursteam (og arbeidsoppgåver knytt til dette), ansvar for elevrådsarbeidet (inkludert EO, elevnettverk på Voss, temadag for elevane, Operasjon dagsverk og diverse seminar med elevrepresentantane) og kontakt med russen. Desse oppgåvene fins og må utførast og det har vore ein styrking av skulen sin evne til å løyse dei på ein god måte at vi har og har hatt elevinspektørstillinga.

Økonomisk er det også bra å få tilskot til denne stillinga direkte. At det kjem i konflikt med ei rammebudsjettering bør etter underteikna si meining ikkje vere til hinder for at der vert lagt inn ein sum som dekkjer denne stillinga. Dersom politisk leiing meiner at elevinspektørstillinga er viktig å vidareføre, vil det vere mogleg å legge eit direktetilskot inn på toppen av ramma eller innarbeide ho i ramma.

Personalansvar er ikkje lagt til denne stillinga. Det er ei stilling som ligg i stab og slik sett har ho same funksjon som rådgjevarstillingane. For eigen skule og i eigen praksis har eg alltid hatt elevinspektør med i leiarmøte, og eg meiner det er ei god organisering som varetek ein bindelekk mellom leiinga og rådgjevarane i vekentlege møte. Eg ser ikkje problem med å ha stillinga i stab. I høve til elevar er det greitt og i høve til avdelingsleiarar er stillinga opplevd som ei støtte og ein ressurs i høve til deira arbeid med pedagogisk leiing. Sitat frå presentasjonen dykkar: *•Prioritering av pedagogisk leiing er knytt til å etablere mål for skulen, følgje opp elevane si læring og læringsmiljøet, samt involvere tilsette og elevar i systematisk skuleutvikling. • Leiinga har ansvar for å utvikle ein undervisnings- og vurderingskultur bygd på kunnskap, erfaringar og observasjon av lærings situasjonar, der det vert oppfatta som eit felles ansvar å undersøke kva elevane har lært og vurdere kva skulen skal gjere når eleven ikkje lærer som forventa.*

I praksis er elevinspektørstillinga ei særskilt viktig stilling for utvikling av elevdemokratiet ved skulane gjennom arbeidet med elevrådet og også i arbeidet med å hindre fråfall gjennom arbeid i Ressursteam der elevinspektør er leiar. Elevinspektør har også eit hovudansvar rundt utvikling av felles nærvær- og trivselsfremjande tiltak for elevane ved skulen som heilskap.

At Hordaland fylkeskommune har satsa på styrking av skulane sine rammer for å bygge gode skulemiljø med vekt på trivnad, gjennomføring og demokratibygging er i tråd med vidaregåande opplæring sitt samfunnsmandat, og syner etter mitt syn at politisk leiing har forstått kor viktig det er å setje skulane best mogleg i stand til å ta dette ansvaret og gjennomføre det på best mogleg vis. Det vil vere ei stor forringing av skulemiljø- og demokratiutviklingsarbeidet ved skulane dersom vi ikkje lenger skal kunne ha elevinspektørstillinga til å dedikere til dette arbeidet.

Voss, 10.10.17
Unn Fauskanger
Rektor ved Voss gymnas

Øystese Gymnas/Norheimsund vgs

Fylkesdirektør opplæring Svein L Heggheim

12.10.2017

HØYRINGSUTTALE OM ELEVINSPEKTØRORDNINGA

Viser til utsendt mail av 29.09.17 om uttale frå skulane innan 15.10.17 om elevinspektørordninga ved HFK.

Ein ønskjer synspunkt frå skulane på følgjande spørsmål, jf. utsend presentasjon:

Kva konsekvensar kan det ha for skulane dersom pålegget om elevinspektørstilling fell bort?

Kva fordelar og ulemper kan lokalt handlingsrom og fleksibilitet innebære i høve til å ivareta ansvarsområda og oppgåvene

Vi vil med dette signalisere at det vil få negative konsekvenser dersom elevinspektørstillinga fell bort.

I presentasjonen frå fylkesdirektør opplæring er stillinga omtalt slik:

• *Hovudområde - Elevrådskontakt og elevdemokrati - Arbeid med skulen sitt læringsmiljø - Elevteneste/ rådgivingsteneste og ressursteam (også bortebruarar, internat)*

Det var ei god styrking av skulane sitt handlingsrom andsynes både arbeide med elevdemokrati og skulemiljøet generelt då skulane fekk tilført denne stillinga i 1998.

Ordninga med elevinspektør har vore og er ei styrking av skulane i Hordaland si satsing på eit godt, demokratibyggjande skulemiljø med fokus både på heile elevgruppa og den einskilde elev sine utfordringar. Skulane vil stå dårlegare rusta på dette området dersom stillinga vert teken bort.

Presiseringane i opplæringslova §9A er etter vårt syn ei ytterlegare grunngeving for kor viktig det er å satse på elevinspektørordninga. Rektor har som i alt anna, endeleg ansvar for at alle elevar ved skulen har eit trygt og godt skulemiljø, men det er for rektor umogleg å handtere dette utan bruk av delegasjon. Aktivitetsplikta er understreka i lovkrav og HFK har utarbeidd malar og rettleiing til bruk i skulane for god handtering gjennom felles system. For den einskilde skule er det viktig å ha eit eins system og nivå for handtering av slike vanskelege saker.

Forvaltningskompetanse er også eit viktig poeng her. Gjennom samling av §9A saker hos elevinspektør er det lett å sikre nødvendig kompetanse for god handsaming på likt vis i høve til elevsaker. Vi vil kunne sikre lik og grundig kjennskap til regelverk i organisasjonen gjennom at ein person har eit hovudansvar og kan rettleie m.a. avdelingsleiarar i dette.

Slik vi ser dette er elevinspektør ein ressurs som vi ynskjer å bruke til dei felte som vi har innarbeidd i ny organisasjon og som bygger på mangeårig bruk av denne stillinga. Dette gjeld ansvar for organisering ved oppstart av skuleåret, skuleval, dataundersøkingar (elevundersøkinga, Ung data m.m.), ansvar for elevrådsarbeidet (inkludert EO, temadag for elevane, Operasjon dagsverk, kontakt med poilti og Trygg trafikk) og diverse seminar med elevrepresentantane) og kontakt med russen. Desse oppgåvene fins og må utførast og det har vore ein styrking av skulen sin evne til å løyse dei på ein god måte at vi har og har hatt elevinspektørstillinga.

Dersom skulane framleis får den øyremerkte tildelinga vil det vere ei føremon ved at skulen får auka handlingsfridom. Ein kan då leggje elevinspektør oppgåvene til ein avdelingsleiar, dele oppgåvene på fleire eller omdisponere leiarressursar slik at elevinspektør vert avdelingsleiar med dei plikter og fullmakter som ligg til avdelingsleiar. Vi ser det som ei føremon om elevinspektør vert ein del av skulen si leiing. Dersom konsekvensen vert at skulen mister elevinspektør og får redusert tildeling, kan vi ikkje sjå korleis vi skal få løyst dei samla leiar oppgåvene.

Sitat frå presentasjonen dykkar: •*Prioritering av pedagogisk leiing er knytt til å etablere mål for skulen, følgje opp elevane si læring og læringsmiljøet, samt involvere tilsette og elevar i systematisk skuleutvikling.* • *Leiinga har ansvar for å utvikle ein undervisnings- og vurderingskultur bygd på kunnskap, erfaringar og observasjon av læringssituasjonar, der det vert oppfatta som eit felles ansvar å undersøke kva elevane har lært og vurdere kva*

skulen skal gjere når eleven ikkje lærer som forventa.

I praksis er elevinspektørstillinga ei særskilt viktig stilling for utvikling av elevdemokratiet ved skulane gjennom arbeidet med elevrådet og også i arbeidet med å hindre fråfall. Elevinspektør har også eit hovudansvar rundt utvikling av felles nærvær- og trivselsfremjande tiltak for elevane ved skulen som heilskap.

At Hordaland fylkeskommune har satsa på styrking av skulane sine rammer for å bygge gode skulemiljø med vekt på trivnad, gjennomføring og demokratibygging er i tråd med vidaregåande opplæring sitt samfunnsmandat, og syner etter vårt syn at politisk leiing har forstått kor viktig det er å setje skulane best mogleg i stand til å ta dette ansvaret og gjennomføre det på best mogleg vis. Det vil vere ei stor forringing av skulemiljø- og demokratiutviklingsarbeidet ved skulane dersom vi ikkje lenger skal kunne ha elevinspektørstillinga til å dedikere til dette arbeidet.

Ingebjørg Bakke, rektor

Åsane vgs.

Skolen er bedt om å gi uttale på «hvilke konsekvenser det kan ha for skolen dersom pålegget om elevinspektørstillingen faller bort, samt å uttale oss om hvilke fordeler og ulemper lokalt handlingsrom og fleksibilitet kan ha for å ivareta ansvarsområdene og oppgavene ved skolen.

Denne tilbakemeldingen fra Åsane vgs står en samlet om, både skolens ledergruppe, de stedlige tillitsvalgte representert ved Utdanningsforbundet, Norsk Lektorlag, Sykepleierforbundet og fagforbundet, samt skolens hovedverneombud.

For oss handler spørsmålet om hvorvidt en ønsker en bedre skole eller en billigere skole. Åsane vgs ønsker å bli en bedre skole hvor langt flere av våre elever fullfører og består sitt opplæringsløp. Skal resultatene forbedres kreves det ressurser. Elevinspektørstillingen er en viktig ressurs for skolen. Vår konklusjon er derfor - Ja til opprettholdelse av elevinspektørstillingen, ja til å kunne organisere våre personalressurser på best mulig måte internt, nei til reduksjon av skolens økonomiske rammer. Vårt standpunkt er forsøkt underbygget i den følgende tekst.:

Elevinspektørstillingen har en hatt ved skolen siden det politiske vedtak kom i 1998. Ordningen har vært evaluert i 2 runder, hvor en ved begge anledninger har vurdert ordningen som positiv. Noe vi støtter gjennom vår erfaring med stillingen over mange år.

Elevinspektørstillingen er plassert i stab, men har over år antageligvis utviklet seg forskjellig fra skole til skole. I løpet av de årene vi har hatt stillingen har det vært en rivende utvikling i arbeidsoppgaver, krav og forventninger til hva skolen skal være ansvarlig for når det gjelder elevenes skolemiljø generelt og deres læringsmiljø spesielt. Vi har tilpasset vår organisasjon opp mot de forventinger som stilles og opp mot de ressurser vi har til rådighet. F. eksempel har en ikke fagledere i stab på lik linje som en hadde år 2000. Det er stort sett bare elevinspektør tilbake i stab. Elevinspektør er en svært viktig støttespiller, utøver og påtrykker både som kontaktperson, internt og eksternt, og i forhold til holdningskapende arbeid når det gjelder skolens mål om økt fullføring og bestått for våre elever.

Elevinspektør har svært mange betydningsfulle oppgaver. Å liste opp alle oppgavene her vil kreve et svært langt svar. Men noen viktige hovedområder kan settes opp. Elevinspektør er elevrådskontakt og daglig ansvarlig for bygging av elevdemokratiet i skolen. Denne høsten har det vært Stortingsvalg. Elevinspektør er sentral i skolevalget. En må hvert år arbeide for å få opprettet nytt elevråd, samt drive opplæring og

rettledning av nye tillitsvalgte ved skolen. Åsane vgs har mange vg1-tilbud, men få vg3 tilbud. Det medfører at en mer eller mindre må begynne på nytt hvert år. Der er liten kontinuitet i elevrådsarbeidet. Hverken skolens ledelse eller andre ansatte på skolen kan fraskrive seg ansvaret en har etter opplæringsloven §9A, men dette arbeidet er knyttet opp mot svært mange daglige «gjøre»-oppgaver for å kunne skape systematikk. Skolen har et utviklingsarbeid knyttet til økt elevmedvirkning og økt elevdemokrati. Klassens time, 4-kantmøter og kobling til skolemiljøutvalg bidrar til systematikk og forebyggende arbeid relatert til opplæringsloven §9A. Elevinspektør er en viktig pådriver og sørger for kontinuitet i dette arbeidet ved skolen og er i første linje for dette arbeidet overfor elevene. Skulle elevinspektørstillingen fjernes fra skolen vil andre måtte utføre oppgaver som f.eks. kontakt med elevråd, skolemiljøkonferansene, kontakt med russen, forebyggende arbeid og kontakt mot eksterne instanser som f.eks. SLT (samordning av lokale kriminalitetsforebyggende tiltak). Elevinspektør er også vår kontaktperson mot oppsøkende tjeneste og politiet. Praktisk gjennomføring av elevarrangementer, daglig ledelse av, og oppfølger av, ressursteamet ved skolen, og ikke minst inntaket av elever med kontakt mot alle ungdomskolene er andre oppgaver som er sentrale for elevinspektør.

Om elevinspektørstillingen skal bort vil oppgavene måtte fordeles på mange andre, som i utgangspunktet har et mer en stort nok kontrollspenn og mange nok arbeidsoppgaver fra før. Skal rektor som øverste ansvarlig ved skolen forholde seg til mange flere innen disse områdene, er faren, at en mister oversikt og systematikk i arbeidet, overhengende. Konsekvensen vil være at skolen må ansette en ny person, f.eks. en fagleder, for å sikre at viktige 45

Kompleksiteten i skolen øker år for år. Behovet for å ha personer med spisskompetanse inne avgrensede arbeidsfelt øker med dette. Elevinspektør er en slik stilling hvor en samler kompetanse til felles nytte for alle i skolen som har et daglig og forpliktende ansvar for at elever har et trygt og godt skolemiljø.

Ulempen med dagens føringer for elevinspektørstillingen er at stillingen ikke kan inngå i ledergruppen ved skolen. Stillingen er pr. definisjon plassert i stab. Dette har over tid skapt uheldige situasjoner ved at elevinspektør holdes utenfor arenaer hvor viktige beslutninger fattes. Skolen ønsker å kunne vurdere, og selv ta stilling til, om det er formålstjenlig for vår organisasjon at elevinspektør eksempelvis får personalansvar for personer tilknyttet elevtjenesten (rådgivere). Organisatorisk kan dette være mer ryddig enn hva som er tilfelle nå.

Vedtaket om oppretting av elevinspektørstillingen har bidratt til at skolen har fått økonomisk tilskudd til å løse oppgavene. Faller pålegget om elevinspektørstillingen bort er det nærliggende å tolke at det også vil få økonomiske konsekvenser for skolen. En ytterligere reduksjon i skolens økonomiske rammer som følge av dette vil medføre ytterligere forverrede økonomiske konsekvenser for skolen. Skolen opplever en svært krevende økonomisk situasjon med stadige nedskjæringer og en kan undres over om en tvinges til å vurdere om må fjerne elevinspektør eller eksempelvis studiesentertilbudet ved skolen. Skolen mener at begge deler i sum, eller hver for seg vil gi konkrete negative utslag i antall fullført og bestått for våre elever.

For Åsane vgs, Jens-Petter Storheim, Rektor Åsane vgs

Elevinspektør Bergen Katedralskole

Høring vedrørende elevinspektørstilling i HFK.

Viser til epost av 29.09.17, vedrørende behandling av elevinspektørstillinger i Hordaland fylkeskommune. På grunn av kort høringsfrist er saken kun behandlet i ledermøte, samt drøftet i møte med de tillitsvalgte for arbeidstakerorganisasjonene.

1. **Arbeidstakerorganisasjonene ved Bergen Katedralskole har laget en separat uttale**, og denne legges ved som eget dokument i dette svaret på høringen. De begrunner saken ut fra spørsmålene som

stilles i høringsnotatet, og argumenterer for å beholde stillingen som elevinspektør. De konkluderer med følgende:

« Siden vi har en godt innarbeidet og velfungerende ordning som har vært på plass siden 1998, er fagforeningene sterkt negative til en endring som vi ikke ser noe behov for, og som vi er redd for kan få svært uheldige konsekvenser for arbeidet med skolemiljøet.»

2. Ledergruppen ved Bergen Katedralskole har følgende innspill til behandling av saken.

A) Slike hovedoppgaver ivaretas i dag gjennom stillingen som elevinspektør:

- Nær kontakt og samarbeid med skolens elevråd og elevrådsstyre. Deltar og hjelper til med organisering og fremdrift, samt er elevrådets kontaktperson i ledergruppen.
 - Nær kontakt og samarbeid med skolens andre elevgrupper, så som Elevsamfunnet Hugin, Natur og ungdom, Skolerevyen, Skoleavisen, Årbokkomitéen, UngSOS (SOS Barnebyer), Aksjonsgruppen for Tore Eikelands Legat, Kattelistyret, samt andre elevgrupper som trenger veiledning og hjelp.
 - Ledelsens løpende administrative kontakt med Russestyret. Ansvarlig for informasjonsformidling mellom russ og skole, organisering og hjelp til ulike arrangement i russetiden.
 - Leder av, og deltaker i, skolens ressursteam. Ansvar for innkallinger, saker og referater.
 - Hovedansvar for gjennomføringen av VIP (Veiledning og informasjon om psykisk helse)
 - Elevinspektør administrerer tilrettelegging av støtteundervisning, studieverksted, kurs om stressmestring, opplæring i program for dyslektikere (LingDys) mv.
 - Ansvar for ulike arrangement i skolens regi, så som tilrettelegging og informasjon vedrørende foreldremøter.
 - Aktiv i skolemiljøsaker. Sitter i skolemiljøutvalg, og bidrar til løsning av ulike elevsaker i forbindelse med Kapittel 9A i Opplæringslova - Elevane sitt skolemiljø.
 - Nært samarbeid med skolens rådgivere, skolehelsetjeneste, og aktørene i støtteapparat som PPT og lokalpoliti.
 - Deltar i ledergruppens møter i som behandler pedagogiske utviklingssaker, samt i driftsmøter.
- Postadresse: Besøksadresse: Telefon: E-post: Postboks 414 Marken Kong Oscarsgate 21 57 30 67 00
 post.bks@hfk.no 5832 BERGEN Hjemmeside: bks.hfk.no

B) Innspill til spørsmålene

«Kva konsekvensar kan det ha for skulane dersom pålegget om elevinspektørstilling fell bort?» og «Kva fordelar og ulemper kan lokalt handlingsrom og fleksibilitet innebere i høve til å ivareta ansvarsområda og oppgåvene?»

- Det kan ligge en fare i nedprioritering av disse oppgavene, særlig i økonomisk strammere tider. Det ville være svært uheldig med tanke det sterke fokuset skolene skal ha på arbeid med elevenes trivsel og læringsmiljø.
- Dersom oppgavene i fremtiden skal fordeles på flere personer, er det lett for at det sterke elevmiljøfokus vi har i dag, kan smuldre bort. Om stillingen avvikles og arbeidsoppgavene fordeles på resten av ledergruppen, vil det medføre betydelig økning av arbeidsoppgaver for flere, og andre arbeidsoppgaver må nedprioriteres. Vi ser det derfor som svært viktig at oppgavene knyttet til Kap.9A, og som i dag ivaretas gjennom stillingen, fremdeles er samlet på en person.
- Med hensyn til skjerping av loven som fant sted 9. juni 2017, ser skoleledelsen det som særdeles viktig at det i fremtiden også øremerkes budsjettmidler til å ivareta arbeid med elevmiljøet på en god måte.
- Skolene i HFK har ulike typer utfordringer i elevmiljøene. Fleksibilitet i forhold til bruk av midler vil kunne gi den enkelte skole rom for å sette i gang tiltak som treffer spesifikt i forhold til det å ha en felles instruks som treffer skolene mer generelt.

- Dersom stillingen skulle falle bort i fremtiden må skolen sikres mulighet til å kunne opprettholde en funksjon som ivaretar oppgavene på området. Skolen må selv kunne bestemme organisering og prioritering av arbeidsoppgaver.

3. Konklusjon

For å sikre kontinuitet i det gode elevmiljøet ved skolen, ser ledelsen ved Bergen Katedralskole at oppgaver og fokus best ivaretas gjennom en ordning med elevinspektør slik den er organisert hos oss i dag.

Dersom stillingen avvikles, ber vi om at det avsettes øremerkede midler til dette arbeidet, og at skolens ledelse får en fleksibel mulighet til å opprettholde og prioritere en samlet innsats for Kap 9A i årene som kommer.

Med vennlig hilsen Lise Holsen ,Rektor Bergen Katedralskole

Fagforeninger Bergen katedralskole

Innledning

Vi viser til sak 16/17/18 på informasjons- og drøftingsmøte på Bergen Katedralskole 4. oktober 2017 angående utgreiing om elevinspektørordningen. Opplæringsavdelingen ber om svar på følgende spørsmål:

- Kva konsekvensar kan det ha for skulane dersom pålegget om elevinspektørstilling fell bort?
- Kva fordelar og ulemper kan lokalt handlingsrom og fleksibilitet innebere i høve til å ivareta ansvarsområda og oppgåvene?

Vi minner på at opplæringsavdelingen har i skriv av 24.09.2014 definert følgende hovedområder for elevinspektørens arbeidsoppgaver:

1. Elevrådskontakt og elevdemokrati
2. Arbeid med skulen sitt læringsmiljø
3. Elevteneste/rådgivingsteneste og ressursteam

Vi vil ta utgangspunkt i disse hovedområdene når vi svarer på de to spørsmålene.

Elevrådskontakt og elevdemokrati

Elevinspektøren er en tydelig kontaktperson for elevrådet og et viktig mellomledd som skaper smidig kontakt mellom elevråd og skolens ledelse. Dette er særlig viktig når skolen er spredt på flere bygg, men gjelder også generelt. Kontaktlærerne opplever elevinspektøren som en særdeles god støtte i deres arbeid med elevdemokrati og elevengasjement.

På vår skole har elevinspektøren en avgjørende rolle når det gjelder å legge til rette for det omfattende elevengasjementet i både elevråd og frivillige organisasjoner, f.eks. elevsamfunnet Hugin, Natur og ungdom, skolerevyen, skoleavisen, årbokkomitéen, russestyret, UngSOS (SOS Barnebyer), aksjonsgruppen for Tore Eikelands Legat, Katteli-styret.

Elevdemokratiet består ikke bare av selve elevrådet, men også av alle disse andre organisasjonene. Uten bredt engasjement er valg til elevrådet ikke nok i seg selv for å skape et godt skolemiljø. Selv om vi i utgangspunktet har aktive og engasjerte elever på Bergen Katedralskole, er det nødvendig å ha en godt synlig person som har ansvar for å legge til rette for og koordinere aktiviteter og organisasjoner.

Arbeid med skolens læringsmiljø

Elevinspektøren har et viktig ansvar for å fremme elevens psykososiale læringsmiljø. Satsingsområde 3 i skolens utviklingsplan er "Folkehelse og livsmestring", og elevinspektøren har hovedansvar for mesteparten av de konkrete tiltakene som hører inn under dette satsingsområdet. Side 2 av 2

I tillegg har elevinspektøren ansvar for gjennomføringen av VIP (Veiledning og informasjon om psykisk helse) på Vg1, noe som er et viktig tiltak for å sette søkelys på elevenes psykiske helse. Vi opplever at elevene ofte mangler de nødvendige verktøy for å mestre overgangen til videregående opplæring, for eksempel når det gjelder stressmestring.

Elevtjeneste/rådgivningstjeneste og ressursteam

Elevinspektøren har overordnet ansvar for skolens ressursteam og har det koordinerende ansvar for elevtjenesten/rådgivningstjenesten, herunder rådgivere og helsesøster. Ressursteamet jobber aktivt med å legge til rette for at elevene skal mestre skolehverdagen og gjennomføre opplæringen.

Aktuelle tiltak omfatter blant annet å legge til rette for ekstraundervisning, studieverksted, kurs om stressmestring, opplæring i program for dyslektikere (LingDys). I tillegg jobber elevinspektør og ressursteam tett sammen med PPT, BUP og skolepsykologene. Alle disse tiltakene er viktige for å sikre elevens fullføring.

Konklusjon

Dersom pålegget om elevinspektørstilling faller bort, må alle de funksjonene og ansvarsområdene som er nevnt ovenfor, ivaretas av andre. Dersom én person skal få alle oppgavene, blir det i realiteten ingen forandring. Dersom oppgavene skal legges til en avdelingsleder, får vedkommende ikke tid til fag- og personalansvar. Dersom oppgavene skal fordeles på flere, for eksempel avdelingsledere og rådgivere, vil det høyst sannsynlig føre til fragmentering og uklar ansvarsfordeling.

Når det gjelder spørsmålet om lokalt handlingsrom og fleksibilitet, mener fagforeningene at det er svært viktig at skoleeier gir et tydelig signal om at disse oppgavene og funksjonene er så viktige at de må ivaretas av en konkret person på hver skole, og at det settes av en øremerket ressurs til dette. Det finnes allerede lokalt handlingsrom i den forstand at skolen kan sette av mer ressurs til elevinspektør.

Siden vi har en godt innarbeidet og velfungerende ordning som har vært på plass siden 1998, er fagforeningene sterkt negative til en endring som vi ikke ser noe behov for, og som vi er redd for kan få svært uheldige konsekvenser for arbeidet med skolemiljøet.

Bergen Katedralskole 5. oktober 2017
Gøril Barka
Utdanningsforbundet

Siren Marit Dahl	Willem von Erpecom
Skolenes Landsforbund	Norsk Lektorlag/Akademikere

Berit K.Ø.Nilsen datert 15.10.17.

Til opplæringsavdelinga i Hordaland Fylkeskommune

Postmottak.Opplaering@hfk.no

Bergen, 15. oktober 2017

Vi takkar for svarbrev datert 4/10, på brev frå elevinspektørane i HFK 29/9-17.

Vi tar svaret til etterretning, og vil her berre kort kommentere spørsmåla som høyringsbrevet ber om synspunkt på. Vi viser samstundes til brev frå elevinspektørane i Bergen sør, 21/9-17.

Kva konsekvensar kan det ha for skulane dersom pålegget om elevinspektørstillinga fell bort?

I nytt kapittel 9A, og i styringsdokument blir det understreka at alle skuleleiarar og lærarar har ansvar. Dette er ikkje nytt, men ved å ta bort elevinspektørstillinga mister skulane ein person som kan løfte fram viktige tema for å skape eit godt og trygt skulemiljø, og som kan støtte rektor med å ha oversikt, koordinere og gjennomføre tiltak, internt og eksternt.

- Førebyggjande arbeid kan bli nedprioritert i ei hektisk kvardag.
- Skulene vil miste ein sentral ressurs i planlegging og gjennomføring av tiltak retta mot heile skulemiljøet.
- Rektor vil miste eit viktig bindeledd mot elevane, og ein ressurs som har oversikt på tvers av utdanningsprogram, avdelingar og klassar.
- Elevrådet vil miste ein viktig støttespelar, som har sikra kontinuiteten i arbeidet, og kontakten med leiargruppa.
- I Elevinspektørane sin stilling har forvaltningskompetanse vore sentralt. Ved å fjerne denne kan elevane sine rettar bli svekka, med tanke på koordinering av rutinar og prosedyrar slik at dei blir handtert likt for alle elevar, uavhengig av klasse og utdanningsprogram. Elevane mister og den ressursen på skulen som har som hovudoppgåve å sjå til at deira rettar blir ivaretatt.
- Skulen sitt samarbeid med eksterne aktørar, til dømes politi, SLT, NAV, barnevern og andre på systemnivå, kan bli fragmentert og svekka.

Kva fordeler og ulemper kan lokalt handlingsrom og fleksibilitet innebære i høve til å ivareta ansvarsområda og oppgåvene?

Dersom det er opp til skulene å velje korleis dei skal ta i vare dei oppgåvene som elevinspektør har hatt ansvar for, kan det føre til ulike løysingar. Ei løysing er å spreie oppgåvene på fleire, noko som vil gjere det vanskeleg å ha samla oversikt, og til å koordinere innsatsen på viktige områder. For nokon skuler kan løysinga vere at stillinga blir ført vidare. Vi ser det som naturleg at ei slik stilling i så fall blir ei leiarstilling, med personalansvar for elevtenesta/rådgivarar, eventuelt miljøarbeidarar, eller andre som det er naturleg å leggje under ei slik stilling. Slik vi forstår nye retningslinjer for leiarstrukturen i HFK, opnar den for slike løysingar. Dersom eit vedtak om å ta bort stillinga betyr at skulen får ei halv stilling trekt frå i sitt budsjett, er vi derimot redd for at oppgåvene blir nedprioritert i ein stram økonomisk situasjon. Vi ynskjer difor at Hordaland Fylkeskommune vidarefører ordningar som sikrar at oppgåvene blir prioritert, fortrinnsvis gjennom å styrke elevinspektøren si rolle og mandat.

For å sikre at oppgåvene som elevinspektørane har hatt ansvar for blir prioritert i framtida, er det avgjerande at nokon blir peikt på som ansvarleg for å støtte rektor i desse. Dersom Hordaland Fylkeskommune tar førebyggjande arbeid, og oppfølging av vedtekne handlingsplanar på alvor, vil det vere avgjerande at dei har eit nettverk av kontaktpersonar som kan koordinere dette arbeidet på alle skulane. Vi vonar på dette grunnlaget at Hordaland Fylkeskommune ser seg tent med å halde på ordninga med elevinspektørar eller tilsvarande stilling på alle skulane.

Vi ser framleis fram til ein open dialog om korleis vi kan føre vidare det viktige arbeidet for gode skulemiljø i HFK.

På vegne av elevinspektørane i Hordaland Fylkeskommune.

Kontaktperson Berit Karin Ø. Nilssen

berit.karin.nilssen@hfk.no

Askøy vgs.

Askøy vidaregåande skole har vurdert spørsmåla som er stilt i e-post av 29.09.2017.

1. Innleiing.

Askøy vidaregåande skole har ved tidlegare høve kommentert leiarstruktur og ressursar til leiing. Skolen viser til den attendemeldinga som vart gjeven der. Kort sagt melder skolen at samla ressursar til leiing er for små. I lys av dette ønskjer vi å presisere at vi ikkje ser noko faktisk grunnlag for å redusere dei samla administrative ressursar til skolen.

Våre kommentarar byggjer på denne konklusjonen og vi gjev våre kommentarar til kvart av spørsmåla i lys av dette.

2. Kva konsekvensar kan det ha for skulane dersom pålegget om elevinspektørstilling fell bort?

Askøy vgs ser klart behovet for at oppgåver som sikrar aktivitet i elevgruppa og deira medverknad til å skape eit trygt og godt skulemiljø for alle, bør leggjast til ein person. Dette er kjernen i elevinspektørrolla, slik den er i dag. Elevråd, Russestyre, Aktivitetsdagar, Solidaritetsarbeid (OD eller anna solidaritetsarbeid), MOT og fleire oppgåver som gjeld heile skulesamfunnet fell inn under dette. Vår vurdering er at det er naudsynt med ei synleg rolle i skolens organisasjon som har ansvar for slike oppgåver. Om det ikkje lenger er eit «pålegg» eller eit vedtak om det, ønskjer vi likevel å halde fram med ei slik synleg rolle innanfor dei ressursar skolen får tilgang til. Slik sett er konsekvensen av at det ikkje er eit pålegg om å ha ei slik stilling ikkje dramatisk, ettersom den nok vil bli ført vidare uansett pålegg eller ikkje.

Skolen si vurdering er vidare at det er teneleg at den som har denne rolla ikkje skal kombinere den med for mange andre oppgåver. Å sikre fokuset på elevaktivitetar og elevane sitt medansvar for å skape eit godt og trygt skulemiljø og ta ansvar for den positive og engasjerte elevaktiviteten og skulemiljøet sett i «stort» perspektiv bør framleis vere knytt til ein person.

Det er ei utfordring å sjå alternative løysingar for dette i høve til det vi har i dag. Det er naturleg at skolen legg oppgåver til denne stillinga i eit slikt omfang at det blir ei god fordeling av arbeidsmengd i høve til den ressursen som ligg til stillinga.

I den nye budsjettmodellen, slik den er presentert for rektorar på regionmøte, blir det lagt opp til at skolen får ein samla ressurs til «administrasjon». Det er eit stort spørsmål om det er teneleg å binde opp delar av denne ressursen til ei bestemt organisering eller ressursfordeling som skal gjelde for alle skolar.

Vinsten ved å kunne disponere ressursen friare enn i dag er at det gir høve til å reindyrke rollene og sikre at det blir ei god fordeling av ressursar i høve til oppgåvene som fell på den einskilde.

Ulempene med å opne for ei slik løysing er faren for at ressursen som i dag går til skolen, blir redusert eller teken vekk. Vi viser til innleiinga om at ressurstilgangen allereie er for liten.

3. Kva fordelar og ulemper kan lokalt handlingsrom og fleksibilitet innebere i høve til å ivareta ansvarsområda og oppgåvene?

Den største ulempa vil nok vere knytt til at om ein reduserer omfanget av stillinga som elevinspektør til mindre enn 50% vil oppgåvene som skal utførast i større grad koma i konflikt med undervisning. At elevinspektøren er oppteken med undervisning og dermed ikkje like lett finn rom til å utføre oppgåvene som ligg til stillinga kan gå ut over kvaliteten i dette arbeidet. At stillinga på denne måten også kan bli mindre attraktiv vil det ikkje vere unaturleg å tenkje seg. Etter møte med tillitsvalgte i dag 16.10.2017, ser vi at det allereie no er stor turnover for stillinga som elevinspektør.

Innan området «elevtenester, rådgivingsteneste og ressursteam» er det seinast i 2013 gjennomført ein revisjon av rammer for m.a ressursteamet. Her blir ansvaret for å sikre samordning mellom det generelle arbeidet med læringsmiljøet og innsatsen for einskildelevar tydeleggjort. Etter denne revisjonen er ansvaret som ligg til elevinspektør svært tydeleg.

Det vil krevje grundig gjennomgang og mange endringar i dei føringar som er gitt frå HFK sentralt, dersom ein ikkje lenger finn grunnlag for å ha vedtak om at stillinga som elevinspektør skal vidareførast. I høve ressursteamet vil ein måtte sjå nøye på rollene både til kontaktlærar, rådgjevarar og avdelingsleiarar dersom ein ikkje lenger finn rom for stillinga som elevinspektør. Det vil krevje ressursar både å utarbeide nye rammer og å gjennomføre aktuelle endringar.

Gitt at dei endringar i rammene frå HFK som er peikt på over blir gjennomført vil fordelane med lokalt handlingsrom og fleksibilitet for utnytting av dei samla ressursar skolen får tildelt, kunne knyttast til fleire punkt. Her vil naturleg nok lokale tilhøve spele inn, og den samla organiseringa må sjåast i ein heilskap. Det vil føre for langt å gå djupt inn i mange og ulike modellar for dette i dette høvet.

Skolen vil understreke at det er trong for å styrke rådgjevingstenesta. Etter møte med tillitsvalgte i dag vart dette punktet sterkt understreka.

Det er nok ulike syn ved skolen om det er turvande å ha ei eigen definert rolle som «elevens advokat» i skulesamfunnet. Etter 9.a har vi alle eit ansvar for å sikre at vi arbeidet for godt og trygt skulemiljø og å arbeide for at elevar lukkast med utdanninga si. §9.a i opplæringslova legg eit stort ansvar til kontaktlærar og til lærarpersonalet i høve elevane sine rettar.

Vi avsluttar med å minne om innleiinga: Det er allereie for små ressursar til skuleleiing og ingen av våre punkt kan lesast som at dei gjev grunnlag for å trekke inn ressursar frå den samla leiarressursen / stabsressursen som må til for å gje god opplæring til alle elevar.

Sluttmerknad: I lys av at det er haustferie denne veka og at fristen er sett til ein søndag, ber vi om forståing for at vårt innspel til saka kjem ein dag etter fristen. Dette for å kunne sikre lokal medverknad i saka.

Med helsing Askøy vgs, Oddvar Skråmestø, rektor

Årstad vgs.

Ved Årstad er oppgaver til elevinspektør ivaretatt ved avdelingsleder for Elevtjenestene. Det sikrer at oppgaveansvarlig er en del av rektor sin ledergruppe og vedkommende har personalansvar for rådgiverne. Dette gir mulighet for at avdelingsleder kan bruke flere innen egen avdeling om nødvendig. I forhold til ansvar ivaretas det ved at avdelingsleder er styringslinjen til rektor.

Rektor ser det som naturlig at det er mulig å nytte ressursene enten det er økonomiske eller personellmessige ut fra lokale behov. Organiseringen ved Årstad vgs ivaretar ansvaret som ligger på rektor, samtidig som det er tydelig fremkommer i strukturen hvem som har de ulike arbeidsoppgaver.

Ressursmessig bruker Årstad vgs betydelig mer midler enn 50% ressurs, og forventer at ulike behov ved skolene ivaretas ved det nye kriteriebaserte økonomisystem som innføres.

Mvh

Rolf A Haugstvedt, Rektor Årstad vgs

Sotra vgs.

Dokumentet let seg ikkje kopiera; ligg på dok. 25.

Osterøy vgs.

Innspel frå Osterøy vidaregåande skule, vedrørande elevinspektørordninga:

Elevinspektøren ved Osterøy vgs har mange oppgåver, og desse er formulerte i dokumentet, «Arbeidsoppgåver i leiargruppa», datert 26.03.2014. Dette dokumentet ligg tilgjengeleg for alle tilsette. Viktige aspekt med jobben som elevinspektør, som eg vil trekkja fram her, er å ha eit særleg ansvar for elevane sine rettar i læringsarbeidet, leggja til rette for å fylgja opp arbeidet med elevdemokrati, samt fremma elevmedverknad på fleire område, både på eit overordna plan og i felten. Viss fylket avviklar elevinspektørordninga, kan det føre til ei svekking i arbeidet med desse oppgåvene. Skulen vil gjera ein god jobb med å fanga opp og fylgja opp elevar som av ulike grunnar fell utanfor, det eg er uroleg for, er arbeidet med elevmedverknad og elevdemokrati. Kvifor er elevinspektøren viktig?

-Det er viktig at den som har desse oppgåvene, er del av administrasjonen ved skulen. Skal ein ivareta elevane sine rettar, må ein vera med å planleggja aktivitetar. Det er for seint å koma på banen når ting skal gjennomførast. Å fjerna elevinspektøren, og å dela desse oppgåvene ut til fleire i leiinga, vil etter mitt syn ikkje vera ei god løysing. Det er heller ikkje tilfredstillande at ein eller fleire miljøarbeidarar overtek desse oppgåvene, denne personen vil ikkje koma inn tidleg nok til å ha påverknad.

-Det er viktig at det er ein person som har desse oppgåvene. Å arbeida tett med elevane, ja å arbeida tett med kven som helst, er eit spørsmål om personleg kontakt, og skal ein få noko gjort, er den personlege relasjonen viktig. Elevane skal vera med både i planlegging og gjennomføring, og må trekkjast med tidleg, om dei skal ha reell innflytelse på skulen. Elevinspektøren har ofte eit rikt nettverk, både på andre skular og andre eksterne samarbeidspartar. Dette kjem til nytte i arbeidet.

- Elevinspektøren har gjerne relativt mykje undervisning, og dette er ein fordel. Å vera direkte involvert i det daglege læringsarbeidet, gjennom undervisning, gir direktekontakt med elevane sin skulekvardag. Dette perspektivet er nyttig å ha med seg, når ein skal ivareta elevrettar og elevmedverknad.

-Å få til eit velfungerande elevråd, krev normalt mykje arbeid. Det er mykje arbeid i kulissane, og det ligg mykje planlegging og tilrettelegging bak. Eit velfungerande elevråd er viktig for heile skulen, både elevar, lærarar og leiing.

-Elevinspektøren har eit særleg ansvar i forhold til, saman med elevane og andre tilsette, å jobba for å skapa eit godt skulemiljø. Her er det førebyggjande arbeidet svært viktig, og samarbeidet med elevane avgjerande. Det er viktig å vera i forkant, og driva god planlegging. Elevinspektøren spelar ei viktig rolle i forhold til å involvera elevane i planlegging og gje dei reell innflytelse. Dette er eit tidkrevande arbeid, og det er viktig at ein person har eit tydeleg ansvar for dette. Det er ikkje godt nok at rektor formelt har ansvaret, og så igjen delegerer forskjellige oppgåver til ulike personar.

Tillitsvalde v/Kvam vgs.

HØYRINGSUTTALE OM ELEVINSPEKTØRSTILLINGANE

Kvam vidaregåande skule er namnet på den (nye) samanslåtte skulen av Øystese gymnas og Norheimsund vidaregåande skule. Me har det siste halvtanna året vore gjennom ein omfattande samanslåingsprosess.

[Opplæringsdirektøren stiller skulane to spørsmål til høyringa:](#)

1. Kva konsekvensar kan det ha for skulane dersom pålegget om elevinspektørstilling fell bort?

Samanslåingsprosessen har gitt oss uforutsigbarheit og meirarbeid. I tillegg har det gitt oss dårlegare økonomiske rammer ved at Hfk har teke frå oss ressursar undervegs – før innsparingane faktisk har skjedd. Samanslåinga er ikkje fullført. Fram til 2027 (jfr. Skulebruksplanen) skal me driva Kvam vidaregåande skule ved dei to avdelingane (gamle skulane) med ni -9- kilometer avstand mellom. Om me no får nedtrekk i budsjetttrammer og bortfall av stilling(ar) gjer ikkje det situasjonen vår enklare.

Ved Kvam vidaregåande skule vert arbeidet på tvers av avdelingane svært viktig framover. Elevinspektøren vil vera ein synleg person for alle elevane ved begge avdelingane, som elevane lett kan ta kontakt med.

Tidleg innsats mot elevane er viktig og vert lagt vekt på!

Elevinspektøren fungerer som eit bindeledd mellom elevar og leiing, ofte som rektor sin forlenga arm. Når skulen skal drivast på to ulike avdelingar med lang reiseveg mellom, får elevinspektøren ei viktig rolle i arbeidet med å binda saman avdelingane i den nye skulen.

2. Kva fordelar og ulemper kan lokalt handlingsrom og fleksibilitet innebære i høve til å ivareta ansvarsområda og oppgåvene?

Vår elevinspektør har ei rekkje oppgåver gjennom skuleåret; organisering ved oppstart av skuleåret, ved skuleval, dataundersøkingar og kampanjar, gjennomføring av fotografering, kontakt med ungdomsskulane og arbeid med organisering av opne dagar då ungdomsskuleelevane er gjesteelevar i vgs, juleavslutning og skuleavslutning. Vera kontaktperson med helsesystem, politi, Trygg Trafikk og ikkje minst: Russen. Arbeid gjennom skuleåret med å etablera, aktivisera og støtta elevrådet. Organisera fellesaktivitetar i samråd med elevrådet, internasjonal veke, OD, julekos, skidag, grilling, søking av midlar. Dette betyr mykje for skulemiljøet og er ikkje minst viktig i samanslåingsprosessen.

Om me får behalda dei økonomiske rammene kan oppgåvene framleis, på eitt eller anna vis, løysast på Kvam vidaregåande skule med **lokalt handlingsrom og fleksibilitet. Men IKKJE om dei økonomiske rammene vert dårlegare.**

Mindre budsjett gir endå større differanse mellom det dei offentlege vidaregåande skulane får i Hordaland og summane dei private vidaregåande skulane får. Viss fylket ynskjer ein sterk vidaregåande skule som ikkje i for stor grad mister elevar til private skular, kan dei ikkje fjerna eit viktig bindeledd mellom elevane og skulen.

Eit viktig spørsmål er kven som skal overta dei funksjonane som elevinspektøren har, om denne vert fjerna saman med ressursen som fylgjer med. Er det andre i leiinga som no må ta desse oppgåvene? Eller undervisningspersonalet? Det er mange av dei oppgåvene som elevinspektøren har i dag som ein lærar ikkje kan ta på seg utan auka ressurs. Dessutan vil det å fordela dei oppgåvene som i dag er samla hos ein person på fleire lærarar vera uheldig. Det er viktig at nokon har ei overordna ansvar for kontakten mellom elevar og skule/leiing.

Det har også vore halde fram at Hordaland er det einaste fylket som har ein slik ordning, og at ein bør samkjøra stillingsstrukturen i Hordaland og Sogn og Fjordane før ei samanslåing. Dette argumentet må sjåast i samheng med kva summar dei vidaregåande skulane i nabo-fylket får for kvar elev. Det er totalsummen som tel, ikkje kva ein kallar stillingane. Dessutan har vidaregåande skular i Sogn og Fjordane, t.d. Firda vgs., såkalla miljøkoordinator i 50% stilling. Oppgåvene til miljøkoordinatoren er mykje dei same som for elevinspektørane.

Ei omfattande og grundig evaluering frå 2009 konkluderer med at alle partar er nøgde med elevinspektørordninga. Kva endringar er det som har skjedd sidan den gong som fører til at fylket no vil ha ordninga fjerna? Åtte år seinare har den vidaregåande skulen sjølv sagt endra seg, men det at skulane har ressursar til å ta vare på elevane er framleis like viktig.

På vegne av medlemmene ved Akademikarane og Utdanningsforbundet ved Kvam vidaregåande skule: Gry Svartveit og Oddbjørn Berge (tillitsvalde).

Frå omboda i HFK.

Uttale om utgreiing av elevinspektørordninga og arbeidet med politisk sak frå elev- og lærlingombodet og mobbeombodet i Hordaland

Omboda ønskjer å komme med innspel til kva konsekvensar det kan få for elevane om elevinspektørstillinga fell bort, samt nokre fordelar og ulemper som lokalt handlingsrom og fleksibilitet kan innebere. Omboda vil kommentere to av hovudarbeidsoppgåvene til elevinspektørane: Elevrådskontakt og elevdemokrati, og arbeid med skulen sitt læringsmiljø.

Elevrådskontakt og elevdemokrati

Elevrådskontaktfunksjonen i vidaregåande skule er ikkje formalisert. Den er ikkje regulert av lov, forskrift eller læreplan. Det er heller ingen standard for kva kompetanse elevrådskontakten skal ha eller korleis kontaktpersonen i praksis skal følgje opp elevrådet. Utan eit vedtak om elevinspektør, eller liknande føringar, vil dette vere opp til den einskilde skule. Om det skulle bli tilfelle bør rolla som elevrådskontakt bli formalisert på kvar skule gjennom eit mandat som til dømes kan bli forhandla fram mellom elevrådet og rektor. Ein bør likevel ta med i betraktningen at slike lokale forhandlingar kan føre til ulike modellar på ulike skular, der elevane kan ende opp med å få ulik hjelp og støtte frå elevrådskontakten.

Lokalt handlingsrom og fleksibilitet kan vere bra, det kan til dømes vere lettare å bytte ut elevrådskontaktar som ikkje fungerer godt i rolla. Men på den andre sida, kva ligg til grunn når ein vel kven som skal vere elevrådskontakt? Det må vere kva som vil vere elevane, elevrådet og elevdemokratiet sitt beste som må vere utgangspunktet. Det må vere tilsette med engasjement og erfaring som er elevrådskontakt, ikkje ein tilsett som får fylt opp stillingsprosenten sin.

Det vil òg vere ei ulempe for organiseringa av elevrådet om det er stor utskifting frå år til år. Når det sjeldan er kontinuitet blant elevane i elevrådet, er det ein fordel med nokon som har erfaring med å legge til rette for eit velfungerande elevråd.

Arbeid med skulen sitt læringsmiljø

Med nytt kapittel 9A i opplæringslova har det blitt tydelegare kva som er skulen si plikt, når ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Alle tilsette på skulen har ei aktivitetsplikt, men rektor har hovudansvaret. Skuleeigar har det øvste ansvaret for at elevar har eit trygt og godt skulemiljø.

Rektor skal bli varsla ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Rektor kan gjennom delegering fastsette at ein annan person skal ta i mot varsel, men rektor vil likevel ha ansvaret for at varsel blir behandla på ein forsvarleg måte. Delegeringa må difor ta omsyn til formålet om at rektor skal ha ei overordna og fullstendig oversikt.

Rektor kan ikkje behandle arbeidet med kapittel 9A åleine. Elevinspektøren har i dag ei viktig rolle når det gjeld læringsmiljøarbeidet på skulane. Arbeidet med kapittel 9A er ei lovpålagt oppgåve som skulen må handtere med eller utan ei elevinspektørordning. Klassemiljø saker og mobbesaker er som regel komplekse og krevj solid handteringskompetanse. Omboda meiner at det er viktig at **alle** tilsette har kompetanse og kunnskap om krenkingar og mobbing, men likevel bør det vere ei gruppe på kvar skule som har særleg kompetanse på kapittel 9A, skulemiljø og mobbing. Det bør vere ein leiar i gruppa som har eit særskilt ansvar, då det er sær viktig i disse sakene at ansvaret ikkje blir pulverisert. Elevane må vite kven dei kan gå til, og lærarar som har

saker i eigen klasse må vite kvar dei kan få hjelp og råd. Vidare er det viktig at ein i slike saker har ein person som held i saka til eleven har det trygt og godt (det er diverre vanleg at ein avsluttar sakene for tidleg). Kven dette er vil variere frå sak til sak, det kan vere kontaktlærar, leiaren i ei eventuell kompetansegruppe eller elevinspektør.

Mobbeombodet i Hordaland har no blitt ei fast ordning og er ein del av fylkeskommunen si satsing for å følgje opp kapittel 9A. Mobbeombodet er ikkje berre eit lågterskeltilbod for elevar og lærlingar, men er òg ei støtte for skulane i vanskelege saker. Mobbeombodet er ikkje ein saksbehandlar, ho skal ikkje inn å løyse saker, men rettleiar i sakene. Ombodet kan ikkje erstatte jobben som blir gjort på kvar skule.

Det ligg inne i statsbudsjettet for 2018 at ordninga med mobbeombod skal utvidast til å gjelde alle fylker/regionar frå hausten 2018. Ombodet skal då jobbe med barnehage, grunnskule og vidaregåande opplæring. Om dette går igjennom i Stortinget betyr det at mobbeombodet i framtida ikkje vil vere så tett på dei vidaregåande skulane som ho har vore dei to siste åra.

Kvinnherad vgs

Tilbakemelding: Utgreiing om elevinspektørordninga

Viser til e-post 29.09 frå fylkesdirektør, opplæring, om utgreiing av elevinspektørordninga. Saka har hatt noko kort tilbakemeldingsfrist, men har ved Kvinnherad vidaregåande skule vore ute til høyring blant hos fagforeningane, rådgjevartenesta, seksjonane ved skulen og elevrådet.

Ved Kvinnherad vidaregåande skule arbeider elevinspektør med førebygging innan mange område.

Spesielt vert det i tilbakemeldinga vist til det arbeidet som vert gjort med å følgje opp elevar som har somatiske og/eller psykiske utfordringar. Mange er bekymra for korleis vi som skule skal kunne ivareta desse oppgåvene om funksjonen vert fjerna.

Under følgjer tilbakemelding på spørsmåla i høyringa:

Kva konsekvensar kan det ha for skulane dersom pålegget om elevinspektørstilling fell bort?

- Eit bortfall vil resultere i eit auka arbeidstrykk på leiarar og rådgjevarar. Det er vanskeleg å sjå for seg korleis dette skal kunne gjennomførast utan at ressursane vert auka innan desse områda.
- Elevrådet og elevdemokratiet ved skulen kan bli svekka. Tilrettelegging av system for elevmedverknad, både i høve til den einskilde klasse og elevråd, tilbodet for eleven kan verta dårlegare.
- Tilrettelegging for ulike elevaktivitetar og arrangement for elevane kan verta vanskeleg. Samarbeidet med rådgjevar for å hjelpe elevar i ulike situasjonar fell bort.
- Koordinering av elevarrangement vil bli svekka, som igjen kan føra til bortfall eller reduksjon av viktige og samlande tilstellingar. Elevinspektøren er eit viktig bindeledd/støtteperson for russen. Fell stillinga vekk er sjansen stor for meir "tull" frå russen si side - elevinspektøren er elevane sin representant opp mot leiinga. Viktig at elevane har ein person som jobbar for og støtter dei. Både i elevrådsarbeid, men og elles i skulekvardagen.
- Arbeidet med elevane sitt psykososiale miljø kan bli svekka. Fleire elevar slit psykisk. Elevinspektøren er ein viktig samtalepartner for mange elevar. Skulepsykolog/ helsesøster har for lite tid på skulen til å ta seg av dette aleine. Elevinspektøren jobbar for å bli kjent med alle elevane og er i dei arenaane der elevane oppheld seg (kantina, biblioteket.....) -> lettare å sjå om nokon er

mykje aleine, oppdaga utestenging/mobbing osv. Vi andre tilsette på skulen har ikkje tid/kjennskap til elevane på same måte.

- Systematisk tilrettelegging for tilpassa opplæring og spesialundervising kan bli svekka for elevane. Fråfallet i skulen vil kunne auke dersom denne funksjonen forsvinn.
- Elevinspektøren er ein viktig person for elevane. Ho/han er viktig fordi ein er nær elevane. Dersom ein elev har eit problem er elevinspektøren lett å gå til, ofte kan det vera nok hjelp å snakka med ho/han. I ei tid der stadig fleire elevar slit, er det rett å slett dumt å ta bort dette tilbodet. Det er mykje vanskelegare å ta gå til ein psykolog eller ein annan ukjend person som sit på eit kontor.
- Elevinspektøren er ein veldig viktig person for elevane sin trivsel på skulen. Det er ein person som ser dei i skulekvardagen. Ein person som dei lett kan spørja om ting som opptar dei og få råd hos. Det blir eit stort tap for elevane å mista denne personen som er så viktig støtte for dei.
- Vi mister ein viktig person for elevane. Det er veldig viktig for elevane at dei har denne "advokaten" Vi treng også denne stillinga for skulen sitt læringsmiljø Vi treng denne stillinga i elevtenesta, nokon som er eit talerøyr for elevane i ulike saker
- Det kan ha ein negativ inverknad på at kontaktleddet mellom leiinga, det pedagogiske personalet og elevane, når ting ikkje fungerer som tiltenkt.

Kva fordelar og ulemper kan lokalt handlingsrom og fleksibilitet innebere i høve til å ivareta ansvarsområda og oppgåvene?

Det er eit samla syn frå alle som har gjeve innspel ved Kvv, at vi er best tent med å behalde elevinspektørrolla slik den er per i dag. Som skule ønskjer vi å ha lokalt handlingsrom til opprette funksjonar og/eller sett av ressursar til elevretta tenesta. Det er viktig at vi kan nytte ressursar på ein fornuftig måte til å auke gjennomføringa for elevane våre, betre elevane sine resultat, og ikkje minst til å skape god motivasjon, trivsel og eit godt læringsmiljø.

Om målet for endringa er å korrigere føringane om at alle skulane i Hordaland skal ha elevinspektørstillingar i ein bestemt minimum storleik, utan at det vert gjort endringar i skulen sitt budsjett og/eller tildelte midlar for dette formålet er dette for så vidt greitt. Vi kan i så høve vidareføre elevinspektørstillinga slik den er i dag lokalt ved skulen.

Om målet er å redusere kostnadar knytt til denne stillinga, dvs. spare midlar i framtidige budsjettet-tildelingar, er det ingenting som tilseier at dette aukar den lokale fleksibiliteten eller det lokale handlingsrom. Tvert imot vil dette medføre at oppgåver vil bli overført til anna personale som allereie har små ressursar til å ivareta desse oppgåvene.

Ut frå vår ståstad er det viktig at ressursar vert nytta på dei som er nærast elevane, på dei som møter dei i kvardagsutfordringane og hjelper dei gjennom desse. Ofte er det desse eldskjelene som gjer ein forskjell i den enkelte eleven sitt liv og som over tid er med å gjer at vi som skule klarar å oppnå gode gjennomføringstal.

At det i rolla som elevinspektør ligger større/andre typar utfordringar i dagens skule enn tidlegare er det vel ingen tvil om. Ulemper kan vera vanskar med å ivareta ansvarsområda og oppgåvene til elevinspektør implementert i ei anna og/eller andre stillingar.

Ut frå vårt syn bør ein sjå på korleis ein kan utvikle og gjere elevinspektørstillinga enda tydelegare, enda tettare på, og sikre eit godt oppfølgings- og støtteapparat som gjer at elevar som treng hjelp i livet får denne hjelpa raskt når behova oppstår. Hordaland bør vera eit fylke som er stolt over å ha eit godt fungerande elevinspektørkorps, og legge tilhøva til rette for at potensialet i denne funksjonen vert vidareført og auka i framtida.

Elevinspektørfunksjonen er tett på dei felles verdiane våre kompetent, offensiv og i dialog. Det er viktig at ein ivareteke desse verdiane i førstelinje-tenestene ved skulane i framtida òg.

Audun Bjelland, Rektor Kvinnherad vidaregåande skule

Os gymnas.

Emne: Uttalelse fra elevinspektør ved Os gymnas

- > Konsekvenser for Os gymnas dersom pålegg om elevinspektør bortfaller
 - >
 - > Elevinspektør ivaretar i dag særlig elevrådsarbeidet ved Os gymnas. Her gjelder det hjelp til organisering, opplæring, fungere som førstelinjehjelp ved behov som dukker opp, ta saker videre. Ingen andre i ledelsen har tid til å kunne overta denne funksjonen slik den fungerer i dag. Dette ansvaret ser jeg på som særs viktig, og det må videreføres.
 - >
 - > Hovedoppgave nr to er som leder av ressursteamet. Elevinspektør innkaller, setter opp møter, sakslister, og ikke minst følger opp elevsaker, og dette ikke bare på systemnivå. Elevinspektør er den i ressursteamet som er med på flest møter med elever og foresatte, i avklaringssamtaler skal feks en fra ledelsen være til stede: hos oss er dette ofte elevinspektør. Med bare 5 faste medlemmer i ressursteamet trengs alle medlemmer. Hvis elevinspektør skulle bortfalle er dette problematisk for de andre i ressursteamet. Det vil særlig bety mye merarbeid for rektor.
 - >
 - > I forhold til det psykososiale miljøet ved skolen har elevinspektør hatt mye ansvar, og da spesielt ved skolestart. På vg1 har elevinspektør hatt ansvar for å sette opp egen timeplan i den første uken, med innslag av sosiale aktiviteter og bli-kjent-program, men også med faglig innhold, og egne kurs med nettvett og kildekritikk. I tillegg er elevinspektør MOT-koordinator. Dette er et spesielt viktig arbeid inn mot rutiner og jevnlig jobbing for et godt psykososialt miljø ved skolen, jamfør Kap. 9A. Organisering av elevavslutninger til jul og ved sommerferien, samt aktivitetsdag har også vært blant elevinspektørs oppgaver. Dette er store og viktige oppgaver de andre i ledelsen ikke har anledning til å ivareta på toppen av alt de selv har ansvar for.
 - >
 - > Elevinspektør har ved Os gymnas også bidratt ved planleggingsdager, i høst har for eksempel de nye rutineene i forhold til mobbesaker blitt gjennomgått av elevinspektør slik at alle lærere ved skolen er oppdatert på dette.
 - >
 - > Jeg er opptatt av at dette arbeidet må videreføres. Ved en mellomstor eller mindre skole er det ofte slik at de som sitter i ledelsen har mange "hatter". Det er veldig mange arbeidsoppgaver å ivareta og de andre har rett og slett ikke kapasitet til å ta over arbeidsoppgavene elevinspektør ivaretar pr i dag.
 - >
 - > Vennlig hilsen
 - > Hilde Paaske-Knauer
- Elevinspektør ved Os gymnas

Elevorganisasjonen i Hordaland datert 151017.

Dokumentet let seg ikkje kopiera, ligg på dok. Nr. 31.

Laksevåg vgs.

Høringsuttale vedr. elevinspektørordningen

Elevinspektørordningen fra 1998 er enestående og viser at Hordaland fylkeskommune ligger i forkant av arbeidet med revidert § 9A og forventningene dette innebærer. I

Hordaland fylkeskommune har vi gjennom elevinspektørordningen øremerket ressurser nettopp til det forebyggende arbeidet med å skape et trygt og godt skolemiljø for alle.

Dette er og et moment ved fylkessammenslåingen der Sogn & Fjordane ellers har mye å være stolt av på opplæringsiden.

Det ville være et særdeles uheldig signal- overfor elever, foresatte, media og fylkesmannen som er satt til å overvåke vårt arbeid med elevenes læringsmiljø, dersom en nå skulle fjerne den personen som ved siden av rektor står mest sentral i arbeidet for å skape et trygt og godt skolemiljø.

1. Konsekvenser for skolene dersom pålegget om elevinspektørstilling faller bort:

Elevinspektørordningen er en tydelig vektlegging av arbeidet for å sikre elevene et trygt og godt læringsmiljø og gir forutsigbarhet for elever, elevråd, tilsatte, foresatte og eksterne aktører. Å fjerne stillingen vil skape utydighet nettopp i en tid der forskriften innskjerper skolens praksis i forhold til arbeidet med skolemiljøet. Til elevinspektørstillingen ligger det ansvar for skolemiljø, elevdemokrati og elevtjeneste og det er en klar fordel at elevinspektør tar ansvar for helheten innenfor det forebyggende arbeidet. Det motsatte kan bli en fragmentering av ansvar og oppgaver.

2. Fordeler og ulemper ved lokalt handlingsrom og fleksibilitet i forhold til å ivareta ansvarsområdene og oppgavene:

Det lokale handlingsrommet er først og fremst avhengig av ressurser. Det er en reell fare for at denne ressursen faller bort når den ikke lenger er øremerket. Dette ville være svært uheldig i en tid der kravet til oppfølging av § 9A er meget sterkt og der rektor og ledergruppen fra før har en svært høy arbeidsbyrde.

Handlingsrom og fleksibilitet skapes og gjennom en klar rollefordeling, slik en har for elevinspektør. Elevinspektøren, sammen med rektor, tenker helhet og system i forhold til skolemiljøet og elevenes behov. Elevinspektør har også en særstilling som alle elevenes ambassadør og kontaktperson, en samlende faktor, uten særlig tilknytning til enkeltgrupper. Elevinspektør ved LAV leder alle større elevarrangement - som skaper tilhørighet på tvers av avdelingene - herunder solidaritetsaksjonen og aktivitetsdager.

Vi ber om at våre høringsuttaler tas på alvor. Fylkeskommunens vektlegging av dialog er for øvrig ikke forenlig med en høringsprosess som skal gjennomføres i all hast – her kan viktig informasjon gå tapt underveis.

Nye Voss vgs.

HØYRINGSUTTALE OM ELEVINSPEKTØRORDNINGA FRÅ VOSS VGS

Viser til utsendt e-post 29.09.2017 om ynskje med innspel frå skulane om elevinspektørordninga i HFK.

I utsendinga er det bede om innspel på fylgjande spørsmål:

- Kva konsekvensar kan de ha for skulane dersom pålegget om elevinspektørordninga fell bort?*
- Kva fordelar og ulemper kan lokalt handlingsrom og fleksibilitet innebere i høve til å ivareta ansvarsområda og oppgåvene?*

Dersom elevinspektørordninga fell vekk, vil dette føra til store negative konsekvensar for Voss vgs. Voss vgs har elevar frå 28 kommunar i Hordaland og frå fire andre fylke. Dette medfører at mange elevar ved skulen bur på hybel og / eller på skulen sitt internat. Desse elevane treng oppfylging på fleire område, og frå opprettinga av elevinspektørstillinga i 1998 har ein stor del av 50%-ressursen til elevinspektøren gått med til denne oppfylginga. (pr. d.d. bur det 78 elevar på internatet) Arbeidet som elevinspektøren har gjort opp mot desse elevane, er vesentleg sett opp mot m.a. sluttar-problematikk, mobbing, rus og utanforskap.

Dei fleste elevinspektørane i HFK har gjennomført Bergensklippkane si 'Kjentmannsutdanning', og er heilt sentrale i det viktige førebyggjande rus-arbeidet ved den enkelte skule. Slik er det også ved Voss vgs der me har bygt opp handlingsplanen vår for rusfri skule gjennom elevinspektøren sitt fyrstelinje-arbeid. I tillegg til dette arbeidet, er også elevinspektøren sentral i arbeidet rundt elevdemokrati og i arbeidet med skulen sitt læringsmiljø. Ved Voss vgs er elevinspektøren også ansvarleg for og leiar av skulen sitt ressursteam.

Ved Voss vgs har me bygt ein sterk struktur rundt faste klasselærarmøter. I denne møtestrukturen er elevinspektøren heilt sentral på den måten at han møter på alle desse møta. Gjennom elevinspektøren sitt arbeid her, fangar me som organisasjon tidleg opp ulike elevutfordringar og kan setja inn adekvate tiltak til rett tid.

Mellom skulane på Voss, er det også oppretta eit eige elevnettverk mellom elevråda ved dei to skulane. Dette arbeidet vert i stor grad administrert av elevinspektørane. Ynskjer også å nemna det gode arbeidet som elevinspektørane gjer rundt russe-arbeidet på Voss. Det proaktive arbeidet som vert gjort her, viser seg konkret i at det dei siste åra ikkje har vore nokon negative episodar i russefeiringa til Vossa-russen.

Med dette mangfaldet i arbeidsoppgåver og med bakgrunn i at det ved vår skule er mange hybelbuarar / internatbuarar, har me faktisk utvida elevinspektør-ressursen til mellom 55-60% for at dette arbeidet skal kunna gjerast med god nok kvalitet. Alle desse ansvarsområda som er nemnt her er rektor sitt ansvar, men arbeidsoppgåvene må sjølvstøtt delegerast. Og stillinga som elevinspektør, er absolutt den rette stillinga å plassera denne delegasjonsfullmakta til. Opprettinga av elevinspektør har vore og er ei nødvendig styrking av HFK-skulane sitt arbeid med gode læringsmiljø og er kanskje eit av dei beste tiltaka me har for auka læringsutbytte og fullføring.

Med innføring av nytt kapittel i §9A om skulemiljø og ei auka presisering av skulane si aktivitetsplikt, er vår vurdering at dette må føra til ei auke satsing på det arbeidet som i dag ligg til elevinspektøren. Med det system-arbeidet som skulane no er pålagt gjennom §9A-4 («*aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø*»), trengs det både ressursar og ei sikring for at me får ei heilskapleg og einsarta handsaming av dette arbeidet. Det som kan sikra at skulen (og HFK) oppnår god nok forvaltningskompetanse på dette området, er at stillinga som elevinspektør vert oppretthalde og vidareført i HFK.

Fram til i dag har dei økonomiske ressursane til elevinspektørstillinga vore øyremerka og det har vore eit politisk vedtak at alle skular skal ha elevinspektør i 50% stilling. Det at alle skular har hatt 50% stillingsressurs kan ein kanskje setja spørsmålsteikn ved. Med bakgrunn i skulestorleik, elevtal, elevsamansetjing, tal på hybelbuarar / internatbuarar mm, vil det truleg også vera store skilnader på både arbeidsoppgåver og arbeidsmengd. Så dersom stillingane vert oppretthaldne, bør stillingsstorleiken vurderast på nytt og det bør leggjast inn nokre faste parameter som fastset den enkelte skule sin

stillingsressurs.

Uansett skulane sin stillingsprosent, så må stillinga full-finansiertast gjennom skulen sitt årlege budsjett. Dersom 'øyremerking' kjem i konflikt med ny budsjettmodell og rammebudsjettering, må ein likevel finna løysingar slik at dette 'særtilskotet' vert inkorporert i skulen sitt rammebudsjett.

I stillinga som elevinspektør er det ikkje tillagt personalansvar og stillinga er lagt i stab. Slik me oppfattar elevinspektørstillinga, og slik me praktiserer den, er stillinga ei 'støtte-stilling' til både elevar, kontaktlærarar og avdelingsleiarar. Sjølv om stillinga som elevinspektør er lagt på leiar-nivå, ser me ikkje noko problem at det til stillinga ikkje er lagt personalansvar. Snarare tvert imot.

I høve fordelar og ulemper med lokalt handlingsrom og fleksibilitet, kan dette sjølvsagt vera positivt. Og rundt på skulane i dag, har me inntrykk av at deler av stillinga allereie er tilpassa skulane sine spesielle behov. Med framhald av stillinga bør det liggja fleksibilitet til den enkelte skule når det gjeld arbeidsoppgåver, men det må, etter vårt syn, i tillegg føreliggja sentrale ansvarsområde frå HFK.

Med bakgrunn i dei nemnde momenta, og særleg i lys av endringane og presiseringa i opplæringslova kapittel 9A, vil fjerning av elevinspektørstillinga og den øyremerka finansiering av denne, vera eit stort og sterkt tilbakesteg i arbeidet med gode og trygge skulemiljø i HFK. Og etter vårt syn, vil det også medføre negative konsekvensar i høva målsetjinga om auka læringsutbytte og fullføring.

Vår tilråding er at elevinspektørstillinga vert vidareført og at det vert gjeve eit særtilskot til skulane til denne stillinga. Når det gjeld stillingsressursen så bør den vurderast opp mot den enkelte skule sitt elevtal og kompleksitet.

Med helsing

Svein Inge Styve -rektor-

Stord vgs.

Stord, 14.oktober 2017

Høyring - utgreiing om elevinspektørordninga

Elevinspektøren på Stord vgs. har arbeidsoppgåver innanfor dei tre hovudområda skissert i «Utgreiing om elevinspektørordninga» lagt fram på skulestartkonferansen i september. I ein 50 % stilling har ho mellom anna følgjande arbeidsoppgåver:

Koordinator for Drømmeskolen

Følgjer opp elevråd- elevrådsstyret

Følgjer opp russen- russestyre

Følgjer opp hybelbuarar

Leiar kantineråd

Medlem av Ressursteam, Inntaksteam

Elevinspektøren samarbeider tett med elevtenesta, og er ein viktig bidragsytar i arbeidet mot fråfall på skulen

Auka fokus på fråfall samt endringane i Opplæringslov §9a, gjer at organisatorisk elevretta arbeid blir særst viktige framover. Skulen har stor nytte av å ha ein dedikert person som arbeider på systemnivå for elevane sitt beste og som kan målbære elevane sine innspel og behov inn mot leiargruppa. Om stillinga forsvinn, kan oppgåvene i og for seg overførast til andre stillingar på skulen, t.d. rådgjevarar, men det heilskepelege arbeidet som elevinspektørane gjer,

kan i så fall lett forsvinne, i alle fall på større skular. Årstad- modellen der elevinspektør oppgåvene ligg til ei i leiargruppa, eventuelt kombinert med andre leiaroppgåver, ville passe vår skule betre.

Bli elevinspektørstillinga tatt vekk, er det viktig at skulane får behalde ressursane til arbeidet, og at skulane får ein viss fridom til å plassere oppgåvene der det passar best i organisasjonen.

Med helsing Stord vidaregåande skule Astrid Haugland, rektor og Ellen Strandenes, avdelingsleiar

Elevinspektør Nordahl Grieg vgs

Høringsuttalelse ang elevinspektørstillingen

Jeg viser til e-post fra fylkesdirektør for opplæring Svein Heggheim datert 29.9.17 om "høyring utgreiinga av elevinspektørordninga".

Elevinspektøren er en tydeliggjøring av Hordaland fylkeskommune sin langvarige satsing for et best mulig skole- og læringsmiljø. I sammenheng med ny lovtekst og endringer i Opplæringsloven paragraf 9A, vil det etter mitt syn være formålstjenlig for enhver skoleorganisasjon og rektor å ha en stilling knyttet til særskilt oppfølging av dette arbeidet. Fylkesdirektøren ønsker uttalelse omkring følgende punkt:

Hvilke konsekvenser kan det ha for skolene dersom pålegget om elevinspektørstilling faller bort?

Ved et eventuelt bortfall av elevinspektørstillingen vil det føre til negative konsekvenser for følgende arbeidsoppgaver/områder:

Elevinspektøren har en sentral rolle i det forebyggende arbeidet med tanke på læringsmiljø, elevens psykososiale miljø (§9A) og arbeidet for å forebygge rusmisbruk. Det langsiktige og systematiske arbeidet har elevinspektøren ansvar for sammen med rektor. Elevinspektøren har en ombudsfunksjon for elevene på egen skole.

Elevinspektøren arbeider for å sikre at elevenes synspunkt og rettigheter blir ivaretatt. Det er en klar fordel at det er en dedikert stilling knyttet til dette. Det gjør det tydeligere for elevene og de ansatte å forholde seg til en godt innarbeidet funksjon i skolehverdagen.

Elevinspektøren veileder og hjelper elever med å få den hjelpen de kan trenge.

Elevinspektøren bidrar aktivt til at rektor sitt ansvar i forhold til § 9A blir ivaretatt. Dette vil være ekstremt uheldig om denne rollen med tilhørende arbeidsoppgaver blir smuldret opp og fordelt rundt på «alle andre». De største taperne vil da bli de mest sårbare elevene som trenger stødige og trygge voksne i vanskelige situasjoner. En mulig negativ konsekvens ved nedlegging av elevinspektørstillingen er at en hindrer en ytterligere satsing på arbeidet med å utvikle en best mulig skolekultur og samhandlingskultur både for ansatte og aller mest elevene.

Elevinspektøren er ofte første kontakt for elever og personalet i akutte saker som må håndteres raskt. f. eks. dempe konflikter og sette i gang undersøkelser av saker knyttet til §9A. Jeg mener det viktig at det er en representant fra ledelsen som ivaretar dette. Det er hele tiden tett og fortløpende dialog mellom elevinspektør og rektor.

Elevinspektøren er ledelsens hovedkontakt for elevrådet. Arbeidet med elevdemokratiet er en viktig del av den videregående opplæringen, og kan ses på som en introduksjonsarena til organisasjonsarbeid. Tett oppfølging og dialog med de tillitsvalgte er viktig. På mange av dagens skoler vil elevrådene være av en betydelig størrelse og elevrådets forankring i skolens utviklingsarbeid forsterkes ved at kontaktpersonen er en del av

ledergruppen og således har direkte kontakt med og innflytelse i skolenes beslutningsprosesser. Det er også en klar fordel at ledelsen på skolen har en direkte kontakt med de tillitsvalgte gjennom elevinspektøren.

Elevinspektør har en viktig oppgave ved å koordinere arbeidet mellom rådgivere, skolehelsetjenesten, miljøfagarbeidere og psykologteamet i HFK. Elevinspektøren samarbeider med rektor, avdelingsledere, rådgivere, psykologteam, skolehelsetjenesten, kontaktlærere, faglærere, miljøarbeidere og andre for å sikre elevene best mulig læringsmiljø. Elevinspektøren arbeider for å hindre utenforskap i skolen.

Elevinspektøren arbeider spesifikt med å følge opp avgangselevne i deres forberedelser og gjennomføring av russefeiring. Dette er et arbeid som krever kontinuerlig dialog og oppfølging av en sammensatt elevgruppe. Dette arbeidet vil svekkes ved et eventuelt bortfall av elevinspektørordningen, eller bli en betydelig tilleggsoppgave for andre ansatte som er knyttet til hele skoleåret og ikke bare noen få uker i mai.

Hvilke fordeler og ulemper kan lokalt handlingsrom og fleksibilitet innebære i forhold til å ivareta ansvarsområdene og oppgavene?

Lokale tilpasninger kan i mange tilfeller være nødvendig, men er også mulig med dagens ordning. Elevinspektørstillingen har allerede i dag gode muligheter for fleksibilitet i arbeidsoppgaver.

Ved Nordahl Grieg videregående skole ivaretar elevinspektøren allerede mange oppgaver som er nødvendig for fleksibiliteten og dynamikken i skolen som organisasjon. Eksempler på dette kan være, universelle tiltak som idrettsarrangementer, arrangementer for hele skolen, konserter, fotografering, forskjellige undersøkelser som Ungdata e.l. og solidaritetsarbeid.

Mvh,

Roald Torkildsen, elevinspektør, Nordahl Grieg videregående skole

Brev datert 29.09.17. frå Berit Karin Ø. Nilssen

Til opplæringsdirektør i Hordaland Fylkeskommune Svein L. Heggheim

Kopi (på epost):

Regionleiarane for vidaregåande skuler i HFK

Leiar seksjon skule, HFK

Leiar i fylkesutvalet for opplæring og helse

Rektorane i HFK

Bergen, **29. september 2017**

Vi takkar for brev i e-post datert 25/9, som svar på brev frå elevinspektørane i Bergen sør, og for informasjon gitt på skulemiljøkonferansen 27/9-17.

Vi opplever at signala er tydelege om at elevinspektørane sine arbeidsområder og oppgåver er

særs viktige noko tema på Skulemiljøkonferansen så tydeleg understreker. Det er òg underleg at framlegget om endringar kjem no i ljøs av dei nye presiseringane vi finn i kapittel 9a.

I informasjonen 27/9 vart det også vist til andre moment, til dømes økonomi, forvaltningskompetanse, kven som har ansvar for kapittel 9a og om elevinspektør bør ha personalansvar. Det er uklart for oss om dette var meint som argument for eller i mot elevinspektørstillinga.

Vi strevar med å sjå samanhengane mellom desse momenta, og kvifor saka om å ta bort elevinspektørordninga blir fremma no når fokuset på skulemiljø er særleg sterkt.

Vi stiller spørsmål ved at høyringa ikkje vart sett i gong med ein gong det var klart at saka skulle handsamast politisk. Vi hadde ei forventning om at det var rydda plass til saka på dag 1 av Skulemiljøkonferansen, men dette var ikkje tatt med i programmet, verken i opninga eller innafor konferansen si tidsramme. Dette vart av mange av oss opplevd som eit signal om korleis leiargruppa i opplæringsavdelinga prioriterer saka. Det vart samtidig oppfatta negativt av mange at situasjonen ikkje vart adressert, med omsyn til kor alvorleg vi som er elevinspektørar opplever han. Utgreiinga som vart gjeven på slutten av dagen, gav dessutan få avklaringar på spørsmåla våre.

Vi oppfattar at vi 25/9 vart invitert til å gje innspel i saka, og at vi 27/9 fekk nokre punkt som de ynskjer innspel på. Vi saknar likevel meir informasjon om grunnlaget for saka, slik at vi kan gje konkrete tilbakemeldingar. Difor har vi følgjande spørsmål og merknader:

- Høyringsfristen som er gitt no er svært kort. For å sikre at saka blir tilstrekkeleg greidd ut, bør fylket utvide denne. Om dette betyr ei utsetjing av den politiske handsaminga, må de vurdere ei slik løysing.
- Vi ber om tilbakemelding på om og når det kjem eit formelt høyringsbrev, og kven som blir invitert til å delta.
- Vi ber om at det i høyringsbrevet blir gjort greie for på kvifor saka blir fremma no og av kven.

- Vi ber om informasjon om kva kriterier som vil bli lagt vekt på i saka, særleg med tanke på økonomi.
- Vi ber om at høyringssvara blir gjort offentleg tilgjengelege, slik at partane kan kome med innspel fram mot den politisk handsaminga.

Vi opplever at prosessen i denne saka er eit dårleg døme på dei verdiane HFK står for. Vi vonar han vil bli evaluert slik at framtidige prosessar er opne, og legg til rette for at dei tilsette, elevane og organisasjonane blir involverte. Elevinspektørane vil bidra i høyringssvaret frå dei einskilde skulane, men vil i tillegg vurdere ei samla uttale.

Vi ser fram til ein open dialog om korleis vi kan føre vidare det viktige arbeidet for gode skulemiljø i HFK.

På vegne av elevinspektørane i Hordaland Fylkeskommune. Kontaktperson Berit Karin Ø. Nilssen.

Brev frå elevinsp. I Bergen Sør.

Til opplæringsdirektør i Hordaland Fylkeskommune Svein Heggheim

Kopi (på epost):

Regionleiarane for vidaregåande skuler i HFK

Leiar seksjon skule, HFK

Leiar i fylkesutvalet for opplæring og helse, Hordaland fylkeskommune

Fana, **21. september 2017**

Gode kollegaer i HFK!

I 2013 hadde HFK ein gjennomgang av elevinspektøren si rolle og plassering i organisasjonen. Den gongen vart det konkludert med at stillinga har ein stabsfunksjon, og det vart laga ein stillingsinstruks med tre hovudområder. I vår var det på ny ein gjennomgang av leiarstrukturen i HFK, og dei skulle på same tid sjå på stabsfunksjonane. Vi er kjent med at arbeidsgruppa konkluderte med at det var nødvendig å sjå nærare på

stabsfunksjonane, og kanskje særskild på elevinspektøren. Vi kan ikkje sjå at Elevinspektørstillinga er nemnt i nye «Retningslinjer for endringar i organisasjons- og leiarstruktur» og «Organisering og leiarstruktur ved dei vidaregåande skulane», datert 6/9-17.

Tysdag 5. september var rektorar og ass. rektorar i region sør på ei samling. Der kom ny regionleiar i region sør, Odd Bjarne Berdal, med ei melding om at det var avgjort at elevinspektør-stillinga skulle bort. Han sa vidare at dei ville få meir informasjon på rektorsamlinga fredag 8/9. Tema vart derimot ikkje tatt opp her, men på spørsmål frå fleire av rektorane, heilt på tampen av dagen, vart det sagt at ingenting var avgjort. Saka skulle utgreiast nærare, og ei slik avgjerd må uansett gjerast av politisk nivå.

Elevinspektørane i Bergen sør reagerer med uro og overrasking, over at stillinga vår er i fare. Vi er likevel mest uroa for korleis oppgåvene våre er tenkt løyst i framtida. På bakgrunn av denne situasjonen sendte vi førre veke ut ei melding til alle elevinspektørane i HFK. Vi bad dei her om ei tilbakemelding på om dei meiner at vi bør kjempe for å behalde denne stillinga i HFK, og kvifor dei meiner at stillinga er viktig.

Tilbakemeldingane viser at elevinspektørane opplever å ha ei sentral oppgåve med å støtte rektor i å koordinere arbeidet med skulemiljøet, og i sjå samanhengar i skulen sin praksis. Vi opplever at kjerneoppgåva er arbeidet med kapittel 9a, og at vi har ei sentral rolle i samarbeid med elevar og tilsette på ulike nivå. Samarbeid med andre etatar på systemnivå, er og ei viktig oppgåve, eit samarbeid vi trur skulene vil ha ei enno viktigare rolle med i framtida.

Elevinspektørane har ulike oppgåver på ulike skular, men i tillegg til det før nemnde, fortel alle om at dei har ansvar for oppgåver som går på tvers av avdelingar. Felles for dei fleste oppgåvene, er at det er viktig at det er ein med god kjennskap til pedagogisk praksis, og med god oversikt over skulemiljøet, som utfører desse. Elevinspektørane har ei viktig rolle som bindeledd mellom elevane og dei andre nivåa i skulen, her er samarbeidet med elevrådet og skulemiljøutvalet sentralt. Dei fleste har og sentrale oppgåver knytt til forvaltning, og med å koordinere elevtenestene som mange skuler har satsa på dei siste

åra. Mange av oppgåvene våre overlappar rektor sine oppgåver, og blir utført i dialog med rektor, men vi ser ikkje korleis rektor skal kunne gjere desse på toppen av kjerneoppgåva deira, som synest å vere leiars for det pedagogiske arbeidet, og dei mange andre administrative oppgåvene deira. Vår eiga erfaring, og dei tilbakemeldingane vi får, seier at ressursen til dette arbeidet allereie er under press.

Vi som er elevinspektørar i Bergen sør meiner at prosessen rundt elevinspektørane si stilling har vore uklar. Vi meiner vidare at ei avgjerd om framtida vår ikkje bør bli gjort utan at vi som har stillinga, og like eins rektorane, har fått uttale oss. Dei elevinspektørane som har svart oss på vår melding, har uttrykt same uro.

Vi stiller spørsmål til kvifor dette skjer no, når det er ekstra fokus på å utvikle gode og trygge skulemiljø, tidleg innsats og fokus på at elevane skal utvikle "key competencies". Vi meiner det bør vere nokon på kvar skule som tar i vare elevane sine rettar, utfører internkontroll i elevsaker, koordinerer skuleomfattande og førebyggjande miljøtiltak, og støtter rektor i dei mange administrative oppgåvene som støtter opp under eit godt skulemiljø.

Vi vonar de er einig med oss i at det er viktig å sikre at våre ansvarsområder og arbeidsoppgåver blir ført vidare. Elevane sine rettar, og arbeidet med eit godt skulemiljø, må også i framtida ha eit sterkt fokus i Hordaland Fylkeskommune (og i Vestlandsregionen). At Sogn og Fjordane ikkje har ei tilsvarande stilling, bør ikkje vere eit argument for å ta den bort, heller tvert imot.

Vi ber på bakgrunn av momenta over, om ei tilbakemelding på korleis prosessen rundt stillinga vår er tenkt gjennomført framover. Vi ber og om ei klargjering av, på bakgrunn ei eventuell avvikling av stillinga blir vurdert. Og til slutt korleis ein tenkjer at våre oppgåver eventuelt skal løysast i framtida.

Vi vonar vi kan få ei førebels tilbakemelding før skulemiljøkonferansen neste veke, slik at denne konferansen kan bli gjennomført på ein god måte, i trygg forvissing om at dei viktige temaa den tar opp, vil bli tatt i vare i skulane i HFK i framtida.

Med beste helsing

Berit Karin Ø. Nilssen, elevinspektør Stend vgs.

Hildegunn Hodneland, elevinspektør Sandsli vgs.

Stian Hofslett Thowsen, elevinspektør Langhaugen vgs.

Roald Torkildsen, elevinspektør Nordahl Grieg vgs.

Lena Sanden, elevinspektør Slåtthaug vgs.

E-post frå Berit K.Ø. Nilssen datert 22.09.17.

Emne: Re: SV: elevinspektør i HFK? (datert 22.09.17)

Tusen takk for raskt svar.

Eg vil leggje til at dersom det er interessant, så har vi fått mange gode tilbakemeldinger, som viser breidda i dei oppgåver elevinspektørane har pr i dag. Vi er sjølvsagt også positive til å bidra på anna vis.

Ha ei retteleg god helg!

Beste helsing frå
Berit Karin Ø. Nilssen
Elevinspektør Stend vgs.



Opplæringsavdelinga
Fylkesdirektør for opplæring

J.nr.: 885 Arkiv: 010 Vår ref.: Dykkar ref.: Dato: 13.10.2017

Svar på høyring om elevinspektør

1. Kva konsekvensar kan det ha for skulane dersom pålegget om elevinspektørstilling fell bort?

Elevinspektør varetar særst viktige arbeidsoppgåver som er samla på ein person. Dette legg til rette for kontinuitet og erfaring, i tillegg til samarbeid innanfor eit nettverk på tvers av alle skolane innanfor HFK. Systemet med elevinspektør ser i all hovudsak ut til å fungere godt, sjølv om det alltid er rom for utvikling, tilpassing og forbetring innanfor eit dynamisk og kreativt skolemiljø. Dagens modell legg til rette for ei tydeleg ansvars- og rollefordeling. Alle ved skolen veit kven som har ansvaret for desse oppgåvene. Det er også enkelt både for elevar, lærarar og skoleleiinga å forhalde seg til ein person for planlegging, koordinering og oppfølging av saker innanfor elevinspektørens ansvarsområde.

Dagens modell legg til rette for samhandling og samarbeid på tvers av skolane, og samarbeid med eksterne aktørar utanfor HFK (t.d. politiet, OD, EO, ungdomspolitikarar og kommunale tenester slik som skolehelsetenesta osv.).

Dagens system fungerer godt og er ein kostnadseffektiv modell for å få utført desse oppgåvene. Ein kan derfor stille spørsmål ved behovet for å endre noko som fungerer bra. Konsekvensane av å eventuelt fjerne pålegget om elevinspektørstillinga er avhengig av kva for modell ein da vel. Ein risikerer prinsipielt at kvaliteten på arbeidet blir lågare, og at det blir mindre kostnadseffektivt. Fagområda blir mindre synlege, og det blir meir krevjande for rektor følge opp dei ulike ansvarsområda. I tillegg kan det føre til at det blir meir uklart kven dei ulike interne og eksterne aktørar skal halde seg til.

Arbeidsoppgåvene som elevinspektør er av HFK vurdert til ½ årsverk, sjølv om det nok er ein del lokale variasjonar innanfor HFK. Ei løysing som har vore diskutert uformelt er at arbeidsoppgåvene blir flytta til utvalgte avdelingsleiarar. Prinsipielt må ein då fjerne tilsvarande arbeidsmengd frå desse, eventuelt akseptere lågare kvalitet på det arbeidet dei utfører. Sotra vgs sin erfaring er at avdelingsleiarane har svært mye å gjøre, og at det ikkje er rom for å pålegge desse fleire arbeidsoppgåver. De oppgåvene som elevinspektørane varetar i dag, fell ikkje naturlege oppgåver for verken lærarar eller avdelingsleiarar i dagens organisasjon.

2. Kva fordelar og ulemper kan lokalt handlingsrom og fleksibilitet innebære i høve til å ivareta ansvarsområda og oppgåvene?

Prinsipielt er Sotra vgs. tilhengjar av at skolen gis lokalt handlingsrom der løysingar kan tilpassast ulike lokale tilhøve og behov. Sotra vgs. er ein stor skole, og har to separate skolestader. Dette krev ofte andre løysingar enn ein liten skole med kun ein undervisningsstad.


Lokalt handlingsrom kan føre til ulike prioriteringar og løysingar av oppgåvene som elevinspektørane varetar. Dette vil truleg føre til mindre synlighet og kontroll med både oppgåver, ressursbruk og

resultat innanfor HFK. Det vil truleg gjere det vanskelegare med samarbeid på tvers av skolane, herunder fagleg samarbeid innanfor elevinspektørane sine arbeidsoppgåver. Dette kan på sikt føre til lågare kvalitet og dårlegare utvikling av disse oppgåvene og tenestene.

Elevinspektørane driv eit utstrekt samarbeid med eksterne aktørar. Dette gjer at det er relativt enkelt for desse å forhalde seg til dei ulike skolane sidan alle har ein elevinspektør som varetar et definert sett med oppgåver. Dersom det blir stor grad av ulikskap mellom dei ulike undervisningsstadene kan dette svekke samarbeidet med dei eksterne aktørane, og HFK kan framstå som meir ukoordinert og ustrukturert.

Sotra vgs. meiner dagens løysing med ein tydeleg elevinspektørfunksjon som varetar eit sett definerte ansvarsområde er ei god løysing som har fungert godt sidan starten i 1998. Sotra vgs. meiner stillinga som elevinspektør bør vidareførast, men med eit lokalt handlingsrom i.h.t. kor stor prosentbrøk som skal være sett av til denne oppgåva. Ei slik løysing vil mellom anna vidareføre god kvalitet på tenesta, naudsynte prioriteringar, kontinuitet og kontroll innanfor viktige arbeidsområde. Det vil også legge til rette for samarbeid innanfor HFK, og med eksterne aktørar. Samstundes vil ein slik modell gjere det mogleg med lokal tilpassing innanfor ny budsjettmodell som skal setjast i verk frå 2018.

Vennleg helsing



Magnhild Hakestad
rektor



Til Opplæringsavdeling ved Hordaland fylkeskommune
Fra Elevorganisasjonen i Hordaland
Dato 15.10.2017

Uttalelse: Elevinspektørordningen

Elevorganisasjonen i Hordaland viser til uttalelse på Skolemiljøkonferansen (27. - 28. september) angående en /høring/ om elevinspektørordningen. Saken har blitt behandlet i Elevorganisasjonen i Hordalands fylkesstyre, samt på en vedtaksdyktig forsamling bestående av representanter fra 26 videregående skoler i Hordaland, hvor det også ble fattet flere vedtak. Vi avgir med dette vår uttalelse på vegne av Hordalands elever.

Oppsummering:

Elevorganisasjonen i Hordaland stiller seg sterkt mot en eventuell nedleggelse av elevinspektørordningen. Elevorganisasjonen i Hordaland mener at en nedleggelse vil svekke elevdemokratiet på hver enkelt skole. Samtidig ser elevene i Hordaland også nødvendigheten i at elevinspektørene må være kompetente i sitt arbeid, og ønsker en styrking av ordningen.

Høringsuttalelse:

På det vedtaksdyktige diskusjonsmøtet (6. oktober 2017) i regi av Elevorganisasjonen i Hordaland, ble saken fremlagt for elevene. Noen av deltakerne hadde fått høre om saken i korte trekk på skolemiljøkonferansen (28. september 2017), og var kjent med dets innhold. For majoriteten av forsamlingen var det likevel nyheter. Deres umiddelbare reaksjon på saken var negativ. Flere ganger ble det nevnt at elevene ikke kunne evne å forestille seg en skolehverdag uten elevinspektør i ryggen. Elevene kritiserte også mangelen på informasjon om saken. Det var bred konsensus om at saksbehandlingen og prosessen har vært lukket for elevene.

Vi er inneforstått med at ordningen er en stor utgiftspost for Hordaland fylkeskommune. Spørsmålet om en eventuell mer økonomisk erstatning ble også brakt opp på forsamlingen. Det ble konkludert med at midlene brukt til ordningen ikke er bortkastet, og at det er unødvendig å erstatte eller fjerne noe som fungerer bra i dag.

Elevenes stemme er klar og tydelig. Ikke én eneste elev uttrykket et ønske om å fjerne ordningen, snarere tvert mot. Elevene ønsker å styrke den. Om ordningen skal ivaretas uten endringer, er det viktig at det stilles krav til inspektørene og deres kompetanse.

Elevene har vedtatt følgende tiltak til ordningen:

1. Elevorganisasjonen i Hordaland støtter ikke nedleggelse av elevinspektørordningen, og ønsker ikke å erstatte den.
2. Elevorganisasjonen i Hordaland krever en styrking av elevinspektørordningen. Det skal stilles krav om kompetente inspektører.



elevorganisasjonen

i hordaland

Elevinspektørens overordnede ansvar er å ivareta elevdemokratiet, kartlegge hvordan de sosiale forholdene er på skolen, og jobbe for å bedre skolemiljøet. Deres rolle innebærer også alt fra å være substituerende helsesøster, rådgiver, mobbeombud, elevombud, og elevrådskontakt. Mye av deres arbeid og ansvarsområder er tilpasset skolenes behov. Dersom alt elevinspektøren har ansvar for og arbeider med skal fordeles jevnt på andre ansatte i skolen, vil det svekke kvaliteten på arbeidet.

Rollen som elevinspektør kan sammenlignes med en bro. På den ene siden står elevene, representert ved elevrådet, som ønsker å medvirke for å bedre alles skolehverdag. På den andre siden av broen står ledelsen, som også bærer på et gjensidig ønske. Disse to partene har samme mål, men er ikke alltid enige om fremgangsmåten. Vi ser en tydelig tendens til at elever og elevråd ofte blir overkjørt av skoleledelse. Derfor er det viktig med en nøytral part, som kan løfte og fremme elevenes interesser. Uten elevinspektøren blir muligheten for elevmedvirkning på hver enkelt skole betraktelig innskrenket. Målet om et velfungerende elevdemokrati og muligheter for elevmedvirkning i den norske skolen vil i større grad blir forsømt om ordningen fjernes. Dette vil skape ringvirkninger. Vi frykter at elevenes engasjement og tro på et demokratisk samfunn også vil svekkes.

I læreplanverket har det nå kommet en ny overordnet del som har særlig mye vektleggelse på demokrati og medvirkning. På hver enkelt skole undervises det også i viktigheten av et demokrati hvor alle bidrar - enten det er ved å bruke stemmerett, eller ved å medvirke. De fleste elever har ikke stemmerett. Derfor er det ekstra viktig at de har muligheter for medvirkning i skolen. For å sikre muligheter for elevmedvirkning, er det behov for en aktiv pådriver som hjelper elevene med å organisere seg. I videregående opplæring er det skyhøy utskiftning av elever. For at elevene ikke skal se seg nødt til å starte med blanke ark hvert nye skoleår, er det viktig at det finnes en konstant faktor som kan videreføre erfaringer og kompetanse. I Hordaland fylkeskommune er det elevinspektøren som sørger for dette. Hordaland har noen av de beste og mest velorganiserte elevrådene i Norge. Det er utvilsomt grunnet elevinspektørens tilstedeværelse på hver enkelt skole.

I juni 2008 vedtok Fylkestinget at det skulle opprettes en ordning med elev- og lærlingombud i Hordaland fylkeskommune. Administrasjonen fikk i oppgave å hente inn opplysninger om ordningens funksjon i andre fylker, for så å komme med et forslag til organisering, mandat, finansiering og annet. Fylkesrådmannen konkluderte likevel med at det ikke var nødvendig å opprette en slik ordning i Hordaland, mye grunnet at det allerede var opprettet elevinspektørstillinger ved hver videregående skole i fylket.

Men nå har også Hordaland fått elev- og lærlingombudet på plass.

Elevinspektørens stillingsbeskrivelser tilsier at de skal fungere som lokaliserte versjoner av elev- og lærlingombudet og mobbeombudet. Likevel ser ikke elevene en grunn til å fjerne eller erstatte ordningen. Elevinspektørene har en unik oversikt over alt som foregår på den enkelte skolen. Denne oversikten vil elev- og lærlingombudet aldri få, spesielt fordi Hordaland er et av fylkene i Norge med flest videregående skoler.



elevorganisasjonen

i hordaland

Elevinspektørene sitter på en unik innsikt i tilstandene på skolene, som må brukes for å enklere å lokalisere hvilke tiltak den gjeldende skolen har behov for. Denne dyptgående forståelsen av den enkelte skolen kan ikke sentraliseres og overføres til ombudene.

Elev- og lærlingombudet må heller aktivt bruke elevinspektørene, og omvendt.

Ombudet kan sikre at ordningen får et løft og den styrkingen det er behov for. Per dags dato er også elevinspektørene og ombudene svært opptatte grunnet mye arbeid. Derfor vil det være ugunstig å fjerne eller erstatte ordningen.

Hordaland må gå frem som et prakt eksempelpå et fylke som tar elevmedvirkning på alvor. Da kan man heller ikke gjemme seg bak kapittel 9A i Opplæringsloven, hvor det står at ansvaret for et godt skolemiljø foreligger hos alle. Slik skal det være uansett.

Elevinspektørordningen er særegent for Hordaland. Det er en ordning elevene har nytt godt av, som har sikret våre krav på medvirkning i skolen og et godt skolemiljø. Dette gjenspeiles i elevenes engasjement i saken. I stedet for å fjerne eller erstatte ordningen, må den styrkes. I tettere samarbeid med ombudene vil dette være mulig.

Bergen, 15. oktober 2017

Camilla Fauskanger
Nestleder

Julie Eriksen
Nestleder

Alida de Lange D'Agostino
Leder, Elevorganisasjonen i Hordaland
alida.dagostino@elev.no | 913 86 220



Hordaland fylkeskommune
Opplæringsavdelingen

Rådal, 11. oktober 2017

Høring elevinspektørstillingen

Nordahl Grieg videregående skole viser til e-post fra fylkesdirektør for opplæring Svein Heggheim datert 29.9.17 om "høring utgreininga av elevinspektørordninga".

Ved Nordahl Grieg videregående skole er det avsatt 80% til elevinspektør. Elevinspektør er en del av skolens ledergruppe. Elevinspektør har ikke personalansvar.

Nordahl Grieg videregående skole har følgende kommentarer knyttet til høringsspørsmålene:

1. Hvilke konsekvenser kan det ha for skolene dersom pålegget om elevinspektørstilling faller bort?

Nordahl Grieg videregående skole (NGV) vurderer det slik at dersom som elevinspektørstillingen eventuelt faller bort, forsvinner ikke oppgavene. Organiseringen blir utfordrende og kan innebære at andre må overta omfattende oppgaver på en stor skole. På NGV vil det bli rektor, assisterende rektor eller allerede hardt pressede avdelingsledere og rådgivere som vil bli pålagt flere oppgaver.

Ved et eventuelt bortfall av elevinspektørstillingen vil det føre til **negative** konsekvenser for følgende arbeidsoppgaver/områder ved NGV:

- Elevinspektøren har en sentral rolle i det forebyggende arbeidet på NGV med tanke på læringsmiljø, elevens psykososiale miljø (§9A) og rusområdet. Det langsiktige og systematiske arbeidet har elevinspektøren ansvar for sammen med rektor.
- Elevinspektøren har en ombudsfunksjon for elevene på egen skole. Elevinspektøren arbeider for å sikre at elevenes synspunkt og rettigheter blir ivaretatt. Det er en klar fordel at det er en dedikert stilling knyttet til dette. Det gjør det tydeligere for elevene og de ansatte å forholde seg til en godt innarbeidet funksjon i skolehverdagen. Elevinspektøren veileder og hjelper elever med å få den hjelpen de kan trenge. Jeg ser det som en fordel at det er en som ikke har personalansvar for lærere/medarbeidere som ivaretar dette.
- Elevinspektøren er en meget viktig aktør, som bidrar til at rektor sitt ansvar i forhold til § 9A blir ivaretatt. Dette vil være ekstremt uheldig om denne rollen med tilhørende arbeidsoppgaver blir smuldret opp og fordelt rundt på «alle andre». De største taperne vil da bli de mest sårbare elevene som trenger stødige og trygge voksne i vanskelige situasjoner. En mulig negativ konsekvens ved nedlegging av elevinspektørstillingen er at en hindrer en ytterligere satsing på arbeidet med å utvikle en best mulig skolekultur og samhandlingskultur, både for ansatte og aller mest elevene.
- Elevinspektøren er ofte første kontakt for elever og personalet i akutte saker som må håndteres raskt. f. eks.:

- dempe konflikter
- sette i gang undersøkelser av saker knyttet til § 9A-saker.

Det er viktig at det er en representant fra ledelsen som ivaretar dette. Det er hele tiden tett og fortløpende dialog mellom elevinspektør og rektor.

- Elevinspektøren er ledelsens hovedkontakt for elevrådet. Arbeidet med elevdemokratiet er en viktig del av den videregående opplæringen og kan ses på som en introduksjonsarena til organisasjonsarbeid. Det er viktig med tett oppfølging og dialog med de tillitsvalgte. På mange av dagens skoler vil elevrådene være av en betydelig størrelse og elevrådets forankring i skolens utviklingsarbeid forsterkes ved at kontaktpersonen er en del av ledergruppen, og således har direkte kontakt med og innflytelse i skolens beslutningsprosesser. Det er også en klar fordel at ledelsen på skolen har en direkte kontakt med de tillitsvalgte gjennom elevinspektøren.
- Elevinspektør har en viktig oppgave ved NGV å koordinere arbeidet mellom rådgivere, skolehelsetjenesten, Dristige hjerter og psykologteamet i HFK, samt være ledelsens bindeledd i det daglige arbeidet. Elevinspektøren samarbeider med rektor, avdelingsledere, rådgivere, psykologteam, skolehelsetjenesten, kontaktlærere, faglærere, miljøarbeidere og andre for å sikre elevene best mulig læringsmiljø

2. Hvilke fordeler og ulemper kan lokalt handlingsrom og fleksibilitet innebære i forhold til å ivareta ansvarsområdene og oppgavene?

Det er en positiv utvikling at skolene har fått økt lokalt handlingsrom. Det gjør at en kan utvikle og organisere skolen ut fra lokale mål, rammer og forutsetninger.

En fordel med lokalt handlingsrom vil være at man kan se på organiseringen av arbeidet med skolemiljø/læringsmiljø og individuell oppfølging i et bredt perspektiv. Man kan benytte lokal rammer for å også se dette arbeidet i et utviklingsperspektiv med klar forankring i ledergruppen. Lokalt handlingsrom har også muligheten til å bekrefte nødvendigheten av en funksjon/stilling som ikke er knyttet opp til en spesiell avdeling eller årstrinn.

Arbeidsoppgavene knyttet til det forebyggende og utøvende arbeidet på med tanke på læringsmiljø, elevens psykososiale miljø (§9A), rusområdet og elevdemokratiet/medvirkning er så viktige at det legitimerer en øremerket stilling på hver enkelt skole. Det lokale handlingsrommet kan skolene anvende når det gjelder stillingsstørrelse og arbeidsoppgaver. Allerede i dag er det lokale handlingsrommet begrenset når det gjelder organisering med følgende formulering "Det skal ikke opprettast leiarnivå under avdelingsleiarane". Derfor vil ikke en videreføring av elevinspektørstillingen være en særskilt ordning med hensyn til lokalt handlingsrom.

3. Andre elevrettede arbeidsoppgaver som elevinspektør ivaretar ved NGV

- Ved NGV er elevinspektøren også faglig leder for miljøteamet. Gevinsten av forankring i ledergruppen er spesielt tydelig i arbeidet med å skape et aktivt og fleksibelt team som er med å styrke arbeidet rundt enkeltelever og i arbeidet med skolemiljøet for øvrig. Elevinspektøren (fagleder) arbeider sammen med personalansvarlig for miljøteamet i denne utviklingsprosessen.
- I tillegg er det hele tiden annet praktisk arbeid rettet mot elevene som elevinspektøren organiserer. Fotografering til skolekatalogen, elevundersøkelsen, Ungdata, arrangement i skoletorget, solidaritetsarbeid skolelag i fotball etc.

4. Konklusjon

Nordahl Grieg videregående skole konkluderer med at elevinspektørstillingen er så viktig for å ivareta oppgaver knyttet til det forebyggende og utøvende arbeidet på med tanke på læringsmiljø, elevens psykososiale miljø (§9A), rusområdet og elevdemokratiet/medvirkning at det legitimerer en videreføring av en allerede godt fungerende stilling på hver enkelt skole.

Vennlig hilsen

Leif Sigurd Danielsen
Rektor
Nordahl Grieg videregående skole

NotatDato: 30.08.2017
Arkivsak: 2014/12154-20
Saksbehandlar: fromann

Til:	Hovudarbeidsmiljøutvalet Administrasjonsutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen


Sjukefråvær HFK 2. kvartal 2017**Samandrag**

Sjukefråværet gjekk ned med 0,47 prosentpoeng i andre kvartal, frå 5,88 prosent i 2016 til 5,41 prosent i 2017, ein reduksjon på 8,0 prosent. Reduksjonen gjeld begge kjønn, men størst for kvinner. Eigenmeldt fråvær auka noko, medan det legemeldte fråværet vart redusert.

Fråværet har gått ned i dei fleste avdelingane i HFK, med unntak av Eigedomsavdelinga og Bybanen utbygging.

Statistikkgrunnlaget

Til grunn for dette statistikknotatet ligg data frå statistikkmodulen HR Analyse. Denne modulen er under utskifting og har for tida redusert funksjon. Statistikken har derfor noko avgrensa omfang. Alt fråvær ved eigen sjukdom er rekna med, både eigenmeldt og legemeldt. Fråvær ved barns/barnepassars sjukdom er ikkje med i denne statistikken.


Sjukefråværsutviklinga over tid**Figur 1** Sjukefråvær i heile HFK, pr. kvartal, 2. kv. 2014 – 2. kv. 2017

Fråværet i andre kvartal 2017 var på 5,41 prosent, mot 5,88 prosent i andre kvartal 2016. Dette utgjør ein reduksjon på 8,0 prosent. Kvartalstalet er det lågaste sidan 2014. Ser ein på dei fire siste kvartala (andre halvår 2016, første halvår 2017), samanlikna med året før, er det ein tydeleg tendens til reduksjon i sjukefråværet dei siste 12 månadane.

Kjønnsfordeling


Sjukefråværet for kvinner gjekk ned frå 7,14 til 6,64 prosent. For menn gjekk fråværet ned frå 3,98 prosent til 3,76 prosent. Kjønnskilnaden i sjukefråværet er dermed fortsatt markant i HFK, med ca. 77 prosent høgare fråværet for kvinner enn menn, men skilnaden er noko mindre enn for eit år tilbake.

Figur 2: Sjukefråværet i heile HFK, fordelt på kjønn, 2. kv. 2017 samanlikna med 2. kv. 2016



Eigenmeldt vs. legemeldt sjukefråværet

Figur 3: Sjukefråværet i heile HFK, eigenmeldt og legemeldt, 2. kv. 2017 samanlikna med 2. kv. 2016.



Ein ser av figur 3 at eigenmeldt fråværet har auka noko, frå 0,67 til 0,75 prosent. Samstundes har det legemeldte fråværet gått markant ned, frå 5,10 til 4,66 prosent. Dette er ei ønska utvikling i tråd med IA-avtalen, der ein i norsk arbeidsliv vil at folk i større grad nyttar eigenmelding framfor legemelding ved kortare fråværet. HR-seksjonen har også i via e-læring (publisert i samband med nyttilsettsamling i januar 2017) informert om fordelane ved å nytte eigenmelding.

Fordeling på avdelingane

Sjukefråværet er ulikt fordelt på avdelingane i fylkeskommunen. Ein må vere noko varsam med samanlikningar, ettersom nokre av avdelingane er forholdsvis små i tal tilsette, og dermed kan vere utsett for tilfeldige utslag i fråværsprosent.

Figur 4: Sjukefråvær pr. avdeling i HFK, 2. kv. 2017 samanlikna med 2. kv. 2016.


	Årsverk 06/17	2. kv. 2016	2. kv. 2017	Differanse	Differanse %
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	4 006	5,88	5,41	-0,47	-8,0
EIGEDOMSAVDELINGA	244	7,15	7,87	0,71	10,0
ØKONOMI - OG ORGANISASJONSAVDELINGA	122	5,39	5,28	-0,11	-2,0
REGIONALAVDELINGA	63	6,22	6,12	-0,10	-1,6
SAMFERDSELSAVDELINGA	104	7,00	2,60	-4,40	-62,9
BYBANEN UTBYGGING	36	4,64	8,03	3,39	73,1
KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA	80	8,04	4,19	-3,85	-47,9
TANNHELSEAVDELINGA	348	9,59	7,87	-1,72	-18,0
OPPLÆRINGSAVDELINGA	3 008	5,36	5,01	-0,35	-6,5

Det relativt høge fråværet i Egedomsavdelinga har samanheng med omstillinga i 2016, der reinhaldarane organisatorisk vart flytta frå skulane til Egedomsavdelinga. Ut frå det generelt høge fråværet for reinhaldarar var derfor denne auken pårekeleg.

Bybanen utbygging har vore i ein spesiell situasjon med nedbemanning og midlertidige forflyttingar av personalet. Samstundes er dette ei lita eining der ein skilde langtidsfråvær får stor innverknad på prosenttala.

Stillingsgrupper

Figur 5: Sjukefråvær i heile HFK, pr. stillingsgruppe, 2. kv. 2017 samanlikna med 2. kv. 2016.



Av figur 5 går det fram at dei fleste stillingsgruppene har redusert frávær 2. kvartal 2017. For nokre grupper har fráværet auka noko: Miljøarbeidarar, pedagogar, tannpleiarar og leiarar i fylkesadministrasjonen.

Tre stillingsgrupper skil seg ut med særleg høgt frávær: Reinhaldarar, tannhelsesekretærar og tannpleiarar.

Fylkestannlegen har hatt ei eiga arbeidsgruppe for å sjå nærare på sjukefráværet i tannhelsetenesta, og vil i eiga sak orientere HAMU om moglege tiltak for å redusere dette fráværet.

NotatDato: 26.10.2017
Arkivsak: 2017/16565-1
Saksbehandlar: fromann

Til:	Administrasjonsutvalet Hovudarbeidsmiljøutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Medarbeidarundersøking 2018 - informasjon om gjennomføring

Januar 2018 gjennomfører HFK medarbeidarundersøking for alle tilsette. Dette er tredje gongen vi administrerer denne typen undersøking. Første gong var i 2014 og sist var 2016.

Undersøkinga er ei viktig temperaturmåling av korleis dei tilsette opplever sentrale forhold knytt til mellom anna arbeidsplassen, jobbinnhaldet og leiarskapen, og dannar utgangspunkt for vidare utvikling.

Medarbeidarane vert invitert til å svare på undersøkinga frå 9. januar. Som tidlegare vert undersøkinga gjennomført elektronisk via e-post til kvar tilsett. Svare går direkte til ekstern leverandør Rambøll Management Consulting, som har dokumentert erfaring med slike undersøkingar frå både privat og offentleg sektor. Rambøll utarbeidar rapportar for alle avdelingar og einingar og garanterer full anonymitet for alle respondentar. Frå HFK si side er det faglege ansvaret lagt til Bedriftshelsetenesta ved organisasjonspsykolog Gina H. Landro.

Vil måle utvikling

For å kunne samanlikne og måle utvikling vil spørsmåla vere dei same som sist. Undersøkinga byggjer på ein standard modell og eit godt utprøvd sett med spørsmål. Desse er tilpassa HFK sin organisasjon og verksemd. Det er eit krav om minimum fem respondentar frå ei eining for at leiar skal få ut svarrapport.

Deltakinga frå dei tilsette har vore svært god dei føregåande åra, 83% av dei tilsette svarte på undersøkinga i 2014 og heile 89% i 2016. Om vi klarer å få same høge svarprosent i 2018 så er vi nøgde. Alle leiarar har ei viktig oppgåve med å motivere og oppmode medarbeidarane til å svare. Det vil bli gitt tilgang til eit eige svarbarometer på nett, der leiarane kan følgje med på svarprosenten for si eining.

Nokre einingar i HFK står framfor store endringar og omplasseringar av tilsette. Det har kome spørsmål om det er relevant for desse å svare på undersøkinga no. Svaret er at **alle** tilsette skal få høve til å svare på MU, uavhengig av korleis framtida blir. Både leiarar og tilsette kan ha god nytte av å sjå resultatata og delta i drøftingane etterpå, sjølv om dei kanskje ikkje skal jobbe i same eining til hausten.

Resultata klare i februar

Resultata av undersøkinga kjem frå 16. februar. Først får Fylkesrådmannen og toppleiargruppa presentert ein overordna rapport for heile organisasjonen. Deretter vil resultata bli drøfta i HAMU. Etter at både toppleiargruppa og HAMU er orientert får alle einingar v/leiar tilgang til å hente ut sin eigen rapport frå nettportalen til Rambøll.

Hjelp og støtte til leiarane

Oppfølginga av medarbeidarundersøkinga vert som før eit ansvar for den einskilde leiarane. Det er krav til å utvikle mål og tiltak både for bevaring og forbetring. Fylkesrådmannen legg vekt på at leiarane skal få god hjelp og støtte i den lokale utviklingsprosessen. Tiltak for å understøtte dette er mellom anna:

- Presentasjonsmateriell som kan nyttast i forkant av undersøkinga vert sendt ut til leiarane
- Teknisk hjelpetelefon hos Rambøll for leiarar og medarbeidarar under heile undersøkningsperioden
- Eige svarbarometer på nett for kvar eining, slik at ein lokalt kan minne tilsette om å delta
- Bakgrunn og informasjon på intranett
- Oppfølgingsguide med gode råd og tips til alle leiarar
- Ressurspersonar frå HR-seksjonen og Opplæringsavdelinga vil vere tilgjengelege for hjelp i det lokale oppfølgingsarbeidet
- Malar for utarbeiding av handlingsplan vert lagt ut i Kvalitetsportalen. Ein kan velje å la tiltaka inngå i lokal HMS-handlingsplan, eller nytte eit eige plandokument for oppfølginga.



Notat

Dato: 12.10.2017
Arkivsak: 2017/16167-2
Saksbehandlar: johmeye

Til: Fylkesutvalet og administrasjonsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Arbeidet med tilpassing til ny lovgjeving kring personvern

Fylkesrådmannen vil gjennom dette notatet orientere Fylkesutvalet og administrasjonsutvalet om ny lovgjeving kring personvern som vil tre i kraft frå neste år.

EUs personvernforordning, General Data Protection Regulation (GDPR), vil tre i kraft for alle medlemstater i EU og etter alt å døme også for Norge i mai 2018. Dette vil medføre ei rekke endringar i norsk personvernlovgjeving.

Hordaland fylkeskommune arbeider med å tilpasse verksemda til dette. På oppdrag frå fylkesrådmannen har revisjons- og rådgjevingsselskapet KPMG gjennomført ein gapanalyse i heile organisasjonen med unntak av Skyss, for å kartleggje på kva område fylkeskommunen per i dag ikkje har rutinar og prosedyrar som tilfredsstillar det nye regelverket. Tilsvarande gjennomgang vert gjort hos Skyss i regi av revisjons- og rådgjevingsselskapet PwC.

Analysen avdekkar at Hordaland fylkeskommune har eit betydeleg arbeid framfor seg for å sikre at interne rutinar og prosedyrar er i samsvar med det nye regelverket. Det er utarbeidd ein overordna tiltaksplan, som Økonomi- og organisasjonsavdelinga på vegner av fylkesrådmannen vil følgje opp gjennom eit eget prosjekt. Alle avdelingar må i samband med dette peike ut lokale personvernansvarlege, som skal representere dei respektive fagavdelingane inn i prosjektet.

Parallelt vert det arbeidd med å rekruttere ein ny personvernrådsgjevar som også vil overta rolla som personvernombod i HFK.

PS 23/17 Ymse